**Ho var ei av dei mest robuste i barnevernstenesta, trudde alle. Dei skulle berre visst kor feil dei tok.**

**Då ho fekk ein kreftdiagnose såg ho det som ein stor lette. Ho vart sjukmeld og slapp den uuthaldelege kvardagen i Sogn barnevern.**

*Da eg kom ut frå dette møtet byrja eg å grina.*

Ho er ei vaksen dame, utdanna førskulelærar, med vidareutdanning og arbeidserfaring frå barnehage, skule og PPT og altså – Sogn barnevern.

Der opplevde ho tidleg at ho ikkje fekk delta på interne møte – grunngjevinga var teieplikta, saksbehandlarane skulle berre informera ho i dei sakene ho skulle ha. Slik vart hennar kompetanse på barn og barns utvikling lite brukt. Ho hadde liten informasjon om familien – og ettertid har ho sett kor viktig det er å vera med på prosessen fram til tiltak.

Ho fekk få saker – og trur hennar kompetanse vart underkommunisert når sakshandsamarane hadde møte. Når det var møte om saker ho var inne i – måtte ho vita alt. Det var ikkje rom for å lura på noko – vera usikker – då vart du ikkje høyrd. Ho skulle vita alt med ein gong – noko som førte til at ho vart lojal mot klientane og ikkje inn mot kontoret.

Når det var fellesmøte mellom alle tilsette – var det fokus på kaffipausar og kaffikrus. Ho fortel at ho ein gong sa at dei ikkje måtte gløyma kven dei var der for.

«Det var viktig med orden, men hovudoppgåvene våre var borna og familiane», sa ho og det trur ho gjorde at ho seinare vart utsett for sjikane, mobbing og trakassering.

Dette gav seg uttrykk i at permisjonssøknader, avspaseringar og liknande «forsvann». Dåverande leiar påstod at vedkomande aldri hadde motteke dette. Dette skjedde fleire gonger. Ein gong var ho sjukmeld – og sjefen ringde henne den dagen ho skulle til lege. Ho tok ikkje telefonen, men ringde opp att til sjefen då ho var ferdig for å fortelja at ho var friskmeld. Dagen etter skulle kontoret på to dagars kurs til Loen og ho fekk beskjed om at ho ikkje fekk reisa på kurs sidan ho hadde vore sjuk – ho måtte ta att det forsømte på kontoret.



**GRUNDIG:** Mykje dokumentasjon i denne saka

«Det var ingen andre enn eg som viste kva eg gjorde og kvar eg skulle følgje opp familiar. Så når det hadde vore avtalt kurs – hadde ikkje eg andre avtalar. Så då sat eg to dagar på kontoret utan noko å gjera», fortel ho.

Ein gong skulle ho ha eit møte med tenesteleiar og barnevernsleiar om sakene sine. I staden så fekk ho høyra frå sjefen at ho ikkje gjorde jobben ho var sett til.

«Sjefen vart veldig sint, stygg i ordbruken og ikkje innstilt på nokon dialog. Eg vart heilt sett ut. Eg fekk ikkje sagt noko om kva eg meinte. Då eg kom ut frå dette møtet byrja eg å grina. Eg snakka med ei anna tilsett og ho var forferda over at eg grein. Ho meinte eg var den sterke. Etter dette prøvde eg å gjera som dei sa – eg fylte ut skjema – dersom eg hadde nokre minutt eg ikkje kunne gjera greie for, dikta eg opp ein telefonsamtale eller liknande med klientar», fortel ho. Ved eitt høve vart ho så skremd at ho skreiv under ei skriftleg åtvaring etter at ho hadde teke avspasering.

Så fekk ho diagnosen brystkreft, og skriv til oss: «Dette opplevde eg som ein lette, no kunne eg vere sjukmeld».

Då ho var ferdig med behandlinga sa ho opp i Sogndal kommune og byrja i barnehage i ein annan kommune, der ho trivst veldig godt. Ho fortel også at ho har søkt stillingar i Sogndal som ho er svært kvalifisert for, men har aldri vorte kalla inn til intervju…

# Vondt å sjå korleis kollegaer har blitt behandla

«Å tenkja tilbake til jobben i Sogn barnevern er både tungt og vanskeleg. Tungt fordi eg har prøvd å fortrengja og brukt lang tid på å bearbeida opplevingar som ikkje har vore gode», skriv ei av dei tidlegare tilsette.

Ho held fram: «Dette er vanskeleg fordi det har vore vondt å sjå korleis kollegaer har blitt behandla. Gode kollegaer med mykje erfaring, sterke kollegaer med ryggrad og meiningar, genuint interesserte i fag og familiar. Kollegaer som har betydd alt».



MØTE: Sogn Avis har hatt mange møte med tidlegare tilsette i barnevernet.

Ho peikar på at det står i Menneskerettighetene Artikkel 19: «enhver har rett til menings- og ytringsfrihet. Denne rett omfatter frihet til å hevde meninger uten innblanding, og til å søke, motta og meddele opplysninger og ideer gjennom ethvert meddelelsesmiddel og uten hensyn til landegrenser».

*Det var ikkje akseptert å stå i mellom, då blei du pressa til å ta side.*

«I Sogn barnevern blei ikkje denne artikkelen lagt vekt på. Leiinga skapte sider. Det var to sider. Rett eller gale. Det var ikkje akseptert å stå i mellom, då blei du pressa til å ta side. Det var heller ikkje akseptert å vere på «feil» side. Kva som var rett og feil side, blei definert av leiinga, i hovudsak barnevernsleiar og nestleiar. Ei leiing som helst ikkje ville at du skulle meina eller tenkja, ei leiing som ville at du skulle gjera som dei ville og meina som dei meinte. Dersom du ikkje meinte, var det også feil. Då fekk du passet påskrive om at du eigentleg tok parti med «feil» side», fortel denne kvinna.



INNGANG: Sogn barnevern held til I etasjen over legesenteret.

Som tilsett i Sogn barnevern var det vanskeleg å vita kva som blei definert som leiing, då det alltid var fleire enn sjølve leiar som hadde kjennskap til personleg informasjon om deg.

«Eg blei svært usikker, kven kan du stola på og kven er «farlege». For her var dei ein ikkje kunne stola på, dei «farlege», og det viste seg ganske tidleg at dei «farlege» var leiinga og dei nærmaste hjelparane», held ho fram.

«Å jobba i barnevernet er ein spennande og lærerik jobb, men å jobba med barn og familiar i vanskelege situasjonar er også krevjande og tøft. Utfordringar er naudsynte for utvikling og meistring i jobben, men utfordringar treng oppfølging. Oppfølging var mangelvare. Du blei sett til saker og utfordringar du ikkje kjende til, utan hjelp og støtte frå leiinga. Du skulle ikkje diskutera saker med kollega, men ta dette med leiinga», sluttar ho sin historie.

## Konstant dårleg samvit

Ho starta i eit vikariat som sakshandsamar, og hadde alt frå starten ei liste med mange saker der ho skulle vera sakshandsamar 1, det betyr å ha hovudansvaret for sakshandteringa.

Fleire av desse sakene var tunge og svært krevjande barnevernssaker. Men det var lite oppfølging av sakshandsaminga og ho måtte stadig støtte seg til andre nytilsette ved kontoret. Etter kvart opplevde ho jobbsituasjonen som svært stressande og krevjande, noko som gjekk veldig negativt ut over korleis ho fungerte i kvardagen, både på jobb og privat.

«Dette gjorde at eg konstant gjekk rundt med dårleg samvit, fordi eg ikkje klarte å gje gode nok tenester til borna og familiane. Eg var spesielt redd for dette skulle få alvorlege konsekvensar for borna grunna dårleg oppfølging frå meg som sakshandsamar. Noko eg kjende som svært utrygt», skriv ho til Sogn Avis.

Ho tok opp den krevjande arbeidssituasjonen med nærmaste leiar fleire gonger, men følte ikkje at dette blei teke på alvor. «Sånn er det å jobbe i barnevernet», var melodien frå leiinga, fortel ho. Etter kvart som ho fekk betre innsikt i situasjonen på kontoret såg ho konturane av eit dysfunksjonelt psykososialt arbeidsmiljø som påverka drifta ved kontoret i stor grad som ho til slutt måtte vekk frå.

## Maktmisbruk og splitt og hersk

Ho vel å skriva om si oppleving av Sogn barnevern i håp om å underbyggja det som hennar tidlegare kollegaer har kjempa for, rettferd og ei forbetra teneste for familiane som er og vil koma i Sogn barnevern.

«Eg stiller meg undrande og kritisk til om Sogndal meistrar oppgåva si som vertskommune og håpar at andre kommunar også vil stilla spørsmål og forlanga skikkelege svar», opnar denne tidlegare barnevernfagleg tilsette si historie.

Ho peikar på at då ho kom inn i tenesta var det etter hennar oppfatning leiinga som heldt oppe konflikten gjennom sitt maktmisbruk og sine splitt og hersk-metodar.

«Du vart indirekte trua med kommentarar frå leiinga med utsegner som «dei har vore illojale mot leiinga, sett seg i mot oss, og me skal syta for at dei aldri igjen får ein jobb i Sogndal kommune», skriv ho. Ho fortel vidare at dei tilsette også fekk stadig instruksar om korleis dei skulle jobba i sakene, det var ikkje drøftingar, men kommandering.

*Dette gjorde at eg konstant gjekk rundt med dårleg samvit fordi eg ikkje klarte å gje gode nok tenester til borna og familiane.*

«Det blei halde møte som gav instruksar om å ikkje snakka med andre tilsette, som det blei hevda frå leiinga, hadde dårleg påverknad på ein sjølv. Leiinga tok ofte føre seg tilsette på ein konfronterande og ubehageleg måte på fellesmøte. Eit døme på den trykkjande stemninga var då den eine utsette tilsette til slutt gjekk gråtande frå møtet, og me andre ikkje torde å gå etter for å trøysta. Det blei då vidare snakka nedlatande om den tilsette frå leiinga til oss andre», skriv ho.

Leiinga snakka om og etterlikna ofte andre tilsette på negativt vis, ope og bak ryggen til den det galdt.

«Me blei ofte mistenkjeleggjorde og mistrudde for å ha skjulte agendaer. Det var ei ekstremt kontrollerande leiing, som til dømes ikkje likte at du snakka med enkelte kollegaer eller at du jobba med døra igjen, fordi då kunne du jobba med eige «skjulte agendaer».

Etter at ho slutta var ho veldig nedbroten og det tok lang tid å forstå at det ikkje var ho det var noko gale med, men at ho var blitt utsett for ei narsissistisk leiing som ikkje hadde sjølvinnsikt til å forstå, angra eller vera lei seg for kva dei har utsett sine kollegaer for.

«Men det tristaste er at desse menneskja skal vareta dei mest sårbare i samfunnet», skriv kvinna som er sjeleglad for at ho kom seg vekk og er vidare med livet sitt.

KRISA I SOGN BARNEVERN

# Ekstremt feige og tafatte politikarar

**«Dersom mi tid i Sogn barnevern skal beskrivast med få ord, må det bli «eit helvete». Eit helvete på grunn av det eg har vore utsett for sjølv, og ikkje minst for det eg har vore vitne til at andre har vorte utsette for».**

Slik opnar denne kvinna si historie. Og ho held fram: «Eg hugsar me fekk ein ny vikar, ho kom inn vital og sprudlande. Ho hadde fått draumejobben. Eg ønskte ho velkomen, men hadde mest lyst å be ho kome seg vekk, eg var redd for kva som ville skje med ho. Det gjekk ikkje bra. Ho vart teken inn i varmen hjå leiinga og fekk streng beskjed om kven ho skulle snakka med og ikkje, og kor hennar lojalitet høyrde heime. Ho forsvann etter kvart ut av tenesta med tung bagasje. Dette var starten på hennar karriere».

> *Diverre er det ikkje den type leiarstil som fungerer i ei teneste som skal ha ansvar for ei så sårbar gruppe.*

Ho hugsar godt kva som fekk ho i unåde hjå tenesteleiar og nestleiar. Ho sa ifrå då leiar og ein tilsett snakka negativt om ein kollega som ikkje var til stades. «Eg kom tydelegvis då på «feil side», skriv ho og då starta nedturen. Ho vart skulda for ting som ho ikkje kjende seg att i, og vart kalla inn «på teppet» for episodar som var heilt bagatellmessige.

– Det vart ei heksejakt. Det var umogleg å gjera noko rett, alt vart vridd og vendt på. Oppspinn og angiveri frå andre i organisasjonen som sjølve prøvde å kome i særstilling hjå leiinga, vart godt motteke», fortel ho.

Mange før ho hadde stått åleine i slike heksejakter, og forsvann ut i sjukmeldingar ei etter ei.

– Æra vera dei som har klarte å stabla seg på beina igjen etterpå. Eg var ikkje åleine, me hadde i det minste kvarandre. Arbeidstilsynet kalla det mobbing og trakassering. Me fekk inn leiarar og eksterne som tok dette på alvor. Tenesteleiar «valde vekk jobben sin i Sogn barnevern», og nestleiar vart fråteken sin funksjon som nestleiar. Endeleg skulle me få fred. Endeleg fekk me leiarar som vart trygge nok på seg sjølve til å ta avstand frå uthenging og trakassering. Som klarte å lytta og leia gjennom relasjon. Som sette pris på faglege diskusjonar og sterkt engasjement. Me kunne ei stund senke skuldrene, og ha fokus på arbeidsoppgåvene våre. Men det varte ikkje lenge før hemnaksjonane frå utsida kom, og kommuneleiinga klarte ikkje å setja ein stoppar for dette. Leiarane som hadde klart å skapa tryggleik i personalgruppa, forsvann ut. Tenesta som var på rett veg, var på nytt i fritt fall, fortel denne dama til Sogn Avis fleire veker før me fekk rapporten frå den eksterne konsulenten i hende.

> *Eg og familien min har fått eit nytt liv etter at eg slutta i Sogn barnevern.*

– Det vart etter kvart tydeleg å sjå kva type leiarar Sogndal kommune ynskjer å ha. Diverre er det ikkje den type leiarstil som fungerer i ei teneste som skal ha ansvar for ei så sårbar gruppe. Det einaste me tilsette bad om, var litt støtte, omsorg og tillit, fortel ho.



GJENNOMGANG: Me har gått gjennom tekstane saman med dei tilsette i Sogn barnevern.

Ho har fått seg ny jobb. Og kjenner på den eine sida stor sorg for at ho ikkje får følgja dei sårbare barna, fosterheimane og foreldra som ho har så mykje sut, omsorg og engasjement for. Samstundes vart ho veldig sjuk, og kunne ikkje utsetja sin eigen familie for fleire «rundar».



GÅR ATT: Ikkje mange gladmeldingar.

Ho held fram :

– Eg og familien min har fått eit nytt liv etter at eg slutta i Sogn barnevern. Likevel vert eg framleis heimsøkt av tvil og uvisse, livredd for å bli misoppfatta. Mi tid der har tydelegvis sett djupe spor. Eg har mange gonger lurt på kva som gjer at eg og andre har blitt i Sogn barnevern så lenge. Eg har kome til at det først og fremst handlar om det sterke engasjementet for familiane, fosterborna og fosterheimane me jobbar med. Samt at me etter kvart vart så nedbrotne at me mista trua på oss sjølve, seier ho.

I ein e-post litt seinare skriv ho: «Eg tenkjer at vi har vore vitne til ein ekstrem feigskap og tafattheit frå politikarane i dei ulike kommunane. Kanskje skuldast det kjennskap og venskap, kanskje er det berre lettast å fråskrive seg ansvaret. Uansett kva grunnen er, legg det til rette for at slike overgrep kan få fortsette, og at viktige tenester ikkje vert varetekne på ein god nok måte».

Og ho sluttar slik: «Eg er oppteken av å få kasta lys på situasjonen i Sogn barnevern til dei som har makt til å gjera noko med det. Dei kan då ikkje gøyma seg bak at dei ikkje visste noko om det. Politikarane kjenner rådmannen i Sogndal kommune gjennom ord, me kjenner han gjennom handling. Eg tenkjer difor at det bør vere verd å lytta til oss. Me er mange», skriv ho og legg til: «Nestleiaren som vart fråteken si stilling, er no på full veg tilbake i leiinga i Sogn barnevern».

## Vart mobba ut av jobben

**Då ho vart sjukmeld i ein permisjon fekk ho beskjed frå leiinga om at ho ikkje var ønska i Sogn barnevern og at det beste for tenesta var at ho sa opp stillinga.**

Ho byrja att etter permisjonen under ny barnevernsleiar og ho fekk ein god start, samtidig som ho blei kasta inn i faste møte der det som hadde skjedd under førre leiar skulle tilarbeidast.

– Kollegaene mine var fortvila og det var mykje gråt. Eg kom inn i ei teneste som var i gang med å bli bygd opp att. Det var sett i gang tiltak som skulle betre situasjonen og det fungerte. Tenesta jobba då målretta og det var stor betring. FOs tillitsvalde uttalte på eit møte at det var kjekt å koma inn i gangen, for no var dørene til kontora opne og han høyrde me snakka og latteren sat laust, fortel ho.

Så kom sommaren 2015, dåverande barnevernsleiar gjekk ut i sjukmelding. På hausten kom Hadle Blikra inn som vikar og i førstninga rosa han det faglege arbeidet deira, sa at dei hadde gode teammøte og at kompetansen var høg.

«På det første møtet tenesta hadde med kommunalsjef Marit Hagevik sat ho å trampa i golvet og slo i bordet gjentekne gongar medan me fekk høyra ho fortelja kor flink ho var i jobben sin. Me var lettare sjokkerte, men samstundes var det godt å høyra at det som hadde skjedd i Sogn barnevern aldri skulle gjenta seg. Men det gjorde det», skriv ho i ein e-post.

Her fortel ho at den vikarierande barnevernsleiaren forandra seg. Teammøta gjekk over til kjefting og uthenging av dei tilsette.

«Barnevernsleiar Blikra oppførte seg på ein truande måte og me visste aldri når det eskalerte. Han toler ikkje at andre har andre meiningar enn han. Dette førte til at eg ikkje tok opp saker på team. Frykta for at det var

KRISA I SOGN BARNEVERN



*MANGE: Sogn Avis har møtt 13 av dei som var tilsette i Sogn barnevern fram til 2016.*

meg det skulle gå ut over var for stor. Han kom og med uttalar om at han høyrde på bygda at nokon i Sogn barnevern braut tausheitsplikta si, men meir ville han ikkje seia. Han skapar uvisse», fortel ho i e-posten.

Ho fortel vidare at i eit møte med kommunalsjefen fekk dei vita at barnevernsleiaren er redd for å møta dei åleine, for den opplevinga han hadde etter eit møte og den opplevinga me sat med, ...msvarte ikkje, og det er jo hans oppleving som galdt. Ho vart ikkje sjølv kjefta på, ikkje uthengd og ikkje utskjelt. Ho blei utfrosen og barnevernsleiaren gjorde sitt yttarste for å psyke henne ned.

«Han tok vekk sakene mine, eg fekk eit par når eg sende melding til heile tenesta at eg hadde mykje ledig kapasitet. Han snakka med kollegaene mine, men ikkje med meg. Valde å slå blikket ned når han såg meg, snu seg vekk, ikkje svara når eg spurde om noko. Etter samtale med legen byrja eg late att døra på kontoret mitt, for å stengja alt ute. På kontormøte blei det teke opp at han blei usikker når dører var stengde, for han var redd for at me sat fleire på kontoret og snakka om han. Eg byrja å sitja med open dør att. Eg vart den som ikkje fekk informasjon når det var noko. Det er berre nokre utvalde som gjer det. Mens eg hadde saker opplevde eg at eg ikkje fekk att vedtak Blikra måtte signera. Han fann dei ikkje att, eller hadde ikkje tid til å sjå på dei. På det meste tok det nesten to månader», skriv ho.

Og held fram: «Når kommunalsjef Hagevik sit og seier at «den neste som sjukmelder seg pga. arbeidsmiljøet blir omplassert, eg har gjort det før og vil gjer det igjen», så ser eg på det som ein trussel. Sjølv om Hagevik presiserte at det ikkje var ein trussel», skriv denne kvinna i 30-åra. Ho legg til at dei også fekk beskjed om at det ikkje er lov å uttrykkja at dei ikkje har tillit til rådmannen. Det ville kommunalsjefen slå hardt ned på.

Vedkomande er forlengst sjukmeld att. Som legen hennar seier: «Du kan ikkje fortsette i ein jobb der du blir mobba, for det du opplever er mobbing»

– Eg har vanskar med å sova om nettene, og når eg søv så drøymer eg om jobben. Eg er sliten, verk i hovudet, magen og får følelsen av å ikkje klara pusta når eg tenkjer på jobb. Før eg sjukmelde meg kvidde eg meg dagleg til å gå på jobb, hadde vondt i magen, oppkast, hjartebank og svimmelheit mens eg var på kontoret. Så sa det berre stopp. Eg kan ikkje fortsetja å frykta neste arbeidsdag. Ikkje berre går det utover helsa mi, det går også utover familien min. Som eg sa til legen min, me krev ikkje så mykje av leiinga, me krev å få støtte, ikkje bli uthengt, utskjelt, mobba og me krev å ikkje bli trua, sluttar ho historia si – i denne omgang.

## Fekk beskjed å juksa med tiltaksplanar

– Det er mange «svarte hol» i minnet mitt om Sogn barnevern, fortel neste barnevernsdame og minnest at sakkunnig, etter arbeidstilsynet var inne, sa at det kunne vera fordi det dei hadde opplevd, kunne opplevast på same måte som eit traume.

– Når du er blitt trakassert, oversett, fått stygge blikk, blitt spreidd falske rykte om, er det vel kanskje sånn som kan skje. Eg har mange bilete av fortvila kollegaer i hovudet mitt, nytilsette full av pågangsmot, som kjem gråtande inn på kontoret mitt. Mine flotte kollegaer og vener, som er blitt redde og usikre, fortel denne kvinna som byrja i Sogn barnevern for fleire år sidan.

Ho hadde vore tilsett i berre nokre veker då alle, på kort varsel vart kalla inn på møte i formannskapssalen ein fredag ettermiddag.

«Heile møtet var svært ubehageleg og temaet var at tilsette ikkje synte respekt for leiinga. Som nytilsett hadde eg ikkje merka noko til dette. Då eg gjekk heim gret to av mine kollegaer på grunn av stemninga i møtet. Det var første gong er registrerte at noko ikkje var som det skulle i Sogn barnevern», skriv ho.

Det gjekk ikkje så lang tid før ho var «ute av varmen» i leiinga. Dette opplevde ho som ein direkte konsekvens av at ho ikkje ville snakke stygt om ein kollega saman med leiaren sin, også, etter at ho var ute i ei kort sjukmelding.

«Då sa tenesteleiar at «eg trudde ikkje du var ein sånn som sjukemelde deg».

Ho er av den oppfatning at for å jobba i barnevernstenesta trengst det stor grad av kontradiksjon og at dei tilsette torer å stilla spørsmål ved dei viktige og store avgjerdene dei skal ta.

> *Me i barnevernstenesta har stor makt, og det er naudsynt at me utfordrar kvarandre og passar på at alle sider av ei sak blir belyst.*

«Me i barnevernstenesta har stor makt, og det er naudsynt at me utfordrar kvarandre og passar på at alle sider av ei sak blir belyst. Det var også ein av hovudtankane bak etableringa

KRISA I SOGN BARNEVERN

av Sogn barnevern. Det som slo meg ganske fort, var at det var lite rom for slike spørsmål, me fekk ikkje stilla kritiske spørsmål til store avgjerder, då vart me stempla som illojale. Mellom anna stilte eg spørsmål om ein nytilsett skulle handtera ei alvorleg sak heilt åleine, då vart eg kalla inn på teppet og vart fortalt at eg ikkje var lojal mot leiinga mi», fortel denne røynde barnevernsarbeidaren.

Etter kvart merka ho også at Sogn barnevern bestod av ei formell leiing og ei uformell leiing. Ho påstår at leiinga hadde eit par tilsette som opptredde som «leiarar».

«Dei visste ting, private ting, om oss andre, og kunne også ta opp personalsaker med oss på tomannshand. Den uformelle leiinga hadde også mynde til å «ta oss føre seg» dersom me hadde sagt noko feil. Me fekk også beskjed om at alle avvik vart førte på oss som person og ikkje noko overordna ansvar frå leiinga sin del i høve handtering av avvik», fortel ho.

Dette vart det ikkje slutt på før arbeidstilsynet kom inn, og dei fekk ein sakkunnig inn i barnevernstenesta som jobba med arbeidsmiljøet over ein lang periode.

«Hovudverneombodet gjorde også ein kjempejobb her, og målet med denne jobbinga var at alle skulle ha det bra på jobb, og det skulle vera rom for alle. Sakkunnig gav oss støtte på at det me hadde opplevd var reelt, og at det me hadde opplevd var mobbing og trakassering frå leiing og uformell leiing. Fleire av oss hadde fysiske og psykiske reaksjonar som ein kan få etter traumatisering, som flashbacks, hjartebank, oppkast, skjelvingar og apati. Den sakkunnige var oppteken av at me måtte rydda i leiarstrukturen. Me hadde på denne tida også fått ny kommunalsjef og ny barnevernsleiar. Endeleg vart me sett, endeleg vart me verdsett, og ikkje minst, endeleg kunne fokuset vårt vera der det skulle vera, på jobben vår. Me vart sende på kurs, me spesialiserte tenesta vår, og endeleg var det glød i meg og kollegaene mine igjen. Denne gleda vart dessverre kortvarig. Ny leiar kom inn, og den uformelle leiinga kom på nytt på banen og fekk blomstra. Det kjendest nesten som ein parodi, at du til slutt utover hausten 2015 var med i ein «kven skal ut»-oppgåve. Til slutt fekk eg meg ny fast jobb, som eg stortrivst i», fortel kvinna som finn det heilt uforståeleg at politikarar ikkje har stilt fleire spørsmål. Det har til og med vore møte med dei andre kommunane, der dei tilsette har fortalt korleis dei har hatt på jobb og bede dei om hjelp.

*«Hovudverneombodet gjorde også ein kjempejobb her, og målet med denne jobbinga var at alle skulle ha det bra på jobb, og det skulle vera rom for alle.*

«Det er tydeleg at rådmann får seia det han vil, også at me var vanskelege å leia. Me blir den svakaste parten her, fordi me har ikkje same makta som kommuneleiinga som godtek at dette skjer i 2016. Dei kan true, herse med folk akkurat som dei vil, utan at det får konsekvensar. Konsekvensane er det me som måtte ta, me som no ikkje jobbar meir i tenesta som me trass alt var glad i. Eg hadde aldri halde ut i dei fem åra dersom det ikkje var for alle mine fantastiske, flotte og fagleg dyktige kollegaer, i tillegg til støtte frå FO og hovudverneombodet», fortel ho.

Ho fortel at ho var positivt innstilt då Hadle Blikra kom som vikarleiar, men seier at han synte tydeleg etter eit par veker at han gjekk sin egen veg, og ikkje var mottakeleg for innspel.

«Han skjelte meg ein gong ut for alle i personalmøte. Då eg konfronterte han med kvifor han ikkje tok opp ting med meg på tomannshand, så la han skulda over på meg, nesten som eg hadde bedt om kollektiv utskjelling. Det har over tid blitt skapt ein



TRIST: Dei fortel om mange tunge stunder i dette bygget, dei som ikkje orka meir av leiinga i Sogn barnevern.

fryktkultur der alt er basert på å «skremma» dei tilsette til lojalitet. Det er mange «leiarar» som har fått lov å «leika»leiarar utan at dei har det mandatet, til å fronta personalsaker, og ukvalifisert tilsette har ved fleire høve «handtert personalsaker». Ein kontormedarbeidar har til dømes i ein periode hatt vedtaksmynde og skrive under på fleire vedtak. Ho vart vurdert til betre skikka enn oss som faktisk har utdanning innan dette faget. Me har ein gong fått beskjed om å «juksa» med tiltaksplanar, for å få fine tal», fortel denne kvinna. Det gjekk ut på å senda ut uferdige tiltaksplanar, med tiltak som ikkje var avtalt med familiar for så å ferdigstilla dei i fagprogrammet. Då fekk Sogn barnevern lite avvik på tiltaksplanar.



VERTSKOMMUNE: Sogn barnevern er lagt under teneseteeininga Barn og Unge i Sogndal kommune.

# Fekk ikkje følgja opp borna som stolte på henne

Ho vart møtt med ei saksmengd åleine i Sogn barnevern, som var like stor som saksmengda til saman i den kommunen ho kom frå. Sjølv om ho hadde erfaring gjennom eit år i to ulike barnevernstenester seier det seg sjølv at ein ikkje maktar å gjera den jobben ein skal gjera med eigne saker, i tillegg til dei sakene ein har saman med kollegaer, som relativt fersk. Det var heftige saker med omsorgsplasseringar, akuttvedtak og fylkesnemnd-saker. I perioden ho jobba ved Sogn barnevern skulle det sparast inn på utgifter knytt til advokat, og dei måtte sjølve skrive saker som skulle i Fylkesnemnda. Dette krev mykje tid og ressursar, tid som ein ikkje har.

Leiinga opplevde ho meir som eit kontrollorgan, som registrerte kor mange vedtak du har skrive og lagt til godkjenning, kor mange saker du makta, at du ikkje snakka med nokon andre for å spara tid, at du ikkje har avvik som kjem i rapportane.

– For avvik, det skulle du ikkje ha. Då måtte du prioritera all di tid til å «ordna» avvika, enn å faktisk gjera ein god jobb i saker som hastar, fortel ho.

Ho opplevde eit godt miljø blant dei tilsette i Sogn barnevern, og ho har god kontakt med samtlege den dag i dag. Det kunne vera forrykande diskusjonar og drøftingar, med barnets beste som utgangspunkt, men det var aldri konfliktar mellom sakshandsamarane.

Det ho opplevde som eit «vendepunkt» i si tid ved Sogn barnevern kom etter eit møte i kommunehuset i samband med sjukmelding på leiar der dei fekk beskjed om at dei var grunnen til sjukmeldinga og det var på grunn av arbeidsmiljøet.

– Eg hugsar tårene kom då me gjekk frå møtet og ned igjen til Helsesenteret. Eg tenkte «Kva skjedde eigentleg no?». Me forstod det ikkje. Det vart sett i gong «tiltak» etter møtet. For det var jo «det dårlege arbeidsmiljøet» og dei tilsette som hadde fått leiar sjukemeld. Eksterne ressursar vart henta inn for å få oss til å fortelja historia kvar og ein. Kva dei fortalde her opplevde eg at leiinga brukte mot oss seinare, seier ho.

Ho møtte til slutt veggen og vart sjukmeld og etter sjukmeldinga fekk ho ikkje jobb vidare.

– Eg fekk ikkje avslutta sakene mine, fekk ikkje snakke med barn og hadde plassert vekk og som stolte på meg. Eg opplevde at grunnen

til at eg ikkje fekk jobb vidare var at eg ikkje «var på lag med leiinga». Eg tok saka vidare til fagforbundet, men gjort var gjort og det kunne ikkje verte endra på, sluttar ho.



DOKUMENTAR: Sogn Avis har brukt mykje tid på denne dokumentaren

# Orkar ikkje å vera tilsett i ein organisasjon med ein slik leiarkultur

**– Så lenge Jostein Aanestad og politikarane står bak ein slik leiarstil, kan ein ikkje driva eit forsvarleg barnevern.**

> *Eg fekk ikkje avslutta sakene mine, fekk ikkje snakke med barn eg hadde plassert vekk og som stolte på meg.*

Det er ein alvorleg påstand, og den kjem frå ein av dei mest røynde medarbeidarane som har vore tilsett i Sogn barnevern. No har ho sagt opp! Og ho er 100 prosent sikker på at arbeidsmiljøproblema ikkje går over i Sogn barnevern, fordi om leiinga har reinska ut alle dei «gamle».

– Problema i arbeidsmiljøet er ikkje usemje og utryggleik i kollegiet. Gode og omsorgsfulle kollegaer var ein av faktorane for at eg heldt ut så lenge i jobben min som eg faktisk gjorde, fortel ho.

Ein annan viktig faktor var hennar engasjement for usette born og unge. Ho saknar kollegaene sine, arbeidsoppgåvene, borna og familiane deira frå den tida ho var tilsett i Sogn barnevern.

Men ho minnest også manglande forståing hjå leiinga for ekstremt høgt arbeidspress. Ingen av kommunane hadde ved samanslåinga til dømes teke høgde for den tida som vart brukt til bilkøyring mellom kommunane. Dei kom inn med sine stillingsheimlar og ikkje meir.

– Me har rekna ut tida me nytta til bilkøyring i eitt år tilsvara langt over ei stilling, fortel ho og nemner manglande fagleg støtte og oppfølging og at dette ofte var svært tilfeldig, ut ifrå kompetanse og personlege meiningar kva hjelp familiane fekk i sakene sine. Og stort fokus på fleksilister, timelister, køyrelister og føring i kalender. Leiinga hadde ei langt tettare oppfølging i dette arbeidet, enn det faglege arbeidet dei utførte.

– Ekstremt fokus på lojalitet, stadig kritikk for å ha for lange kaffipausar, ingen tilbod om oppfølging etter tøffe tak i sakene våre, forskjellsbehandling av personalgruppa, oppvaskmøte med kort innkalling, utan saksliste og generelle skuldingar, seier ei av dei mange fortvila barnevernsarbeidarane som Sogn Avis har snakka med dei siste vekene.

Ho sat med arbeidsoppgåver som voks ho over hovudet.

– Eg syntest eg gjorde ein dårleg jobb. Sjølv om eg gav beskjed til leiar fekk eg berre nye oppgåver og saker. Plutseleg sat eg på kontoret og ønska at eg vart sjuk slik at eg kunne få fri. Den hausten vart eg sjuk, eg fekk kreft. Då angra eg bittert på tankane mine. Då eg kom att frå sjukmelding var ting byrja å skje. Arbeidstilsynet kom og me starta endingsprosessens, ting vart betre. Men det vart diverre ikkje langvarig, og når tanken om å ønskja seg sjuk på nytt slo ned i meg hausten 2015 forstod eg at eg måtte koma meg vekk, seier denne kvinna som ikkje orka å vera tilsett i ein organisasjon med ein slik leiarkultur.

– Så lenge Jostein Aanestad og politikarane står bak ein slik leiarstil, kan ein ikkje driva eit forsvarleg barnevern. Eg har ikkje tru på at Aanestad vil endra seg eller innsjå nokon gong korleis han har ramponert eit veldig godt fagleg utgangspunkt. Me var gode og me hadde mål om å bli best», fortel denne kvinna med tårer i augo.

## Ikkje negativ omtale

**Denne kvinna var tilsett i vikariat i Sogn barnevern og sa opp vikariatet med bakgrunn i at ho mistreivst med leiarstilen. Første dagen på jobb i Sogn barnevern blei ho kalla inn til leiar og fekk klare instruksar om å ikkje omtala Sogn barnevern negativt.**

Ho tykte dette var ein meget spesiell start på ein arbeidstad, da ho kom frå eit arbeidsforhold i ei barnevernteneste på Austlandet. Ho fekk også tydelege signal frå leiar om at på denne arbeidstaden var det berre å stå på, for viss ho ikkje gjorde jobben sin på den måten leiinga ønskte, kunne ho ganske enkelt bli erstatta av ein annan barnevernspedagog.

«Eg vart plassert på eit kontor og fekk tildelt klientsaker, men fekk inga opplæring. Verken i forhold til kommunen eller fagsystemet. Eg vart lova rettleiing ein gong i månaden, men denne blei stort sett avlyst av leiar». Ho brukte difor kollegaer til rettleiig og som drøftingspartnarar. Dette vart ho også konfrontert med av leiinga som bad om at kollegaer ikkje sat på kontoret til kvarandre, og dersom det var høgst naudsynleg å snakka med nokon skulle ikkje døra til kontoret latast att. Etter mine vurderinger var det naudsynleg å lukka døra ved drøfting av klientsak, då me delte korridor med andre kommunale einheiter».

«Etter mine vurderingar var leiinga i større grad opptekne av å kontrollera meg og mine kollegaer enn å syta for at Sogn barnevern gjorde ein fagleg god jobb. Til dømes brukte leiinga mykje tid på å kontrollera at ferjebillettane stemde med fleksilistene», fortel ho.

Leiinga hadde også vanskeleg for å ta i mot både råd og tilbakemeldingar. «Eg hadde jobba i ei anna barneverneneste og kom med innspel mellom anna i forhold til at Sogn barnevern i større grad kunne følgja lovverket i forhold til kontradiksjon. Leiinga gav då tydelig beskjed om at Sogn barnevern jobba på «denne måten» og at eg måtte følgja dette. Eg fekk ikkje lov til å jobba etter lova», fortel barnevernspedagogen, som legg til at dette berre er nokre få av episodane ho opplevde.

«I stor grad opplevde eg at leiinga dreiv psykisk terror og brukte ulike hersketeknikkar for å opprettalda ein slags kontroll», sluttar ho.



Jan Inge Fardal
jan@sognavis.no



Håvard Nesbø (foto)
haavard@sognavis.no

• Slik svarar Sogndal kommune

## «Hadde omfattande problem»

**SOGNDAL:** Både rådmann Jostein Aanestad, kommunalsjef Marit Hagevik og banevernsleiar Hadle Blikra har fått desse historiene til gjennomlesing for høve til samtidig imøtegåing. Rådmann Aanestad svarar på vegner av alle tre og han konstaterer at Sogn barnevern fram til 2016 har hatt eit omfattande arbeidsmiljøproblem, og at dette er dokumentert gjennom regelmessige medarbeidarundersøkingar, rapport frå Arbeidstilsynet, rapport frå bedriftshelsetenesta og rapport frå ekstern konsulent. «Dette materialet gjev eit breiare og meir nyansert bilete enn det som Sogn Avis presenterer gjennom ti anonyme intervju. Tilsette har nok opplevd denne situasjonen ulikt, men det er belastande for alle å vera ein del av eit dårleg arbeidsmiljø over tid. Kommunen har difor tilbydd hjelp til alle som har ønskte det, og mange av dei som tidlegare jobba i Sogn barnevern har ønskt seg annan jobb i eller utanfor kommunen. Det er hyggeleg å lesa at mange av desse no har ein god arbeidssituasjon der dei no er», skriv Aanestad i sitt tilsvar. Rådmannen seier vidare at det no er eit godt arbeidsmiljø i Sogn barnevern, og at tenesta ønskjer å ha full merksemd på barnevernsarbeidet og ikkje på tidlegare arbeidsmiljøkonflikt.

BILAG 3



# Blikra måtte gå på dagen som helsesjef

## ■■ Då var alle rundt han sjukmelde ■■ Fekk avtale

**SOGNDAL/LÆRDAL: Mannen som rådmann Jostein Aanestad handplukka for å få ro og orden i Sogn barnevern, måtte gå på dagen som helsesjef i Lærdal.**



MÅTTE GÅ: Etter at eksterne konsulentar hadde vurdert arbeidsmiljøet på Lærdal helsesenter gjekk Hadle Blikra av på dagen som helsesjef (Arkiv)

Det var i 2004 toppleiinga i Lærdal kommune gjekk til det spesielle steget det er å fjerna ein etatssjef på dagen.

– Ikkje heilt vanleg det, nei, men det var heilt naudsynleg for å få ro i organisasjonen, seier dåverande Ap- ordførar Knut O. Aarethun til Sogn Avis. Og legg til at problemet med helsesjefen ikkje oppstod over natta.

– Eg arva dette etter min forgjengar Olav Wendelbo. Kommunen hadde fått utarbeidd ein rapport om arbeidsmiljøet rundt helsesjefen som eg aldri fekk sett på, seier Aarethun.

### Graverande

Årsaka til at denne saka dukkar opp no, 13 år etter er Sogn Avis sin omfattande omtale av arbeidsmiljøet og tilhøva i Sogn barnevern. Like før jul fekk me ein e-post frå Ruth Sprakehaug, som er tilsett på helsesenteret i Lærdal kommune.

Ho skriv: «Eg vil takke deg og Sogn Avis for at de ikkje gjer opp å grave i bakgrunnen til barnevernsleiar Hadle Blikra. Etter å ha lese Sogn Avis på torsdag (15. desember 2016 red. merkn.) var det som å repetere mine og andre sine opplevingar i forhold til Blikra sin tidlegare oppførsel. Han var helsesjef i Lærdal kommune tidleg på 2000-talet. Då var han også min sjef. Hans oppførsel var graverande også på den tida», skriv Sprakehaug.

### Ekstern hjelp

Ho hugsar ikkje kor mange gonger dei tok dette opp med Lærdal kommune, men fortel at det var vanskeleg å få sjefane til å forstå kor gale det var.

«Det toppa seg i 2004, då fleire vart sjukmelde og kommunen tilkalla ekstern hjelp. Det kom arbeidspsykologar som intervjua alle tilsette på helsesenteret. Konklusjonen dei kom med fekk me tilsette aldri tilgang til, det var det berre ordførar og rådmann som har lese. Men det førte i alle fall til at Hadle Blikra slutta på dagen og me andre kom tilbake på jobb», skriv Ruth Sprakehaug i denne e-posten.

### Alle sjukmelde

Aud Henriksen, mangeårig tilsett i kommunen og kollega med Ruth Sprakehaug, stadfestar alt dette.

– Det var ei vanskeleg tid, som enda med at me alle vart sjukmelde. Då kom det inn arbeidspsykologar utanfrå. Heldigvis forstod dei kva som var gale og dei trudde på oss, fortel Henriksen. Også ho minnest kor vanskeleg det var å få dei lokale leiarane i kommunen til å forstå kva som hadde føregått.

– I eit slikt arbeidsmiljø blir du svært utrygg. Det var stor gjennomtrekk også blant vikarlegane, men me vart sjukmelde alle som ein for at noko verkeleg skulle skje. Etter at rapporten frå dei eksterne konsulentane kom, forsvann Blikra på dagen og me andre kom attende på jobb og ting normaliserte seg etter kvart, fortel Aud Henriksen. Ho er i dag pensjonist.

Sogn Avis har sjekka fortel-



SJEF: Dåverande rådmann Lasse Sælthun var Blikras overordna, og stadfestar at helsesjefen måtte gå på dagen.



SJELDAN: Knut O. Aarethun, som var ordførar, seier det var heilt naudsynleg at helsesjef Blikra gjekk for å få ro i organisasjonen.

jingane til dei to både med tidlegare rådmann Lasse Sælthun og eksordførarane Knut O. Aarethun (Ap) og Olav Wendelbo (Sp). Alle stadfestar at dåverande helsesjef Hadle Blikra gjekk på dagen frå denne stillinga.

### Omfattande problem

– Ut over at det var konfliktar over lang tid og at han slutta på dagen, ynskjer eg ikkje å seia så mykje meir, seier tidlegare rådmann Lasse Sælthun. Han peikar på at dette ligg ein del år attende i tid, og at han såleis ikkje kan gå inn på detaljar, men at han hugsar omfattande problem i og med arbeidsmiljøet.

Dåverande ordførar Aarethun, som tok over etter Olav Wendelbo hausten 2003, stadfestar også at Blikra gjekk på dagen grunna konfliktar og store problem med arbeidsmiljøet.

### Heile tida

Aarethun peikar på at konfliktane mellom helsesjefen og andre tilsette i etaten hadde utvikla seg under Sp-ordførar Wendelbos tid. Noko Wendelbo stadfestar.

– Det var problem heile tida, stadfestar Wendelbo som også minnest at helsesjefen først vart flytta frå rådhuset og over til helsesenteret på grunn av utfordringar i arbeidsmiljøet der. Han hugsar også at mange vikarlegar slutta før tida og stadfestar at sjukmeldingane auka på slik at dei til slutt måtte henta inn ekstern hjelp for å kartleggja kva som var gale på helsesenteret i Lærdal.

Jan Inge Fardal
jan.inge.fardal@sognavis.no

## – Gagna alle partar

**SOGNDAL: Hadle Blikra meiner det gagna alle partar at han fekk fritak frå arbeidsplikta i oppseiingstida i Lærdal.**

– Eg ynskjer ikkje å meina noko om tidlegare kollegaer sine opplevingar frå 13 år attende i tid. Det står respekt av at både Sprakehaug og Henriksen står fram med sine meiningar med fullt namn i intervjuet. Det er elles inga hemmelegheit at eg valde å seia opp mitt arbeidsforhold som helsesjef i Lærdal kommune, og at eg fekk fritak frå arbeidsplikta mi i oppseiingstida. Det gagna nok alle partar den gongen, seier Hadle Blikra i eit tilsvar til påstandane i artikkelen.

Rådmann Jostein Aanestad i Sogndal kommune stadfestar i ein kommentar at han i samband med tilsetjing av Blikra, som tenesteleiar for Sogn barnevern, henta inn referansar frå Blikra si tid både i Lærdal kommune og i Årdal kommune, og at avsluttinga av Blikra sitt arbeidsforhold til Lærdal kommune er godt kjent for han.

5#770:faf0efef-f70a-48c3-8241-ba76102bb7fb:24

BILAG 4



# Same gamle leksa om barnevernet

## – På rett veg, seier Aanestad

## Det har han sagt før

**SOGNDAL: Rådmann Jostein Aanestad meiner at Sogn barnevern no er på rett veg. Det har han gjort før.**



PÅ RETT VEG: Rådmann Jostein Aanestad seier nok ein gong at Sogn barnevern er på rett veg

I eit intervju med Bergens Tidende sist laurdag sa rådmannen at barnevernet har lagt dei verste problema bak seg.

*– Kan du utdjupa?*

– Me har tilsett seks nye medarbeidarar med brei kompetanse som faktisk er på jobb. Det faktum at dei nytilsette faktisk er på jobb gjer at me har styrkt kapasiteten i barnevernet, seier rådmann Aanestad.

### Rammene

*– Kva kompetanse er det dei nytilsette har som dei som har slutta dei siste månadane ikkje hadde?*

– Eg uttalar meg ikkje om kompetansen til tidlegare tilsette. Det eg er oppteken av er dei som er i tenesta no og at dei får gode nok rammer i det daglege.

*– Er problema dei tidlegare tilsette sin feil?*

– Det vil eg ikkje kommentera.

### Ikkje detaljar

*– Er det mange tilsette med lang erfaring eller er det berre nyutdanna som er tekne inn i Sogn barnevern?*

– Det er begge delar, eg kan ikkje gå inn i detaljar om kvar enkelt tilsett. Eg seier elles ikkje at problema er løyste i Sogn barnevern, men at me er på god veg med dei nye tilsette som altså er på jobb.

### Ikkje løyste

*– Men er årsaka til dei problema som har vore over lang tid – konfliktane mellom tilsette og leiing – sett nok fokus på?*

– Som sagt, eg seier ikkje at alle problema er løyste, men at me er på rett veg. No har me fokus på at dei som jobbar i barnevernet skal ha gode arbeidsforhold. Slik at dei held fram med å vera på jobb.

### Stiller opp

*– Plasstillitsvald seier at ho vonar at tidlegare tilsette blir kalla inn til intervju i samband med det nye og breie tilsynet. Har du tankar om det?*

– Det er Fylkesmannen som gjennomfører tilsynet og dei må få gjera det på sin måte. Men me stiller sjølvsagt opp med all den informasjon dei ber om, seier rådmann Jostein Aanestad. Og strekar under at dei no har fokus på dei tilsette som er på jobb.

### Snart tre år

Det kan vera på sin plass å minna om at dette har rådmannen sagt opp til fleire gonger dei siste åra. Me siterer til dømes frå Sogn Avis i februar 2014, der han svarar slik i ein kommentar til at fleire tilsette i Sogn banevern kjende seg utrygge på jobb: «Kommunikasjonen mellom leiing og tilsette har ikkje vore god nok. Alle dei tilsette har vore involverte for å finna fram til tiltak. Me har ei klar målsetjing om at alle skal trivast på jobb».

Det var altså i februar 2014 – for snart tre år sidan – og målsetjinga er den same.

Jan Inge Fardal
jan.inge.fardal@sognavis.no

**Dette er saka:**

- Sogn Avis har med ujamne mellomrom sidan 2013–2014 skrive om tilhøva i Sogn barnevern etter ei rekkje tilsyn med urovekkjande resultat både frå Fylkesmannen og Arbeidstilsynet. Nyss oppretta Fylkesmannen nok eit tilsyn, før eit som alt er i gang var avslutta. Dette nye og breie tilsynet kan bety at Fylkesmannen ikkje berre sjekkar papir og e-postar, men at dei faktisk også intervjuar noverande og tidlegare tilsette

# Håpar alle som har slutta blir kalla inn

**SOGNDAL: Elleve tidlegare tilsette med barnevernsfagleg bakgrunn er no vekke frå Sogn barnevern.**

– Eg håpar at alle desse, kvar einaste ein av dei, vert kalla inn til intervju i det nye og breie tilsynet som Fylkesmannen har varsla, seier Hege Liljedahl.

Ho er plasstillitsvald for Fellorsorganisasjonen (FO) i Sogn barnevern, og har vore tett på medarbeidarane og kollegane som har slutta den siste tida.

### Elendig miljø

– Dei er enten slutta fordi dei har fått seg annan jobb, er omplasserte eller dei er langtidssjukmelde, opplyser Liljedahl. Men ho er klar på at for dei fleste som har slutta er grunngjevinga eit elendig psykososialt arbeidsmiljø.

– Det er lang ansiennitet, svært mykje erfaring som har forsvunne ut av denne tenesta dei siste åtte månadene, legg ho til.

### Dramatisk

Den tillitsvalde er klar på at det er dramatisk for ei teneste som dette at så mykje erfaring forsvinn i løpet av så kort tid.

– Noko av det viktigaste i barnevernet er kontinuitet, relasjon, tillit og kompetanse. Det tek tid å byggja opp. Når så mange forsvinn på så kort tid så blir det vanskeleg, seier Liljedahl.

### Plagar

Ho legg til at ho ser det som trist at det som kanskje har plaga dei som no har slutta mest av alt, er at det elendige arbeidsmiljøet har gått ut over det tilbodet og den hjelpa dei har vore i stand å tilby brukarane.

– Ingenting slit meir enn om du ikkje klarar å gjera den jobben du veit du kan og bør, fordi vilkåra ikkje er til stades.

### Når ikkje inn

Hege Liljedahl etterlyser også klarare tilbakemeldingar frå leiinga i Sogndal kommune.

– Me har lenge kjempa ein kamp for å koma i skikkeleg dialog med leiinga for å prøva å løysa problema i Sogn barnevern, men me når ikkje inn. Me hadde eit møte med heile leiargruppa i kommunen og Sogn barnevern den 15. juni. Det var eit møte som sette mange av problema som har vore og er på dagsorden. Leiargruppa lova oss eit svar på våre innspel, men me har framleis ikkje høyrt eitt einaste ord frå dei. Kvifor veit me ikkje, seier Liljedahl.

### Grundig

Ifølgje den plasstillitsvalde helsar alle hennar medlemmar det nye og breie tilsynet som Fylkesmannen varsla sist veke svært mykje velkomen.

– Desse problema må berre løysast. Og då må dei gå skikkeleg grundig til verks i dette tilsynet. Eg håpar, ja eg reknar med at minst alle dei elleve som no har slutta i Sogn barnevern blir kalla inn til ein skikkeleg samtale, seier Hege Liljedahl. Berre slik trur ho at Fylkesmannen kan nærma seg eit svar på kvifor det har vore så mange og langvarige problem med arbeidsmiljøet i Sogn barnevern.

www.ladanse.no

Boutique la Danse
www.ladanse.no
Tlf 22 20 91 22

BILAG 5



## – Feil prioritering

**AURLAND:** Sturle Ryum (Sp) meiner det er feil prioritering frå vegvesenets side å bruka pengar på ein ny reguleringsplan for ei større parkeringsområde ved Stegastein på fv. 253. – Vegen opp til Stegastein er ein alvorleg flaskehals både for turistar og fastbuande. I staden for reguleringsarbeid, er det på tide å få utbetra vegen, sa Ryum i open post i kommunestyret sist torsdag. Ordførar Noralv Distad lova å invitera både fylkeskommunen og vegvesenet til eit møte for å fortelja kva som trengst av tiltak på den nemnde fylkesvegstrekninga.

## Etterlyser plan for barnevernet

**SOGNDAL:** Utfordringane i Sogn barnevern vart teke opp av enkelte politikarar i kommunestyret. – Har me ein plan B, og er det aktuelt å få inn ekstern hjelp om me ikkje får dette på beina innan året er omme? spurde Arne Glenn Flåten (H) i Sogndal kommunestyre torsdag. Han følte også behov for ei breiare orientering. Rådmann Jostein Aanestad svara at dei har hyrt inn ekstern hjelp i den perioden dei var underbemanna. Han stilte seg og positiv til å orientera kommunestyret. Vibeke Johnsen (SV) spurde om kva for tilsetjingar som er relatert til einslege mindreårige og kva som er styrking utover det. – Me har gjennomført totalt 19 tilsetjingar. Seks er knytt til ordinær sakshandsaming, og erstattar dei som har slutta eller er i permisjon, 13 har sine oppgåver avgrensa til einslege mindreårige, svara rådmannen.

# Utsette lege-avgjerd

## Treng fleire legar

## Må ha meir informasjon




*FAKSIMILE: Sogn Avis tysdag.*



*UTSETTE LEGESAK: Rådmann Olve Fossedal bad formannskapet om å venta med handsaminga av saka om å tilsetja fleire legar. Han ynskjer ei breiare utgreiing av saka enn det som ligg føre.*

**ÅRDAL: Formannskapet valde å utsetja debatten om legetenestene for å henta inn meir informasjon.**

Etter planen skulle formannskapet ha teke stilling til om det skulle finnast rom for ein ekstra fastlegeheimel i budsjettet for 2017 då dei folkevalde var samla for fyrste gong etter ferien i går.

Det vart det ikkje noko av.

### Må venta

Rådmann Olve Fossedal bad nemleg formannskapet om å utsetja saka til neste møte i midten av oktober på bakgrunn av at det er sider ved saka som ikkje er ordentleg belyst.

Rådmannen fekk aksept for si innstilling, noko som dermed tyder at svaret på om legane på Helsehuset får fleire kollegaer lèt venta på seg.

### Vil bruka tid

– Dette handlar om få saka greidd ut i si fulle breidde. Eg ønsker at ei avgjerd skal takast med mest mogleg og best mogleg informasjon, og denne saka ynskjer eg å bruka litt tid på fram til oktobermøtet, forklarer rådmann Fossedal til Sogn Avis.

Han vil ikkje vera heilt konkret på kva det er han ynskjer å få nærare greidd ut.

### Ikkje godt nok

– Det er ulike forhold rundt både utvikling av legetenesta og ulike forhold rundt framtidsvurderingar, der eg ser at det ikkje er godt nok greidd ut før saka vart fremja.

Kva som har skjedd med dette tidlegare og korleis det har vore handtert før, må rådmannen sjølvsagt ta ansvar for, men me ynskjer å sjå spesielt på dei framtidige utfordringane for legetenesta, seier Fossedal.

### Dårleg dekning

I saksutgreiinga som låg føre, vart dei folkevalde gjort kjende med at Årdal statistisk sett kjem dårleg ut i høve til fastlegedekninga i fylket, og er mellom dei kommunane som har færrast legar per innbyggjar.

Legane på si side har gjeve uttrykk for at det aukande talet på oppgåver som ikkje er direkte knytt til pasientbehandling, har auka jamt og trutt.

### Positiv påverknad

I eit folkehelseperspektiv vert det vist til at fastlegane er sentrale både gjennom førebyggjande arbeid i til dømes helsestasjon, skulehelseteneste og smittevern, men også når det gjeld diagnostisering, behandling og individuell oppfølging av pasientane.

– Å ha ein stabil fastlege som ein har tillit til har stor positiv påverknad for alle innbyggjarar, slår utgreiinga fast.

### Lang ventetid

– Me ynskjer å sjå på korleis befolkningssamansetnaden ser ut til å utvikla seg, noko som heng veldig nært saman med det å dimensjonera legetenesta. Det som er eit faktum er at me har låg bemanning og at det er lang ventetid, noko me også vil vektleggja, seier rådmannen, som vil fremja saka på nytt for formannskapet den 11. oktober – og deretter for kommunestyret den 20. oktober.

Det som også er eit faktum, er at stillinga som kommuneoverlege skal lysast ut i byrjinga av oktober. Administrasjonen skal drøfta utlysingsteksten i samband med eit seminar i Bergen neste veke.

Årdal kommune er nemleg med i eit heilt eige prosjekt saman med kommunane Odda og Meløy i regi av Nasjonalt senter for distriktsmedisin og Universitetet i Tromsø.

### Gjennomtrekk

Prosjektet, som har namnet «Recruit and retain», handlar om å rekruttera og behalda fastlegar i kommunen og sikra stabilitet i legetenesta.

– Me har hatt ein viss gjennomtrekk i Årdal tidlegare, noko som sjølvsagt ikkje er heldig, verken for folk eller for kommunen sitt renommé. Eg håpar og trur at me i løpet av denne prosessen vil få ein del idear til korleis me kan løysa desse utfordringane, seier rådmannen.

### Lyser ut stilling

Å få på plass ein kommuneoverlege vil truleg hjelpa på arbeidsmengdene for dei andre fem fastlegane, ettersom denne er tenkt å skulle ha delvis administrativ stilling og delvis såkalla kurativ, altså driva med pasientbehandling.

– Me må vurdera når me snakkar med søkjarane om korleis dei tenkjer seg det kan vera og om det er kombinasjonar av administrativt og kurativt arbeid dei ser meir føre seg enn andre. Dette er vurderingar me må gjera undervegs, me vil ikkje vera heilt absolutt på dette på noverande tidspunkt.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no

NÅ -30% på bestselgere! til 30 09
kjells markiser
MARKISER PERSIENNER SCREEN INTERIØR
GRATIS befaring/tilbud: 815 00 570 kjellsmarkiser.no



# ionen

«veneveker». I fjor laga me venebenken og i år har me laga venskapstre, forklarte Ramstad.

Tre 4. klasse elevar, Senit, Mia og Christian fekk syna ordføraren treet som har fått 320 eple med ulike venskapsmeldingar på.

– Me vil gjerne at ordføraren skal få denne venskapsgreina, sa Senit som kjem frå Eritrea og overrekte ei grein der ordet vener var omsett til ulike språk.

Ein rørd ordførar lova å ta greina med attende til kontoret og fortelja dei andre politikarane om kor viktig det er med venskap og at alle må vera snille med kvarandre.

Elf Grotle
eli.grotle@sognavis.no




**GRUNDIG:** *Eit team på fem frå Fylkesmannen var framleis i sving hjå Sogn barnevern i går*

# Eit omfattande tilsyn

**SOGNDAL: Fylkesmannen varsla trong for eit møterom hjå Sogn barnevern i første omgang ut veke 36, men var framleis på staden i går.**

Den 26. august varsla Fylkesmannen nok eit tilsyn med Sogn barnevern. Dette er eit tilsyn som kjem i tillegg til eit som framleis ikkje er avslutta og som vart starta opp i går.

## Omfattande

– Dette er eit omfattande tilsyn, med dokumentasjonsgjennomgang, seier rådgjevar Line Pedersen Døsen til Sogn Avis.

Ho leiar eit team på fem personar frå Fylkesmannen som gjennomfører den omfattande dokumentasjonsgjennomgangen Sogn barnevern sine lokale. I utgangspunktet bad teamet om eit møterom med tilgang til projektor frå 6.9. og ut veke 36. No er me i slutten av veke 37 og dei var framleis i lokala i går.

## Er grundige

*– Kvifor har det teke lenger tid enn stipulert?*

– Me har sagt at me i utgangspunktet treng heile september på dette tilsynet. At gjennomgangen av dokumentasjon enno ikkje er ferdig skuldast fleire ting. Men det viktigaste er at me skal gjera dette på ein så grundig og god måte som råd, seier Pedersen Døsen.

## Stykke fram

*– Kor lang tid treng de?*

– Me har som sagt i utgangspunktet sett av september, men det kan gå lenger tid, seier rådgjevar Line Pedersen Døsen som ikkje kan kommentera noko om eventuelle funn som er gjorde enno.

– Det er eit godt stykke fram til det er ferdig nokon rapport etter dette tilsynet, seier rådgjevaren. For etter at gjennomgangen er ferdig skal informasjonen vurderast og granskast før teamet eventuelt dreg attende til Sogn barnevern for å gjennomføra eventuelle intervju.

Jan Inge Fardal
jan.inge.fardal@sognavis.no



BILAG 7











# Sogn Avis

Laurdag

1. oktober 2016 • Nr. 190

ÅRETS LOKALAVIS

Laussal kr. 30,–



Toyota Sogn

Bestill service, PKK, dekkhotell: T 57 67 66 66




## Uviss framtid for Tara

**ÅRDAL:** Tara Yousif Saed hadde endeleg funne draumejobben på mottaket. Meldinga om at mottaket no vert lagt ned var vond å få

Side 10 og 11



## Legg press på Luster

**LEIKANGER:** Tre kommunar i Sogn er dytta nærare samanslåing. Fylkesmannen si tilråding aukar også reformpresset på Luster

Side 6 og 7



## Rom for alle

**LÆRDAL:** Idrettsmiljøet har fått eit topp moderne fleirbruksbygg i Lærdal

Side 16 og 17



# Betalte erstatning for mobbing

■■ Skreiv avtale med tre tilsette i Sogn barnevern

Tre tilsette i Sogn barnevern truga med søksmål etter å ha vorte mobba av sin tidlegare leiar i Sogn barnevern. Rådmann Jostein Aanestad (biletet) svara med å betala erstatning og skaffa psykologhjelp. I tillegg lova han å framsnakka dei tilsette i Sogn barnevern i Sogn Avis. Dette kjem fram i avtalar som vart underteikna i mars 2015.

Gjennom avtalen fråskreiv dei tilsette dette handlar om, seg retten til å gå til rettslege steg mot kommunen eller tidlegare tenesteleiar om denne saka.

Side 4 og 5

7 090005 131 03

## – Eg skal skjerpa meg

**GAUPNE:** To gonger på kort tid har Sogn Avis slurva med namn. Dei som er utsette for medarbeidarens sviktande rutinar er Torodd Urnes og Jan Kåre Norberg. Hermed dei rette namna på to framifrå representantar for Luster. Eg skal skjerpa meg. Helsing Terje Eggum, journalist i Sogn Avis

## Steinar i vegen

**AURLAND:** Like før klokka 6 fredag morgon vart det meldt om at eit steinskred hadde gått over fv. 50 i Vassbygdi i Aurland. Geolog vart kalla ut til staden, og nokre timar seinare var vegen rydda og opna att.

(Foto: Arne Veum)



## Set Heggø på topp

**LEIKANGER:** Nominasjonsnemnda til Sogn og Fjordane Arbeidarparti har i møte den 26. september innstilt Ingrid Heggø som nummer ein og Hilmar Høl som nummer to på lista. Høl fekk to stemmer då førsteplassen skulle avgjerast medan Helge Robert Midtbø fekk to stemmer i kamp mot Høl på andre plassen. Tredjeplassen fekk Torbjørn Vereide frå AUF

# atning
# nevern




Aanestad (innfelt) vedgår i ein avtale om erstatning at det har føregått
o: Kjell Eldegard/Arkiv/

## ikkje kommentera

– Eg kan ikkje kommentera denne typen avtalar, svarar Haugland når me spør. Men han stadfestar at han kjenner til at denne typen avtalar kan bli inngått.

*– På eit generelt grunnlag, kvifor blir det laga avtaler som dette?*

– Eg hadde nær sagt, det seier seg sjølv. Her er det som oftast snakk om arbeidsgjevarar som ikkje ynskjer at kontroversielle saker eller tema skal koma ut i offentlegheita, verken på den eine eller andre måten, og slett ikkje gjennom ei rettssak.

*– Skjer det ofte at FO- medlemmer skriv under på avtalar som dette?*

– Så langt eg kjenner til, skjer det ikkje ofte, seier fylkessekretær Jan Egil Haugland.



*INGEN TING: Det står ikkje noko om framtida for Ljøsne skule i fleirtalsvedtaket om skulebruksplanen i formannskapet torsdag.*

# Må venta tre veker på skulevedtaket

**LÆRDAL:** Formannskapet rår til å vedta skulebruksplanen, men fleirtalet seier ingen ting om konsekvensane av planen.

Skulebruksplanen for Lærdal for tidsrommet 2015 til 2030 vart behandla i Lærdal formannskap torsdag. Tilrådinga frå rådmannen i denne plansaka var sikta inn på kva alternativ kommune skal velja for skulestruktur etter at planen er vedteken.

### Konsekvensar

Rådmannen gjekk inn for det som heiter alternativ ein i planen. Det vil seia å avvikla Ljøsne skule og driva vidare med to skular i kommunen; Borgund skule og Lærdalsøyri skule.

Ordførar Jan Geir Solheim starta debatten med å seia at han meinte ting må gjerast i rett rekkjefølgje i denne saka. Han etterlyste ei formulering om å vedta planen i tilrådinga frå rådmannen.

– Før me går på konsekvensane av planen, må me seia noko om at planen skal vedtakast. Me i Sp ønskjer at formannskapet i dag rår kommunestyret til å vedta skulebruksplanen. Deretter får konsekvensane og kva slags skulestruktur me skal ha framover koma i neste omgang. Gjerne i eit ekstra formannskapsmøte før kommunestyremøtet den 20. oktober, sa Solheim.

### Innsparing

Konsekvensane av skulebruksplanen, dersom alternativ ein blir den framtidige skulestrukturen, er ei innsparing på 5,2 millionar kroner på driftsbudsjettet. I tillegg til at 2,5 pedagogiske årsverk blir flytta frå Ljøsne til Lærdalsøyri skule.

Innsparingssummen er det skulegruppa i prosjektet «Sunn kommuneøkonomi» som har rekna seg fram til.

Både varaordførar Trond Ø. Einemo (H) og Kåre M. Lysne (Ap) meinte at formannskapet måtte vedta tilrådinga frå rådmannen, men at dei også måtte seia noko om vedtak av sjølve skulebruksplanen og om innsparingane som alternativ ein vil føra med seg. Noko Einemo fremja som forslag til vedtak.

### Tre mot to

Gro Starheimseter (Sp) sitt forslag gjekk ut på at formannskapet vedtek skulebruksplanen.

Avrøystinga synte at framlegget frå Starheimseter fekk tre røyster; Sp sine to pluss Annike Renate Vanberg (SV). Representantane frå Høgre og Ap røysta for framlegget frå Trond Ø. Einemo.

Den store debatten om Ljøsne skule kjem i kommunestyret den 20. oktober. Opptrer Sp-gruppa som tel åtte representantar samla, og SV seier det same i kommunestyret som i formannskapet, er resultatet gjeve: Minst ni røyster for å behalda Ljøsne skule og maksimalt åtte for å avvikla han.

Kjell Eldegard
kjell.eldegard@sognavis.no



BILAG 8

# Sogn Avis

**Tysdag** 4 oktober 2016 • Nr 192 **ÅRETS LOKALAVIS** Laussal kr 30,-


ingmar fimreite as
RØYRLEGGJARARBEID
SLAMSUGAR, SPYLING,
TINING OG TV INSPEKSJON




# Knust av asylvedtak

- Nære band til Årdal
- Orkar ikkje flytta

– Etter så lang tid er det Årdal som er heimen min no. Eg orkar rett og slett ikkje tanken på at eg må reisa, seier 23 år gamle Qamar Haddad. Ho flykta frå krigen i Syria og fann seg til rette i Årdal, der ho er blitt nært knytt til ein lokal familie. Vedtaket om å leggja ned asylmottaket opplevde ho som knusande. No håpar ho å snarleg få svar på søknaden om opphaldsløyve.

Side 6 og 7



## Tøffe oppgjer i fylkesligaen

**VIK/ÅRDAL:** Frå 2017 er det igjen duka for mange klassiske lokaloppgjer.

Side 12 og 13




## Fekk namn etter eldsjel

**LEIKANGER:** Gunn Helene Grinde gler seg over at Leikanger barneskule har dra minnet til mannen ved å gje klatreparken namnet Hallvardparken. – Var det noko som engasjerte han, var det å få bygd ein klatrepark ved skulen, seier Grinde

Side 10



## Inspirert av Norane

**YLVISÅKER:** På Norane Skule henta representantar frå skotsk høgare utdanning nyttige erfaringar. Der vart dei betre kjende med den fådelte skulen, eit skuleslag Skottland har eit stort innslag av.

Side 8 og 9



## Vil ha arbeidsro for barnevernet

Side 4 og 5

7 090005 513103

## Hærverk mot Sogndal-flagg

**SOGNDAL:** I ein freistnad på å skapa positiv stemning og merksemd rundt heimekampane på Fosshaugane har Seniorklubben til Sogndal Fotball i år sett ut nokre klubbflagg på gangbrua over Sogndalselvi. Med eit par unntak har flagga fått stå i fred. Men i helga då det var sett opp mange fleire flagg, vart alle stolne eller rivne ned. Og det var etter det Sogn Avis får opplyst ikkje nokon i raudt som stod for dette komplett hjernedøde hærverket.

## Politiet øver på skyting

**LUSTER:** Måndag og tysdag denne veka har politiet skytetrening på skytebana på Hafslo/Hillestadstølen, opplyser politiet på Twitter. Begge dagane går treninga føre seg mellom klokka 9 og 16.

## Tilstandsrapport

**LÆRDAL:** Dei folkevalde i Lærdal får høve til å drøfta tilstanden i grunnskulen i Lærdal i kommunestyremøtet den 20. oktober. Då skal tilstandsrapporten for skuleåret 2015/2016 til behandling. Rapporten fortel mellom anna at alle elevane som gjekk ut av grunnskulen i Lærdal våren 2015 hadde søkt, og kome inn, på vidaregåande skule. I tillegg ligg lærdalselevane godt an når det gjeld å gjennomføra vidaregåande opplæring. Heile 80 prosent av elevane har gjennomført vidaregåande utdanning etter fem år. Dette er høgare gjennomføringsprosent enn både resten av fylket og landet.

# – Oppteken av gode te

## Ynskjer ro · Sårbar gruppe

**SOGNDAL: – Det viktigaste for meg oppi dette er at barnevernet kan yta gode og rette teneste til born, unge og foreldre også i framtida.**

Det seier sogndalsordførar Jarle Aarvoll. Han er som politikar oppteken av at dei tilsette no får arbeidsro slik at dei kan yta best mogleg tenester til sårbare grupper i samfunnet.

Han ynskjer ikkje å kommentera konkret at tre tidlegare tilsette i Sogn barnevern har fått utbetalt erstatning på grunn av mobbing på jobben.

– Nei, dette har eg ikkje noko tilhøve til. Dette er også i stor grad teiepliktig informasjon.

### Uro

*– Med den uroa som har vore i Sogn barnevern, er dei i stand til å yta best moglege tenester til denne sårbare gruppa?*

– Det vil eg ikkje spekulera i. Tilsette i barnevernet som yrkesgruppe er utsette for sterkt press frå fleire hald. Det er difor viktig at me riggar barnevernet på ein slik måte at dei tilsette får arbeidsro til å gjera den viktige jobben sin. Har dei ikkje det, er det sårbare grupper som blir skadelidande.

Aarvoll ynskjer ikkje å kommentera kvar den tidlegare barnevernsleiaren no er tilsett.

– Det er eit spørsmål som rådmannen må svara på.

### Vertskommune

Leikangerordførar Jon Håkon Odd seier han ikkje vil kommentera tilhøve som gjeld tilsette og arbeidsgjevar innan Sogn barnevern.

– Me har valt ein vertskommunemodell på dette samarbeidet. Sogndal er vertskommune og har soleis også arbeidsgjevaransvaret.

Det seier også lustraordførar Ivar Kvalen.

– Eg kjenner for lite detaljane rundt dette til at det er forsvarleg for meg å kommentera saka. Eg veit at det har vore nokre utfordringar, men me har handtert dette via rådmannen vår, som har hatt kontakten med rådmannen i Sogndal.

Heller ikkje Ap-leiar Arne Johannessen i Luster ynskjer å kommentera saka no.

### Avstår

– Akkurat no avstår eg frå å meina noko som helst i saka. Dette får me heller koma tilbake til.

Johannessen har tidlegare etterlyst framdrift og handling når det gjeld spørsmål knytt til Sogn barnevern.

– Eg har vore tett på dette spørsmålet, med blant anna ein interpellasjon i kommunestyret.

Det lukkast ikkje Sogn Avis å få kontakt med Balestrandordførar Harald Offerdal i går.

Jan Egil Fimreite
jan.egil.fimreite@sognavis.no




FAKSIMILE: Sogn Avis laurdag 1. oktober

VIL HA RO: Sogndalsordførar Jarle Aarvoll ynskjer at dei tilsette i barnevernet skal få ro til å gjera jobben sin.

# Vinterleg i fjellet

**LÆRDAL: Snøen har lagt seg på dei høgste toppane, og mange er usikre på korleis føret er på fjellovergangane.**

– Me får mange spørsmål får folk som skal over fjellovergangane, fortel Jan Erikstad på Vegtrafikksentralen i Lærdal.

### Varme i vegen

Sjølv om snøen mange stader har lagt seg i terrenget på fjellovergangane, vil ein framleis kunne rekna med berr veg midt på dagen, om det ikkje kjem større snøfall, opplyser Erikstad.

– Den første tida er det att ein del varme i asfalten, så køyrer du over mellom klokka 12 og 16, som er den varmaste tida, vil vegen i stor grad vera berr, seier Erikstad, og rår dei som føler seg litt usikre eller som har sommardekk, å leggja turen over fjellet i dette tidsrommet.

### – Følg med på nettet

Erikstad minner om at vegvesenet på sine nettsider både har mange webkamera som syner tilhøva på vegane, og vegmeldingsteneste.

– Den første frosten kjem alltid bardust på oss, slår han fast, og legg til at det ikkje alltid er natta som er den skumlaste tida med tanke på frost på vegane.

– Mykje av påfrysinga skjer i morgontimane, og heilt fram til 10 til 11-tida kan det vera frose på.

Han åtvarar særleg dei som køyrer langs vassdrag, der det er fuktig luft.

– Ein må spesielt vera obs på bruovergangar der det kan vera glatt.

Han minner også om at når dei byrjar å salta vegane, er det ikkje alltid slik at heile strekningar blir salta.

– Det blir gjerne salta der det er fare, men det kan vera frose eller frysa på andre stader også.

### Måtte skrapa ruta

Denne veka er det meldt kaldt og klårt vêr.

– Det pleier i alle fall å vera ei veke med kaldt klårvêr i oktober, så det er ikkje unormalt, seier Erikstad, som måtte skrapa is av bilrutene i Lærdal måndag morgon.

Det er altså ikkje berre i høgfjellet ein må vera obs på at det kan vera vinterleg no.

Marianne Skau
mariann@sognavis.no

GARASJEPORTER
Norsk produsert
Det er totalsummen som teller!
Gratis befaring: 04990
SCANDIC
- et solskjært valg
www.scandic.no

## Transportplan

**LÆRDAL:** At Håbakken er eit satsingsområde for næringsutvikling i Lærdal, meiner formannskapet bør spelast inn i analysearbeidet for Regional transportplan (RTP) 2018 til 2027. I tillegg meiner dei folkevalde at det må seiast noko om trafikkmengd og utviklingstrekk samanlikna med vegstandaren på sterkast trafikkerte vegar ei kommune. I klårtekst peikar dei folkevalde her på behovet for opprusting av rv. 5 frå Lærdalsøyri til Håbakken og E16 frå Håbakken til Øvre Ljøsne. I RTP-en ønskjer formannskapet også nokre ord om kva konsekvensar det kan få for reiselivet, dersom det skulle bli innført enda lengre vinterstenging på fv. 243 mellom Lærdal og Aurland, samt ringverknadene rv. 52 over Hemsedalsfjellet som stamveg vil gje for resten av fylket.




## Bra reklame i fruktbygda

**SOGNDAL:** Ein av våre lesarar kom rett før helga over desse reklameplakatane på Rema 1000 i sentrum. «Bra PR, i fruktbygda og fruktsesong», er den korte meldinga, og det er vel eit poeng.

# ester





**VINTER:** *På Sognefjellet har snøen lagt seg ned til 1.100 moh.* *(Foto: Kjartan Kvien)*

# Fylkesrådmann Eriksen kom i anbodstrøbbel

**LEIKANGER: Fylkesrådmann Tore Eriksen skal ha brote anbodslova då han leigde inn rådgjevarar i Fjord1-saka.**

**Bergens Tidende (BT) skreiv måndag at konklusjonen i ein rapport kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune tinga frå Deloitte, går ut på at fylkesrådmann Tore Eriksen braut anbodslova då han leigde inn rådgjevarar i prosessen med å selja aksjane i Fjord1.**



**FÅR KRITIKK:** *Rådmann Tore Eriksen får i ein rapport frå Deloitte kritikk for å ha brote anbodslova i samband med kjøp av konsulenttenester frå dei to selskapa Wiersholm og DHT Corporate Service. T.h. advokat Inge Ekker Bartnes frå advokatfirmaet Wiersholm.* *(Arkivfoto)*

### To selskap

Rådgjevarane det er snakk om vart leigde inn frå Advokatfirmaet Wiersholm og DHT Corporate Service (DHT) i 2014. Oppdraget den gongen var å gjennomføra ei verdifastsetjing av Fjord1-konsernet. Ein jobb dei same selskapa også hadde utført tre år tidlegare, då Møre og Romsdal fylkeskommune selde seg ut av Fjord1 i 2011.

I 2011 vart dei to selskapa valde etter det fylkesrådmann Tore Eriksen i eit svarbrev til Deloitte skildrar som ein omfattande anbodsprosess. Eriksen meiner at konsulentkjøpet i 2014 var ei lenging av oppdraget frå 2011.

Ifølgje BT er Deloitte av ei anna oppfatning.

Det fylkeskommunale kontrollutvalet skal behandla Deloitte-rapporten i møtet fredag 7. oktober.

Kjell Eldegard
kjell.eldegard@sognavis.no

# Heggø spør statsråden om studentvelferden

**OSLO: Også Ingrid Heggø ber kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen om den framtidige studentvelferden i Sogn og Fjordane.**

**Det var sist onsdag, dagen før møtet i høgskulestyret at Ingrid Heggø sende sitt spørsmål til kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen.**

**Her viser Heggø til at Studentsamskipnaden i Sogn og Fjordane (SISOF) over tid har levert gode tenester, vore ein lokal samfunnsutviklar og fordra godt studentpolitisk arbeid.**

### Ikkje i styret

«Ved omorganisering av studentsamskipnadane vil HiSF lite truleg få plass i styret, noko som gjev studentane dårlege påverknadsmoglegheiter og svekt studentvelferd, i tillegg til at fylket misser lokal strategisk handlekraft og utviklingskraft», skriv Heggø i sitt spørsmål.

Og spørsmålet er: «Vil ministeren treffe tiltak for å få ein modell som varetek dei ulike studiestadane sine behov og studentvelferda?».

### Ikkje svekkjast

Heggø peikar også i si grunngjeving på at det i kongeleg resolusjon høgskulefusjonane står at velferda ikkje skal svekkjast som eit resultat av denne fusjonen.

Og stortingsrepresentanten lurer på korleis kunnskapsministeren vil syta for at den framtidige studentvelferden i Sogn og Fjordane skal bli like god som i dag når fylket ikkje får ein einaste representant i styre og stell i Bergen.

Jan Inge Fardal
jan.inge.fardal@sognavis.no



**VIKTIG SPØRSMÅL:** *Ingrid Heggø spør korleis studentvelferden i fylket skal sikrast når ingen frå fylket vil ha plass rundt bordet der avgjerdene blir tekne.* *(Arkiv)*



# Arbeidsro, men for kven?

**ORDFØRAR JARLE AARVOLL er oppteken av at barnevernet kan yta gode og rette tenester til born, unge og foreldre i Sogn også i framtida. Difor ynskjer han ro rundt Sogn barnevern. Spørsmålet er ro for kven?**

*Det er rimeleg klart kven dei tilsette har tillit til.*

**SOGN AVIS HAR** i lang tid prøvd å finna ut kvifor det nettopp *ikkje* er ro i Sogn barnevern. Det har knapt vore ro i denne organisasjonen etter den vart oppretta av kommunane Sogndal, Luster og Leikanger i 2008 og utvida med Balestrand i 2011.

**MELLOM LINJENE OPPFATTAR** me det som at ordføraren i vertskommunen meiner at det er Sogn Avis som skapar uro. At det er me som må lata barnevernet få vera i fred. Det er mange grunnar til at det ikkje kjem til å skje.

**DEN VIKTIGASTE ER** at jo djupare me går inn i denne materien, jo meir me finn ut om korleis Sogn barnevern har vorte drive i desse åra, jo sikrare blir me på at drastiske tiltak er naudsynlege. Det eine tilsynet etter det andre er eit anna prov på at arbeidsforholda i denne organisasjonen, trass i gjentekne forsikringar frå rådmann Jostein Aanestad, ikkje er i nærleiken av å vera som dei skal for at dei tilsette skal kunna gjera sin viktige jobb.

**LAURDAG KUNNE ME** avsløra at rådmannen i mars 2015 betalte ut 150.000 kroner i erstatning til tre tilsette i Sogn barnevern. Dei fekk 50.000 kroner kvar for å lata vera å gå til rettssak for å ha vortne mobba på arbeidsplassen. I tillegg fekk dei profesjonell hjelp til å «bearbeide og leggje bak seg sine opplevingar med tidlegare tenesteleiar». Det er vanskeleg å få ei klarare stadfesting på at toppleiinga i kommunen kjende til at det har føregått mobbing og trakassering av tilsette i Sogn barnevern.

**NO YNSKJER ALTSÅ** ordføraren ro. Det han burde gjera var å studera kva som har skjedd etter at desse erstatningane vart betalte ut i fjor vår. Kvifor nesten ingen av dei barnevernsfagleg tilsette som jobba der då, er att i staben. Og stilla seg spørsmål om korleis meir enn 80 års erfaring med barnevernsarbeid er vekke frå organisasjonen i løpet av denne tida.

**EIT ANNA MOMENT** som burde få ordføraren og andre folkevalde i vertskommunen til å stilla spørsmål er kommunetoppane si handsaming av hovudverneombod Frank Nymark. I vår var både rådmann og kommunalsjef Marit Hagevik klare på at dei mangla tillit til hovudverneombodet. Han vart uglesett på grunn av sitt engasjement på vegner av dei tilsette i – nettopp Sogn barnevern. Sist veke vart Nymark, trass motstanden frå kommunetoppane – attvald med overveldande fleirtal. Det er rimeleg klart kven dei tilsette har tillit til.

**DET ER ETTER** vårt skjønn på tide å stilla spørsmål om dagens Sogndal kommune er i stand til å handtera rolla som vertskommune for Sogn barnevern.

redaksjon@sognavis.no

**Sogn Avis**
er ei partipolitisk uavhengig avis for Indre Sogn. Avisa blir trykt hjå Sogn og Fjordane Avistrykk as, Førde.

REDAKTØR:
Jan Inge Fardal

DAGLEG LEIAR:
Leif Johannes Lunde

www.sognavis.no

# Streiken i energibransjen



KS Bedrift er enig i at det å være el-montør kan være en krevende jobb. Og ja, norske natur- og værforhold kan også være tøffe og brutale.

Beredskapsvakt utenom arbeidstid betales med minst 2.300 kroner per vakt-uke i tillegg til fast lønn. Ved utrykking betales også overtid etter faktisk medgått tid. Gjennomsnittlig utrykking er ca. en gang i uken.

I energiselskapene er beredskapsvakt ettertraktet, også etter at arbeidstaker er fylt 60 år. Energibedriftene har ingen problemer med å få bemannet disse vaktene. Gjennomsnittlig grunnlønn i 2015 for de streikende er kr. 530.000,- Lønn inklusive faste og variable tillegg er kr. 557.000. En slik årslønn gir god stabilitet.

I tillegg til ekstra betaling, gir dagens hovedregel i Arbeidsmiljøloven 2,5 dagers avspasering. Tidligere var hovedregelen 3,5 dager.

Konflikten i energisektoren dreier seg om uenighet om denne ene dagen. I tariffavtalen har KS Bedrift alltid vist til Arbeidsmiljølovens omregningsfaktor, – også nå.

Lokalt kan bedriftene inngå avtaler som avviker fra hovedregelen. Det betyr at avspaseringsfaktoren varierer fra 1.5. til 1.8. Dersom enighet ikke oppnås lokalt, kan saken bringes inn for Arbeidstilsynet for avgjørelse. Denne praksisen er allerede innarbeidet, og Arbeidstilsynets avgjørelser den siste tiden har vist av dette systemet fungerer.

Vi beklager konsekvensen streiken måtte få for kundene, og håper vi snart kan komme til forhandlingsbordet igjen.

**Bjørg Ravlo Rydsaa**
Adm. direktør
KS Bedrift

# Når Helle kjem med urette fakta

Rogaland fylkeskommune stod fram som eit trygt og sikkert nynorskfylke fram til 29.11.1972. Då ville fleirtalet i fylkestinget det annleis og gjorde fylket språkleg nøytralt.

Under «Debatten» i NRK 1 (22.09) framførte Lars Helle i Aftenbladet, at fylkeskommunen i alle år hadde vore språkleg nøytral og nynorsken hadde levd vel med det.

Ser me på fylkeskommunen sine saksdokument er det langt mellom nynorskorda i dag. Når administrasjonen no fann grunn til å setje om presentasjonen av den nye regionreforma frå nynorsk til bokmål, fortel det om den språklege stoda eller om ein vil undertrykkinga.

Om dette er grunnen til at fylkesordførar, Solveig Ege Tengesdal, fortel at nynorsk er unaturleg for Rogaland er uråd å seie. Men det vitnar om ei kunnskapsløyse når fleirtalet av kommunane har gjort eit politisk vedtak og vald nynorsk som ei av dei to målformene.

Det er derfor flott at Rogalands Avis sin redaktør, Bjørn G. Sæbø, slår fast at det er trist og historielaust at fylkesordføraren i Rogaland, men og Aftenbladredaktøren (mi inkludering) i den gamle kultur og venstreavisa, viser så liten kunnskap om nynorsken si rolle i fylket vårt.

Den største nålevande diktaren her i landet, Jon Fosse, fekk spørsmålet om den Nordiske litteraturprisen var ein pris til hovudstaden på Vestlandet, Bergen.

«Dette er ein pris til Vestlandet, vil eg seie. Vestlandet er jo nynorsken sitt hovudområde med eitt unntak, Bergen.»

Me er alle Vestlendingar som bur i den regionen som no kanskje bli forma. Her er kulturen vår viktig for verdiskapinga i landet sett under eitt. Då må me vere tydlege på at språket er ein viktig føresetnad for at Vestlandet er Vestlandet, Lars Helle.

**Einar Schibevaag**

## Takkar nei

**AURLAND:** Formannskapet i Aurland går i mot at E16 på strekninga Sleen Hylland blir klassifisert ned til kommunal veg etter at nye RE16 på strekninga er ferdig. Strekninga er særs rasutsett, og ho vil fungera som omkøyringsveg når den nye tunnelen på E16 er stengd. Kommunen finn det også urimeleg å bli påført ei økonomisk byrde ved å ta over ei vegstrekning som i tillegg til å vera rasutsett, fører fram til nasjonale turistattraksjonar som Stalheimskleiva og Sivlefossen.

## Trafikktrygging

**LÆRDAL:** Formannskapet i Lærdal rår kommunestyret til å vedta oppstart av arbeidet med ein ny kommunedelplan for trafikktrygging i Lærdal. Kommunedelplanen, som etter framdriftsplanen skal vera klar for vedtak i kommunestyret i januar eller februar 2017, skal gjelda for perioden 2017 til 2020. Kommunedelplanen for trafikktrygging vart sist rullert i 2013.

## Ber om brei og ærleg orientering

**SOGNDAL:** I ein e-post til ordførar Jarle Aarvoll ber Sogndal Venstre om ei brei og ærleg orientering om korleis kommunen vurderer tilhøva ved Sogn barnevern. Det blir vist til Høgre bad om det same i kommunestyret den 8. september. «Venstre ber difor ordføraren sette opp ei brei orientering om stoda i Sogn Barnevern til neste kommunestyremøte. Sogndal Venstre ynskjer openheit», heiter det i e-posten.

# Framleis uavklåra om lokalisering

## Møte i dag | Uroa regionlensmann

**ÅRDAL: Spørsmålet om lokaliseringa av det framtidige lensmannskontoret på sørsida i Indre Sogn, er framleis heilt ope.**



*SPREIDD: Regionlensmann Arne Johannessen seier det er viktig med politifolk i heile politidistriktet.* (Foto: Arkiv)

I rapporten frå Vest politidistrikt, som vart offentleggjort i går, er både Lærdal og Årdal framleis med som aktuelle alternativ. Samstundes er fylket føreslege som ei driftseining, i staden for tre som i dag. Den geografiske lokaliseringa av denne driftseininga er det ikkje sagt noko om.

### Møte onsdag

Regionlensmann Arne Johannessen seier at ei driftseining i fylket betyr at blant anna personalansvar og budsjettansvar blir sentralisert.

– Men det betyr også at berre ein person frå Sogn og Fjordane vil sitja i leiargruppa til politimeisteren, dei aller fleste i denne gruppa vil stort sett ha jobb i Bergen og agera med bergenske briller på. Eg ser det som viktig at me har fleire utkikspunkt inn i den leiargruppa.

### Positivt

Johannessen legg til at han har stor tru på ein god del av prosjektet.

– Me får ei kvalitetsheving, ein ny arbeidsmetodikk og spesialkompetanse på ein del felt. Det er ein del ting ein er nøydde til å bli betre på. Me har ein ny type kriminalitet i dag, som til dømes overgrep mot born og internettkriminalitet.

### Uroa

Johannessen legg til at han likevel er uroa over korleis dei skal klara balansen mellom ei kvalitetsheving og spesialkompetanse og politiet som generalistar i kvar kommune.

– Kontakten med publikum er heilt avgjerande. Me kan ikkje samla all spesialkompetansen i Bergen eller ein stad i Sogn og Fjordane, for den del. Då vil me svekkja mogleheita til gode resultat i heile politidistriktet. Me treng desentralisert spesialkompetanse og byggja vidare på ein vellukka modell med generalistar som kjenner lokalsamfunnet sitt. I motsett fall er det fare for at me går for langt i ei retning.

### Møte

Johannessen seier dei vil behandla denne rapporten på eit møte i den store styringsgruppa i dag, onsdag.

– Når det gjeld Årdal og Lærdal så er det mi vurdering at me ikkje kan konkludera enno. Me må ha meir kjøt på beinet, så mitt råd til arbeidsgruppa er at dette spørsmålet står ope. Så får me sjå kva styringsgruppa gjer, men eg meiner me ikkje har grunnlag for å avgjera dette no.

Politimeisteren skal leggja fram si innstilling 14. oktober, då saka blir sendt ut på høyring i seks veker. Johannessen seier det er godt mogleg at heller ikkje politimeisteren konkluderer endeleg i si innstilling.

– No tenkjer eg litt høgt. Men det er fullt mogleg å leggja fram ei innstilling som seier at det skal vera eitt kontor i Indre Sogn, men at me får koma tilbake til plassering.

Av rapporten går det elles fram at lensmannskontora i Aurland og Luster blir lagde ned.

Jan Egil Fimreite
jan.egil.fimreite@sognavis.no

# Ikkje godt nok, meiner aurlandsordføraren

**AURLAND: Dette framlegget tek ikkje høgde for reelt behov, blant anna knytt til stor trafikk og turisme.**

Det skriv Noralv Distad, aurlandsordføraren, i ein epost. Han skriv vidare at Kravet til rask respons ikkje vert vareteke.

– Det er ikkje godt nok i dag og kan bli verre.

### God sak

Distad syner også til Sårbarheitsanalysen i rapporten som peikar på utfordringar knytt til sentralisering av tenestestader.

– Det er få konkrete tiltak som kan kompensera for dette, skriv Distad, som legg til at Aurland vil arbeida vidare for å halda oppe lensmannskontoret/tenestestaden.

– Dette vil skje gjennom den komande handsaminga av framlegget som no ligg føre. Me gjev ikkje opp og meiner framleis me har ei god sak.

BILAG 10



– Du blir god på hatteleikane. Samstundes trur eg det er slik i alle bygdelag, at det er fleire personar som går att i mange samanhengar.

Portrettet side 22 og 23


# Sogn Avis

Laurdag 8. oktober 2016 • Nr. 195 ÅRETS LOKALAVIS Laussal kr. 30,-



Toyota Sogn

Bestill service, PKK, dekkhotell: T 57 67 66 66


■■ Svindyre vikarbyrå ■■ Avlyste anbodet



# Manglar legar på vakt

Legesituasjonen i Vik gjer kommunen heilt avhengig av innleigde vikarar for å få legevaktkabalen til å gå opp. Normalt har dette kosta kommunen ein million kroner i året. I år har kostnaden dobla seg og då dei nye anboda kom inn var prislappen nesten fire millionar kroner. – Me fekk inn tre tilbod og samtlege var langt dyrare enn me såg føre oss. Me valde difor å avlysa heile anbodsrunden, seier rådmann Oddbjørn Ese.

Side 4 og 5

## Samarbeid for betre trening



**SOGNDAL:** Sogndal Fotball spelar nok ein gong på lag med forskingsmiljøet på Campus. Ei ny software-løysing utvikla på Fosshaugane, skal hjelpa klubbar og utøvarar til ein betre treningskvardag.

Side 16 og 17



## Støy om tannklinikk

**ÅRDAL:** Tannlege Silje Hove vil byggja ny klinikk, men møter sterk motbør i nabolaget

Side 6 og 7



## Barnevern bak lukka dører

**SOGNDAL:** Formannskapet sende lokalavisa på gongen då rådmann skulle svara på spørsmål frå Karin Vikane om Sogn barnevern

Side 14 og 15



## Sa nei til fritak

**AURLAND:** Osvald Turid får ingen enkel exit frå Aurland Hamnevesen

Side 12 og 13

7 090005 151310 03

# Lukka orienteringa om Sogn barnevern

## Høgre koplar inn kontrollutvalet
## Ville ha klart svar

**SOGNDAL: Karin Vikane (H) fekk ikkje svar på spørsmålet om det var betalt ut erstatning til tidlegare tilsette i Sogn barnevern under den opne orienteringa om barnevernstenesta i formannskapet torsdag. So vart møtet lukka.**



LUKKA: Formannskapet i Sogndal valde til slutt å lukke rådmann Jostein Aanestad si orientering om Sogn barnevern.

Før dørene blei lukka hadde rådmann Jostein Aanestad ei lengre orientering om situasjonen i Sogn barnevern.

– Mi haldning er at så mykje som mogleg av informasjonen skal gå i eit ope møte, sa Aanestad og meinte det var tenleg å sjå på temaa som to saker – det som har vore tidlegare og nosituasjonen.

### – Dårleg jobbmiljø

Når det gjeld det som har vore, sa rådmannen følgjande:

– Eg har sagt at det har vore eit dårleg, eit ikkje samlande, arbeidsmiljø. Dette har gått ut over produksjonen, sa rådmannen. Han kom vidare inn på oppslag i Sogn Avis.

– Det har vore trekt fram mobbing og trakassering. Det kjenner eg meg ikkje att i, sa rådmannen. Og han la til: – Avissaka om at det har blitt inngått avtale med tidlegare tilsette har eg ikkje anna å seia om enn det som stod i avisa.

### Bruka 2016

Rådmannen informerte dei folkevalde om at det framleis vart jobba med dei tidlegare utfordringane for barnevernstenesta.

– Me reknar med å bruka 2016 for å finna avklaringar på det som har vore. Me er godt i gang, og me kjem i mål, sa rådmannen før han kom inn på nositusjonen for Sogn barnevern.

### Tilsyn

– Tilbakemeldingane seier at dei tilsette trivst og me har eit fallande sjukefråvær, sa rådmannen og trekte fram at det var travelt langs to linjer.

– Me har hatt fleire tilsyn, no eit stort nytt tilsyn frå Fylkesmannen. Det er travelt å bistå Fylkesmannen i tilsynet, men bra å få folk utanfor for å sjå om alt er gjort etter boka, sa han. Rådmannen orienterte vidare om at det var tilsett seks nye medarbeidarar i barnevernet sidan i vår.

– No har me større kapasitet og kompetanse i tenesta. Me har fleire som er på jobb. Det er det eg kan orientera om i eit ope møte.

### – Alvorleg sak

Karin Vikane (H) delte ikkje rådmannen sitt syn på kva som var rett saksgang i denne saka.

– Er det betalt ut erstatning er det ei alvorleg sak som burde vore rapportert vidare, sa Vikane og gjorde det klart at Høgre ville ta saka vidare til kontrollutvalet. Ho begrunna det med politikarane si rolle som arbeidsgjevar og den rekneskaps- og budsjettmessige sida. Rådmannen repliserte at han aldri hadde stadfesta at det var gjort avtale med tilsette og at det, då spørsmålet kom i kommunestyret, vart sagt at om det skulle svarast på så måtte møtet lukkast.

– Kommunestyret vedtok at møtet ikkje skulle lukkast, sa rådmannen.

### Teke vare på

Ordførar Jarle Aarvoll (Ap) minna politikarane på arbeidsgjevarrolla og kom inn på dilemma når, som han sa, slike saker oppstår, korleis alle på dei ulike nivåa blir tekne vare på.

Rådmannen opplyste at der var teke fleire gjennomgangar for å sjå at brukarane får den tenesta dei har rett på.

– I undersøkingar me har gjort sjølve er det ikkje kome fram at brukarane ikkje har fått det. Når det gjeld dei tilsette har me vore opptekne av å ta vare på dei på best mogleg måte. Kor vidt me har lukkast vil det nok vera ulike syn på, sa rådmannen.

### – Mitt ansvar

Christen Knagenhjelm (V) spurde om ein ville henta inn ekstern kompetanse om det store tilsynet som no var i gang avdekte avvik. Han trekte vidare fram, som han uttrykte det: – At det kunne høyrast ut som om nokon la skulda på dei som hadde gått ut av tenesta.

Rådmannen opplyste at det vart arbeidd med eigne planar for å fylla opp det som eventuelt vart avdekt i tilsynet og ville ikkje stengja døra for ei eiga vurdering av barnevernstenesta. Og han var krystallklar på kor ansvaret skulle plasserast.

– Det er mitt ansvar. Eg legg ikkje skuld på nokon annan.

### Openheit

Laura Kvamme (Sp) var oppteken av openheit. Det var også Steinar Øydvin (SV).

– Det er avgjerande å klara å vera opne utad. Det er nyttig å avklara ansvar, og nyttig å dra lærdom av tilsyn, meinte Øydvin.

### Stengde døra

Karin Vikane var ikkje klar til å lata eit nytt møte passera utan å få svar på spørsmålet ho ønskte eit klart svar på.

– Er det betalt ut erstatning. Og i so fall til kor mange og kor mykje? Må de lukka møtet for at eg skal få svar på spørsmålet,

> *Må de lukka møtet for at eg skal få svar på spørsmålet, må de gjera det.*
>
> Karin Vikane



må de gjera det.

– Då gjorde Kjetil Kvåle (Ap) alvor av det han tidleg i orienteringa sa han vurderte å gjera – be om at møtet blei lukka.

### Fekk svar

Etter møtet opplyser Karin Vikane at ho fekk svar på spørsmålet ho stilte.

– Eg fekk svar og eg er nøgd med svaret, seier ho. Innhaldet i svaret ønskjer ho ikkje å seia noko om.

– No er det viktig at administrasjonen får ro til å jobba vidare med gode løysingar for Sogn barnevern, sikra at brukarne får dei tenestene dei har krav på og at dei tilsette vert tekne godt vare på, seier Vikane.



*ETTER LUKKA MØTE: – Eg fekk svar, og er nøgd med svaret, seier Karin Vikane*

Kai Martin Brekke
kai.martin.brekke@sognavis.no



*KONKURS: Jotunvegen 1 as, selskapet som eig det tidlegare bankbygget på Torget i Øvre Årdal vart levert til skifteretten 4. oktober (Foto: Morten Sortland)*

# Eigedomsselskap kastar inn handkledet

**ÅRDAL: Finanskostnader nær fire gonger så høge som driftsinntektene vart for tung kost for Jotunvegen 1 as.**

Jotunvegen 1 as, eigedomsselskapet bak det tidlegare bankbygget på Torget i Øvre Årdal, melde oppbod til Sogn tingrett tysdag. Det er opna konkurs i buet, og tingretten har nemnt opp advokat Jan Nikolai Hvidsten til å styra konkursbuet.

### Til sals

Bustyrar Hvidsten fortel at parallelt med å førebu skiftesamling den 1. november i år, blir det arbeidd med å selja bygget.

– Det blir det gjort forsøk på å få selt bygget, og det er Sparebanken Vest som har det som oppgåve, seier Jan Nikolai Hvidsten.

Med bygget følgjer ein godkjend reguleringsplan for ombygging av delar av eigedomen til bustadføremål.

Jotunvegen 1 vart bygd i 1986, og fram til 2001 leigde Posten første etasje i bygget. Fokus Bank heldt til i andre etasje fram til Sparebanken Vest kjøpte opp Fokus Bankfilialane i fylket. Sparebanken Vest la ned avdelinga i Øvre Årdal for om lag tre år sidan.

### Nedskriving

Etter det har mykje av bygget stått tomt. Det syner også att i rekneskapstala i eigedomsselskapet. Frå å ha teke inn over 1,1 millionar kroner i leigeinntekter i 2013, enda rekneskapen i 2015 med leigeinntekter på 122.000 kroner.

Etter avskrivingar, driftsutgifter på nær 1,3 millionar kroner, samt å ha skrive ned verdien på eigedomen med nær 2,5 millionar kroner, vart årsresultatet i 2015 eit underskot på 4,2 millionar kroner.

Ved årsskiftet hadde Jotunvegen 1 as verdiar for om lag fem millionar kroner, medan gjelda i selskapet var om lag sju millionar. Noko som gav selskapet ein negativ eigenkapital på to millionar kroner.

Kjell Eidegard
kjell.eidegard@sognavis.no

# Katastrofalt fiske i Jostedøla

**LUSTER: Årets fiske i Jostedøla har vore katastrofalt dårleg.**

Dette kjem fram i ei oppsummering som Luster Jakt og Fiskelag har laga. Hjå Røneid grunneigarlag er det til dømes registrert 19 fiskar med samla vekt 34,5 kg, skriv Olav Hermansen i ein rapport til Fylkesmannen.

På Alsmo har han fått opplyst at det er teke to mindre fiskar, og hjå Gaupne grunneigarlag to fiskar. Normalt har antal fisk i seinare tid gjennomsnittleg vore ca. 150 pr. år.

### Gytefiskteljing

Jakt og Fiskelaget har vore i kontakt med Sven-Erik Gabrielsen i Uni Research Miljø, som opplyser at Miljødirektoratet har bestemt at Statkraft ikkje vert pålagd å ha gytefiskteljing eller andre undersøkingar i elva i år.

«I Luster Jakt og Fiskelag tykkjer me dette er underleg, særleg på grunn av masseuttaket i det viktige gyteområdet på Alsmo vinteren 3013/2014. Når fisket i tillegg har kollapsa, er det etter vår meining svært viktig å få klarlagt kor mykje fisk som står i elva i haust, om bestanden verkeleg er så desimert som fangsten tyder på, og kva som eventuelt kan gjerast for å retta på situasjonen», skriv Hermansen som ber Fylkesmannen om å få organisert gytefisktelјing i elva no i haust.

### Kobbeproblem

Hermansen viser vidare til at i fiskeribiologiske undersøkingar som er utført, går det fram at ein stor del av auren i elva går ut etter gyting og truleg oppheld seg i brakkvassområdet i Gaupnefjorden om vinteren. Det heiter og at ein stor del av ungfisken går eitt – to år i munningsområdet før han går lengre ut i fjorden.

«I vinter var delar av Lustrafjorden islagd, men i Gaupnefjorden var det ei stor råk der det oppheldt seg svært mykje kobbe. Det vart på det meste observert 32 kobbar på ein gong på isen utanfor Marifjøra, og me ser ikkje bort frå at årsaka ligg her, og at fiskestamma i elva har fått seg ein alvorleg knekk», skriv Olav Hermansen på vegner av Luster Jakt og Fiskelag. Han vonar at ungfiskundersøkingane som har vore gjort dei seinare åra også held fram.

Jan Inge Fardal
jan.inge.fardal@sognavis.no

BILAG 11



# Ei positiv overvaking

**INNBYGGJARANE I AURLAND** og Flåm, ja også alle dei som er på gjennomreise anten som turistar eller bilistar, bør vera godt nøgde med at NVE konkluderer med at fjellpartiet Joaset/Stampa no er plassert i klassen høgrisiko.

*Dei veit godt kva dette handlar om og dei kjenner ingen frykt.*

**AV DEI** i alt 22 fjellpartia som no er klassifiserte, er det to skredutsette parti som heretter blir kontinuerleg overvaka, den eine i Flåm. Frå før er fem slike område kontinuerleg overvaka rundt om i landet.

**SLIK DETTE VART** presentert i nasjonale media sist veke, kunne ein nesten tru at det er ei oppdaging av nyare dato, det at Joasetbergi i Aurland er rasfarlege. Og med katastrofefilmen «Bølgen» friskt i minne, var det kanskje ikkje så underleg om nokon fekk bange anelsar om Aurland og Flåm.

**DÅ VAR DET** befriande å sjå intervjua med nokre sindige, innfødde karar på gata i Flåm. Dei veit godt kva dette handlar om og dei kjenner inga frykt. Dei har for lengst lært seg å leva med rasfaren.

**OG ETTER AT** det er etablert permanent overvaking av Joasetbergi ved bruk av radar plassert på Otternes, kan dei og alle andre kjenna seg tryggare enn nokon gong. Og når GPS-overvakinga i Joasetområdet kjem på plass i løpet av sommaren 2017, blir det endå eit hak tryggare.

**MED DETTE SYSTEMET** og i tillegg satellittovervaking, kan det knapt bli tryggare nokon plass her på Vestlandet enn akkurat i dette området. Og er det noko som me er trygge på så er det at me kjem til å få kjennskap til den minste bevegelse av unormalt omfang og styrke.

**ME HAR ALLE** registrert overvakinga av fjellmassivet «Mannen». Det er varsla at han skulle koma fleire gonger utan at noko har skjedd. Framleis står dette fjellet som det alltid har gjort, og for alt me veit kan det bli ståande i fleire år enno.

**DET ER «PRISEN»** som lokalsamfunna rundt og under desse rasutsette fjellmassiva må betala. Dersom det byrjar å røre på seg, går alarmen og mykje vil stoppa opp medan ekspertisen ser desse rørslene an. Me har for lengst mista oversikta over kor mange gonger dei som bur under Mannen har vore evakuerte.

**ME SER PROBLEMA** likande varslingar kan skapa i Flåm – spesielt midt i cruisesesongen. Men det er neppe nokon som er usamd i at det berre er ein fordel at dei enorme steinmassane i fjellsida blir følgde minutt for minutt.

**SÅ MÅ DEI** fastbuande og kommunen læra seg å leva med dei restriksjonane denne nye høgrisikostatusen fører med seg. Restriksjonar som moderne teknologi gjer moglege.

redaksjon@sognavis.no

Se meiningar di om lesaren på sognatreff.no

**Sogn Avis**
er ei partipolitisk uavhengig avis for Indre Sogn. Avisa blir trykt hjå Sogn og Fjordane Avistrykk as, Førde.

REDAKTØR:
Jan Inge Fardal

DAGLEG LEIAR:
Leif Johannes Lunde

www.sognavis.no

# Sogn barnevern i fortid, notid og framtid

Det politiske ansvaret for tilstandane i Sogn barnevern er og har vore der heile tida sidan dette «samarbeidsorganet» vart oppretta for 8 år sidan! I heile denne perioden har Arbeidarpartiet hatt ordføraren (Aarvoll), og den same rådmannen (Aanestad) har hatt det administrative ansvaret! Dei andre partia Senterpartiet, Venstre, Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg Folkeparti, Framstegspartiet og Høgre har stilltiande akseptert desse tilstandane, og må difor ta sitt fulle ansvar for at dette har fått utvikle seg!

Sogn Avis har på leiarplass fleire gonger peika på dei problema denne etaten har slite med utan at dette har medført at dei ansvarlege har teke ansvar! Underteikna har, over lang tid, heilt attende til 2009, teke dette opp med dei ansvarlege politiske gruppene, utan noko form for attendemelding eller form for reaksjon, anna enn tidvis sur kritikk.

Etter referat frå siste formannskapsmøte den 6. oktober, omtala i Sogn Avis sist laurdag, ser det ut til at dei fleste partia, mitt eige parti Høgre inkludert, er i ferd med å vakne frå dvalen!

Høgres Karin Vikane vil ha saka opp i Kontrollutvalet, noko underteikna har teke opp over lang tid, så eg ynskjer henne velkomen etter! Tida for ekstern gransking er meir enn overmogen.

Kollsete 8. oktober 2016
**Alf Reuss Kollsete**
Medlem i Senior Høgre
Talsperson for Menneskeretts-organisasjonen MR-N i Sogn og Fjordane

# Rv. 7 aust–vest

Trafikken for dei fjellovergangane som går via Voss hadde i 2015 ein ÅDT på 3735. Til samanlikning hadde Haukeli ein ÅDT på 1475. Ein må gjerne køyre Haukeli og eg er glad for at også denne vegen blir vintersikra, men kva med alle oss andre.

Litt meir om kva folk vel å køyra, basert på trafikkdata. Her er trafikkendringar for dei siste tre år.

- Haukeli, auke med 4,5 prosent.
- Filefjell, auke med 63 prosent (feil i talgrunnlaget grunna stor anleggstrafikk verkar inn her)
- Hemsedal, auke med 4 prosent
- Hol–Aurland, nedgang på 14 prosent
- Hardangervidda, auke med 43 prosent

Altså har trafikken over Hemsedal og Haukeli stagnert totalt. Hol–Aurland har gått ned, mens auken over Filefjell og Hardangervidda er enorm. Dette seier litt om kvar bilistane vel å køyre. Auken over Filefjell har nok med å gjere at den er vintersikker, samt fin ny veg, mens auken over Hardangervidda har ein del med Hardangerbrua å gjere, samt at det er kortaste vegen mellom aust og vest, samt uendeleg færre høgdemeter enn Haukeli.

Alle skjønar at når bilistane vel rv. 7 over Hardangervidda og når Hardangerbrua er bygd, ja, da må ein sjå dei helt openberre samanhengane; folk køyrer Vidda fordi den er kortast, raskast og best for folk flest! Eg forventar at Ketil Solvik-Olsen og Erna Solberg følgjer folket sitt og vel rv. 7 som ny stamveg mellom aust og vestlandet.

**Ivar Arne Lid**

# Ynskjer avvikla Vinmonopolet

Noko nytt er kome til Vik. Ikkje noko naudsynt, ikkje noko oppbyggjeleg og ikkje noko å gle seg til for dei nedst på rangstigen! Ikkje noko godt for svake folk: eg meiner Vinmonopolet!

Ikkje noko god tilvekst til bygdi heller!

Eg tykkjer at dette kunne dei vore forutan. Eg tenkte at Vik kunne vore eit godt eksempel for andre bygder, ei bygd utan vinmonopol!

Eg er talsmann for dei svake. Det viser seg, og det har dei kloke funne ut – ikkje dei dumme – at lettare tilgjengelegheit gjev meir misbruk og vald!

Dei som skal kosa seg med ei vinflaske på fredagskvelden eller laurdag kunne ha reist med bil til Voss eller Sogndal.

Ja, eg er skuffa og ikkje lite fortvila over slik vankunne, av dei folkevalde. Eg er rett og slett forbanna over slik åtferd. Einast Kristeleg folkeparti stemde imot polet. Og det viser seg gong på gong at det er dei som må stå for vitet og vareta ein god heim!

No ynskjer eg og mange med meg at opningstidene på Vinmonopolet vert kortare, og aller helst at heile affæren med Vinmonopolet vert avvikla!

**Solveig Johanna Sværen**

5ff7d5:fa0e8ef-f70a-48c3-8241-ba761028b7fb:39

## Dagstengt på Fodnes

**LÆRDAL:** På grunn av sikringsarbeid over ferjekaien på Fodnes vil ferja gå i kriserute mellom Mannheller og Lærdal i neste veke. Arbeidet startar måndag 17. oktober. – Me har lagt opp til at arbeidet med å ta ned stein startar etter klokka ni på morgonen, då kan ferjekaien vera i drift slik at folk kjem seg på jobb og skule, seier byggjeleiar Svein Jarle Slinde. Han fortel at det også er teke omsyn til at det er meir trafikk på torsdag og fredag, og arbeidet vert difor avslutta tidlegare desse dagane. Kriserute betyr nokre færre avgangar og lengre overfart. Sikringsarbeidet på Fodnes ferjekai skal vera ferdig i midten av desember.



(Foto: Høgre)

## Kjem til Fjaler

**FLORØ:** Helse- og omsorgsminister Bent Høie (H, biletet) skal vitja Hauglandsenteret i Fjaler torsdag 20. oktober. I tillegg til å få sjå senteret, snakka med pasientar og bli orientert om verksemda, skal Høie også få ei orientering om United World College i Fjaler. Det er Fjaler Høgre som har invitert statsråden til Flekke, skriv Sogn og Fjordane Høgre i ei pressemelding.

# r makt-tenåring

ɪrov uforstand i tenesta»



for grov uforstand i tenesta som barnevernsleiar i Årdal (Arkiv)

han kan ikkje gripa inn i eit så stort barns liv på denne måten.

«Det er maktmisbruk», konstaterer advokat Thea W. Totland. Ho peikar også på at det er utanfor barnevernets kompetanseområde å syta for tvangsgjennomføring av dom etter barnelova, og at når Blikra likevel vel å gjera det, så er det maktmisbruk.

### Truslar

– Trusselen om å plassera guten hjå framande fosterforeldre utanfor bygda er berre eigna til å skremma han til å flytta heim att til far, noko han sjølvsagt følte seg tvinga til å gjera, seier advokat Thea A. Totland.

Jan Inge Fardal
jan.inge.fardal@sognavis.no



*GROVT: Advokat Thea W. Totland hevdar at Hadle Blikra har misbrukt makta si mot ein gut i tenåra*

## – Ingen kommentar, seier Blikra

**SOGNDAL: – Ingen kommentar, svarar Hadle Blikra då Sogn Avis spør han om denne politimeldinga.**

Det vil seia, den tidlegare barnevernsleiaren i Årdal, som var i den stillinga til og med 31. august i år, seier at han konstaterer at det ligg føre ei politimelding mot han.

– Eg konstaterer også at advokat Thea W. Totland hevdar at eg skal ha gjort meg skuldig i straffbare forhold i mi tid som barnevernsleiar og at ho personleg har meldt meg til politiet for dette. Det tek eg til etterretning, og noko anna verken kan eller vil eg meina om dette no, seier Hadle Blikra, som no er leiar for Sogn barnevern.



*SKREIV BREV: Lensmann Magne Knudsen hjelpte til med å skriva brev til Årdal lensmannskontor, men vil ikkje kommentera saka*

## Fekk hjelp av lensmann til å skriva brev

**ÅRDAL: Då faren ikkje fekk sonen til å flytta heim frivillig, bad han lensmannen om hjelp.**

Sidan lensmann Magne Knudsen stilte opp og skreiv eit brev, stila til Årdal lensmannskontor, ber advokat Thea W. Totland om at det blir oppretta eit settepolitidistrikt i denne saka. Ho påstår at lensmann Magne Knudsen er ugild til å etterforska saka.

I eit tillegg til politimeldinga peikar advokaten på at faren og lensmannen har vore aktive saman i og rundt idrettslaget.

«Men av mer sentral betydning er lensmann Magne Knudsens uttalte engasjement for å hjelpe far med å få gutten tilbake. Dette resulterte i at Knudsen rent faktisk skrev en begjæring om tvangsfullbyrding for far den 26. juli, før Hadle Blikra hadde rukket å fremsette sine trusler», heiter det i dette tilleggsbrevet til Sogn og Fjordane politidistrikt.

Advokaten legg til at det er merkeleg at denne oppmodinga ikkje vart send til retten, som er den instansen som skal avgjera om det skal nyttast tvang eller ikkje. I staden er denne stila til lensmannen sjølv, og uansett er det skrive av lensmannen og dette skapar stor uvisse om hans objektivitet, skriv advokaten som har lagt ved ein anonymisert versjon av det nemnde brevet, der det står svart på kvitt at det er skrive av lensmann Magne Knudsen, men underskrive av far.

– Eg kan ikkje kommentera ei sak som dette, men har ingen problem med om eventuelt andre etterforskar, dersom dette er /blir ei sak, seier lensmann Magne Knudsen. Han stadfestar at han kjenner til saka og at han hjelpte til med å skriva dette brevet.

## Ingen kommentar frå politiinspektør i Florø

**FLORØ: Politiet kommenterer ikkje denne typen anmeldelsar på dette stadiet.**

Det seier påtaleansvarleg på politistasjonen i Florø, politiinspektør Bjørn Larsen. Han vil verken stadfesta eller avkrefta at dette er ei sak.

*– Kan det ha noko med at lensmann Magne Knudsen blir påstått ugild og at det er krav om eit settepolitidistrikt å gjera?*

– Nei, det spelar inga rolle. Bruk av settepolitidistrikt på grunn av ugildskap skjer stadig vekk. Dette har med generell sakshandsamingstid å gjera. Den er på mellom to og fire månader på vårt kontor, seier politiinspektøren, men legg til at politiet uansett ikkje kommenterer ei melding som er individualisert på denne måten på eit så tidleg stadium.

## Kjem fredag

**BERGEN:** Politimeisterens framlegg til tenestestadstruktur i Vest politidistrikt var lova ferdig innan 15. oktober i år. Framlegget er ei veke etter ruta, slik at politimeisteren legg det fram fredag 21. oktober, ifølgje kommunikasjonsavdelinga i Vest politidistrikt.

## For fort i 80-sona

**SOGNDAL:** UP held fartskontroll i 80-sona i Sogndal. Det vart skrive ut seks forenkla førelegg. Høgste fart var 106 km/t. Det vart også skrive ut tre førelegg for mobilbruk, eitt for manglande skilt på bilen og fem gebyr for manglande bilbelte.

## Tilskot til hjortegjerde

**SOGNDAL:** Vikane AS får 39.000 kroner i tilskot frå viltfondet til oppsetting av hjortegjerde frå riksveg 5 til kommuneveg til Kjørnes. Tilskotet vert utbetalt når tiltaket er ferdigstilt. Det har formannskapet i Sogndal samrøystes vedteke.

## Logopedtenester

**LÆRDAL/VIK:** Sogndal kommune har invitert nabokommunar til å vurdera felles logopedtenester i Sogn. Medan Lærdal kommune ikkje har behov for felles logopedtenester slik stoda er no, seier Vik kommune at dei er interesserte i å delta i fellesordninga. Innanfor ei økonomisk ramme fik det kommunen brukte på logopedtenester i 2015.

# Høgre forlanger full gjennomgang

## Sogn barnevern — Mange spørsmål til kontrollutvalet

**SOGNDAL: Høgre ber kontrollutvalet ta ein grundig gjennomgang av det dei karakteriserer som ein lite informativ, uoversiktleg og rotete prosess om Sogn barnevern.**

I eit brev til kontrollutvalet datert 14. oktober viser Sogndal Høgre, ved gruppeleiar Karin Vikane og lokallagsleiar Einar Vatlestad til ulike tilsyn både frå Fylkesmann og Statens Arbeidstilsyn i Sogn barnevern, og handtering av denne saka med informasjon til kommunepolitikarane.

«Gruppeleiar i Sogndal Høgre har i fleire møte, både i kommunestyre, formannskap og administrasjonsutval, stilt fleire spørsmål om status og handtering av saker som gjeld Sogn barnevern. Det er fordi både gruppeleiar og Sogndal Høgre er opptekne av at born og unge får hjelp når dei treng det som mest, at Sogndal kommune skjøttar arbeidsgjevaransvaret på ein god måte, og leverer gode tenester til brukarane», heiter det i brevet.

### Vanskeleg

Men ifølgje Karin Vikane har det i stor grad vore vanskeleg å få svar på spørsmåla som har vore stilte, og i brevet blir det vist til at det er kjent for politikarane at det har vore problem med samarbeidet og å gje gode nok tenester til born og familiar som treng det gjennom mange år.

«Som ansvarlege politikarar er me, og skal vera bekymra når dette ser ut til å nærast vera permanent. Det undrar oss difor at ordførar brukar klubba når ein politikar stiller bekymringsspørsmål om Sogn barnevern frå talarstolen i kommunestyret», heiter det i brevet til kontrollutvalet.

Det vert vidare vist til at administrasjonen gjennom rådmannen har gjeve dei folkevalde informasjon om at dei er på rett veg og dei har tillit til det. «Det er likevel verd å merka seg at det har han sagt før òg, sjølv om me ikkje er overbevist om at det er tilfelle ut ifrå det me kan lesa i lokalpressa, der tilsette og tidlegare tilsette kan synast å vera kjelda», heiter det i dette brevet.

### Mange spørsmål

Ifølgje brevet står prosessen fram som lite informativ, uoversiktleg, og den kan verka rotete. For å koma til botn i dette stiller Høgre tretten konkrete spørsmål, som dei ber kontrollutvalet prøva finna svar på. Under kvart spørsmål er det fleire underspørsmål, så det er ein svært grundig prosess Høgre her legg opp til.

I eit spørsmål viser dei til Sogn Avis sitt oppslag om at det er betalt ut erstatning til tre tilsette ved Sogn barnevern grunna mobbing og trakassering. Og at rådmannen informerte i ope møte i formannskapet 06.10 om at han ikkje var kjend med at det har føregått mobbing og trakassering.



**SPØRSMÅL:** *Karin Vikane og Sogndal Høgre har over eit dusin spørsmål til måten rådmann Jostein Aanestad (bak) og administrasjonen har handtert sakene om Sogn barnevern på.* *(Arkivfoto)*

### Kva fullmakt

Spørsmålet blir då, ifølgje Høgre: «På kva grunnlag har rådmannen då betalt ut erstatning, om so er gjort? Sogndal Høgre kan ikkje sjå av delegasjonsreglementet at administrasjon ved rådmann har fått fullmakt til å betala ut erstatningar på vegner av Sogndal kommune, kvar i reglementet for Sogndal kommune er erstatningsutbetaling og rådmann sine fullmakter vedkommande forankra», spør dei i det fire sider lange brevet til kontrollutvalet.

Her ber dei elles om ein full gjennomgang av dei ulike varslingssakene, dei ynskjer innsyn i samtlege tilsyn, og spør om kommunen har utarbeidd rutine for mediehandtering og Sogndals rolle som vertskommune, mellom anna.

### Blir tema

Leiaren i kontrollutvalet, Arnt Hovland stadfestar at han har teke imot brevet og konstaterer at det er mange spørsmål som krev ein grundig gjennomgang.

– Det er det også utvilsamt stor trong for og eg satsar på at me klarar å få fram svar på desse spørsmåla til møtet i utvalet den 14. november. Mitt inntrykk er at det ikkje har vore all informasjon som til ei kvar tid har kome på bordet i denne saka. Det må fram no, seier Hovland.

### Store saker

*– Har kontrollutvalet hove til å be om ei ekstern gransking?*

– Det har me, gjennom ein sokalla forvaltningsrevisjon. Men då må kommunestyret først løyva midlar til det, seier Arnt Hovland som legg til at dette neppe hadde vore ei sak i utvalet dersom ikkje lokalavisa hadde tort å setja fingeren på betente sår.

– Eg er glad for at me har Sogn Avis, seier Hovland som får litt av eit møte måndag den 14.11. Då blir nemleg også handteringa av eigedomskattesaka tema i kontrollutvalet.

Jan Inge Fardal
jan.inge.fardal@sognavis.no

Noregs største tilhengerprodusent
TYSSE tilhenger av norsk kvalitet
BESTSELGER | Varehenger
8217 Totalvekt 1300kg / Kassemål 250/150/35
Er du også tilhenger av norsk kvalitet?
Kvalitetshengere fra Tysse kjøper du hos oss!



BERGE & CO AS
BYGGMAKKER ANDERSEN
SOGN DEKKSERVICE AS

# Når dei folkevalde vaknar

**ETTER AT SOGN** Avis i lang tid har sett søkjelys på tilhøva i Sogn barnevern, og freista finna svar på kvifor problema der har vore så store så lenge, er også dei folkevalde i ferd med å vakna. Det er på høg tid.

> *Er dei ikkje interesserte i å få kjennskap til kvifor det har gått så gale så lenge?*

**SOGNDAL HØGRE STILLER** ei lang rekkje interessante og viktige spørsmål i eit brev som dei sende til kontrollutvalet før helga. Tidlegare har også Venstre stilt liknande spørsmål.

**MEN DET ER** Høgre som no tek eit skikkeleg ansvar. Dei spørsmåla som Karin Vikane & Co stiller må føra til ein grundig og kritisk gjennomgang av alle sider. Og kanskje er det råd å få konkrete svar og ikkje berre tåkeprat.

**ME ER NEMLEG I** same båt som Sogndal Høgre når dei i dette brevet peikar på at det i stor grad har vore vanskeleg å få skikkelege svar på dei spørsmåla som er vortne stilte i denne saka. Dermed har me heller ikkje fått presentert truverdige vegar ut av uføret.

**DET ER ALVORLEG,** først og fremst fordi det diverre er all grunn til å frykta at det psykososiale arbeidsmiljøet i Sogn har gått ut over den tenesta som dei tilsette har vore i stand til yta.

**SOGN AVIS ER** til dømes kjend med at det ligg føre ein rapport om det psykososiale arbeidsmiljøet, laga av ein ekstern konsulent og registrert inn i kommunen i september i 2015. Me har førebels ikkje klart å få innsyn i denne rapporten, og veit såleis ikkje kva den fortel. Men kjenner dei folkevalde til innhaldet? Viss ikkje, må dei skaffa seg det.

**DENNE RAPPORTEN, MED** tittelen «Sluttrapport for konsulentoppdrag i Sogn barnevern etter pålegg frå arbeidstilsynet» burde bidra til at dei folkevalde blir betre i stand til å forstå kva som har skjedd i denne organisasjonen. Og det treng dei folkevalde i kommunestyret i vertskommunen til Sogn barnevern.

**DEI FOLKEVALDE HAR** vore alt for tolmodige alt for lenge i denne saka og difor helsar me Høgre sitt initiativ velkomen. Ikkje minst sidan ordførar Jarle Aarvoll har funne grunn til å klubba ned bekymringsspørsmål om barnevernet frå talarstolen i kommunestyret.

**ER IKKJE ORDFØRAREN** og dei styrande partia Ap og Sp interesserte i å få alle korta på bordet? Vil dei ikkje få kjennskap til kvifor det har gått så gale så lenge? Vil dei ikkje vita kvifor og ikkje minst korleis rådmann Jostein Aanestad kunne betala ut 150.000 kroner i erstatning til tre tilsette i Sogn barnevern? I så fall lurer me på kvifor og vonar at Sogndal Høgre sine spørsmål også vil kasta lys over det. Det er nemleg heilt naudsynleg at dei folkevalde vaknar skikkeleg i denne saka. Det har gått alt for langt.

redaksjon@sognavis.no

Sei meininga di om lesaren på sognavis.no

**Sogn Avis**
er ei partipolitisk uavhengig avis for Indre Sogn. Avisa blir trykt hjå Sogn og Fjordane Avistrykk as, Førde.

REDAKTØR:
Jan Inge Fardal

DAGLEG LEIAR:
Leif Johannes Lunde

www.sognavis.no

# Sogn barnevern – kven har kompetanse og kva er kompetanse?

Meir enn 80 års kompetanse er slutta ved Sogn barnevern les eg i Sogn Avis. Eg trur det har slutta mykje meir, alt etter kva tidsperspektiv ein ser saka i. Ein ting er eg derimot heilt sikker på, det er at det også har kome til ny kompetanse. Eg veit ikkje kor mykje, eller kva kompetanse dei tilsette i Sogn barnevern sit på til saman i dag, men eg vil tru det er svært mykje.

Å ha kompetanse i møtet med barn i vanskelege situasjonar er svært viktig. Ein person med bakgrunn frå f.eks. barnehage kan ha unik kompetanse til å snakke med akkurat det eine barnet, ein annan kan ha ein annan erfaringskompetanse. Folk ser ting med forskjellige auge, alt etter kompetanse og erfaringsbakgrunn.



Det har no vore fleire tilsyn ved tenesta. Slik situasjonen har vore i barnevernet med tanke på samarbeidsforholda vil det forbausa meg stort om ikkje Fylkesmannen avdekkjer nokre avvik. Det er dei tilsette som er ved tenesta i dag som må rydde opp i og ta belastninga med. Eg kjenner meg sikker på at dei er i stand til å bruka tilsyna til det dei er meint å vera, nemleg ei hjelp til å betra tenesta.

Kva kvalitet ein gir på tenestene avspeglast i kva arbeidsforhold ein har. Det er ikkje hjelp i mange års kompetanse viss ein ikkje evner å samarbeide og få fram det beste i kvarandre.

Korleis skal ein gjera kvarandre gode?

Barnevernsleiaren i Sogn barnevern har mykje kompetanse, blir sett på som ein av dei dyktigaste i fagmiljøet i fylket. For at han skal få styre eit godt barnevern må han få dei tilsette til å gjera kvarandre gode. Det har han erfaring og lukkast med før, men han må òg få støtte, det er det leiinga i Sogndal kommune som må gje han. Kommunen har oppgåva med å vera vertskommune for denne viktige tenesta. Eg meiner at vertskommunemodellen er rett og ynskjer at den skal bestå. Eg kjenner ikkje indre prosessar i saka, men eg veit at den nye kommunalsjefen og barnevernsleiaren har ei stor oppgåve som dei no er i ferd med å løyse. Eg vonar dei får tilstrekkeleg støtte til å gjera arbeidet. Dei treng støtte frå både politisk og administrativ leiing.

**Clara Øberg**
Sogndal

# Vestlandsregionen og språkforma

For kort tid sidan inngjekk dei tre fylkesordførarane ein intensjonsavtale om samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til ein Vestlandsregion. Det som kanskje har vekt mest oppsikt er at denne regionen, kjerneområdet for det nynorske språket, skal vera språknøytral, som det heiter, men som i praksis betyr at bokmålet vil bli administrasjonsmålet i det nye storfylket. Det viser all erfaring der eit fylke har erklært seg som språknøytralt.

I denne samanheng rann det meg i hug noko som skjedde Telemark rundt hundreårsskiftet. Administrasjonsspråket i fylket var nynorsk, men då eit klart fleirtal av innbyggjarane i Telemark hadde bokmål som opplæringsmål, kom det sterke krav om overgang til bokmål med leiaren av kulturutvalet, Hans Kristian Vollan, i spissen. Vollan var høgremann. Men då var det at hennar partifelle, fylkesordførar Gunn Marit Helgesen frå Porsgrunn, sa stopp. Ho ville halda fram med ordninga med at sakspapir og korrespondanse skulle skrivast på nynorsk. Ho understreka at språket er ein kulturarv og som verdikonservativ ønske ho å støtta opp om denne kulturarven. Eg skulle ønskt at dei tre damene som forhandla fram intensjonsavtalen var like verdikonservative og like kulturmedvitne som Gunn Marit Helgesen. Det høyrer også med til historia at ho seinare vart valt som leiar av Telemark Høgre og er no leiar av KS.

**Norvald Fimreite**

## Fylkesmannen får sak om snøfangar

**LUSTER:** Klagen frå advokat Arvid Mellingen på Luster kommune sitt vedtak frå mai i år om oppheving av vedtak om montering av snøfangar vert ikkje teken til følgje. Det har Plan- og forvaltningsstyret i kommunen vedteke. Saka vert sendt Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for endeleg avgjerd.

## Får bruka motorkøyretøy på skogsveg

**LUSTER:** Evelyn og Frank Egil Gunnestad får løyve til å nytta motorkøyrety på skogsvegen mellom Brunestegen og Bjergene/Øksnavollen i samband med overtaking og oppgradering av hytte som dei har kjøpt (gbnr. 81/13). Det har Plan-og forvaltningsstyret i kommunen vedteke. «Løyvet gjeld transport av materialar, inventar og verkty i eitt år frå vedtaksdato. Løyvet gjeld for søkjarane og andre som køyrer direkte på deira oppdrag. Det skal ikkje køyrast meir enn naudsynt, og den som køyrer skal opptre omsynsfullt i møte med vilt, husdyr og menneske.»

## Sogn Avis orsakar

**SOGNDAL:** I saka om at Høgre forlanger full gjennomgang av kommunen si handtering av Sogn barnevern i går, kom me i skade for å sitera leiaren i kontrollutvalet, Arnt Hovland Munthe feil. Han var som dei fleste andre kjend med at Høgre skulle fremja ei sak skriftleg til utvalet, men han hadde ikkje motteke brevet då Sogn Avis snakka med han. – Eg uttalte meg såleis generelt om det behovet Høgre har skissert om trongen for ein skikkeleg gjennomgang av denne saka, seier Hovland Munthe. Sogn Avis orsakar denne mistydinga.

# -um til Kaupanger

-estorar ■■ Avtale underteikna i går



(Foto: Arkiv)

denne familieverksemda har utvikla seg til den hjørnesteinsverksemda ho er i dag, skal seljast og utviklast til bustadar.

– Dette grepet er også viktig for utviklinga og styrkinga av regionsenteret. Sogndal veks og det er ynskje om fortetting og busetjing i sentrum. Med dette prosjektet får me mange nye, svært attraktive bustadar ved fjorden midt i sentrum. Å få vekk tungtrafikken og fabrikken frå sentrum vil og vera bra, samstundes som Lerum framleis blir verande i kommunen. Dette er difor eit viktig grep både for Sogndal og Lerum, konstaterer Trine Lerum Hjellhaug.

Jan Inge Fardal og Eli Grotle
jan.inge.fardal@sognavis.no

sar ekstra godt at me i år har 40-års jubileum her, seier Karlsen.

### Viktig

Også regiondirektør Pål Aglen seier at dette er eit stort og viktig prosjekt for Veidekke og ikkje berre Lerum.

– Me er glade for at me vart invitert med og kan stadfesta vår posisjon i regionen her. No er me endelege klare til å setja planane ut i livet. Planlegging er gøy, men gjennomføring er artigast, seier Aglen.

Eli Grotle
eli.grotle@sognavis.no



*HEILT KLARE: Svein Even Dale, avdelingsleiar Veidekke Entreprenør Sogndal, Rune Karlsen, distriktsleiar Veidekke Entreprenør Sogndal, Trine Lerum Hjellhaug, administrerande direktør Lerum AS og Pål Aglen, regionsdirektør Veidekke Eigedom*

# Tjuv vart stogga

**AURLAND: 13 personar frå Aurland brannvern rykte i natt ut etter at den automatiske brannalarmen gjekk i Flenjatunnelen.**

I halv seks-tida tysdag morgon gjekk den automatiske brannalarmen i Flenjatunnelen. Brannvesenet rykte ut, og det synte seg at det ikkje var brann, men eit brannsløkkingsapparat som var stole frå tunnelen, noko som utløyser alarmen.

Men tjuven kom seg ikkje langt av garde.

### Vart stogga

–Dei driv med arbeid i Fretheimstunnelen og Gudvangatunnelen, og der er det trafikkdirigering. Me snakka med Sogn vegteneste, og dei hadde stogga to bilar. Dei heldt desse att til me kom, fortel brannsjef Reinhard Sørensen.

Då brannvesenet kom til Fretheimstunnelen, der bilane stod, bad dei om å få undersøkja dei to bilane.

– Det fekk me, og i den eine fann me apparatet gøymt, fortel Sørensen, og opplyser at føraren var ein mann i 40-åra som var åleine i bilen. Mannen verka, ifølgje Sørensen, edru.

– Det er rett og slett snakk om dumskap. Han var nok ikkje klar over at han kom til å bli stogga rett utanfor tunnelen.

### Politisak

Sørensen opplyser at saka blir meld til politiet, og at brannvesenet sikra seg alle dei naudsynte opplysningane i saka.

Brannvesenet rykte ut med 13 personar, og Sørensen fortel at ei slik utrykking kostar 12.000 til 15.000 kroner.

–Me vil prøva å få att pengane, det er ikkje samfunnet sitt ansvar å betala for dette. Alle dei som tidlegare har vorte tekne for å stela brannsløkkingsapparat, har vorte dømde til å betala for utrykkinga.

Sørensen fortel at medan dei tidlegare var mykje plaga med at brannsløkkingsapparat vart fjerna frå tunnelane, har det vore lite av det den siste tida.

– Me har vore heldige og klart å stogga dei som har gjort det, og det har hatt preventiv verknad.

Mariann Skau
mariann@sognavis.no



# For eit løft for Sogndal

**DENNE VEKA KOM** endeleg meldinga som mange har venta lenge på, det er klart for utbygging av det som frå no av får namnet Lerum Brygge.

*Dette er altså ein vinn-vinn-situasjon.*

**I TILLEGG TIL** at det kjem mange nye, sentrumsnære bueiningar rett ved fjorden blir det snart slutt på all tungtransport opp og ned til kaien – ut og inn til Fjøra. For Lerum slår på stortromma og investerer 250 millionar kroner i flytting av fabrikken til anlegget på Kaupanger. All produksjon blir no samla på ein plass.

**DETTE ER ALTSÅ** ein vinn-vinn- situasjon. Eit potensielt stort løft for regionsenteret og ein solid pluss for aktiviteten på det frå før svært innhaldsrike industriarealet på Kaupanger.

**MEN DET ER** meir positivt å henta frå denne nyheita. For i tillegg til Lerum og Veidekke as, som har vore partnarar i dette prosjektet heilt sidan ideen vart lansert vinteren 2013, er mange lokale interessentar komne med på laget. Veidekke as får med heile 19 lokale investorar i gruppa som skal vera med å utvikla Lerum Brygge.

**DEN LOKALE FORANKRINGA** er viktig, og er med på å byggja opp under det Lerum faktisk har vore i dei snart 100 åra denne familiebedrifta har halde til på kaien midt i Fjøra. Det har handla om lokal forankring og tilknyting, identitet og lokale verdiar. Og ingenting passar betre enn at mr. Lerum sjølv, med Kåre som førenamn, fekk æra av å bestemma namnet og at det altså enda opp med Lerum Brygge.

**I TILLEGG TIL** Lerumfamilien, er Aurland Sparebank, Indre Sogn Sparebank og Luster Sparebank og fleire aktørar i det lokale næringslivet med i tre ulike grupperingar som sit med 54 prosent av eigarskapen i selskapet. Resten står Veidekke as for.

**OG DETTE KJEM** til å gå fort – allereie om halvtanna år er det slutt for fabrikken på kaien og dei nye bustadblokkene, tre i talet, kan koma opp. Og sjølv om reguleringsplanen er vedteken og rammene for kva volum Lerum Brygge kan byggja for lengst er på plass, er debatten om korleis denne utbygginga bør skje heilt sikkert ikkje over.

**OG, SOM I** samband med handsaminga av reguleringplanen, kjem storleiken – høgda – på dei nye bustadblokkene garantert til å bli tema. Det blir interessant å følgja med i prosessen når detaljreguleringsplanen kjem. Me registrerer at det har kome innspel ein arkitektkonkurranse, noko som me gjerne helsar velkomen.

**DETTE PROSJEKTET KJEM** til å endra Sogndal sitt andlet mot fjorden for all overskodeleg framtid. Samstundes trur me det er grunn til å rekna med at også dei lokale investorane vil vera opptekne av volum. Utan stort nok volum er det uråd å rekna heim investeringa på Lerum Brygge, som ikkje er spesielt brei...

redaksjon@sognavis.no

**Sogn Avis**
er ei partipolitisk uavhengig avis for Indre Sogn. Avisa blir trykt hjå Sogn og Fjordane Avistrykk as, Førde.

REDAKTØR:
Jan Inge Fardal

DAGLEG LEIAR
Leif Johannes Lunde

www.sognavis.no

Sei meininga di om lesaren på sognavis.no

# Clara Øbergs sut for Sogn barnevern

Fylgjer du med i Sogn Avis Clara Øberg? Las du oppslaget i Sogn Avis laurdag 15.10.2016 og leiar 19.10.2016?

Er du framleis «trygg» på at Hadle Blikra er rette mann til å «gjenreise tilliten» til Sogn barnevern?

Som nestleiar i Sogndal Arbeiderparti, har du teke ein alvorsprat med din partifelle ordførar Jarle Aarvoll om dei problema Sogn barnevern har slite med heilt frå du sjølv var tenesteleiar?

**Alf Reuss Kollsete**

# Observasjon av husdyr i utmark og på fjellet

Sogn og Fjordane Sau og Geit oppmodar alle som ferdast i utmark og på fjellet, om å melde ifrå, dersom dei ser småfe eller storfe.

Dei fleste husdyr er no henta heim, men framleis leitar enkelte dyreeigarar etter dyr. Ta kontakt med «første og beste» bonde om du har sett husdyr. Vedkommande vil kunne formidle beskjed til «rette» vedkommande, då dei fleste som driv innan næringa veit kven som har dyr i dei ulike beiteområda. Du kan òg ta kontakt med Sogn og Fjordane Sau og Geit.

På førehand takk for hjelpa.

**Ragnhild Sæle**
Leiar i Sogn og Fjordane Sau og Geit

# Lygn eller sanning, Randi Marie Sjøholt?

SISOF-direktør Randi Marie Sjøholt har visst hatt det tungt siste tida. Renommeet til organisasjonen ho leiar, er dalande, tilliten er svekt og utviklinga går henne i mot. Forsøket hennar på å gjere om SISOF til ein politisk kamporganisasjon mot fusjon, enda med tap. No brukar ho dei siste krampetrekningane til å skjelle meg ut og seie at eg fer med løgn, eller «gørr», som ho kallar det i Sogn Avis 19. oktober. I innlegget prøver ho elles, så godt ho kan, å stakkarsleggjere meg.

Lat dette vere tindrande klart: under siste året til det tidlegare (nei, nei, nei)-HiSF-styret 2014/15, var det heilt naudsynt å bruke «innestemme» om ein ved høgskulen ville uttrykkje at ein var open, ikkje berre for ein fusjon, men for å opne for ein fusjon. Eg var på ingen måte aleine om å oppleve det slik. Dette er ingenting å le av eller gjere narr av. Det er eit noko trist kapittel i HiSF-soga. Men eg forstår at ein SISOF-direktør med eit no frynsete rykte når det gjeld ytringsfridom, ikkje er i stand til å skjønne slikt.

Eg må også spørje SISOF-direktøren rett ut: stemmer det ikkje at Studentsamskipnaden i Bergen (SIB) har rimelegare studentbustader og ei meir velutvikla barnehageteneste enn SISOF? Stemmer det ikkje at SIB har det beste studenthelsetilbodet i landet og eit langt betre treningstilbod enn SISOF? Eller for den tidlegare UiB-studenttillitsvalde Sindre Dueland, som skreiv om dette i eit lesarinnlegg i Sogn Avis, med lygn? For liksom å gjere både meg og Dueland til lått, skriv Sjøholt nedlatande at ein Bergensstudent «tydelegvis har forska på studentvelferden». Ingen har gitt uttrykk for noko slikt. På tide no at du svarar på påstandane til Dueland: lygn eller sanning, SISOF-direktør?

Til slutt: At SISOF-direktøren var og ville vere «overredaktør» av Røynda, er godt dokumentert. Direktøren som pga. omdømet til SISOF ville kontrollere det skrivne ord, har sjølv klart å redusere SISOF-omdømet. Godt gjort. Anna er det ikkje å seie.

**Georg Arnestad**

## Vakt i helga


Kai Martin Brekke
Mobil 971 45 866


Terje Eggum
Mobil: 905 79 936


Håvard Nesbø
Mobil: 902 47 594

3f7791:1af0efef-f70a-48c3-8241-ba781028b7fb:45

BILAG 16



## Nes Eigedom kjøper tomter i Borlaug

**LUSTER:** Nes Eigedom søkte om to tomter og bad om rabatt på tomteprisen i Borlaug i Solvorn. Formannskapet innvilga kjøpet, men ville ikkje gje rabatt på prisen.–Tomtene er subsidierte allereie, og det vil ikkje vere rett å gje avslag i prisen med den økonomiske situasjonen Luster kommune er i, sa varaordførar Marit Aakre Tenna (Sp) i formannskapsmøtet. Men ho tykte det var flott at det vert aktivitet i Borlaug att. Formannskapet vedtok å la Nes Eigedom vente med betaling til ferdigattest og bruksløyve er klare.

## Ny medlem

**AURLAND:** Marianne Holme (Sp) er peika ut som ny fast medlem frå Aurland kommune i styret ÅLA-prosjektet Sau og utmark, med Anders Fretheim (MDG) som varamedlem. Dei to erstattar Audhild Rogdo og Ingrid Steine Bortne (begge Sp), som no er ute av kommunepolitikken

## Dekkjer underskot

**LUSTER:** Utbygginga av Galdetoppen næringsområde vart dyrare enn planlagt. No rår formannskapet til å dekkja underskotet på 294.712 kroner ved bruk av næringsfondet. Ekstrautgiftene kom som følgje av meirarbeid med boring. Kommunestyret har tidlegare kritisert at det har vore gjort for dårlege grunnundersøkingar før dei starta å byggje. Men rådmann Jarle Skartun trur ikkje utbygginga hadde vore billegare om ein hadde brukt lenger tid på forarbeid.

# Utset rapporten til desember

## Aldri hatt så grundig tilsyn · Tilsette rosar leiaren

**SOGNDAL: Fylkesmannen får rapporten om Sogn barnevern ferdig først i desember.**



*GRUNDIG: – Aldri har Sogndal kommunen hatt ein så grundig tilsyn, sa rådmann Jostein Aanestad då han orienterte om Sogn barnevern.*

– Me hadde håpa å få rapporten etter tilsynet av Sogn barnevern i oktober. Fylkesmannen opplyser at dei må prioritera andre saker. Dei har ikkje har kapasitet til å få rapporten ferdig før i desember, opplyste rådmann Jostein Aanestad på møtet i Sogndal kommunestyre då om orienterte dei om Sogn barnevern.

### Skal lære

– Me har aldri før hatt så grundig tilsyn som når det gjeld Sogn barnevern. Fylkesmannen har fått alle papir dei har spurt etter, dei fleste mappene er gått gjennom og dei har intervjua. Med eit så omfattande tilsyn, kan dei ha funne noko. Det skal me læra av, sa rådmannen.

Han opplyste at Sogn barnevern har etablert ei ny teneste for einslege mindreårige flyktningar. Sogndal reknar med å ha 10 einslege mindreårige flyktningar innan utgangen av året.

### Samarbeider godt

I møtet torsdag viste Aanestad til den breie orienteringa han hadde gjeve i formannskapet på junimøtet og i formannskapet i byrjinga av oktober, og kva forventning dei vil stilla til Sogn barnevern.

– Det er ei teneste som samarbeider godt med alle. Me er ikkje ferdig, men me er godt i gang. Barnevern er ei teneste me skal ha søkjelys på, og me prøver å gje god informasjon til alle samarbeidspartnarar, sa Aanestad.

### Ikkje nositusasjon

– At samarbeidet ikkje har vore godt internt i Sogn barnevern, er ikkje nosituasjonen. Det som har vore var eit arbeidsmiljø som ikkje har vore samlande. At det tidlegare har vore mobbing, kjenner eg meg ikkje att i, og det har heller ikkje vorte påvist.

Det høge sjukefråværet som har vore på 25 prosent, gjer at kapasitet og kompetanse var redusert, men dette har betra seg.

### Trivst

– Eg er trygg på at me skal få det til, men me må bruka 2016 på det. Det er framleis medarbeidarar som ynskjer andre gjeremål. Me arbeider med det, og eg trur me skal få løyst det

Når det gjeld nosituasjonen i Sogn barnevern, fortel dei tilsette at dei trivst på arbeid og med leiaren. Der er no eit heilt naturleg sjukefråvær som er på sju prosent.

Sidan det er tilsett ein god del nye medarbeidarar, vil det gå med ei tid å få dei nye inn i jobben. Til dette treng dei 2016.

### Skriftleg

Rådmannen opplyste at han hadde hatt møte med dei tilsette i barnevernet fredag 21. oktober.

– I ettertid har dei òg gjeve ein skriftleg rapport. Dei skriv at dei har god arbeidsglede, og dei gleder seg til å gå på arbeid. Leiar Hadle Blikra stiller store krav, men han er òg er ein god rettleiar. Dei nytilsette trivst godt, men kjenner det belastande med all negativ omtale i media.

### På tru og ære

– Når det gjeld negativ omtale av tenesta, sa eg i møtet at det må ein sjå på som det har vore. Det er ikkje ein nosituasjon. Redaktøren rår me ikkje med, sa rådmannen, og slutta med dette sitatet frå dei tilsette i Sogn barnevern.

– Me kan på tru og ære seia me har eit godt arbeidsmiljø, og me ynskjer å gjera eit godt arbeid. Me håpar no å få arbeidsro.

Sigrid Svartefoss
sigrid.svartefoss@sognavis.no

BILAG 17


# Sogn Avis

Torsdag 17. november 2016 • Nr. 224 ÅRETS LOKALAVIS Laussal kr. 30,-



Sogn Synssenter
Parkvegen 13, Sogndal
Briller/kontaktlinser
Tlf.: 57 67 50 50
Offentleg godkjend optikar Odd Gjerde


■■ Hamre med klar tale til Årdal, Lærdal og Aurland



# – Slå saman kommunane

**PRAT:** *Fylkesmann Anne Karin Hamre oppmodar lærdalsordførar Jan Geir Solheim om å ta ein ny samanslåingsprat med nabokommunane.*

Fylkesmann Anne Karin Hamre kjem med eit klart signal om at Årdal, Lærdal og Aurland bør snakka saman med sikte på å slå saman kommunane. Hamre peikar på at det er tre sterke kraftkommunar som vil tena på ei samanslåing.

Side 4 og 5



## Syril-talent går til KIL

Side 12 og 13



## Friskmelde jobbmiljøet

**SOGNDAL:** Ni tilsette ved Sogn barnevern rosar i eit skriv leiar Hadle Blikra. Rådmannen i Sogndal forsikra på møtet i Kontroll-utvalet at teksten ikkje er eit bestillingsverk

Side 8



## Hjelpekorps får hjelp

**VIK:** Vik hjelpekorps har venta over eitt år på pengar. No er statlege kroner på veg

Side 7


## Bli abonnent på Sogn Avis

Me har 3 ulike abonnementstypar du kan velgja mellom.

Den første månaden får du for kr 50,- uansett kva abonnementstype du vel!

**Sogn Avis Komplett**
Både papir og digital tilgang, for kr 260,- pr månad

**Sogn Avis Digital+ helg**
Full digital tilgang pluss laurdagsavisa levert for kr 215,- pr månad

**Sogn Avis Digital:**
Full digital tilgang, både e-avis og nett, for kr 195,- pr månad.

Har du spørsmål vedrørande abonnementa, ta kontakt på abonnement@sognavis.no eller ring 57 65 60 00

Sogn Avis


7090005131031

5ff793:fa1ba1ef-f70a-48c3-8241-ba761028b7fb:47



**LOVPRISA AV TILSETTE:** *Leiar av Sogn barnevern, Hadle Blikra, nærast, blir lovprisa for fagleg dugleik og omsorg for dei tilsette i eit skriv dei tilsette har bede om å få distribuert breitt ut etter eit møte med nemnde barnevernleiar og rådmann Jostein Aanestad.*

# Problem-etat blei nesten friskmeld

## «Alt» på stell att i barnevernet

**SOGNDAL: Leiaren av Sogn barnevern blir lovprisa i panegyriske ordelag i eit «møtereferat» ni tilsette i Sogn barnevern har sendt ut.**

Barnevernet og støyen rundt den interkommunale tenesta var på Kontrollutvalet sin dagsorden måndag. Dei to innkalla, leiaren og rådmannen, gjekk langt i å friskmelda Sogn barnevern.

### – Eit tingingsverk?

Teksten blei delt rundt og referert frå. Innhaldet fekk medlem av utvalet, Ellen Navarsete, til å spørja:

– *Er dette eit tingingsverk?*

– Nei, forsikrar rådmann Jostein Aanested, og forklarer bakgrunnen for at den nemnde teksten no blir spreidd i kommunal regi.

### Spreidde teksten

– Me hadde eit møte, eit bra møte, eg sa det hadde vore fint om dette kunne vore formidla ut, men presiserte at alle måtte vera komfortable med at det blei gjort, seier rådmannen, og forsikrar at det siste blei stadfesta.

Dei ni som har skrive under, alle kvinner, understrekar at det er i deira interesse at innhaldet i den føreliggjande teksten blir spreidd.

Sogn Avis medverkar hermed til det.

### – Særs komfortable

Det har blåse hardt rundt den interkommunale leverandøren av barnevernteneste siste året. Det er rapportert om dårleg arbeidsmiljø og ymse tilsyn har vore på døra. Kontrollutvalet avventar no ein tilsynsrapport frå Fylkesmannen. Denne skal liggja føre i desember, først då kan saka bli teken vidare i den kommunale kontrollprosedyren.

På møtet måndag var rådmannen og leiaren av Sogn barnevern, Hadle Blikra, kalla inn for å gje status på drifta, og sa dette:

– Dei tilsette er særs komfortable med fokuset rådmannen og ordføraren no har på tenesta.

### – Arbeidsgleda rår

Leiaren forsikra medlemene av utvalet om at tenesta følgjer godt opp på omsorgsplassering og andre tiltak.

– Me har ein god driftssituasjon, seier han.

Når det gjeld arbeidsmiljøet i Sogn barnevern seier rådmannen at arbeidsgleda og det faglege fokuset er rådande, og at ein ved utgangen av 2016 ligg godt i rute med prosess og gjennomgang.

### – 100 prosent fokus

– Det har vore stor utskifting i staben og det tek tid å bli sjølgåande, seier rådmannen, som opplyser at særs kvalifiserte medarbeidarar no søkjer ledige stillingar i Sogn barnevern.

Bemanningsramma i Sogn barnevern er 13,5 stillingar.

– Me er ikkje heilt der enno, men me kjem nærare med snarleg to nye tilsette, seier rådmannen, som på spørsmål frå utvalsleiar Arnt H. Munthe om tenesta likevel klarer vera ajour, seier dette:

– Ja, me har medarbeidarar med eitt hundre prosent fokus på å jobba med barnevern, det hjelper mykje, det.

Terje Eggum
terje.eggum@sognavis.no

## Distribuerer skrytetekst


Hei.

**OMSORGSFULL LEIAR:** *Ni tilsette i Sogn barnevern ber om arbeidsro og lovprisar leiaren av den interkommunale tenesta, Hadle Blikra, og rådmann Jostein Aanestad. Faksimile av teksten det er vist til i artikkelen.*

BILAG 18



SKULDINGAR: I dag kjem det nye sterke skuldingar om tilhøva og arbeidsmetodar i Sogn barnevern.

# Nye og alvorlege skuldi mot Sogn barnevern

## Reagerer på hyllest av barnevernsleiar

## Mange kjem ikkje til

**SOGNDAL: I eit brev som er spreidd til alle folkevalde og kontrollutvalet hyllar nokre tilsette i Sogn barnevern arbeidsmiljøet og leiaren sin, Hadle Blikra.**

I sommar vart den same arbeidsplassen, med den same leiinga, karakterisert som eit «belastande psykososialt arbeidsmiljø».

Den 15. juni var det møte om det som då vart karakterisert som eit belastande psykosialt arbeidsmiljø i Sogn barnevern. Plasstillitsvald for Fellesorganisasjonen (FO) ville ta opp dette alvorlege problemet med leiinga i kommunen. FO var særleg oppteken av kva alvorleg ulempe eit slikt arbeidsmiljø kunne og kan skapa for det faglege arbeidet som skal utførast opp mot familiane dei barnefagleg tilsette er sette til å hjelpa.

### Har forvitra

Intensjonen med Sogn barnevern var å etablera eit stort fagmiljø med ei brei erfaring i kompleksitet, og som kunne drøfta saker i eit fagleg stort miljø. Åtte år etter at tenesta vart skipa konstaterer FO at organisasjonen har forvitra. I juni var åtte sjukmelde og tre i permisjon/omplassering.

«Desse elleve har til saman lang ansiennitet (80 år), seks har ulik vidareutdanning, Samspel og tilknyting, Spes.ped., Pedagogikk grunnfag, rettleiing ½ års eining, Aktiv omsorg og Costerapeut. To på masternivå. Ti har ulike kurs som: kurs i traume, EuroAdad, Sorg hjå born, Vald i nære relasjonar, Kvello, WMCI, Crowell, PMTO og barnevernsfagleg utgreiing», heiter det i ei orientering frå FO til kommuneleiinga i juni.

### Berre to

– Same kor positivt dei no freistar å framstilla arbeidsmiljøet treng du ikkje mange doktorgrader til å forstå at det krevst store ressursar for å byggja opp att denne kompetansen, seier ei kjelde i ein kommentar til brevet som Sogn Avis publiserte torsdag. Vedkomande peikar dessutan på at det er viktig å ha ei blanding av vaksne, erfarne tilsette saman med nyutdanna for å få ei god fagleg teneste.

– Det er også verdt å merka seg at det er berre to av dei som har signert dette skrivet som faktisk har vore med i Sogn barnevern frå starten, seier ei anna kjelde med inngåande og langvarig kjennskap til Sogn barnevern, og som også ynskjer å bidra til å nyansera den hyllesten som no er komen.

### Sju mangla

Vedkomande tykkjer det er merkeleg at det stadig er behov for at både kommuneleiinga og dei tilsette no må gå ut og forsvara den nye leiaren for Sogn barnevern, Hadle Blikra. Og legg til at når rådmann Jostein Aanestad er blitt så oppteken av å få ut sanninga om korleis stoda faktisk er, så har han gløymt noko.

– Det er nemleg ikkje alle tilsette som har sett namnet sitt under skrivet som rådmannen har sendt rundt til heile kommunestyret, hevdar vedkomande og listar opp sju namn som anten er sjukmelde, omplasserte eller faktisk utestengde frå jobben.

### Ikkje høyrde

I tillegg er mange permanent omplasserte av kommunen, eller har skaffa seg anna arbeid sjølve og har difor sagt opp. Vår kjelde reagerer på at rådmannen prøver å skapa eit inntrykk av at det nemnde skrivet er frå samtlege noverande tilsette, trass i at han veit godt om desse sju. Denne kjelda påstår at rådmann & co. no driv og skvisar desse ut av tenesta ein etter ein. Heile 14 medarbeidarar med barnefagleg bakgrunn er ute av tenesta i løpet av dei siste månadane.

– Deira stemmer blir ikkje høyrde i Sogndal kommunestyre, alle kritiske innspel er stoppa med trugsmål som ikkje høyrer heime i moderne tid, seier vedkomande, som ikkje torer stå fram på noverande tidspunkt.

### Ekstern rapport

Fleirtalet av dei tilsette i Sogn barnevern har heilt frå 2012 prøvd å seia ifrå om uhaldbare tilstandar som førte til at tenesta vart driven på uforsvarleg vis. Dette skal koma fram i ein sluttrapport som vart laga av ein ekstern konsulent etter pålegg frå Arbeidstilsynet, får me opplyst frå anna hald.

Sogn Avis jobbar med å få innsyn i denne rapporten. Ein rapport som rådmannen og kommunen, i motsetnad til hyllestbrevet av Hadle Blikra, ikkje

5ff795.fafdefef-f70a-48c3-8241-ba761028b7fb:49



(Foto: Håvard Nesbø)

ngar

de



Problem-etat blei nesten friskmeld

FEKK SKRYT: Faksimile av vår sak frå kontrollutvalet torsdag 17.11

er spesielt interesserte i at me skal få innsyn i.

Jan Inge Fardal
jani@sognavis.no

# Stiller spørsmål ved kjeldene sine motiv

**SOGNDAL: Rådmann Jostein Aanestad har nytta KS-advokat for å svara på påstandane om Sogn barnevern og stiller spørsmål ved kjeldene sine motiv.**



SVARAR: Barnevernsleiar Hadle Blikra (t.v.) og rådmann Jostein Aanestad nyttar KS-advokat i tilsvaret til dei alvorlege skuldingane mot leiaren for Sogn barnevern, her frå møtet i kontrollutvalet torsdag.

Rådmann Jostein Aanestad har, sidan artiklane om Sogn barnevern inneheld alvorlege skuldingar mot barnevernsleiar, valt å senda desse over til KS-advokatane for vurdering.

## Tungt for brystet

KS-advokat Frode Lauareid skriv følgjande tilbake til kommunen: «Eg registrerer at det at dei tilsette no trivst i barnevernet fell nokon tungt for brystet. Så tungt at dei går til Sogn Avis med kritikk mot kommunen, barnevernet og tilsette. Hadde desse personane stått fram med namn, så hadde det vore mogleg å gje konkret tilbakemelding på kritikken», skriv Lauareid.

Og held fram: «Etter Ver-Varsam-plakaten så skal kjelder som hovudregel identifiserast, sjå punkt 3.1. Etter punkt 3.2. skal pressa vera kritisk i val av kjelder og har sjølv ansvar for å kontrollera at opplysningar som vert gjevne er korrekte».

## Ikkje utfordra

KS-advokat Lauareid har vondt for å sjå at Sogn Avis følgjer desse reglane i denne saka.

«Ut frå den kritikken som vert sett fram, så er det truleg at kritikken kjem frå personar som sjølv var del av dei arbeidsmiljøutfordringane barnevernstenesta har hatt. Kvifor Sogn Avis ikkje utfordrar kjeldene sine på kva motiv dei har for å gå til avisa med dette må redaktøren svara for sjølv. Eg kan også lura på kva avisa har gjort for å kontrollera at dei opplysningane kjeldene kjem med er korrekte», skriv advokaten.

## Svært alvorleg

Rådmann Jostein Aanestad kommenterer artiklane i avsa slik: – Artikkelen inneheld svært sterke påstandar mot kommunen og mot barnevernsleiar. Påstandane om mobbing og trakassering av tilsette, sanksjonert varsling, trugsmål og krav om lojalitetskontrakt, manipulering av statistikk og juks med rapportering er svært alvorlege påstandar. Eg har undersøkt om det er grunnlag for slike alvorlege påstandar. Det har eg ikkje funne. Eg ser alvorleg på at det er sett fram alvorlege, grunnlause påstandar mot kommunen og mot barnevernsleiar.

Aanestad opplyser vidare at det ligg føre to andre varslingar med påstandar om trakassering mot barnevernsleiar. (Begge frå juni, red merk)

– Desse er ikkje ferdig undersøkte, men vil sjølvsagt bli handterte i tråd med regelverket til kommunen, opplyser Aanestad.

Han legg vidare til at hausten 2015 inviterte FO-tillitsvalde alle ordførarar og rådmenn i dei fire kommunen som deltek i Sogn barnevern. «På dette møtet gav FO-tillitsvalde ei brei orientering om korleis dei opplevde situasjonen i Sogn barnevern. Frå dei tillitsvalde vart det peika på at det beste rådmannen i Sogndal hadde gjort for Sogn barnevern var å tilsetja Hadle Blikra som fungerande barnevernsleiar», fortel Aanestad.

## Alle på jobb

Rådmannen legg til at det er rett at mange har slutta i Sogn barnevern, og kommunen har lagt til rette for at alle som sjølv har sagt at dei ikkje ønskjer å jobba i Sogn barnevern får andre oppgåver i eller utanfor kommunen.

– Eg kan stadfesta at det er alle dei som er på jobb i Sogn barnevern no som i brev til rådmannen har peika på at dei har arbeidsglede og trivst godt på jobben, og at dei har ein leiar som gjev konstruktive tilbakemeldingar til dei. Dei har vidare peika på at dei ønskjer å jobba barnevernsfagleg og få arbeidsro til å gjera det, går det fram av Aanestad sitt svar til Sogn Avis – på vegner av seg sjølv og Hadle Blikra.

# Varsla om manipulering av statistikk – vart omplassert

**SOGNDAL: Då ho leverte varsling mot Hadle Blikra, vart ho omplassert.**

Ein tilsett i Sogn barnevern leverte varsling mot barnevernsleiar Hadle Blikra i februar 2016, der ho hevda å ha vorte grovt trakassert.

Dette skjedde fordi vedkomande reagerte på at leiinga manipulerte statistikk før den vart sendt ut til Fylkesmannen og SSB, hevdar ei kjelde i barnevernet.

## Sjuk av jobben

Vedkomande fortel at kommunen sitt svar på denne varslinga mot Blikra var å omplassera denne medarbeidaren. Og sidan ho ikkje makta å jobba under Blikra var det ikkje noko anna val for henne enn å ta imot ein mellombels jobb utanfor kommunen.

Men varslingssaka, som altså vart levert i februar – har leiinga i Sogndal kommune framleis ikkje gjort noko med.

## Inga stemme

Ein annan tilsett hevdar seg så trakassert av Blikra at ho vart sjuk av å vera på jobb. Vedkomande har fått permisjon i eitt år, og hadde heller ikkje noko stemme i hyllestskrivet til Blikra, vert det hevda.

Andre som har teke til motmæle mot juks i Sogn barnevern i samband med rapporteringa etter nyttår 2016 og som sende e-post til kommuneleiinga med bekymring om dette – har heller ikkje fått respons, får Sogn Avis opplyst.

Ei anna kjelde hevdar at tilsette i Sogn barnevern, som kommuneleiinga har hatt behov for å knebla, nyss fekk valet mellom å signera ein slags kontrakt om full lojalitet til Blikra, eller å forsvinna ut av tenesta. Denne kontrakten skal to av dei tilsette ha fått utlevert – i litt ulikt format.

– Ansvaret for dei uhaldbare tilstandane ligg hjå rådmannen. Det blir påstått at dette er ein konflikt mellom dei tilsette. Men det er det faktisk ikkje, seier vår kjelde. Faktum, hevdar vedkomande, er at ein ekstern rapport fortel at det vanskelege arbeidsmiljøet over tid skuldast ein konflikt mellom leiinga og to-tre tilsette på den eine sida og 10–12 andre på den andre. Dei som har høyrt til den største gruppa er no snart raderte vekk frå Sogn barnevern – alle som ein.

## Ikkje spørsmål

– Dette handlar om at dei fleste tilsette har vore opptekne av å levera forsvarlege tenester til alle borna og foreldra som treng det i dei fire kommunane Sogn barnevern tener. Dei er alle møtt med mobbing, trakassering og isolering frå kommuneleiinga, seier vedkomande som er djupt fortvila over det som har skjedd med denne tenesta.

– Rådmannen i Sogndal vil ikkje ha desse fagfolka som stiller dei kritiske spørsmåla, og då vil han nok heller ikkje ha ei forsvarleg teneste, seier vedkomande.

# Symbolsk viktig tilråding

**FORMANNSKAPET I SOGNDAL** vil samrøystes gje både Hotell Mundal i Fjærland og Kaupanger Hovudgård fritak for eigedomsskatt. Dette er ikkje minst ei symbolsk viktig tilråding.

*Det handlar om å behandla viktige kulturminne i kommunen likt og det må formannskapet få ros for at dei viser vilje til å gjera.*

**MANGE SOM LES** Sogn Avis vil hugsa den dramatiske meldinga om at hotelleigar Ola Moe hadde sendt søknad til Sogndal kommune om å få riva ærverdige Hotell Mundal i Fjærland sist sommar. Etter fleire års forfall har hotellet trong for ei omfattande oppgradering.

**BREVET FRÅ SOGNDAL** kommune om at det ville bli innført eigedomsskatt for hotellet fekk det til å koka over for hotelleigar Moe, som nok fekk den merksemda og dei reaksjonane han var ute etter, då rivingssøknaden vart kjend.

**NO ER DET** neppe slik at det er bortfall av dette skattekravet frå Sogndal kommune åleine som vil berga det 125 år gamle hotellet, men det er sjølvsagt viktig nok i den situasjonen som hotellet er i. Men truleg er nok det viktigaste likevel symbolikken. Her viser dei folkevalde i formannskapet at dei er opptekne av rammevilkåra for ei så historisk viktig reiselivsverksemd som dette hotellet i Fjærland faktisk er.

**OG HOTELLEIGAR OLA** Moe konstaterer at dette syner at politikarane i Sogndal har ei god haldning og er villige til å få til ting. Me ser ikkje vekk ifrå at dei folkevalde tykkjer det er litt kjekt å endeleg få litt ros i årets lange følgjetong om eigedomsskatten.

**ME NOTERER DET** også som positivt at det same formannskapet vil gje Kaupanger Hovudgård fritak frå eigedomsskatten. Det skjedde etter at Arne Glen Flåten (H) peika på at det ville vera rart å gje Mundal fritak, men ikkje Kaupanger Hovudgård. Det handlar om å behandla viktige kulturminne i kommunen likt og det må formannskapet få ros for at dei viser vilje til å gjera.

**DET ER KOMMUNESTYRET SOM** har det siste ordet i slike saker, men med ei samrøystes tilråding frå formannsskapet er det nok klart at det blir slik. Det er kommunestyra som med heimel i eigendomsskattelova § 7 kan velja å frita eigedomar heilt eller delvis for eigedomsskatt.

**MELLOM EIGEDOMMAR SOM** det kan søkjast for er dei som høyrer til stiftingar eller institusjonar, som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten, eller det punktet som formannskapet i Sogndal har nytta, nemleg punkt b, Bygning som har historisk verdi.

redaksjon@sognavis.no

**Sogn Avis**
er ei partipolitisk uavhengig avis for Indre Sogn. Avisa blir trykt hjå Sogn og Fjordane Avistrykk as, Førde.

REDAKTØR:
Jan Inge Fardal

DAGLEG LEIAR
Leif Johannes Lunde

www.sognavis.no

Sei meininga di om lesaren på sognavis.no



*SOGN BARNEVERN: Ikkje gløym den viktigaste samarbeidspartnaren, familiane, er meldinga til leiinga for Sogn banevern i dette lesarinnlegget.* (Arkiv)

# Barnevern eller barnevernsvern?

Me veit at det gjer ilt og kan skada kvaliteten på jobben å bli kritisert i avisa og ikkje kunne forsvara seg på grunn av teieplikt. Men oppslaga i torsdagsavisa («Problem-etat nesten friskmeld») og laurdagsavisa («Nye alvorlege skuldingar mot Sogn Barnevern») krev kommentarar.

Det er påstandar om trakassering og omplassering av tilsette, og om manipulering av rapportar. Det er sådd tvil om truverdet til kjeldene. Etter å ha lese avisoppslaga tek me verkeleg til å tvila på truverdet til leiinga òg.

Det står at dei fleste tilsette har vore opptekne av å levera forsvarlege tenester. Synd viss dette er dei 10–12 som snart er raderte vekk.

Men kvar vart det av den viktigaste samarbeidsparten? Me tenkjer sjølvsagt på dei familiane det gjeld.

Det er borna som er dei største ekspertane på korleis dei har det, sjølv om dei ikkje alltid greier å setja rette orda på det.

Det er foreldra som er dei største ekspertane på kva borna deira treng.

Det er familiane sjølve som i dei aller fleste tilfella er best kvalifiserte til å byggje seg opp att etter tunge tider. Ja vel, dei treng kanskje hjelp og rettleiing for å «bli friskmelde», men dette betyr ikkje at dei skal umyndiggjerast.

Det er ikkje sikkert at fagfolka veit betre enn dei aktuelle familiane kva som er best for dei. All verdas kunnskap er lite verd viss fagfolka gløymer at dei er familiane sin verktøykasse og ikkje omvendt.

Dei som misbrukar stillinga og kunnskapane sine for å tvinga fram bestemte løysingar, vil aldri få full tillit frå verken kollegaer eller borna og familiane som dei er tilsette for. Og utan gjensidig tillit frå topp til golv: Korleis kan ein innbilla seg at ein nokon gong skal få til eit godt samarbeid?

**Margot Ryssdal, Trude F. Lunde, Hallgeir Lunde**
**Balestrand**

# Avis-skandalen er reell

**Kjell Opheimshaug frå Marifjøra skriv i Sogn Avis onsdag 16. november:**

«Hadde manglande avislevering på laurdag vore i Oslo-gryta, hadde det vore ein nasjonal skandale, som det måtte ryddast opp i sporenstreks.»

Eg har fått to dagsaviser, som ikkje kjem ut i Oslo, til heimeadressa kvar laurdag, levert av Posten, etter at det vart slutt på vanleg postombering laurdag 5. mars. Det fungerte fint – fram til Kvikkas-regjeringa slo til. Etter det har det ikkje kome ei einaste laurdagsavis. Heller ikkje har eg høyrt rop om skandale.

Skandalen er reell, men det er ikkje alltid berre grisgrendte strok som får li.

**Tor Gabrielsen**
**Grønland, Oslo**

5ff797:faf0efef-f70a-48c3-8241-ba761028b7fb:51

BILAG 20


# Sogn Avis

Tysdag 6. desember 2016 • Nr. 237 ÅRETS LOKALAVIS Laussal kr. 30,-



LEDIG ANNONSEPLASS tlf 57 65 60 00


■■ Var på rett veg ■■ Hemmeleg rapport



# Kvifor gjekk det gale i barnevernet?

Ein intern hemmelegstempla rapport frå våren 2015 viser ein konflikt mellom leiinga og to tre tilsette på den eine sida og 10 til 12 tilsette på den andre. Så godt som alle som høyrde til majoriteten er no ute av barnevernet. Rådmann Jostein Aanestad i Sogndal meiner det er svært uheldig at Sogn Avis skriv om rapporten.

Side 4 og 5



## Ny nedtur for fengselet

VIK: Trude Brosvik er skuffa over at det heller ikkje denne gongen er sett av pengar i statsbudsjettet til utviding av Vik fengsel

Side 6



## Venting i vente

VIK: – Det vil bli stengingar på vegen og styrt trafikkavvikling ved Galden dei neste dagane, seier Svenn Egil Finden. I tillegg er ferja Ivar Aasen sett ut av spel

Side 7



## Full klaff

OSLO: Vegard Eikevik (15) skaut til siger under Oslo Open. Han klinka blant anna til med 250 poeng og 20 innertiarar i den innleiande runden

Side 9




## Bring med storkjøp

**LEIKANGER:** Bring har kjøpt i alt 250 lastebilar som rullar ut på norske vegar i løpet av 2017. Dette er topp moderne køyretøy med nye Euro 6-motorar. Avtalen om cirka 130 Scania-bilar blei inngått i vår og i tillegg er det no inngått avtale med Volvo og Mercedes om kjøp av rundt 120 bilar. Posten Norge har i alt 950 lastebilar i Noreg, og det blir jamleg føreteke utskifting av bilparken, for å sikra ein moderne flåte. – Det er viktig for oss å ha ein oppdatert bilpark med lågast mogleg utslepp. Desse nye bilane har svært god driftstryggleik. Det gir høg kvalitet i leveransane til beste for både oss, våre kundar og samfunnet, seier konsernsjef Tone Wille i Posten Norge. Bring tilbyr eit stort spekter av transportløysingar, og leveransane omfattar både skapbilar, containerbilar, trekkarar og kipp-bilar – det er bilar som fraktar containerar mellom Bring-terminal og til jernbanen.

## Sogn Avis rettar:

**LUSTER:** I artikkelen frå boksleppet av Lokalhistorisk årbok for Luster stod det at eitt av dei tre sogelaga som har bidrege til boka heiter Veitastrond historielag. Dette er ikkje rett. Det er tre sogelag i Luster kommune, og dei rette namna er Hafslo sogelag, Jostedal historielag og Luster sogelag. Sogn Avis orsakar feilen.

# eg

## unen har gode nok system



på rett veg, viser ein rapport frå ein ekstern konsulent. (Foto: Håvard Nesbø)

Dersom det kjem fram vitnemål om at personar opplever trakassering på arbeidsplassen, har då kommunen gode nok tiltak å sette inn og kjem tiltaka tidsnok?» spør konsulenten.

### God læring

Det vert peika på at det er lang tid når tilsette ventar i fleire år før arbeidsmiljøet vert betra. «Fleire medarbeidarar har slutta i denne perioden fordi dei ikkje orkar belastninga. Ettertida kan vere ei god tid for å lære. Kunne noko ha vore gjort annleis for å løyse situasjonen tidlegare?» spør den eksterne konsulenten.

Det vert avslutningsvis konstatert at det er kommunisert frå rådmannen at ein ynskjer endring i leiarstil. «Det ser ut som om det no er på plass. Fleire personar har vore særleg utsette og dei kan trenge tydelege signal som orsakar det dei har vore utsette for. Denne type oppreising kan vera avgjerande for at dei kan gå vidare med rak rygg og leggje bak seg det vonde. Det kan tenkjast at det er attståande arbeid her i høve til dei mest utsette. I slike saker er det avgjerande kvar orsakinga eller støtta kjem frå. Den vil vege tyngre jo høgare i hierarkiet avsendaren sit», skreiv den eksterne konsulenten våren 2015. Og det i ein rapport som både Sogndal kommune og Fylkesmannen meiner at allmenta ikkje burde få vita noko om.

Jan Inge Fardal
jan.inge.fardal@sognavis.no



**INTERN:** *Rådmann Jostein Aanestad meiner det er svært uheldig at Sogn Avis fortel om innhaldet i denne rapporten.*

# Rådmannen vil ikkje kommentera rapporten

**SOGNDAL: Rådmann Jostein Aanestad ønskjer ikkje å kommentera innhaldet i ein ikkje offentleg rapport.**

Rådmannen viser til tidlegare uttale i Sogn Avis, men peiker på at påstandar om at det har funne stad mobbing og trakassering i Sogn barnevern er undersøkte, og at han ikkje finn grunnlag for slike alvorlege påstandar.

*– Betyr det at du nektar for at det har vorte betalt ut 150.000 kroner i erstatning til tre tilsette i Sogn barnevern for mobbing og trakassering?*

– Dette har eg svara på til Sogn Avis før, svarar Aanestad i ein e-post.

Rådmannen meiner elles det er svært uheldig at Sogn Avis vel å publisera innhald i ein rapport som Fylkesmannen har vedteke skal vera unnateke offentleg innsyn.

– Det er allment kjent at det tidlegare har vore omfattande arbeidsmiljøproblem i Sogn barnevern. At redaktøren i Sogn Avis vel å publisera detaljar kor einskildpersonar vert identifisert og som han meiner finst i ein intern rapport om tidlegare arbeidsmiljø i Sogn barnevern har ikkje allmen interesse, og slik publisering vil ramma dei som har vore ein del av denne konflikten.

### Anna jobb

*– Kva skjedde med barnevernsleiar Hanne Veum, og kvifor forsvann ho frå sin jobb?*

– Hanne Veum har annan jobb i Sogndal kommune, seier Aanestad

*– Rapporten stiller m.a. spørsmål ved om kommunen har gode nok system for å vareta tilsette som varslar om trakassering med meir. Sogn Avis er kjende med at det no ligg eit slikt varsel frå januar 2016 og to frå juni 2016 som ikkje varslarane har fått tilstrekkelege tilbakemeldingar på, trass fleire purringar. Kva seier det om korleis systemet fungerer – og er det tidsnok?*

– Me har system for å fanga opp og handsama varsel. Varsel som er komne inn i denne saka er handsama av rette vedkomande. Eit varsel kan handsamast av leiinga eller av varslingssekretariatet. Varselet frå januar -16 vart handsama og svara på umiddelbart. Varsla frå juni 2016 er det diverre teke noko tid å handsama som følgje av ny samansetjing av varslingssekretariatet. Varslingssekretariatet har no handsama desse varsla og sendt dei over til rådmann for vidare oppfølging, seier rådmann Aanestad.

### Set stor pris

*– Rapporten fortel at rådmannen ynskte endring av leiarstil. Har du fått den endringa du ville ha?*

– Dei tilsette har nyleg omtalt sin leiar som ein leiar som stiller krav til medarbeidarane, og som gjev rettleiing og konstruktive tilbakemeldingar. Dei tilsette seier dei har ein god arbeidsplass og at det faglege fokuset er stort. Dette er meldingar eg set stor pris på, og som fortel om eit godt arbeidsmiljø og gode relasjonar mellom leiar og tilsette, seier rådmann Jostein Aanestad.



BILAG 21


# Sogn Avis

Torsdag 8. desember 2016 • Nr 239 ÅRETS LOKALAVIS Laussal kr. 30,–



Sogn Synssenter
Parkvegen 15, Sogndal
Briller/kontaktlinser
Tlf.: 57 67 50 50
Offentleg godkjend optikar Odd Gjerde


# Grove avvik i barnevernet

## Kommunen innrømmer svikt

Fylkesmannen har gjennom eit omfattande tilsyn sett Sogn barnevern i korta. Rapporten konkluderer med fleire alvorlege brot på barnevernslova. – Funna i tilsynet indikerer at det er stor fare for manglar ved

## Tilsyn

tenesteytinga frå barnevernet i denne perioden, seier Jarle Aarvoll, ordførar i Sogndal.

Side 4 og 5



## Pengar til park

VIK: – Eg er svimeslegen, seier Ragnhild Fjærestad då ho fekk høyra at Gjensidigestiftelsen gjev 600 000 kroner til Vik idrettslag Side 10 og 11



## Sa ja til storregion

LEIKANGER: Eit solid fleirtal i fylkestinget sa i går ja til planane om ein ny stor vestlandsregion

Side 6 og 7

## Fullbooka på eitt døgn

Side 20

# Ramona hoppar i det



ÅRDAL: Ramona Szabo brenn for styrkjetrening og vil ha årdølene opp av godstolen. No sluttar ho i solindustrien for å bli sin eigen sjef.

Side 18 og 19


Torsdag - søndag
Minst 50%
rabatt på adventsbelysning!
Søndagsåpent 11.des, kl. 14-18
Bohus
SOGN
Kaupanger - Tlf: 57 67 74 40




# Nok ein runde om barnevern

**SOGN AVIS HAR** i mange månader freista å finna ut kva som har gått gale med Sogn barnevern. For same kva rådmann Jostein Aanestad, noverande barnevernsleiar Hadle Blikra og ein del av dei nytilsette i barnevernet påstår, er det svært urovekkjande at rundt eit dusin barnevernsfagleg tilsette har forsvunne frå denne tenesta i løpet av dei siste to åra.

*Og at vårt einaste mål i denne saka er å finna ut korleis det kunne gå så gale for så mange i ein organisasjon som dette.*

**ME REGISTRERER AT** fleire av dei heilt ferske, nytilsette i Sogn barnevern er nesten panegyriske i sin hyllest av arbeidsplassen og sjefen sin. Men me noterer også at to-tre av desse, som var på leiinga si side den tidlegare konflikten i etaten, framleis er i barnevernet – medan majoriteten frå den konflikten – dei 10–12 barnefagleg tilsette, er vekke alle som ein.

**DETTE KUNNE KANSKJE** ha passert utan at nokon reagerte på det, i ein annan organisasjon. Det er også mykje som tyder på at det er i fleire si interesse at så hadde skjedd, at denne totale utskiftinga av personell, nedbygginga av kompetanse og erfaring i Sogn barnevern skulle gå heilt upåakta hen.

**MEN ETTER AT** ein hemmelegstempla konsulentrapport om tilhøva i Sogn barnevern, anonymt vart levert til Sogn Avis, meiner me at det er grunn til å be om ein grundig analyse av kva som har skjedd og kvifor.

**OG HER BØR** dei kommunane som står bak Sogn barnevern gjera som Helse Førde sitt styre har gjort den siste veka, dei bør bestilla ei ekstern gransking. Og i denne granskinga må kvar einaste som har jobba i Sogn barnevern dei siste to–tre åra intervjuast.

**SOGN BARNEVERN ER** ei alt for viktig teneste, for alt for mange sårbare familiar, til at me kan akseptera at det kan stillast spørsmål ved måten denne tenesta fungerer på. All uroa sidan våren 2015, og den massive endringa i den faglege staben, gir grunnlag for å stilla slike spørsmål, same kva rådmannen i Sogndal freistar å skapa inntrykk av.

**ME NOTERER SJØLVSAGT** at rådmannen beklagar at Sogn Avis og allmenta i det heile har fått noko innsyn i det som har gått føre seg i Sogn barnevern. Og endå verre at me faktisk har publisert noko frå den interne rapporten. Me kan forsikra om at dette er gjort etter grundige vurderingar, og at svært mykje frå den hemmelegstempla rapporten enno ikkje er offentleggjort. Og at vårt einaste mål i denne saka er å finna ut korleis det kunne gå så gale for så mange i ein organisasjon som dette.

**DEN HEMMELEGSTEMPLA RAPPORTEN** viser at Sogn barnevern var på rett veg ved årsskiftet 2014–2015. Det store spørsmålet er kvifor det har gått så gale etterpå og kvifor råda i denne rapporten ikkje er tekne omsyn til. Kan du svara på det, rådmann Jostein Aanestad?

redaksjon@sognavis.no

**Sogn Avis**
er ei partipolitisk uavhengig avis for indre Sogn. Avisa blir trykt hjå Sogn og Fjordane Avistrykk as, Førde.

REDAKTØR:
Jan Inge Fardal

DAGLEG LEIAR:
Leif Johannes Lunde

www.sognavis.no

Sei meininga di om lesaren på sognavis.no

# Budsjettkutt og kult

Fri vilje og kultur har vore viktige grunnsteinar i lokalsamfunna våre i over hundre år. Sjølv om vi har sterke miljø som får til mykje, blir desse nedprioritert i statsbudsjettet til Regjeringa. Dette er ei ærleg sak, men vi er i alle fall krystallklar i våre prioriteringar.

Med alt frå 4H til Røde Kors og Eldrekafé, er det ingen tvil om at det frivillige engasjementet både skaper og gleder. Samstundes som Regjeringa gir skattekutt til dei rikaste, reduserer dei frifondsmidlane som går til fri vilje for born og unge. I praksis kan dette føre til mindre pengar, mindre føreseielegheit og mindre aktivitet. Det stemte vi sjølvsagt imot.

Samstundes lempa regjeringa det økonomiske ansvaret for frivilligsentralen til kommuneøkonomien i samband med kommunereforma. Det betyr at desse no vil stå som ein potensiell salderingspost når kronene skal sparast inn i kommunen. Framfor å gi dei frivillige miljøa kutt og uvisse, burde vi heller støtte opp om arbeidet deira.

Vi kjenner alle ein spire som har fått vere med i UKM. Her får barn og ungdom sjansen til å gå scena med alt frå dans og musikk til trylling og andre overraskingar til stor glede for både deltakarar og publikum. Det handlar ikkje om å vere best, men heller å få vise fram, og få dele sin indre glød og entusiasme med andre menneskje.

Veksten til UKM har vore heilt enorm dei siste åra, men for at dei skal kunne halde fram med same utvikling, må vi også stille opp med dei nødvendige kronene frå politisk hald. I vårt alternative budsjett var det spikra på plass ti millionar kroner ekstra til UKM. Diverre var ikkje regjeringa einig i framlegget vårt. Dette er sjølvsagt leitt for ungdomskulturen, men vi skal ikkje gi oss med det første.

Trivsel og fellesskap er rett og slett viktig for helsa, og dette gjeld like mykje for eldre som for born. Vi treng aktivitetar, møteplassar og kulturopplevingar slik at dei eldre kan leve eit langt og aktivt liv. Vi ønskjer difor å øyremerkje 45,8 millionar kroner til «Den kulturelle spaserstokken», samt 47,3 millionar kroner til aktivitetstilbod i kommunane.

Saman med entusiastar og frivillige kan dette utrette ein forskjell. Vi kunne sagt mykje om helseeffektane av meir kultur i eldreomsorga, men kanskje det er like greitt å seie slik: Dette handlar om å gi dei eldre nokre varme opplevingar slik at dei kan få litt glød i kinna, og glede i kvardagen.

Framlegga våre fekk ikkje støtte frå dei borgarlege partia,

# «Tal dialekt, skriv nynorsk»

I eit innlegg i Sogn Avis undrar Martin Eggum seg over at så mange i nynorskland skriv på dialekt når dei ytrar seg i ymse medium. Dette har også eg lagt merke til, og eg også har sett at dette «skriftspråket» som oftast er ei blanding av dialekt, bokmål og nynorsk. Innhaldet i desse ytringane kan vere så som så, men verre er det at dette blandingsspråket gjerne vert eit «kaudervelsk», som er vanskeleg å forstå og upresist. Så kan ein fundere på kva som er årsaka til at dette «skriftspråket» i stor grad har overteke den plassen som nynorsknormalen tidlegare hadde. Resultatet er i alle fall at parolen som tidlegare heitte «Tal dialekt, skriv nynorsk» no har vorte til «Tal dialekt, skriv dialektliknande om det passar deg som sogning, sunnfjording osv. og gløym alle reglar for korrekt attgjeving av målføret.

Grunnen til at ein har fått dette «skriftspråket», heng nok i stor grad saman med utviklinga av internett og moderne medium som E-post, SMS, Internett, Facebook, Twitter osv. Her gjeld ofte om å skrive fort, og då er det mest lettvint å ty til dialekten som ein kan presentere utan å ta omsyn til hemmande rettskrivingsreglar som i normalspråket. Men årsaka er nok også at ein i moderne medium som, internett, reklame osv. finn svært lite nynorsk. Og dette gjer at særleg ungdomen, også i «nynorskland, les og høyrer svært lite nynorsk. Og ikkje nok med at folk les lite nynorsk, men nynorsknormalen er også langt på veg avløyst i t.d. medium som NRK, der programleiarane får snakke meir eller mindre god dialekt. Det står vel heller ikkje så bra til i skuleverket, der elevane gjerne berre møter lærarar som snakkar dialekt og som kanskje har mangelfull kjennskap til nynorsk grammatikk.

Kva skal ein så gjere for å gje nynorsken «eit spark i baken» og for at parolen «Tal dialekt, skriv nynorsk» verkeleg skal gjelde i våre dagar?

Eg har vel ikkje noko godt svar, men Martin Eggum si løysing med å innføre ein «høgstil – eller høgprosanynorsk» med «upp» og «kvinner» og så «bortetter» har eg inga tru på. Dette vil nok få endå fleire til å sky nynorsken. Eg trur i alle fall at om nynorsken ikkje skal døy ut som skriftspråk, må han få større plass i massemedia både som skriftspråk og som talespråk. Elles vert han berre eit språk for nokre lærarar, forfattarar og byråkratar og døyr sakte på sotteseng.

**Jon Farestveit**
**Sogndal**

## Plan for idrett og fysisk aktivitet

**GAUPNE:** – Dette er ei fantastisk sak, at det er så stor aktivitet i Luster. Det sa Arne Johannesen frå Ap då formannskapet handsama Handlingsprogram for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2017–2019. Også ordføraren Ivar Kvalen tykte det var ein stor og omfattande plan som viser stor aktivitet i Luster. Handlingsprogrammet vert lagt til grunn for søknadane om spelemidlar for 2017. Elin Hauge i Ap viste til at på Ungdommens kommunestyre var det tre ting som var viktige for dei, nemleg Friskhuset, Motorcrossbana og opprusting av idrettshallen. – Dette er signal me må ta med oss, sa Hauge. Luster idrettsråd har samrøystes slutta seg til planen. Det er kommunestyret som skal ta endeleg stilling til planen.

## Semitrailer i grøfta

**LEIKANGER:** Riksveg 55 mellom Leikanger og Hella var stengd onsdag medan det pågjekk bilberging av ein semitrailer. – Det er ein tankbil som har køyrt utfor med det eine hjulet og som må ha bilberging for å koma opp att, fortalde Ketil Molvær på Vegtrafikksentralen. Uhellet skjedde eit par kilometer vest for Leikanger. (Foto: Innsendt)



# ...ernslova

## ...Mange avvik



...funne hjå Sogn barnevern som svært alvorlege. (Arkiv)



*HAGAFJELLET: Sogndal stasjon er den største av dei seks transformatorstasjonane som er bygde inn i den nye 420 kV-lina mellom Sogn og Sunnmøre, no blir krafta handtert oppe i på fjellet mot tidlegare inne i busetnaden i Fardal.* Foto: Statnett.

# Den nye stasjonen i full drift frå tysdag

**FARDAL:** Tysdag ettermiddag blei krafta skrudd på i den nye tretti mil lange 420 kV-lina mellom Sunnmøre og Sogndal stasjon.

– No kan Sogn og Fjordane og Midt-Noreg gå vinteren trygt i møte, seier kommunikasjonssjef i Statnett, Martha Hagerup Nilson.

### – Tryggjer forsyninga

Ho seier den nye kraftkoplinga mellom Sogn og Sunnmøre tryggjer forsyninga for båe regionane, Sogn og Midt-Noreg.

– I tillegg legg den nye lina til rette for oppkopling av ny kraft, seier kommunikasjonssjefen.

*– Kan småkraft og anna som har stått på vent kopla opp ny produksjon no?*

– Ja, no er det berre å kopla seg opp, nettet er no dimensjonert opp med tanke på nytt forbruk og ny produksjon.

### Koplingsstoggen

Det var i 2009 at Statnett stogga all ny tilkopling på denne aksen. Dette blei oppheva tidlegare i år, ved at avsnittet Høyanger–Ørskog blei opna.

I mellomtida har atskillege småkraftverk her i fylket stått på vent. Dei fekk ikkje ut produksjonen grunna for knapp kapasitet på den eksisterande overføringa.

### Har halde ramma

No er den siste delen, Høyanger–Sogndal stasjon (Fardal), på plass og i drift. Dermed er heile den lange 420 kV-lina frå Sognefjorden til Sunnmøre klar for innsats.

– Ørskog–Sogndal er med sine tretti mil og seks nye transformatorstasjonar det største kraftleidningsprosjekt i Noreg, seier Martha Hagerup Nilson, som kan slå fast at anlegget er halde innanfor den finansielle ramma, 5,5 milliardar, trass i eitt års forseinking.

Terje Eggum
terje.eggum@sognavis.no



BILAG 22











# Sogn Avis

Laurdag 10. desember 2016 • Nr. 240 ÅRETS LOKALAVIS Laussal kr. 30,-



Toyota Sogn

Bestill service, PKK, dekkhotell: T 57 67 66 66




# Leikar seg i julestemning

■■ Gamle songleikar ■■ Stor iver

– Songleikar er ein del av kulturskatten og det er viktig å føra kunnskapen vidare til nye generasjonar. Det seier Oddlaug Hammer (87). No skal ho skal læra born songleikar som var vanlege for over 80 år sidan. Dei yngste medlemane i Krudlalaget storkoste seg under den første økta på Kaupanger skule.

Side 24 og 25



## Håpar på Frp-Siv

ÅRDAL: Kraftkommunar håpar at finansminister Siv Jensen gir etter for kravet om å senka kapitalfiseringsrenta

Side 4 og 5



## Hard kritikk mot rådmannen

LEIKANGER: Henny Kristin Asperanden Naversete (Ap) målbar krass kritikk mot sogndalsrådmann Jostein Aanestad i barnevernssaka

Side 6


Søndagsope
11. desember
kl. 14.00-18.00
PYRAMIDEN

## Får fritak

**LEIKANGER:** Erlend Fardal Lunde har meldt flytting frå Leikanger til Bergen, og har søkt om fritak frå vervet som medlem i Leikanger kommunestyre. Kommunestyret vedtok samrøystes å stø søknaden. Alison Lysholm Furehaug Molland rykkjer opp som fast medlem i kommunestyret, og det vert gjort opprykk på varamannslista til Arbeidarpartiet. I same periode rykkjer Alison Lysholm Furehaug Molland opp som fast representant i kontrollutvalet. I sameperiode vert det gjort opprykk på varamannslista til kontrollutvalet.

## Skulen feira landslinja

**STRYN:** – I åra framover skal me laga det beste skiskyttarmiljøet i Noreg, sa rektor Anders Bruvoll då Stryn vidaregåande skule inviterte elevane på kakefest for å feira vedtaket om landslinja. – Dette handlar om å utvikla vidare og gjera endå betre det me har i dag, der me har spissa toppidrettsmidlar frå fylket til skiskyting i kombinasjon med allmennfag, seier Anders Bruvoll til Fjordingen.

## Opnar kontor i Brussel

**LEIKANGER:** EU-finansiering av utvikling og vekst blir stadig meir attraktivt for norsk næringsliv. For å kunna hjelpa bedrifter som søkjer finansiering frå EU endå betre, opna Innovasjon Norge torsdag kontor i Brussel. Kontoret skal gje praktisk bistand og støtte til bedrifter som søkjer EU-midlar og i tillegg bidra til å gjera norske aktørar og interesser meir synlege i Brussel, skriv IN i ei pressemelding.



*FORTVILAR: – Barnevernet må me kunna stola på, og dei må levera tenester i tråd med lova, seier Henny Kristin Asperanden Navarsete t. h., her i samtale med Trude Risnes og Marit Mellingen, tre av 17 som reagerer sterkt på fakta som kjem fram i rapporten*

# Sterk kritikk mot rådmannen i Sogndal

## Slutt på tolmodet
## Krev eigarmøte

**LEIKANGER: – Har rådmann Jostein Aanestad god nok innsikt i barnevernstenesta?**

Henny Kristin Asperanden Navarsete (Ap) stilte spørsmålet på talarstolen i Leikanger kommunestyre då den forebelse rapporten frå tilsyn med Sogn barnevern kom opp som ekstrasak i kommunestyremøtet torsdag.

### – Alt var bra

I det politiske miljøet i Leikanger har det vekt sterke kjensler og reaksjonar på dei alvorlege avvika i tilsynet som Fylkesmannen har hatt på Sogn barnevern. Heile elleve av dei 22 meldingane som er lagde bort, kjem frå offentlege institusjonar som skule, barnehage eller helse. Og det er brot på teieplikt. Fleire som hadde ordet, viste til kva rådmann Jostein Aanestad sa då han var i Leikanger kommunestyret 15. september, og orienterte om Sogn barnevern.

– Han fortalde oss at det går så bra i denne viktige tenesta. For no hadde dei fått tilsette som fokuserer på jobben. Ein kan undra på om Aanestad har god nok innsikt i denne viktige tenesta som han må ha. Eg vil seia som Cecilie Njøs sa at det er ei sanning med modifikasjon, sa Asperanden Navarsete.

### Må kunna stola på

– Det er på tide at Sogndal kommune sluttar å sparka nedover, men tek ansvar som leiar av tenesta. Dei må syta for at tenestene som vert leverte, er fagleg forsvarlege og i tråd med lova. Eg vert så fortvila og lei meg når eg tenkjer over kva følgjer alle brota har hatt å seia for dei som treng hjelp, seier Asperanden Navarsete. Ho er særleg oppteken av at dei ikkje har noka tid å mista når det gjeld å barnevernet på rett kjøl att.

### Nedtur

– Eg ventar at dei no legg alle krefter til for å byggja opp att tilliten til barnevernet, seier Asperanden Navarsete, som ikkje legg skjul på at å lesa rapporten var ein stor nedtur.

– Kommunen har gong på gong spurt om korleis det går med arbeidet i Sogn barnevern. Eg ventar ein no følgjer denne saka tett på heile vegen fram til at Sogn barnevern fungerer som det skal, og me får ei teneste som me kan stola på.

### Mest alvorleg

– Som eigarkommune har me bede om eit eigarmøte i veke 4 eller 5. Me ynskjer ein snarleg revisjon via kontrollutvalet, sa ordførar Jon Håkon Odd (Ap). Han sa klart frå at kommunen har vore tydeleg at det er ikkje ein akseptabel situasjon i Sogn barnevern.

– Me må stola på at dei som treng hjelp, skal få hjelp. Mest alvorleg er det at det har vore for høg terskel for undersøking og tiltak. Me ventar at dette vert retta opp. Det er positivt at Fylkesmannen har gjort ei så grundig gjennomgang, sa ordførar Jon Håkon Odd (Ap).

### Ta ansvar

– Eg merkar meg avvika. Det seier det meste og er svært alvorleg. Denne saka må setjast høgt på dagsorden. Me må sjølvsagt ta ansvar for å vera sikre på at Sogn barnevern yter den tenesta dei skal, og tek vare på alle. Dette gjeld dei svakaste. No må me vera tett på, ta steg for steg, og få ein grundig gjennomgang og få ei teneste som fungerer, sa Trude Risnes (V).

– Det er ikkje Sogn barnevern som bryt lova, men kommunane som bryt lova. No må det ryddast opp. Det er brukarane det har gått utover, og det på ein svært alvorleg måte, sa Sindre Børsheim Ramung (Sp).

Sigrid Svartefoss
sigrid.svartefoss@sognavis.no

# Endeleg nokre gode spørsmål

**DET ER FØREBELS** ingen ende på tragedien Sogn barnevern. For det som har skjedd med barnevernstenesta i Sogn, for kommunane Balestrand, Leikanger, Luster og Sogndal dei siste åra, er rett og slett ein einaste lang tragedie.

*Det store spørsmålet er sjølvsagt kvifor så mange har vore sjukmelde så lenge!*

**OG DET ER** diverre meir enn god grunn til å stilla spørsmål om arbeidsforholda i barnevernet har gått ut over dei som treng denne tenesta, og ikkje minst kvifor det har gått så gale i 2015 og 2016.

**FOR, SOM DEN** interne rapporten me kommenterte sist torsdag avdekka, var mykje på rett veg rundt årsskiftet 2014–2015. Under dåverande barnevernsleiar Hanne Veum og dåverande kommunalsjef Aud Kari Isane var faktisk Sogn barnevern i ferd med å bli friskmelde. Men rapporten fortalde også at det framleis var utfordringar.

**DEN FØREBELSE TILSYNSRAPPORTEN** frå Fylkesmannen, som vart kjend onsdag, viser med full styrke kor viktige desse råda var. Og kor gale det har gått med Sogn barnevern utover i 2015 og i 2016. Avvika og brota på barnevernslova som Fylkesmannen har funne er så alvorlege at det må setjast inn drastiske tiltak.

**ME FØRESLÅR AT** dei fire eigarkommunane set ned eit interkommunalt, uavhengig utval som kan byrja med å snakka med alle som har jobba i Sogn barnevern dei siste tre - fire åra. Det kan umogleg vera dei som har vore sjukmelde sin feil at det har gått så gale med tenestetilbodet. Det store spørsmålet er sjølvsagt kvifor så mange har vore sjukmelde så lenge! Og kven som har ansvaret for det.

**ME NOTERER DET** som gledeleg at det omsider er politikarar som, heilt ope stiller relevante spørsmål til måten den øvste leiaren for Sogn barnevern- frå dag ein – rådmann Jostein Aanestad har handtert denne saka på.

**ME HAR – SJOKKERANDE** nok – til gode å sjå ein einaste folkevald i vertskommunen Sogndal stila spørsmål til måten Sogn barnevern har vorte leia på. Men sist torsdag gjorde Henny Kristin Asperanden Navarsete (Ap) nettopp dette – i Leikanger.

**«HAR RÅDMANN JOSTEIN** Aanestad god nok innsikt i barnevernstenesta?» spurde ho frå talarstolen i Leikanger kommunestyre. Spørsmålet kom då den førebelse rapporten frå det siste tilsynet med Sogn barnevern kom opp som ekstrasak.

**HO VISTE TIL** at sogndalsrådmannen hadde vore i Leikanger kommunestyre den 15. september og orientert om Sogn barnevern og at det som hadde kome fram i den orienteringa må det stillast spørsmål ved. Det er ikkje vanskeleg å vera samd med henne i det. Rådmann Aanestad har etterkvart mange spørsmål han må svara på.

redaksjon@sognavis.no

**Sogn Avis**
er ei partipolitisk uavhengig avis for indre Sogn. Avisa blir trykt hjå Sogn og Fjordane Avistrykk as, Førde.

REDAKTØR:
Jan Inge Fardal

DAGLEG LEIAR:
Leif Johannes Lunde

www.sognavis.no

Sei meininga di om lesaren på sognavis.no

# Grendeskular i Bale

Ved å kopla spørsmålet om eigedomsskatt opp mot grendeskulane, greier Sp og Venstre å gjera dette til ein konflikt mellom sentrum og utkant, og det er det grendene som har alt å tapa på. Det er i hovudsak i sentrum ein eventuell eigedomsskatt vil verta kravd inn. Å innføra eigedomsskatt er samtidig å ynskja Frp velkomne til å etablera seg i bygda. Er det verkeleg dette partiet Sp og Venstre vil ha inn i lokalpolitikken? Gjerne for meg, men det er ikkje likt desse to, akkurat!

Ved sidan av grendeskulane er eigedomsskatt ei symbolsk svært viktig lokalpolitisk sak. Ein viktig grunn for balestrendingar til å kjempa for å få vera eigen kommune, bør nettopp vera å unngå eigedomsskatt. Det er faktisk slik at Høgre burde vera våre fremste motstandarar av kommunereforma for å halda eigedomsskatten på avstand. Og Sp burde vera våre fremste motstandarar av eigedomsskatt for å mobilisera mot kommunesamanslåing. Når attpå til to parti som er prinsipielle motstandarar av eigedomsskatt likevel vel å fronta innføring av denne skatten, vitnar det om ei lite imponerande prinsippløyse.

På mange måtar er det sentrum som har mest å tapa på skulenedleggingane. Holmen er heilt avhengig av å vera kommunesenter for å halda oppe arbeidsplassar og tenestetilbod. Med den mote-ideologien som me ser i dag, at all vekst og utvikling skal skje i kommunesenteret, vil Holmen verta ribba for alle offentlege tenester og arbeidsplassar etter ei kommunesamanslåing. Og sjølvsagt vil holmingane kunna få gode og robuste tenester levert frå Leikanger, Høyanger eller Sogndal, men det er vel likevel ikkje heilt det dei fleste balestrendingar ynskjer seg?

Dessverre praktiserer Holmen i dag den same linja overfor sine eigne utkantar som det dei om svært kort tid kan koma til å verta offer for sjølve, linja om at alt skal samlast i kommunesenteret. Når me balestrendingar seier så tydeleg ifrå at det er slik det skal vera, så tyder det berre at folk vil tykkja endå mindre synd i oss når me om nokre år bed pent for biblioteket, sjukeheimen eller legekontoret.

For at det ikkje skal vera nokon tvil om det: Kommunen har råd til å halda oppe dei skulane som er i bygda. Kommunen brukar i dag nokså mykje pengar på det ein kan kalla trivselstiltak i, og rundt, sentrum. Det er ikkje noko gale i det, men i

# Kvikkas kan ikkje telje

Hei, ser de har hatt kontroll i Sogndalsdalen om levering av laurdagsavisa. Den første laurdagen fekk eg den ikkje. Dei tre andre laurdagane har eg fått to!

Det same veit eg er tilfelle hjå fleire. Ser ut som om Kvikkas har problem med å telje og at dei legg fleire aviser i postkassane berre for og bli kvitt dei. Meiner naboen min fekk fire sist laurdag.

**Inge Rolf Torstad**

# Unnskyld Sogn og Fjordane

Eg blir lei meg på dine vegne. Fleirtalet i fylkestinget, ditt eige fylkesting, meiner du ikkje er god nok. Ikkje ambisiøs nok. Ikkje sterk og stor nok. Ikkje handlekraftig nok. Ikkje moderne nok. Ikkje robust nok.

Når du vert større, får vi større vegar, større skular, større karakterar og større pengar. Større bønder også kanskje. Større skibakkar. Større butikkar. Større demokrati! Kan konkurrere med Oslo. Viss Bergen får bestemme. Bjørgvin. Danske-tida.

Du mitt kjære Sogn og Fjordane. Du sogning, sunnfjording og nordfjording. Du er min referanse. Min identitet. Mi stoltheit.

Merkevare. For dei som er opptekne av slikt, er du nettopp blitt det. Trivselsfylke. Skulefylke. Småskalafylke. Norges Sveits. Dette er noko å bygge på. Sjå Sogndal. Askeladden i fotball. Sno og høgskule i skjønn foreining. Kunnskapsklynge.

Skal barnebarna mine sitte å høyre bestefar fortelje dei om dette fenomenet, dette paradiset som ikkje kunne tolast? Som ikkje var straumlinjeforma slik departement og endringskåte politikarar ville ha det?

*Men når vårsol*
*i bakkarne blenkte,*
*fekk han hug til*
*si heimlege strand.*

*Og når liderna grønka som hagar,*
*når det laver av blomar på strå,*
*og når netter er ljosa som dagar,*
*kann han ingenstad vænare sjå.*

Mi bøn er at denne regionreforma går til helvete. Heldigvis ser det slik ut, i alle fall på landsbasis.

**Ove Farsund**
**Førde**

BILAG 23 A

Sogn Avis
Torsdag
15. desember 2016 • Nr. 244 ÅRETS LOKALAVIS Laussal kr. 30,–

Sogn Synssenter
Parkvegen 15, Sogndal
Briller/kontaktlinser
Tlf.: 57 67 50 50
Offentleg godkjend optikar Odd Gjerde

# Fusjon trugar studenthuset

■■ Kan bli lagt på is ■■ Nytt styre avgjer



Planane om eit nytt studenthus på Foss ligg klare og 15 millionar kroner er sett av til nybygget.
– Dette er ei stor sak, og det er ikkje noko som har blitt behandla av oss, seier Kristian Knudsen, direktør i den nye studentsamskipnaden. No er det opp til det nye styret å avgjera lagnaden til studentane i Sogndal si nye storstove.

Side 4 og 5

## – Leiinga har fått mange åtvaringar

**SOGNDAL:** – Det er provoserande å høyra korleis kommuneleiinga i Sogndal freistar å forklara seg vekk frå det ansvaret kommunen har for at det har gått så gale i Sogn barnevern, seier Jan Egil Haugland, fylkessekretær i FO.

Side 8 og 9





## Loven blir meir mobil

Side 10



## Blind blir skjelt ut

**LÆRDAL:** Blinde Inger Stokke er rysta over behandlinga ho får av feil parkerte bilistar i Lærdal

Side 6



## Vil kutta to skular

**LUSTER:** Inger Norberg og Luster Høgre vil ofra skular for å få budsjettet i hamn.

Side 12

*Noko er gale når ein 14-åring har bytt klubb to gonger.*

Kommentar
Side 18 og 19

7090005 151310

# Har fått mange åtvarin om tilhøva i Sogn barn

■■ Grunngjevne oppseiingar ■■ Sjukmelde kasta på dør ■■ Har

**SOGNDAL: I mange år, heilt sidan hausten 2013, har tilsette og tillitsvalde i Sogn barnevern freista å få fokus på lovbrota som vart avdekte i det siste tilsynet frå Fylkesmannen. Men dei er heile tida vorte avfeia av kommuneleiinga.**

– Det er nokså provoserande å høyra korleis ordførar Jarle Aarvoll og rådmann Jostein Aanestad freistar å forklara seg vekk frå det ansvaret Sogndal kommune har for at det har gått så gale i Sogn barnevern dei siste to åra. Det som Fylkesmannen har funne er nemleg leiinga varsla om gjentekne gonger, seier tidlegare plasstillitsvald i Sogn barnevern, Hege Liljedal og fylkessekretær i Fellesorganisasjonen (FO), Jan Egil Haugland.

Dei seier og dokumenterer til Sogn Avis at det ved fleire høve har vore varsla om desse feila, heilt konkret og med både rådmann Jostein Aanestad, kommunalsjef Marit Hagevik og barnevernsleiar Hadle Blikra til stades. Seinast under eit møte med tema: «Eit belastande psykososialt arbeidsmiljø» i Sogndal den 15. juni.

## Oppførsel

– Der vart det dokumentert at over månader og år hadde tilsette i Sogn barnevern gått ut av tenesta på grunn av eit belastande psykososialt arbeidsmiljø. Når tilsette har stilt faglege spørsmål kring saker og avgjerder den siste tida, har dei vortne møtte med utilbørleg oppførsel frå overordna leiing. Det eksisterer fleire grunngjevne oppseiingar, seier fylkessekretær Haugland. På det nemnde møtet kom det også fram at frå januar 2016 og fram til sommaren hadde det vore ei katastrofal utvikling på tal sjukmelde.

– Årsaka til majoriteten av sjukmeldingane var oppførselen til barnevernsleiar Hadle Blikra. Når tilsette stilte faglege spørsmål kring avgjerder og saker som ikkje vart følgde opp, vart dei sett på som vanskelege og utfordrande. Og dermed oppstod arbeidsmiljøkonfliktane, seier fylkessekretær Haugland.

## Vart kasta ut

«Det at så mange er sjukmelde gjer at familiar ikkje får den hjelpa dei treng. Det seier seg sjølv at dette gjer at FO stiller seg kritisk til forsvarlegheitskravet i tenesta», var den klare meldinga til kommunetoppane under dette møtet.

– Kommuneleiinga bad om å få dokumenta, og lova å svara med omsyn til tiltak me føreslo for å få ei betring i tenesta. Svaret har me aldri fått, seier Hege Liljedahl. Kommunalsjef Hagevik bad etter møtet den då sjukmelde Liljedal om å skaffa dokumentasjon på saker der dei var bekymra. Liljedahl og tidlegare tillitsvald var den 20. juni på kontoret for å skaffa denne viktige dokumentasjonen. Dei opplevde då å bli regelrett kasta ut frå kontoret av barnevernsleiar Hadle Blikra.

– Midt på lyse dagen, med kollegaer og klientar til stades, vart me fråtekne mobiltelefonane og nøklane våre og kasta på dør, fortel Liljedal om noko ho karakteriserer som ei grufull oppleving.

## Ingen tok tak

Under det nemnde møtet 15. juni kom det også fram at fleire tilsette meinte seg utsette for utilbørleg oppførsel frå barnevernsleiar Blikra, der han skal ha benekta ting han har sagt i plenum, med påfølgjande graverande oppførsel.

«Det å ikkje bli trudd når ein formidlar noko, eller at leiar ved fleire høve nektar for eigne uttalelsar, gjer til at medlemmane gruar seg for å ta opp ting. Det å vera kreativ og fleksibel for å gjera det best mogleg for klienten blir ikkje akseptert. Me føler ofte at leiar styrer over kvar enkelt sitt faglege skjønn», heiter det i eit notat frå møtet.

«Det å ikkje få utøva fagleg skjønn, bli utestengd frå samarbeidsmøte, nekta å treffa klientar, ikkje ha tillit eller respekt frå sin nærmaste leiar gjer at ein ikkje orkar å kjempa imot. Sjukmeldingane talar for seg – tilsette blir fysisk og psykisk sjuke av å jobba på ein slik arbeidsplass», heiter det vidare i denne uromeldinga til kommuneleiinga den 15. juni.

– Ingen tok tak i dette, seier Hege Liljedal. Ho har aldri har forstått kvifor den positive utviklinga i barnevernet under Hanne Veums leiing i 2014 og eit stykke ut i 2015, ikkje vart vidareført og fulgt opp som rapporten frå den eksterne konsulenten viste til.

## Endra seg

I det same notatet går det fram at dei tilsette hadde eit bra forhold til Blikra dei første vekene etter at han kom sommaren 2015. Det endra seg. «På eit personalmøte den 18. november 2015 opplever vi ei endring i noverande leiar sin måte leie på. På nemnde møte refererte Blikra til eit personalmøte i regi av verneombodet, han var svært kritisk til form og innhald i møtet. Blikra bad kvar og ein av dei tilsette å gå i seg sjølv og tenkje over kva ein formidla. Dette gjer at fleire tilsette ikkje føler at det arbeidstilsynet peika på i sitt pålegg vert respektert», heiter det.

Hege Liljedahl og Jan Egil Haugland viser også til eit møte den 10. september 2015 der dåverande kommunalsjef Aud Kari Isane sa at ei arbeidsgruppe med tilsette i barnevernet og den eksterne konsulenten hadde kome til at det skulle lagast planar for rettleiing, debrifing, fagleg oppfølging, personaloppfølging, introduksjonsprogram og oppfølging av nytilsette. Det skulle også lagast ein kompetanseplan for kontoret.

– Ingenting av dette har skjedd, seier fylkessekretær Haugland, som legg til at FO også presenterte ei rekke tiltak for å betra arbeidsmiljøet. Det var tiltak som likelydande informasjon til alle i tenesta, at konklusjonar frå t.d. sak i Fylkesnemnd vart formidla, og at det vart opplyst om saker som skal opp for nemnd. Bekymringsmeldingar skulle opplysast om på teammøte og kven som har fått saka – ikkje berre til enkeltpersonar slik det blir gjort i dag.

## Håna av leiar

Sist, men ikkje minst vart det sett fram krav om at leiar Blikra sin leiarstil måtte endrast, for tilsette må kjenna seg trygge på jobb, og at dei har ha støtte hjå leiar.

«Leiar må verte meir føreseieleg, og slutte med å hengje ut personar som både er til stades/ikkje er til stades. Konstruktiv kritikk kan gjevast på fleire måtar enn at medarbeidarar kjenner seg krenkte og hengde ut. Dei må få faglege råd og rettleiing i ei god ramme. Leiar må akseptere plasstillitsvalt si rolle. Evaluering av tiltak skal skje på personalmøte, der det er trygt å seia kva ein meiner. Innkalling til møte skal skje i god tid», heiter det.

– Me opplevde og ei endring på teammøta der me drøfta saker. Fleire opplevde å bli håna av leiar og slutta å meina noko. Færre og færre tok opp saker. I barnevernet er det særs viktig å snu alle steinar for å belysa sakene best mogleg slik at ein får eit tiltak som er til det beste for barnet. Me etterlyste nye bekymringsmeldingar utan å få svar. Få utvalde var no med på meldingsmøta, møta der ein avgjer om det skal opnast sak. Desse var dei som den eksterne konsulenten i den rapporten Sogn Avis har skrive om kalla «den uformelle leiinga». Me ser no at Fylkesmannen har avdekt det me frykta, nemleg at terskelen for å opna og undersøkja bekymringsmeldingar er for høg, seier Liljedahl.

## Omplasserte

Som eitt døme på forholda viser Hege Liljedal til eit møte som var i Sogn barnevern måndag 25. januar i år. Der stilte to teamleiarar spørsmål ved leiaren sin presentasjon av nøkkeltal i ein rapport.

– Brått såg tala for avvik mykje finare ut. Då dei to teamleiarane påpeika dette sprakk det fullstendig for Blikra. Seinare vart den eine teamleiaren omplassert og den andre sjukmeld. Det er nok eit døme i rekkja på at dei som seier frå om noko gale i Sogn barnevern vert utsett for represaliar. Det er djupt urovekkjande at me fleire gonger har påpeika dette til både kommunalsjef Hagevik og rådmann Aanestad utan at noko



*PROVOSERT: Fylkessekretær Jan Egil rer situasjonen i Sogn barnevern på.*












# gar
# evern

## :kje følgt opp

**Fakta:**

- Ulike tilsyn både frå Arbeidstilsynet og Fylkesmannen har sidan hausten 2013 avdekka meir eller mindre graverande forhold i Sogn barnevern. Sogn barnevern er også meldt til politiet og er framleis under etterforsking etter at ei 13 år gamal jente vart funnen død i fosterheimen i byrjinga av februar. Sist veke presenterte Fylkesmannen ein førebels rapport der det er avdekt fleire alvorlege brot på barnevernslova enn nokon gong før



*Haugland i Fellesorganisasjonen er provosert over måten kommuneleiinga i Sogndal har handtert og handte-*

har skjedd, seier Liljedal.

*– Trur du at rådmann Jostein Aanestad no er rett mann til å rydda opp?*

### Føler sorg

– Eg er skuffa over den mangel på handlekraft som han har vist i desse åra. Og mangelen på vilje til å gå inn i det som faktisk er problemet, seier Hege Liljedal som leverte si grunngjevne oppseiing ei veke etter at Blikra kasta ho ut frå kontoret og som er sjeleglad for at ho har fått seg jobb ein annan stad.

Ho fortel at både ho og fleire av hennar tidlegare kollegaer føler på sorg. Sorg for å ikkje ha fått høve til å gjera jobben sin ut frå eigen integritet, ikkje fått høve til å ha avskjedssamtalar og teke avskjed på ein god måte.

– Fleire av oss har symptom på traumatisering, fleire er framleis sjukmelde. Desse kjem aldri attende til Sogn barneven.

*– Kvifor står du fram med desse historiene no?*

– Målet med å snakka i media er ikkje å såra enkeltpersonar, men å synleggjera ein leiarstil på systemnivå det må gjerast noko med. Først då vil ein få ei forsvarleg barnevernsteneste til beste for sårbare barn og familiar, seier tidlegare plasstillitsvald i Sogn barnevern, Hege Liljedahl.

Jan Inge Fardal
jan.inge.fardal@sognavis.no







*SVARAR: Rådmann Jostein Aanestad svarar nok ein gong på alvorlege brot på barnevernslova i Sogn barnevern.* *(Arkiv)*

# Kjenner seg ikkje att i påstandane frå FO

**SOGNDAL: Rådmann Jostein Aanestad kjenner seg ikkje att i påstanden frå FO om at ordførar og rådmann freistar å forklara seg bort frå ansvaret for Sogn barnevern.**

– Eg har ved fleire høve vore tydleg på at ansvaret for Sogn barnevern har vore og er mitt, seier Jostein Aanestad. I pressemeldinga frå kommunen etter førebels tilsynsrapport frå Fylkesmannen heiter det at «ordførar og rådmann meiner at funna frå tilsynet er svært alvorlege».

– Me vil nytta tilsynsrapporten som grunnlag for vårt forbetringsarbeid, for å gje best mogleg tenester til dei born og familiar som treng det. Me har etterspurt meir informasjon frå Fylkesmannen som grunnlag for vårt arbeid med ein forbetringsplan. Forbetringsplanen skal vera ferdig i løpet av januar, opplyser rådmann Aanestad.

### Fare for manglar

Aanestad peikar vidare på at tilsynet frå Fylkesmannen er eit dokumenttilsyn.

– Dei forholda som er avdekte syner at det er fare for manglar ved tenesteytinga. Men dokumenttilsynet avdekkjer ikkje i seg sjølv manglande tenesteyting.

Jostein Aanestad seier vidare at kommunen også, etter uromelding knytt til einskildbarn frå FO i juni i år, har hatt ein grundig gjennomgang av desse i tenesta, utan å finna hald i påstandane deira.

### Alvorleg

Rådmannen finn det ikkje rett i å gå inn i dei interne prosessar som har vore i Sogn barnevern gjennom lang tid.

– Eg ser alvorleg på at artikkelen i Sogn Avis nok ein gong inneheld svært sterke påstandar mot kommunen og mot barnevernsleiar. Eg har undersøkt om det er grunnlag for påstandar som er sett fram, utan å finna det. Varslingssakene er under handsaming, opplyser Aanestad.

### Særs tilfreds

– Eg er særs tilfreds med at me no har ei stabil personalgruppe i Sogn barnevern, som uttrykkjer arbeidsglede og at dei trivst i jobben. Dei tilsette ynskjer å få jobba barnevernsfagleg og få arbeidsro til å gjera det. Mitt fokus framover er å leggja til rette for dette og det forbetringsarbeidet er no er godt i gang, sluttar rådmann Jostein Aanestad som også uttalar seg på vegner av barnevernsleiar Hadle Blikra og kommunalsjef Marit Hagevik.

*– Sogn Avis har fleire gonger bede om innsyn i barnevernsleiar Hadle Blikras CV. Får me det?*

– Innsynsførespurnaden på CV til Blikra er til handsaming og svar vil liggja føre i løpet av dagen, svara rådmann Jostein Aanestad i går ettermiddag.

BILAG 24



**Harde julepakkar**
Side 22 og 23


**Årdal:** Hekta på Lego — Side 24 og 25

**Luster:** Lys i tunnelen — Side 10 og 11

**Sogndal:** Historisk sus — Side 28 og 29

**Aurland:** Fekk gjev pris — Side 17



# Sogn Avis

Laurdag 17 desember 2016 • Nr. 245 ÅRETS LOKALAVIS Laussal kr. 30,-



Toyota Sogn
Bestill service, PKK, dekkhotell: T 57 67 66 66


# På veg ut av barnevernet

■■ Tynnsliten tillit ■■ Seier opp avtale



Balestrand kommune seier opp samarbeidsavtalen med Sogn barnevern før nyttår. I kommunestyret kom det klart fram at tilliten til leiinga i barnevernet er kraftig svekt. Ordførar Harald N. Offerdal og resten av dei folkevalde signaliserer at dei vurderer andre løysingar om det ikkje vert rydda opp straks.

Side 6 og 7



**Oppsving for Norsun**

Side 4 og 5



**Uroa over mobbing**

LEIKANGER: Dei folkevalde i Leikanger set inn tiltak for å få bukt med høge mobbetal

Side 12 og 13



**Sviande Ap-smell**

Side 14

# Seier opp avtalen før

## Med Sogn barnevern

## Krev opprydding straks

## Samrøyst

**BALESTRAND: Eit samrøystes kommunestyre i Balestrand seier opp samarbeidsavtalen med Sogn barnevern. Dette skjer før året er omme. Dermed har kommunen ryggen fri til å finna nye løysingar om eitt år.**

– For Balestrand kommunestyre er omsynet til at barn og unge i kommunen får naudsynt hjelp det viktigaste, seier Harald N. Offerdal.

### – Svært alvorleg

Ordføraren løfta Sogn barnevern inn på sakskartet som ei ekstrasak i det siste kommunestyret i 2016. Ap, H og KrF sitt forslag om å seia opp avtalen med Sogn barnevern fekk full støtte. Politikarane har ved fleire høve opp gjennom åra uttrykt uro for korleis Sogn barnevern fungerer. Fylkesmannen sin rapport og fleire medieoppslag i Sogn Avis gjer at tilliten er tynnsliten til dei som styrer denne viktige etaten.

– Me ser svært alvorleg på Fylkesmannen si oppsummering av dette tilsynet og dei lovbrota som her blir avdekte, seier Offerdal.

### Uroa

Han understreka at Balestrand kommune har ansvaret for å gje hjelp etter «Lov om barnevernstenester», men at Sogndal kommune er delegert ansvaret for å utføra dei oppgåvene kommunen har etter lova.

– Sogndal kommune har som vertskommune ikkje hatt naudsynte internkontrollrutinar som skal sikra at kommunen utfører oppgåvene i samsvar med krav fastsett i «Lov om barnevernstenester» eller i medhald av den same lova. Det uroar oss at Fylkesmannen trass i eit anna tilsyn som blei gjennomført i 2014 og skisserte forbetringstiltak etter dette tilsynet, gjennomfører eit nytt tilsyn hausten 2016 der ein avdekkjer forhold som me trudde var rydda opp i gjennom oppfølginga av det første tilsynet, seier Offerdal.

### Siste sjanse

I vedtaket som er forma ut er det fem punkt. Her heiter det blant anna at Balestrand kommunestyre krev at Sogndal som vertskommune no ryddar opp i forholda rundt Sogn barnevern og garanterer for kvaliteten i tenestetilbodet for sine innbyggjarar.

Det står også følgjande: «Balestrand kommunestyre vil få understreka at me ønskjer å halda fram samarbeidet og at Balestrand kommune vil bidra positivt til at Sogn barnevern etter kvart no kan fungera etter intensjonane i lovverket. I første omgang ber me om eit eigarmøte straks vertskommunen har utarbeidd ein plan som viser kva tiltak dei vil setja i verk for å retta opp avvika som blei avdekte i Fylkesmannen sitt tilsyn i haust. Det er difor viktig at Sogn barnevern skal halda ein god dialog med dei som dagleg har ansvar for tenester til barn og unge i Balestrand kommune.»

### Konsekvensen

For å leggja press på at det skal skje endringar til det betre, går altså kommunen til det steget at dei seier opp avtalen dei har.

«Dersom det i løpet av 2017 likevel ikkje blir retta opp i avvik og organisatoriske forhold, vil Balestrand kommune vurdera å trekka seg ut av samarbeidet. For ytterlegare å understreka alvoret i dette og for at Balestrand skal kunna få vurdert si deltaking i løpet 2017, vel kommunen difor å seia opp samarbeidsavtalen innan 31.12.16 for ei eventuell oppseiing frå 31.12.17. Kommunestyret pålegg rådmann og ordførar å følgja denne saka tett vidare»

Eirik Thue
eirik.thue@sognavis.no



PÅ VEG UT: Harald N. Offerdal og Balestrand

# – Svaret er ja

**BALESTRAND: Marit Hagevik er klar på at Sogn barnevern skal levera ei robust og profesjonell teneste til dei som treng det i Balestrand.**

Kommunalsjefen i Sogndal kommune og tenesteleiar i Sogn barnevern, Hadle Blikra, fekk 55 minutt til å orientera om status i Sogn barnevern då dei vitja Balestrand torsdag.

### Spørsmål

Politikarane nytta høve til å stilla spørsmål på slutten. Frode Kleppe Holgersen (KrF) spurde om balestrendingane kan vera trygge på at Sogn barnevern leverer ei robust og profesjonell teneste, som følgjer lova, i 2017?

– Svaret er ja. Me har no gjort greie for bakteppet og vist til at me har hatt vanskar med sjukmeldingar og for lite folk i tenesta. Men slik er det ikkje no, difor er svaret på spørsmålet ditt ja, svara Marit Hagevik.

### Avvik

– Kan me vera trygge på at det ikkje er fleire avvik enn det som har kome fram i rapporten frå Fylkesmannen, spurde Leif Gunnar Vervik (Sp).

– Eg kjenner ikkje til fleire avvik, svara Hadle Blikra.



PÅ PLASS: Marit Hagevik og Hadle Blikra var på plass i Balestrand for å orientera om statusen i Sogn barnevern

# Tåkeprat for tunghøyrde

**SOGNDAL: DET ER** ikkje lett å forstå korleis presumptivt oppegåande folkevalde, gong etter gong, kan lata seg forføra av bortforklaringar og tåkeprat. Eg veit ikkje kor mange gonger politikarar i Sogndal har høyrt rådmann Jostein Aanestad forklara seg om kor bra det no går i Sogn barnevern, men det er mange, og det er over lang tid.

**BODSKAPEN HAR KVAR** gong vore – «no går alt så bra, de må gløyma det som har vore».

**OG DEI FOLKEVALDE** har kjøpt dette kvar gong. Og takka for gode og grundige utgreiingar. Særleg lang hukommelse har dei tydelegvis ikkje. Ikkje ein folkevald i Sogndal har funne grunn til å stilla spørsmål ved korleis og kvifor rundt eit dusin velutdanna medarbeidarar (dei fleste med meir utdanning enn den noverande barnevernsleiaren) med lang erfaring, er borte frå denne organisasjonen dei to siste åra.

Det er nesten ikkje til å tru.

**ME HAR HELLER** ikkje registrert spørsmål i ope fora verken om rådmannens utbetaling av erstatning for mobbing av tilsette, eller om innhaldet i rapporten som den eksterne konsulenten leverte i fjor om tilhøva i barnevernet, og som Sogn Avis har skrive grundig om.

**DU SKAL IKKJE** ha veldig solid barnevernsfagleg utdanning for å forstå at denne type teneste og oppdrag må baserast på truverd, kompetanse og ikkje minst tillit – over tid.

**NÅR RÅDMANNEN FORTEL** om kor godt miljøet i Sogn barnevern er no, og kor godt alle arbeider og trivst, hoppar han over det faktum at ferske barnevernsfaglege medarbeidarar må bruka tid på å byggja opp naudsynleg tillit til born, familiar, fosterheimar osb. Slik Aanestad framstiller dette, verkar det nesten som han meiner at barnevernstenesta kan samanliknast med ei eller anna produksjonsbedrift, eller teknisk etat, for den del.

**KVIFOR SPURDE INGEN** om slike ting? Og om korleis kvaliteten på den tenesta som barnevernet har vore sikra med så stor gjennomtrekk? I staden lèt kommunestyret seg no torsdag vippa av pinnen av rådmannens mange statistikkar.

**EG GÅR UT** ifrå at alle i kommunestyret har fått den førebelse rapporten frå Fylkesmannen. Ein rapport som avdekkjer at kommunens styring av tenesta ikkje sikrar at praksis er i samsvar med gjeldande lovkrav. I sin gjennomgang til kommunestyret reduserte rådmannen denne rapporten til «berre» å vera eit dokumenttilsyn. Truleg for å redusera eventuell frykt for at born og familiar faktisk kan ha lidd under og av desse lovbrota.

**FAKTUM ER TIL** dømes at rapporten viser at elleve av 22 vektlagde meldingar kjem frå offentleg meldar. Altså frå førskulelærarar, lærarar og fagpersonar i barnehagar, skular og andre offentlege institusjonar. Ei av desse meldingane handla om mogleg vald, ei anna om at eit enkelt barns åtferd gav alvorleg bekymring

# nyttår

## s vedtak



kommune signaliserar at dei vurderer andre løysingar enn Sogn barnevern om det ikkje vert rydda opp straks.



**IKKJE TILLIT:** *Brit Sundgot meiner andre enn Sogndal skal ha vertskapsrolla for Sogn barnevern*

# – Har ikkje tillit lenger

**BALESTRAND: Brit Sundgot (SV) har ikkje tillit til at Sogndal kommune er i stand til å ta ansvaret som vertskommune for Sogn barnevern.**

Ho meiner difor at ein annan vertskommune må på plass.

– Dersom det ikkje lukkast å få ein annan kommune til å ta på seg vertskapsrolla, skal Balestrand kommune søkja andre samarbeidspartnarar for å løysa barnevernsoppgåvene sine. Aktuelle her er både Vik og Høyanger, seier Brit Sundgot.

## Forslag

Ho fremja forslaget, men trekte det etter debatten for at kommunestyret skulle stå samla i denne viktige saka. Vararepresentanten til SV er rysta etter å ha lese rapporten frå Fylkesmannen.

– Eg har lest mange rapportar, men aldri ein med så mange og omfattande avvik. Det er ikkje berre avvik som kjem fram her, men ein totalt slakt av tenestene. Fylkesmannen seier at kommunen systematisk juksar med tal og avsluttar saker utan nok informasjon. Det seier meg at Sogn barnevern er mest opptekne av å jobba kjapt nok og sleppa å ha Fylkesmannen på nakken. Dei er altså meir opptekne av det enn å undersøkja grundig nok om ungar får den hjelpa dei har krav på. Dette er kjempealvorleg. Det er sannsynleg at born her i Balestrand har måtte lida for at barnevernet ikkje fungerer slik det skal. Eg meiner Sogn barnevern har fått nok sjansar, eg har ikkje tillit til dei lenger, slår Sundgot fast.

## – No går alarmen

Frode Kleppe Holgersen(KrF) deler uroa til SV.

– Alle kan gjera feil, men dei avvika som kjem fram frå Fylkesmannen sitt siste tilsyn er svært alvorlege, og rammar dei mest sårbare hos oss. Me krev opprydding no. Tenesta må vera i samsvar med lova. Me kan ikkje leva med situasjonen slik den er i dag. Det har vore røyk i bygget lenge, no går alarmen.

for omsorgssituasjon. Og frå private meldarane er det lagt vekk meldingar om moglege seksuelle overgrep mot born! Korleis kan slike meldingar leggjast vekk?

**I EIN ANNAN** del av rapporten vert det peika på at kommunens datering av brev, undersøkingsrapportar og andre dokument ikkje er i samsvar med faktisk dato for utsending. I mi verd er dette dokumentforfalsking, som i seg sjølv er straffbart.

**ETTER Å HA** fått med meg dei folkevaldes mottaking av tåkelegginga frå rådmannen, og Eva Ramstad (V) og Vibeke Johnsen (SV) sine varsame, men rett nok, også kritiske spørsmål, må eg lura på om dei folkevalde faktisk har teke seg bryet med å lesa heile den førebelse rapporten.



Jan Inge Fardal
KOMMENTAR

**NEPPE, OG I** alle fall ikkje Aps gruppe, som tydelegvis er meir opptekne av barnevernsleiars ve og vel, enn kva konsekvensar måten Sogn barnevern har vore leia på dei siste åra kan ha fått – og kanskje får – for brukarane.

**EG HADDE VENTA** meir frå dei folkevalde i regionsenteret. Kanskje dei burde ta seg ein studietur til Leikanger og – ikkje minst Balestrand – i god tid før den varsla tvangsfusjonen? I Balestrand kommunestyre kom det nemleg både kritiske, konkrete og svært relevante spørsmål til Sogndal kommunes svært mangelfulle leiing av Sogn barnevern. Men for tunghøyrde sogndøler gjekk tåkelegginga rett heim ...




# Stilte mange spørsmål om barnevernsaka

## Diskuterte rapport
## Ta vare på dei tilsette

**SOGNDAL: – Rapporten er trist lesnad, sa Eva Ramstad. – Me er uroa for dei tilsette i barnevernet, sa Senea Sabanovic.**

Torsdag orienterte rådmann Jostein Aanestad kommunestyret i Sogndal om den førebelse rapporten frå Fylkesmannen som er lagt fram etter tilsynet med Sogn barnevern.

– Dette er eit dokumenttilsyn som er gjort. Det ser ut som det er veldig mykje me ikkje har prestert. Men det betyr ikkje at born ikkje har fått dei tenestene dei har krav på, seier han.

Aanestad var også inne på at høgt sjukefråver har gjeve redusert kapasitet i tenesta, men at det no er betre arbeidsforhold.

### Mest godt

Rådmannen meinte trass i det rapporten syner at det kjem desidert mest godt ut av ein slik rapport.

– Me må dra læringseffekt av dette og jobba med å forbetra oss. Me ynskjer å sjå på dei konkrete sakene, sa han.

Kommunen skal koma med eit svar til Fylkesmannen 6. januar.

Politikarane utrykkte også kva dei meinte om saka.

– Den førebels rapporten er trist lesnad. Me skal gje borna dei tenestene dei fortener, statistikk er ikkje viktig i denne saka. Me har stadig etterlyst korleis det går i barnevernet og blitt fortalt at det går betre. Her er mange og alvorlege avvik. Det er trist at me som vertskommune for barnevernet ikkje har greidd å tilfredsstilla i denne jobben, sa Eva Ramstad (V).

SV ynskjer ein ekstern gjennomgang.

– Det er viktig at barnevernet fungerer, det er veldig sårbart om ikkje det fungerer. Me er øvste arbeidsgjevar for dei som jobbar i barnevernet. SV ynskjer ein ekstern gjennomgang av leiinga og leiingsstrukturen i barnevernet, sa Vibeke Johansen (SV).

### Uroa for dei tilsette

Arbeidarpartiet og Senea Sabanovic var oppteken av å ta vare på dei tilsette i barnvernet mot eit negativt ytre press.

– Barnevernet er ei av dei viktigaste sakene me har i kommunen, og borna har krav på å få den hjelpa dei treng, men me i Ap ser no på uro på det presset dei tilsette i barnevernet er utsette for. Me vil gje barnevernsleiaren og dei andre i barnevernet vår fulle støtte og arbeidsro, sa Sabanovic.

### Løyvde midlar

Karin Vikane (H) la på vegner av alle partia fram eit framlegg i budsjettet: *Det skal løyvast midlar til å gjennomføra forvaltningsrevisjon av Sogn barnevern i 2017 når kostnadane ved forvaltningsrevisjonen er klare, og finansieringa frå dei andre kommunane er klare, enten ved årsavslutning av rekneskapen for 2016 eller ved budsjettrevisjon i juni 2017.*

Dette vart samrøystes vedteke av kommunestyret.



*FØRT BAK LYSET: – Me har gjentekne gonger spurd korleis det går i barnevernet og fått svar at det går betre. Det samsvarar ikkje med rapporten frå Fylkesmannen. Eg kjenner meg ført bak lyset, sa Eva Ramstad* Foto: Arkiv

Sigrid Nese
sigrid.nese@sognavis.no

# Vil ha Fjordstien, men usamde om kva tid

**SOGNDAL: Alle vil ha Fjordstien, men kva tid den bør ferdigstillast er politikarane usamde om.**

Politikarane var einige om det mest i årets budsjett, men ikkje om saka som gjald Fjordstien. Politikarane har vedteke at Fjordstien skal byggjast, men dei er uenige om kva tid det skal gjerast.

### Fremja forslag

I forkant av kommunestyremøtet torsdag fremja Krf, V, H og Frp fremja forslag til vidar framdrift av Fjordstien på ei annonseside Sogn Avis. Dei kom med framlegg til endring i økonomiplanen:

*Vi skal gjera strandsona i Sogndal sentrum tilgjengeleg for allmenta ved å byggja ut Fjordstien frå Hofslund til Ny Loftesnes bru etter at etterslepet på vegvedlikehald og bygningar er dekte (ikkje i 2018 slik Rådmannen tilrår).*

Partia ynskte også saka opp som eiga sak på kommunestyremøtet og ikkje som ein del av økonomiplanen slik det var sett opp. Dette vart nedstemt av kommunestyret.

### Betalt for?

Vibeke Johnsen var ei av dei som påpeikte at det var rart av politikarar bruka pengar på å fremja eit forslag gjennom ein annonse i avisa.

– Forslaget kom seint, så det blir vanskeleg å handtera. Dette er merkeleg måte å driva politikk på.

– Veit du at det er betalt for annonsen, spurde Rita Navarsete.

– Eg gjekk ut for at det var betalt, sa Vibeke Johnsen.

For orden skuld. Annonsen i Sogn Avis er betalt av Glen Arne Flåten (H) firmaet hans Vesterland.

### Ville ikkje svara

Kjetil Kvåle (Ap) stilde spørsmål om kvar dei som fremja forslaget hadde fått summen 74,76 millionar kroner, summen dei meiner prosjektet vil kosta totalt, frå. Det var det ingen som ville svara på.

### Uforsvarleg

Dei totale kostnadane på Fjordstien kan framleis bli høgare, men kva summar det er snakk om ville ikkje rådmannen kommentera.

– Me ynskjer ikkje omkamp, men når økonomistyring uteblir blir det uforsvarleg. Me ynskjer vedlikehald av vegar då det er etterslep på det. Det skuldar me innbyggjarane våre. Dette bør me ha på plass før me kan gå rundt på Fjordstien, sa Karin Vikane (H).

### Ti på topp

Fjordstien er med i kommunenplanen si ti på topp-liste, med plan om å byggja ferdig strekninga frå Hofslund til ny Loftesnes bru innan 2018.

Sigrid Nese
sigrid.nese@sognavis.no



# Full kontroll

**SOGNDAL: – Det er travelt i kontrollutvalet, og det kjem nok framleis til å skje ting, seier Arnt Hovland Munthe.**

*– Den som aldri gjer feil, han gjer ikkje noko.*

*– Bestefar min var ivrig på å fiska, men butikken har alltid vore viktigare enn å fiska sjølv.*

**LEIAREN AV KONTROLLUTVALET** i Sogndal har fått nok å henga fingrane i det siste året. Dermed har både utvalet, og leiaren, kome tydelegare fram i offentlegheita. Tidlegare kontrollutval har vore langt meir usynlege.

– Det er kanskje for at det ikkje har vore dei heilt store sakene, men det er ikkje godt å seia kvifor.

Blant sakene dei har handsama er eigedomsskatt, der konklusjonen var at kommunen kom skeivt ut frå starten av. Sogn barnevern er ei anna sak som det har vore orientert om i kontrollutvalet. Munthe merkar at folk ventar at kontrollutvalet skal kunne fella ein dom i slike saker.

– Då må ein vera 100 prosent sikker med solid forankring i fakta. Då verkar ein kanskje sidrompa og byråkratisk, for ein brukar tid på å koma fram til noko.

Han har og fått tilbakemeldingar og folk tek kontakt. Men det er farleg å gje lovnader, og ein må vera nøytral. Og Hovland Munthe er klar på kva som er utvalet si rolle.

– Det er eit organ som skal føra ein kontroll med at politiske vedtak blir utført på rett måte av administrasjonen.

Han trekkjer likskapstrekk til bedriftslivet, som han har stor erfaring med. Det er lagt opp til ganske stor fridom for både ein administrerande direktør og ein rådmann til å utforma verksemda sin politikk og virke etter eige hovud. Og ingen er feilfrie.

– Den som aldri gjer feil, han gjer ikkje noko.

**HAN ER EIGENTLEG** pensjonist, men har nok å sysla med. Han er aktiv i Sogndal Høgre som første vara til kommunestyret, og har framleis ein finger med i forvaltninga av Årøyvassdraget. Det politiske engasjementet var til stades allereie i ungdommen, då han var innom Unge Høgre. Men det kunne like gjerne vore eit anna parti. For han handlar det meir om engasjementet og ønsket om å utvikla ting.

I Årøy har det kome eit lett dryss førjulssnø denne dagen, men mildvêret er på veg. Vasstanden er høgare enn den brukar. Ein skugge kjem glidande over tretoppane, og snik seg oppover langs elva i låg høgde.

– Nei, har du sett. Der er ørna på tokt. Kanskje er ho på utkikk etter laks, seier Hovland Munthe.

Ein stranda gytelaks vil bety eit herremåltid for ørna. Ho er ikkje den einaste som higar etter årøylaks. Det er ingen tvil om at fiskerettane i Årøyelva har vore berebjelken for eigedomen. Her har velbeslåtte stormenn leigd fiskerettar - og landa tallause ruggar. Elva er kjent for sine store og feite laksar, kanskje er dei blitt slik på grunn av den strie straumen i elva.

**EIN AV DEI** meir kjende leigetakarane var eksilrussaren Nicolas Denissoff, som sannsynlegvis hadde vore del av tsarregimet med store eigarpostar i den Transsibirske Jernbana. Han leigde elva frå 1921 til 1965. Med seg hadde han folk høgt på strå, som Charles Ritz, kjent hotelleigar i Paris. Denissoff var ganske velståande, det merka også Arnt, som tilbrakte store delar av barndomen i Årøy.

– Han hadde med seg ei dame som i utgangspunktet var sekretæren, men som seinare vart fru Denissoff. Dei fekk ikkje barn. Då følte ho nok det var kjekt å ha eit barn i nærleiken som ho kunne prata med. Ho hadde alltid noko å by på. Dette var etter krigen, og det var rasjonering, så det var eksotisk å koma på besøk hjå henne. Det var ho som hadde sertifikat og det var stor stas når dei kom køyrande etter krigen med ein flunkande ny Rover.

**DET ER ELDSTEDOTTERA** Nina og svigersonen Knut som har teke over, men Arnt og Marit, er framleis engasjerte.

– Det kom litt som ei overrasking då Nina sa dei ville flytta hit. Me hadde liksom gått litt rundt grauten med det, for det er jo ein til som må ville det, seier han, og gir også dottera og svigersonen gode skussmål for det dei har teke med seg av kompetanse og engasjement.

– Me ville aldri fått det til på den måten dei har.

Han sit med kaffikoppen på kjøkenet til dottera. Det nye huset er på mange måtar ein kopi av det gamle huset som det besteforeldra budde i, og som han sjølv budde i som barn.

– Eg kom hit i 1943 etter at foreldra mine skilde seg.

Faren er frå Arendal, og besteforeldra i Årøy, som i si tid arva eigedomen av den ugifte onkelen Chr. Munthe, dei snakka bokmål. I 1953 flytte han attende til Austlandet og tok til på realskulen der. Den blanda bakgrunnen gjer at han i dag har to morsmål.

– Eg vekslar mellom austlandsk og sognamaol alt etter kva mål dei eg snakkar med har.

I Årøy hadde Arnt ein onkel som var berre 13 år eldre.

– Eg var ofte med og fotfølgde han. Me hadde eit godt og nært forhold.

Onkelen var og nesten blind, og allereie då Arnt var gutunge vart det snakka om at han skulle ta over. Eigedomen hadde i århundrer vore i hende på den høgtståande embetsstanden i Sogn, og hadde tilhøyrt Munthe-slekta sidan 1746. Men det skulle ta lang tid før Arnt tok over roret.

**HAN FULLFØRTE SKULEGANGEN** og byrja på studier ved University of Manchester. Han tok ein «Bachelor of Arts in Economic and Social Studies» som det står på vitnesbyrdet, og fekk det godkjend i Noreg som siviløkonomutdanning. Han møtte kona Marit i 1966, då dei var arbeidskollegaer på Steen & Strøm. Dei gifte seg i 1968 og fekk to døtrer. Først på slutten av 70-talet vart det aktuelt for familien å ta over garden. Den utløysande faktoren var at det opna seg ei ledig stilling i Sogn frå 1. januar i 1980. Til jonsok neste år var familien på plass. Nyejobben viste seg å vera kortvarig, men han fann anna beite, mellom anna handelsskulen i Sogndal. Ein kort periode var han næringskonsulent i Sogndal kommune. Det var ikkje tid til å utretta mykje, men noko har han bite seg merke i.

– Eg skreiv søknaden om å få etablert vinmonopol i Sogndal. Og det kom, nokre år seinare.

På 80-talet vart han engasjert i fleire ting, som Sogndal Lions, og han var dessutan ein periode leiar i Sogndal idrettslag.

Etter kvart kom han inn i Skogeigarlaget og styret i Sunnfjord Sag. Ikkje heilt unaturleg sidan Årøy også har ein del skog, og det ligg også ein frøplantasje der. Etter kvart vart han involvert i Fjordtre, dørfabrikken i Utvik.

– Eg vart spurt om å steppa inn som dagleg leiar i ein tremånaders periode. Det var hausten 1992. Det vart til ti år.

Verksemda skifta seinare namn til Dooria, men er no ein saga blott i Noreg.

Hovland Munthe pendla heilt til Utvik i mange år.

– Ein time og 20 minutt var ikkje den store utfordringa. Det var lite trafikk den gongen, men det er klart det er slitsamt i det lange løp. Eg var ofte ikkje heime før seint på kveld.

**I DAG ER** tidsplanen heilt noko anna. Han har fem barnebarn, tre av dei bur i Sogndal. 76-åringen har det han kallar eit løpande engasjement for barnebarna, og han tykkjer det er kjekt å kunne ha ein slik funksjon.

– Her må me vera eit team som kan avlasta kvarandre.

Han brukar framleis tid på kultiveringsanlegget ved elva i lag med Marit.



**Personalia:**



**Namn:** Arnt Hovland Munthe

**Alder:** 76

**Bustad:** Årøy i Sogndal

**Familie:** Kona Marit, døtrene Hege og Nina, fem barnebarn

**Les:** Ikkje nok bøker, men aviser har eg stor appetitt på. Eg har Sogn Avis, Fjordingen, BT, og helgeabonnement på Dagens Næringsliv. I tillegg fagtidsskrift.

**Høyrer på:** Nyheiter og Dagsnytt 18

**Ser på:** Nyheiter og aktualitetsprogram, og er glad i sport.

**Brenn for:** Ei positiv utvikling i lokalsamfunnet.

**Køyrer:** Ein gamal Mercedes ML og VW Tiguan



***MED HISTORISK SUS:** Årøyelva brusar høgt, og det er òg eit historisk sus over elva og eigedomen. Den har vore ein livsnerve for Arnt Hovland Munthe og hans slekt.*

Der sym lakseyngel i tusental fram til smoltifisering. I elva har det vore drive kultivering av ulik art sidan 1860. Engelske sportsfiskarar hadde med seg kunnskapen og gløden. I moderne tid er vassdraget blitt regulert og nytta til kraftproduksjon, slik at kultivering er blitt endå viktigare.

Hovland Munthe snakkar engasjert om bevaring, kultivering og miljøfaktorar. Fiskebestanden i elva er no langt betre enn den var på 80-talet. Men han sjølv vart aldri biten av korkje jakt- eller fiskebasillen.

– Når eg vaks opp hadde me leigetakarar. Bestefar min var ivrig på å fiska, men butikken har alltid vore viktigare enn å fiska sjølv.

**DET ER IKKJE** alltid lett å ha hobbyar. Frimerkehobbyen har fått lida litt for det, og det ligg mykje som skulle vore sortert. Arnt har også stor interesse for historie.

– Det er ikkje enkelt å driva med når ein har mange andre ting å sysla med.

Han skulle gjerne drive med musikk, men må heller misunna alle som kan spela eit instrument.

Besteforeldreheimen var verdensvant og godt skulert, også på den kulturelle fronten. Bestefaren var kunstnar, og bestemora hadde også talent.

– Bestemor var musikalsk og var ein habil pianist. Ho hadde ambisjonar på mine vegne, men det vart ikkje vellukka. Det låg ikkje for meg, seier han og smiler.

Oldefaren Ludvig Munthe, som var fødd på Årøy, kom som ung mann med stipend til Düsseldorf i Tyskland og levde der til sin død i 1896, etter å hatt stor suksess som kunstmålar.

Munthe-namnet har elles historisk sus over seg, og Margrethe Munthe og broren, målaren Gerhard Munthe, er to av slektningane. Munthe har også forgreiningar til godset i Kroken ved Lustrafjorden. Der er Arnt er involvert i stiftinga for Munthe-huset, som har vore arena for historiske besøk, mellom anna av Tidemann og Gude. Hans eiga forankring til slekta er blitt forsterka i godt vaksen alder, då han tok Munthe som etternamn.

– Vedtektene seier at slekta skal vera representert i stiftinga. Me er dei einaste att i slekta her lokalt, seier han, og legg til at dei er rotfesta også i bondesamfunnet

– Me har litt god bondeslekt i blodet gjennom mi tippoldemor Sigrid Urnes. Embetsstanden hadde eit problem med mykje giftarmål seg i mellom, og det kan umogleg vera bra, seier han og ler.

**DET STUNDAR MOT** jul, og det politiske liv tek ein pause etter budsjettmøta til ut i januar. For kontrollutvalsleiaren kan også 2017 bli innhaldsrikt. Kontrollutvalet har ikkje tenkt å la ting kvila, men tek si oppgåve alvorleg. Utvalet har søkt om midlar til ein forvaltningsrevisjon, av typen som vil gje ein ekstern revisjon av god kvalitet.

– Sogn Barnevern er første prioritet. Sogndal kommune er også medeigar i mange IKS-selskap. Det er ikkje noko grunnlag for å hevda at dei ikkje driv som dei skal, men selskapskontroll er viktig, seier han, men vedgår at det neppe blir pengar til meir enn ein kvart år. Men frå hans ståstad er det ufråvikeleg at politikarane må gjennomføra kontroll med sitt eige system og eigne vedtak.

– Me bør ha minst ein revisjon i kvar periode.


Keth Øren
keth@sognavis.no

# Både barnevern og personalpolitikk er politikarane sitt ansvar!

**Fellesorganisasjonen for barnevernspedagogar, sosionomar og vernepleiarar (FO) i Sogn og Fjordane har følgt situasjonen i Sogn barnevern gjennom fleire år, og strevar med å forstå kvifor politikarane ikkje har gripe inn i denne situasjonen tidlegare. Politikarane har ansvaret for kommunen sine tenester, og dei kan ikkje unngå å ha fått med seg at Sogn barnevern har slite med store arbeidsmiljøvanskar i svært lang tid. Ekstern konsulent skriv i sin sluttrapport at det har vore ei helseskadeleg leiing i tenesta. Tiltak for å rette opp i dette er ikkje å kvitte seg med erfaren fagkompetanse.**



*SVÆRT UROA: Fellesorganisasjonen har lenge vore svært uroa for kvaliteten på tenestene for Sogn barnevern*

Problema i Sogn barnevern har vart lenge:

- I 2012 var bedriftshelsetenesta inne og kartla arbeidsmiljøet.
- I 2014 hadde FO eit innlegg kor vi meldte frå om uro for tenesta, og vidare peikte på at eit dårleg arbeidsmiljø over tid i tillegg til å gå utover tilsette, òg vil gå ut over kvaliteten på dei tenester som skal ytast.
- Arbeidstilsynet gav i 2014 varsel om fleire pålegg til Sogndal kommune for å utbetre det psykososiale arbeidsmiljøet i barnevernstenesta
- Fylkesmannen har gjennomført tilsyn både i 2014 og 2016, siste gongen med elleve avvik.
- Rådmannen i Sogndal har hevda at arbeidsmiljøvanskane ikkje hadde gått ut over tenestetilbodet

No er vi snart i 2017, og ein skulle tru at kommunen hadde klart å rydde opp i arbeidsmiljøet i barnevernstenesta. Ut i frå det vi les i Sogn Avis er dette diverre ikkje tilfelle. Fylkesmannen har nettopp avslutta eit tre månaders dokumenttilsyn for perioden januar 2015 til september 2016, og dei melder om elleve alvorlege avvik. Dette er eit svært høgt tal på landsbasis. Desse avvika viser etter alt å dømme at kvaliteten i tenesta har vore skadelidande under den langvarige arbeidsmiljøkonflikten.

Kva skjedde så etter Arbeidstilsynet sitt tilsyn i 2014?

Tenesta synte teikn på god tilfriskning fram mot hausten 2015. Den «eksterne rapporten» som Sogn Avis omtalar, utarbeidd etter pålegg frå Arbeidstilsynet, fortel at Sogn barnevern var på rett veg. Nye krefter i leiinga klarte saman med personalgruppa, verneombod og tillitsvalte å lukke avvika frå Arbeidstilsynet i perioden mars 2014 til mai 2015. Det var framleis ting som måtte på plass, men dei tilsette rapporterte om auka tryggleik og håp for eit betre arbeidsmiljø. Dette var positivt med tanke på det som rapporten òg sa noko om, nemleg at det tidlegare hadde vore ein kultur for leiing som hadde vore uheldig og skadeleg for dei tilsette. Det hadde eksistert eit regelregime med element av rein overvaking og mistru.

Sogn Avis spør kvifor konfliktane eskalerte att i Sogn barnevern hausten 2015, med den konsekvens at nesten samtlege barnevernsfagleg tilsette no er skifta ut. Det vi veit, er at det vart eit nytt skifte i leiinga av tenesta, og vi ser at dei tilsette som har stilt kritiske spørsmål er skjøve ut på sidelinja. Som Sogn Avis skriv; «det Sogn barnevern som eksisterte då rapporten vart laga, er fullstendig sprengt». FO finn det svært ottefullt at det er dei tilsette det går ut over, når rapporten peikar på ei helseskadeleg leiing.

Gjennom lokalavisa får vi no kjennskap til at politikarar slit med å få svar på si uro i høve Sogn barnevern, og dei skildrar prosessen med å få på plass eit godt arbeidsmiljø for dei tilsette som lite informativ, uoversiktleg og rotete. Dei undrar seg òg over at ordføraren brukar klubba når ein politikar stiller spørsmål om Sogn barnevern frå talarstolen. Det kan vere at alle då bør stille både ordførar og administrativ leiing endå fleire kritiske spørsmål og ikkje berre undre seg. Det kjem fram at rådmannen har gitt informasjon om at dei no er på rett veg, men det kan sjå ut som fleire av dei folkevalde ikkje har heilt tillit til dette lengre. Det kan òg vere naturleg å vurdere tilliten til ein rådmann som i formannskapsmøte 6. oktober 2016 seier at han ikkje kjenner til at det har skjedd mobbing og trakassering av tilsette i Sogn barnevern, når det samtidig er kjent gjennom lokalavisa at Sogndal kommune har betalt ut 150 000 kr. i erstatning til tre tilsette nettopp på dette grunnlaget.

Høgre i Sogndal bad kontrollutvalet om å finne svara på 13 konkrete spørsmål i høve barnevernstenesta. Leiaren i kontrollutvalet uttalte sjølv at det ikkje har vore all informasjonen som til ei kvar tid har kome på bordet i denne saka, og at han er glad for at dei har Sogn Avis. På kommunestyremøte torsdag 15. desember orienterte rådmannen på nytt om stoda i tenesta og Fylkesmannen sin tilsynsrapport. Han meinte at kommunen må dra læring av slike tilsyn. Spørsmålet vert då kvifor ein ikkje har lært av dei andre tilsyna som tenesta har vore gjennom dei siste åra. Rådmannen seier vidare at sidan dette berre er eit dokumenttilsyn, så betyr det ikkje at born ikkje har fått den tenesta dei har krav på. Ut i frå dei alvorlege funna i Fylkesmannen sin tilsynsrapport, finn FO det svært urovekkande at rådmannen freistar å bagatellisere både funna og konsekvensane av dei. Heldigvis var det nokre politikarar som gav uttrykk for alvorleg otte for både tenesta og dei tilsette. SV ynskjer ei ekstern gransking av leiinga og leiingsstrukturen i barnevernstenesta, noko FO òg meiner er vegen å gå. Ap var oppteken av å ta vare på dei tilsette i tenesta, og då reknar vi med at dette også gjeld dei som er blitt pressa ut, eller har valt å slutte i sine jobbar på grunn av ei helseskadeleg leiing.

Som profesjonsforbund er FO oppteken av at det vert ytt fagleg gode tenester til innbyggjarane. FO har over lengre tid vore svært uroa over kvaliteten på tenestene frå Sogn barnevern på bakgrunn av at mange av saksbehandlarar har vore sjukemeldte, har slutta, eller er ute av jobb av andre grunnar. Vi såg òg med uro på at tenesta ikkje var i stand til å følgje opp dei sakene som allereie var starta opp og under behandling etter førre tilsyn. Dette tok vi opp på nytt i eit møte med leiinga i juni 2016. Sogn barnevern er ei interkommunal teneste som skal tilby tenester til fire kommunar, og vår uro famna om kvaliteten på tenestene til sårbare barn og familiar både i Sogndal, Balestrand, Leikanger og Luster. Fylkesmannen sin nyleg avslutta tilsynsrapport viser at vår otte var riktig.

FO sitt yrkesetiske grunnlagsdokument skal vere ei rettesnor for vår yrkesutøving. Yrkesetikken er ein viktig del av profesjonsutøvinga, og i vårt arbeid skal vi både ivareta enkeltindivid og vise solidaritet med utsette grupper. Difor vert det viktig for oss å kunne seie i frå om forholda ved arbeidsplassen ikkje er som dei burde. Arbeidsmiljølova seier at arbeidsgjevar skal utarbeide rutinar for intern varsling. FO er likevel ikkje overraska over at mange arbeidstakarar av frykt for represaliar, let vere å seie i frå om noko ikkje er som det burde vere på eigen arbeidsplass. Vi ser ei brutalisering av arbeidslivet, der arbeidstakarar vert motarbeida av eigne leiarar slik at dei i verste fall vert sjukemeldt eller sluttar i jobben. Feil blir skjult og kritikk vert oppfatta som illojalt. Dei som tør å påpeike kritikkverdige forhold, blir svært ofte utsett for hemn. Dette kan vere å bli refsa/irettesett av leiinga, bli fråtatt arbeidsoppgåver, bli oversett og skjøve nedover på rangstigen. Dette kan vi kjenne igjen frå det vi har lese om tilhøva i Sogn barnevern og bl.a. behandlinga av tidlegare barnevernsleiar Veum.

Sogndal kommune er vertskommune for Sogn barnevern. Folkevalde i samarbeids-kommunane Balestrand, Leikanger og Luster har likevel eit ansvar for tenestetilbodet til sine innbyggjarar. Desse kommunane har meldt si uro for



*LEIAR: Ann-Kristin Nygård er fylkesleiar for FO.*

tenesta, og har fått orienteringar av leiargruppa i Sogndal. FO meiner at ein ikkje lengre kan slå seg til ro med ei slik orientering, der tilbakemeldingane frå leiinga er at det går betre no! Tilsynsrapporten frå Fylkesmannen viser òg det. Bale-strand kommunestyre vèl å seie opp samarbeidsavtalen frå nyttår, og gjev Sogndal kommune eitt år på å rette opp i avvika og rydde i dei organisatoriske forholda. FO følgjer spent med på om kommunane Leikanger og Luster følgjer etter Bale-strand. Vi trur at ei ekstern gransking må til, og at ein då også må sjå på forhistoria. Omfanget av denne saka er alvorleg, frå trakassering av tilsette til elleve alvorlege avvik som gjeld barn. Det bør føre til konsekvensar for dei som har ansvaret for tenesta! For å kunne rydde opp i tilhøva i Sogn barnevern, må politikarane kanskje vurdere om den administrative leiinga klarar oppgåva si.

FO er, på lik linje med leiaren i kontrollutvalet i Sogndal, glade for at vi har Sogn Avis som har sett søkjelys på problema, elles hadde nok det meste vore unntatt offentlegheita.

**Ann-Kristin Nygård**
**Fylkesleiar**
**FO Sogn og Fjordane**

5#817:faf0efef-f70a-48c3-8241-ba761028b7fb:71

BILAG 26



# – Jenta døydde etter svikt i barnevernet

## – Familien sin konklusjon, ifølgje advokat · Nytt tilsyn

**SOGNDAL: – Dersom Sogn barnevern hadde gjort det dei skulle, hadde jenta levd i dag. Det er og det har vore dei pårørande sin konklusjon heile tida. Slik sett er dei nøgde med innhaldet i denne tilsynsrapporten.**



*KNUSANDE: Advokat Lous Anda er nøgd med den nye og svært grundige tilsynsvurderinga frå Fylkesmannen etter det tragiske dødsfallet i februar i fjor (Foto: Arkiv)*

Det seier advokat Louis Anda. Han er advokat til familien som mista ei 13 år gamal jente medan ho var i fosterheim under omsorg av Sogn barnevern i februar 2016.

– Min part er nøgd med at Fylkesmannen i eit nytt tilsyn konkluderer med at Sogn barnevern ikkje følgde opp jenta sine særlege omsorgsbehov, seier advokat Anda. Han fekk innsyn i den nye tilsynsrapporten frå fylkeslegen i romjula og finn innhaldet her tilfredsstillande.

### Total svikt

– Mine klientar er heilt klare på at dersom barnevernet hadde lagt informasjon frå dei biologiske foreldra, besteforeldra tidlegare fastlege og underteikna til grunn, så hadde jenta deira levd i dag, seier Anda.

Han peikar på at det var nettopp mangel på informasjon mellom barnevernstenesta og fosterfamilien i Sunnfjord som forklarar denne tragedien. Og han karakteriserer det som ein total svikt frå barnevernstenesta at dei ikkje har teke desse uromeldingane om tenåringsjenta på alvor.

### Grundig rapport

Anda karakteriserer den nye tilsynsrapporten som no ligg på bordet frå fylkeslegen som grundig og god, og av ein heilt annan karakter enn den første rapporten som kom til motsett konklusjon.

Den 13 år gamle jenta frå Sogndal vart funnen død i senga hjå fosterfamilien og i obduksjonsrapporten kom det fram at epilepsi kan ha vore årsaka til dødsfallet.

### Følgde ikkje opp

Den nye tilsynsrapporten om det tragiske dødsfallet vart sendt til Sogndal kommune 22. desember. Her viser fylkeslegen til si tidlegare tilsynsvurdering frå 8. april i 2016 og ei førebels saksutgreiing 8.11.2016.

«Kommunen har i sitt svar 1.12. 2016 etter det vi kan sjå ikkje kome med nye faktiske opplysningar til saka», skriv fylkeslegen i den nye rapporten. Viktige underspørsmål i dette tilsynet er om barnevernstenesta var sikre på at fosterheimen hadde fått naudsynt informasjon om jenta sin sjukdom og om barnevernstenesta sikra seg at fosterheimen følgde opp jenta sin sjukdom, slik ein skulle både med den planlagde regelmessige kontakten med barnet og fosterheim og ved naudsynt utsjekk når barnevernstenesta fekk informasjon om barnet frå andre», heiter det i rapporten. Svaret er altså nei.

### Ventar på rapport

Parallelt med tilsyna frå Fylkesmannen og fylkeslegen etterforskar også politiet det tragiske dødsfallet.

– Me har førebels ikkje gjort ferdig denne etterforskinga og kjem ikkje til å gjera det før den endelege tilsynsrapporten frå Fylkesmannen er klar 1. februar, der også Sogndal kommunes svar på innhaldet i desse tilsynsrapportane skal liggja på bordet, seier lensmann Arne Johannesen.

Jan Inge Fardal
jan.inge.fardal@sognavis.no

# – Svært alvorleg

**SOGNDAL: Sogndal kommunen vil ta med seg vurderingane frå Fylkesmannen i arbeid med forbetringsplanen for barnevernstenesta.**

Ordførar Jarle Aarvoll og rådmann Jostein Aanestad opplyser at dei ser svært alvorleg på dei vurderingane som Fylkesmannen har gjort i den nye tilsynsrapporten.

«Alle innbyggjarane må vera trygge på at born, unge og deira familiar som treng det, får den oppfølginga dei skal ha frå barnevernet», skriv dei på nettsida til kommunen og opplyser at Sogndal kommunen vil ta med seg vurderingane frå Fylkesmannen i eige arbeid med forbetringsplanen for tenesta og oppfølginga av denne planen.

Fylkesmannen ventar at barnevernstenesta nyttar tilbakemeldinga i denne saka til læring og forbetring. Fylkesmannen ber ikkje om ei eiga tilbakemelding i denne saka, men ber kommunen ta med forbetringspunkta knytte til denne saka i den forbetringsplanen som kommunen skal senda Fylkesmannen innan 1. februar.



BILAG 27


# Sogn Avis

Torsdag

5. januar 2017 • Nr. 4

Laussal kr. 30,–



Sogn Synssenter
Parkvegen 15, Sogndal
Briller/kontaktlinser
Tlf.: 57 67 50 50
Offentleg godkjend optikar Odd Gjerde




## Tøffe tak utan vatn

LUSTER: – Det vert litt ekstraarbeid med dette, seier Gabriele Wichmann. Dei tilsette ved Luster Omsorgssenter må henta reint vatn frå ein tankbil som er plassert utanfor bygget.

Side 5



## Reknar med storinnrykk

LEIKANGER: Reiselivet bur seg på kinesisk storinnrykk i 2017 – Sognefjorden står sterkt i Kina, seier Ståle Brandshaug i Visit Sognefjord

Side 10



## Kjem best ut

BALESTRAND: Marianne Hoff styrer landets mest attraktive kino

Side 12 og 13



## Utfordrande sesongstart

SOGNDAL: Snø og mildvêr har gjeve dei to store skisentera i Sogn utfordringar

Side 16

■■ Over landssnittet ■■ Fleire med millionløn



# Rådmenn tener feitt

– Kommunane må betala skal dei få tak i gode rådmenn, seier Arve Varden, leiar i rådmannsforeininga i Fagforbundet. Fire av rådmennene i Sogn og Fjordane passerer ein million kroner i løn. Høyanger-rådmannen tener best i Sogn. Kollegaen i Lærdal får dårlegast betalt.

Side 6

## Vil ha eige møte om barnevernet

SOGNDAL: Karin Vikane og Sogndal Høgre ønskjer eit ekstraordinært kommunestyremøte om Sogn barnevern. Reaksjonane frå dei andre partia er delte.

Side 4




7 090005 513103

5#819:fa10efef-f70a-48c3-8241-ba761028b7fb:73

## Hard start på dagen

**LÆRDAL:** I går morgon var det fleire bilførar som fekk eit hardt møte med hjortar som kryssa vegane i Sogn. I Lærdal, på rv. 5, vart det meldt frå om ein død hjort etter ein smell med ein bil. Også i Luster, ved Fagernes, vart ein hjort påkøyrd. Viltnemnda vart varsla etter samanstøyten.

## Brannvesenet rykte ut

**LEIKANGER:** Onsdag i 14-tida fekk brannvesenet melding om pipebrann og rykte ut til ein bustad på Nornes. Det skal ha kome noko opp av pipa, men situasjonen vart raskt avklara og det var ikkje snakk om pipebrann, opplyser alarmsentralen til Sogn Avis.

## Uvanleg varmt

**LEIKANGER:** Det har vore ein uvanleg varm og våt desembermånad. Snittemperaturen for heile landet låg 4,6 grader over normalen og nedbøren var på 150 prosent av normalen. Meteorologisk institutt melder at den varmaste målestasjonen i landet var Ytterøyane fyr i Flora med ein snittemperatur på 7,3 grader.

## Skredsikring på Åtnes

**AURLAND:** Aurland kommune gjennom sommaren utarbeida anbodsgrunnlag for skredsikring på Åtnes feltet. Sikringa omhandla om lag 60 meter sikringsgjerde. Kontrakt er no inngått med entreprenør, og sikringsprosjektet vert gjennomført før og etter påske 2017, skriv kommunen på heimesida



**BLANDA:** Karin Vikane (t.v. med ryggen til), Arne Glenn Flåten (t.h.) og resten av Høgres gruppe får ei blanda mottaking på utspelet om eit ekstraordinært møte i kommunestyret om Sogn barnevern, dei andre på biletet er (f.v.) Vibeke Johnsen (SV), Kjetil Kvåle og Senea Sabanovic (Ap), Laura Kvamme (Sp) og Margrete Haug (KrF) (Arkiv)

# Blanda mottaking for Høgre-utspel

## Ynskjer ekstraordinært kommunestyremøte

**SOGNDAL: Høgre si kommunestyregruppe ynskjer eit ekstraordinært møte om Sogn barnevern snarast, og får blanda reaksjonar frå dei andre partia.**

Det er i eit brev til ordførar Jarle Aarvoll datert 3. januar at ei samla gruppe frå Høgre ber om eit ekstraordinært kommunestyremøte.

«På bakgrunn av ny tilsynsvurdering frå Fylkesmann i Sogn og Fjordane i sak som gjeld barn som var under Sogn barnevern sin omsorg og som i februar 2016 vart funnen død i fosterheim, ber kommunestyregruppa i Sogndal Høgre om at det snarast vert halde ekstraordinært kommunestyre med dette som sak», heiter det i brevet, som er underteikna av gruppeleiar Karin Vikane, Einar Vatlestad, Arne Glenn Flåten og Gunnhild Bøyum.

### Svarar i brev

– Eg skal gje eit svar til Høgre via brev, dette sender eg også til Sogn Avis ein av dei første dagane, seier ein kraftig forkjølt ordførar Jarle Aarvoll (Ap).

Varaordførar Laura Kvamme (Sp) synest utspelet frå Høgre er rart.

– Eg skjønar ikkje kva dei vil oppnå med eit kommunestyremøte no. Administrasjonen jobbar med saka, den skal vera ferdig til kommunestyremøtet 2. februar. Det burde heller brukast krefter på at barnevernet og administrasjonen jobbar alt dei kan med tilsvaret for å betra situasjonen og hindra at noko slikt skjer igjen, seier Kvamme (Sp).

### Rapporten først

Vibeke Johnsen (SV) peikar på at den endelege rapporten etter Fylkesmannen sitt tilsyn framleis ikkje er ferdig og at kommunen ikkje har svara.

– Me bør venta på den endelege rapporten før me kallar inn til eit møte om denne saka, seier Johnsen som er usikker på kva som skulle koma ut av eit møte om dette no.

### Naudsynt

– Eit møte er naudsynt, seier Rita Navarsete i Frp. Partiet hadde ein diskusjon i tysdag kveld der dei diskuterte om dei skulle kalla inn gruppeleiarane frå alle partia til eit møte.

– Det er bra at Høgre kallar inn til møte. Noko må gjerast med denne situasjonen, seier Rita Navarsete.

– Me er i utgangspunktet for dette, men med føresetnader om at det må vera eit godt førebudd møte der det er vilje til at alle sider vert kasta lys på, seier Christen Knagenhjelm (V). Han understrekar også at eit slikt møte er i samsvar med tidlegare innspel frå Venstre.

### Lukka møte

Margrete Haug (KrF) meiner det bør vera eit lukka formannskapsmøte eller eit lukka møte med alle gruppeleiarane om denne saka.

– Barnevern og fosterheim er sårbare tema som ikkje er enkle å bretta ut til alle og ein kvar om, viss eg skal tora å seia det eg meiner må det vera bak lukka dører, seier Margrete Haug (KrF).

Jan Inge Fardal
og Sigrid Nese
jan.inge.fardal@sognavis.no

# Fylket er ikkje på radaren

**ME HØYRER PÅ** NRK Sogn og Fjordane denne veka at fylkesleiar Vidar Grønnevik i Høgre er misnøgd med at det ikkje kom med ei einaste blåblå sjel frå trivselsfylket då Erna Solberg stokka om på regjeringskabalen sin like før jul.

> *Det blir til saman 92 kvinner og menn, det – og ikkje eitt einaste av desse namna kjem frå Sogn og Fjordane, altså.*

**KRINGKASTINGA HAR FINTELT** seg fram til at det norske regjeringsapparatet nett no, i inngangen til 2017, tel 19 statsrådar, 50 statssekretærar og 23 politiske rådgjevarar. Det blir til saman 92 kvinner og menn, det – og ikkje eitt einaste av desse namna kjem frå Sogn og Fjordane, altså.

**IFØLGJE FYLKESLEIAR** Grønnevik er mangelen på representasjon frå dette fylket noko fylkeslaget har påpeikt i heile denne perioden. Det vil seia både i 2013, 2014, 2015 og altså i 2016. Utan at eitt namn har kome opp.

**DÅ BURDE DET** snart gå eit lys opp for fylkesleiaren i Høgre og alle andre medlemmer i dette partiet, og i Framstegspartiet også for den del, at dei har alt for dårleg kontakt inn i dei sentrale partiapparata.

**FOR FORKLARINGA PÅ** dette er etter vårt skjønn ei av to: Anten at dette fylket ikkje er inne på denne regjeringa sin radar i det heile, eller at dei to regjeringspartia ikkje har flinke nok folk frå dette fylket. Eller kanskje rettare – flinke nok politiske talent som er tilstrekkeleg motiverte og har nok guts og albogar til å vera aktuelle for oppgåver me her snakkar om.

**DET ER PÅ** ingen måte unaturleg at Frank Willy Djuvik blir spurd om sitt syn på denne saka. Han er openbert den mest aktuelle kandidaten til ein av desse posisjonane frå fylket nett no. Men han ville altså, på grunn av familiære forhold, ha takka nei dersom Erna eller ein statsråd hadde ringt.

**DEROM DU VIL** opp og fram i eit regjeringsapparat, kan familien sjølvsagt ikkje vera førsteprioritet. Så Djuvik manglar altså ein heilt vesentleg faktor, nemleg motivasjon. Så – gjeve at Siv Jensen & Co hadde funne han tung nok, Djuvik er ikkje mannen, i alle fall ikkje no.

**SÅ DÅ MÅ** spørsmålet bli, kven andre kandidatar frå fylket har desse to partia som kunne vera aktuelle for slike oppgåver. Og som har markert seg på ein slik måte at me, som er frå dette fylket – straks og utan vidare kunne ha peika på han eller ho, eller dei?

**ME HØYRER AT** det blir hevda at det er flinke politiske talent, med dei naudsynlege eigenskapane i dette fylket, men kan nokon gje oss eit namn blåblått namn? Som me kunne ha støtta og bakka opp heile vegen inn i eitt eller anna regjeringskontor? Ikkje det, nei. Grønnevik & Co må etter vårt skjønn skjerpa talentutviklinga si fleire hakk. Og våre blåblå politikarar må tora og ha viljen mykje meir enn det dei viser i dag!

Sei meininga di om lesaren på sognavis.no

redaksjon@sognavis.no

**Sogn Avis**
er ei partipolitisk uavhengig avis for Indre Sogn. Avisa blir trykt hjå Sogn og Fjordane Avistrykk as, Førde.

REDAKTØR
Jan Inge Fardal

DAGLEG LEIAR
Leif Johannes Lunde

www.sognavis.no

# Send jordbruksmel

Norsk landbruk har ei verdiskaping på over 150 milliardar kroner. Sysselsettinga, i ei av få komplette verdikjeder, er på over 100.000 arbeidsplassar. Vi har framleis eit landbruk over heile landet, noko som gir eit effektivt landbruk med god arealutnytting. Vi har saman med Island den lågaste bruken av antibiotika i verda. Som eitt av få land sanerer vi besetningar med MRSA, og har godt håp om å hindre at dette blir ein del av norsk husdyrhald. Giftbruken innan planteproduksjon, frukt og bær er låg. Epla rotnar framleis når dei blir liggjande lenge, og det skal vi vere glade for. Ser vi litt stort på det so har landbrukspolitikken i Norge vore ein suksess. Suksessen har landbruket fått til gjennom eit aktivt samspel mellom bonden, samvirka, organisasjonane og Staten.

Vi ser også at forbrukaren blir meir og meir stolte av den norske maten, men også av den norske bonden. Vi leverer mat av høg kvalitet, vi leverer også eit levande kulturlandskap over heile Norge – nesten. Vi ser dessverre at areal er i ferd med å gå ut av drift spesielt på Vestlandet og i Nord-Norge. Vi ser at inntektsutviklinga mellom store og små bruk går i dei store sin favør. Vi ser at halvparten av norske mjølkeprodusentar er borte dei siste 15 åra. Vi ser at matproduksjonen sentraliserer seg og veks i område som har dei beste forholda for planteproduksjon.

Med dette som bakgrunn var spenninga stor når landbruks og matministeren Dale la fram Jordbruksmeldinga. Ville det kome klare verkemiddel retta mot område der areal er i ferd med å gå ut av drift? Ville der liggje langsiktige grep om korleis vi skulle heve norsk sjølvforsyning? Ville der liggje regionale moglegheiter for å påverke utviklinga av jordbruket? Ville meldinga vise veg for å utvikle jordbruket til ei enno meir berekraftig næring med tanke på resursutnytting og klimapåverknad?

Desse utfordringane fekk vi ikkje svar på! To ord går igjen i meldinga og det er effektiv matproduksjon og forenkling av dagens verkemiddel i landbrukspolitikken. Forenkling gjev mindre høve til å sikre målretta ordningar retta mot ulike driftsvilkår, produksjonar og distrikt. Forenkling vil vere lik omfordeling av økonomien i verkemidla. Noko som ofte gjev forverra økonomi for distrikta og gjennomsnittsbruka.

Meldinga er eit langt steg vekk frå den Norske landbruksmodellen. Ein modell der ein brukar budsjettpengar for å jamne ut ulike inntektsmoglegheiter mellom store gardar og små gardar, og mellom geografisk ulike område. Ein modell som tek biologisk matproduksjon på alvor, som sikrar omsetting av produkta bøndene produserer. Ein modell som tek utgangspunkt i familiejordbruket og dei mange, langsiktige, eigarane som vil forvalte jorda i generasjonar.

Inntektsmålsettinga til norske matprodusentar blir svekt i meldinga, inntekt for bonden skal vegast opp mot ein «effektiv matproduksjon». Gjennom å kutte marknadsreguleringa innan fleire produksjonar, gjennom å avvikle refusjonsordninga for ferie og fritid svekkjer regjeringa «tryggleikstsnettet» og makta til bonden i verdikjeda.

For Vestlandet og distriktsjordbruket generelt er dette so store negative endringar at det mest nærliggjande rådet til Stortinget vert å sende Jordbruks-

# Svikt i Sogn barnevern

Sogn Avis har omtalt ei tilsynsvurdering gjort av Fylkesmannens under overskrifta «Jenta døydde etter svikt i barnevernet». Fylkesmannen har slått fast at barnevernet har gjort sakshandsamingsfeil, men vi har ikkje kopla desse og dødsfallet.

Fylkesmannen vil på bakgrunn av oppslaget i Sogn Avis (og liknande oppslag andre stader) understreke at vi ikkje har teke stilling til om det er årsakssamanheng mellom sakshandsamingsfeil i Sogn barnevern og dødsfallet. Slike vurderingar er ikkje ein del av vårt tilsyn. Vi har vurdert om barnevernet har handla fagleg forsvarleg.

**Per Stensland**
**Fylkeslege**

# Vakt i helga


Eirik Thue
Mobil: 959 45 712


Terje Eggum
Mobil: 905 79 936


Morten Sortland
Mobil: 975 32 194

5#821:fardefef-f70a-48c3-8241-ba761028b7fb:75

# – Meir enn tynnsliten tillit til rådmannen

## Seier Karin Vikane (H)

## Frp vil permittera

**SOGNDAL: Formannskapsmedlem og gruppeleiar for Sogndal Høgre, Karin Vikane har snart mista all tillit til rådmann Jostein Aanestad. Sogndal Frp vil permittera han i saker om barnevernet.**

Det er i ein kommentar til Sogndal Frp sitt utspel om at rådmannen bør bli permittert i den vidare prosessen om Sogn barnevern at Karin Vikane svarar slik: – Min tillit til rådmannen er meir enn tynnsliten.

Ho er likevel ikkje sikker på at ho er samd i at rådmannen bør permitterast i det som har med denne saka å gjera slik situasjonen er no.

### Djupt uroa

Det er i eit brev til ordførar Jarle Aarvoll i går at Sogndal Frp ber om at rådmannen trer til side i den vidare prosessen som skal finna fakta om kva som har skjedd i og med Sogn barnevern.

«Sogndal Frp er til liks med svært mange i Sogndal og i nabokommunar djupt uroa over situasjonen Sogndal er komen i som vertskommune for Sogn barnevern», heiter det i brevet. Her finn Frp-styret at det er urovekkjande når det vert stilt spørsmål til rådmannen si handsaming og truverd i desse sakene.

I brevet vert det også synt til den førebelse rapporten frå Fylkesmannen og til barnevernssaka som enda med dødsfall. Lokallagsleiar Idar Kollsete opplyser til Sogn Avis at dette utspelet kjem som eit svar på Høgre sitt soloutspel med krav om ekstraordinært kommunestyremøte. Kollsete viser til at det trengst ni representantar for å kunna krevja dette.

– Me meiner vårt forslag no er meir realistisk og rett i høve til tilliten kommunen treng i denne saka, i alle fall fram til ho er ferdig utgreidd av alle instansar og kontrollutvalet sin fulle revisjon er gjennomført. Så må me vurdera alle fakta og ta stilling til om det skal få andre og vidare konsekvensar for nokon, seier Kollsete.

### Snever

Karin Vikane er ikkje utan vidare samd i at det er fornuftig å permittera rådmannen på denne enn måten no. Ho peikar på at sakene om Sogn barnevern har gått over fleire år, og at dei som folkevalde, både i formannskap og kommunestyre heile tida har fått tilbakemeldingar frå rådmannen om at no går ting så mykje betre.

### Frå dag ein

– Eg kan no konstatera at slik har det ikkje vore. Og anten skuldast det at rådmannen ikkje har vore godt nok orientert om dei reelle tilhøva, eller at han ikkje har fortalt oss alt. Etter mitt syn har me fått alt for snever informasjon. Og då eg spurde om det var korrekt at det var betalt ut erstatning for mobbing av tilsette i Sogn barnevern, benekta han først, seier Vikane.

Ho peikar også at det er ein og same personen som har hatt det øvste ansvaret for Sogn barnevern frå dag ein fram til i dag.

– Det er rådmannen i Sogndal som har hatt ansvaret for dette heile vegen, seier Høgre sin gruppeleiar. Ho legg til at som ein konsekvens av dette ansvaret er rådmannen også meld til politiet etter at ei 13 år gamal jente døydde i fosterheim i fjor.

– Det er ikkje uvanleg at ein ansvarleg trer til side når saker som dette er under etterforsking, men eg er usikker på om det er me folkevalde som skal syta for det, seier Vikane.

### Tynnsliten tillit

*– Har du tillit til rådmannen?*

– Som politikar er min tillit til rådmannen meir enn tynnsliten, seier Vikane. Ho viser då mest til prosessen om barnevernet, men også til ei budsjettsak like før jul.

– I november gjorde me eit vedtak om at det skal gjennomførast ein forvaltningsrevisjon av Sogn barnevern. Då er det rådmannen si plikt å setja av pengar til dette. Eg var på reise og fekk ikkje følgt opp dette personleg før eg i møtet rett før jul oppdaga at det ikkje var sett av eitt øre. Eg måtte på talarstolen og be om at dette vart gjort og no har rådmannen fått i oppdrag å skaffa midlar til denne svært viktige revisjonen, seier Karin Vikane.

### Særs uheldig

Ordførar Jarle Aarvol seier i svar til Frp at det vil vera særs uheldig for det arbeidet som no skjer i og omkring barnevernet dersom det vert sett i gang ein prosess om rådmannen si stilling.

– Dette vil representera ei auka belastninga og ytterlegare påkjenning på dei barnevernstilsette som me ikkje bør utsette dei for, seier Aarvoll og minner om dei presiseringane fylkeslegen gjekk ut med i media 5. januar når det gjeld ei konkret sak, og Sogn Avis sin omtale av tilsynsvurdering som Fylkesmannen har gjort. Han minner om at alle som har eit politisk og administrativt ansvar bør vera særs tilbakehald-



*TYNNSLITEN: Karin Vikane, gruppeleiar for Høgre i Sogndal kommunestyre.*

# – Ikkje noko nytt frå Fylkesmannen

**SOGNDAL: – Berre for å gjera det heilt klart, rapporten frå Fylkesmannen som kom like før jul avdekte ikkje noko nytt i saka om det tragiske dødsfallet, seier advokat Louis Anda.**

– Alt som kjem fram i denne rapporten er kjent frå før. Det einaste nye er at også Fylkesmannen har kome fram til dette, seier advokat Anda som representerer dei pårørande til den 13 år gamle jenta som døydde i fosterheim i februar i fjor.

### Epilepsi

Og han konstaterer at også Fylkesmannen no, i rapport nummer to konkluderer med at Sogn barnevern ikkje har følgt opp barnets særlege omsorgsbehov godt nok.

– Då eg på vegner av dei pårørande sa til Sogn Avis at jenta døydde etter svikt i barnevernet så skuldast det svikt i informasjonen frå Sogn barnevern til rette vedkomande om dei sterke epileptiske anfalla jenta hadde. Desse anfalla vart omtalte i eit brev til barnevernet. Eit brev der både dei biologiske foreldra, besteforeldre, tidlegare fastlege og underteikna peika på at hennar tilstand var slik at ho måtte få snarleg medisinsk behandling for å unngå at desse sterke epileptiske anfalla kom att. Denne informasjonen vart ikkje formidla vidare og den unge jenta døydde, seier advokat Louis Anda.

### Ikkje kopling

I eit lesarinnlegg på side to i dag tek fylkeslege Per Stensland opp advokat Louis Anda si kopling av deira rapport og det tragiske dødsfallet. Stensland seier at det ikkje er grunnlag for ei slik kopling i deira rapport.

*– Kva er så særlege omsorgsbehov? Og kva konsekvensar kan det få at slike særlege omsorgsbehov ikkje blir følgde opp? spør me fylkeslegen.*

– Det me har sett på i denne saka er mellom anna saksgangen, korleis meldingar er tatt imot og korleis kommunikasjonen mellom barnevernet og eksterne meldarar er ivaretatt. I dette tilfellet har me påvist svikt av ein slik karakter at me vurderer det ikkje forsvarleg. Men det er ikkje slik at me har grunnlag for å meina at det er en årsakssamanheng mellom desse enkelte avvika i saksbehandlinga og det tragiske utfallet. Arbeidsmetodane våre er ikkje etterforsking. Me vurderer om saksbehandlinga var forsvarleg, skriv fylkeslege Per Stensland i sitt svar.

# Aarvoll vil følgja ordinær møteplan

**SOGNDAL: Ordførar Jarle Aarvoll opnar ikkje for eit ekstraordinært møte i kommunestyret om Sogn barnevern.**

I eit svar til Karin Vikane i Sogndal Høgre skriv Aarvoll at han forstår det slik at dei ynskjer å handsama forbetringsplanen etter Fylkesmannen sitt tilsyn med Sogn barnevern som sak i kommunestyret.

«Forbetringsplanen skal sendast over til Fylkesmannen. Administrasjonen arbeider med denne planen no. Eg har bedt rådmann gje ei grundig orientering om forbetringsplanen i komande møte i formannskapet og i kommunestyret 16. februar. Formannskapet får i sitt møte høve til å drøfte den vidare handsaminga av forbetringsplanen», skriv ordføraren.

Vikane peikar på at det ligg føre to rapportar og at den ho vil handsama snarast handlar om det tragiske dødsfallet til ei 13 år gamal jente.

– Den saka er for alvorleg til at me kan venta på den ordinære møteplanen. Men eg konstaterer at ordføraren ikkje vil handsama den siste rapporten om dødsfallet som eiga sag, men ta ho inn som ein del av den andre tilsynsrapporten som skal handsamast 1. februar. Det er me usamde i, seier Karin Vikane.



har snart ikkje att nokon tillit til rådmann Jostein Aanestad (bak) (Arkiv)

ne med å målbera årsakssamanhengar og konklusjonar som det ikkje er dokumenterte grunnlag for.

## Samarbeid

– Eg vil minna om at Sogn barnevern er eit vertskommunesamarbeid der samarbeidande kommunar har overført ansvaret for barnevernet til Sogndal kommune ved rådmann. Dette tilseier at det ikkje skal skje noko sololøp frå vår side, men i tilfelle i samråd med samarbeidskommunane. Eg har drøfta dette brevet med KS Advokatane som melder om at den framgangsmåten som Frp legg opp til ikkje er i samhøve med god arbeidsgjevarframferd, opplyser Aarvoll.

Rådmann Jostein Aanestad seier i ein kort kommentar at den type innspel som kjem frå Frp og Karin Vikane ikkje noko han beskjeftigar seg med. – Eg brukar mi tid på å retta opp feila som er påviste i tilsynsrapporten frå Fylkesmannen, seier han.

Jan Inge Fardal
jan.inge.fardal@sognavis.no



**EKSTERN:** *Professor Oddbjørn Bukve meiner at leiarskapen i Sogn barevern over tid no må granskast.*

# – Leiarskapen i Sogn barnevern må granskast

**SOGNDAL: Oddbjørn Bukve meiner det no er avgjerande viktig at det blir gjennomført ei gransking av leiarskapen som er utøvd i Sogn barnevern.**

– Og då meiner eg leiarskap på alle nivå. Ikkje minst heilt på toppen. Den leiarskapen som vertskommunen Sogndal har utøvd gjennom den øvste leiaren og ansvarlege for Sogn barnevern, som er rådmannen, seier Oddbjørn Bukve.

## Grundig mandat

Han har vore tilsett om professor i organisasjon og leiing ved HiSF sidan 2002 og konstaterer at det som har kome fram om tilstanden i Sogn barnevern dei siste månadane teiknar eit alvorleg bilete. Så alvorleg at han trur den forvaltningsrevisjonen som det no er sett av midlar til, må få ei så brei samansetjing av kompetanse som råd.

– Slik eg ser på situasjonen må dei folkevalde i Sogndal gje dei som skal gjennomføra denne granskinga eit grundig gjennomtenkt mandat. Og mandatet må omfattaei gransking av den leiarskapen som er utøvd over tid, seier Bukve.

*– Kva legg du i dette?*

– Det handlar om leiarskap i vid forstand. Eg konstaterer at medan det har vore stor utskifting av tenesteleiarar, barnevernsleiarar og ei uforståeleg stor utskifting av fagutdanna personell, så har det vore ein toppleiar heile tida, nemleg rådmann Jostein Aanestad. Så måten han har handtert problema i barnevernet på, både personalsakene og meldingane om manglar i tenesteytinga, må granskast, seier professoren, som har reagert på fleire saker som Sogn Avis har omtalt om arbeidsmiljøet i Sogn barnevern dei siste månadane.

## Svært spesielt

Professor Bukve tenkjer mellom anna på det som skjedde etter at hovudverneombod Frank Nymark i fjor vår engasjerte seg i problema som var avdekte i barnevernet, og måten kommuneleiinga møtte hovudverneombodet sitt engasjement på.

– Det er svært spesielt at den administrative toppleiinga i ein kommune handsamar eit hovudverneombod på den måten som kom fram i Sogn Avis, seier Oddbjørn Bukve. Han har også fått med seg at rådmannen betalte ut 150.000 kroner i erstatning til tre tilsette etter at dei opplevde å bli mobba av sin leiar, og at det ligg føre ein rapport frå ein ekstern konsulent om arbeidsmiljøet i organisasjonen.

## Tre sider

I tillegg til ei grundig gransking av leiarskapen må også to andre sider av denne saka granskast.

– Den eine handlar om korleis reglane er følgde i denne organisasjonen. Om det som har føregått i Sogn barnevern er i strid med lover og reglar. Den tredje sida går på eventuelle konsekvensar som dette kan ha resultert i for sårbare enkeltindivid, seier Bukve.

## Politisk ansvar

Han karakteriserer det som heilt naudsynleg at kommunestyret i Sogndal set av pengar til ein forvaltningsrevisjon og ventar at dei folkevalde følgjer opp når dei gir mandat til granskinga av Sogn barnevern.

– Det er eit politisk ansvar i eigarkommunane til Sogn barnevern å syta for at det no blir rydda skikkeleg opp i dette og at dei også ser oppover og ikkje berre nedover i organisasjonen når dei skal finna svar på alle spørsmåla sluttar, professor Oddbjørn Bukve.




# Må ha ei ekstern gransking

**UROA RUNDT SOGN** barnevern er forståeleg nok – større og meir omfattande enn nokon gong. Rapporten som Fylkesmannen ved fylkeslege Per Stensland sende ut 22. desember om det tragiske dødsfallet for snart eit år sidan, gjorde ikkje denne uroa mindre.

> *Til no har det meste av kritikken i Sogn barnevern vore retta nedover i organisasjonen.*

**ME REGISTRERER AT** fylkeslegen peikar på at dei i denne rapporten har slått fast at barnevernet har gjort sakshandsamingsfeil. Men at dei ikkje på noko vis har kopla desse feila og dødsfallet, slik dei pårørande sin advokat Louis Anda har gjort, mellom anna her i Sogn Avis.

**DETTE ER IKKJE** noko me skal gå nærmare inn på her og no, men me registrerer dei pårørande og advokaten deira sine reaksjonar. Og me blir ikkje overraska over at den botnlaust triste saka aukar trykket mot Sogn barnevern.

**MEN DET VAR** eigentleg meir enn tungt nok, lenge før Fylkesmannen sin andre rapport om denne triste saka. Som Sogn Avis har dokumentert fleire gonger går uroa i Sogn barnevern langt attende i tid og tida er overmoden for ei grundig, ekstern gransking.

**ME VONAR AT** dei folkevalde i eigarkommunane Sogndal, Leikanger, Balestrand og Luster fekk med seg professor Oddbjørn Bukve sine innspel i Sogn Avis laurdag. Særleg det punktet som handla om at leiarskapen no må under lupa.

**ME SNAKKAR DÅ** om den øvste og ansvarlege leinga, nemleg rådmannen i vertskommunen Sogndal. Rådmannen er den einaste som har vore i leiinga i alle år, heilt sidan Sogn barnevern vart etablert. Det er på tide at måten han har teke dette ansvaret på blir skikkeleg granska.

**TIL NO HAR** det meste av kritikken i Sogn barnevern vore retta nedover i organisasjonen. Det er det komplett uråd å forstå. Me er såleis heilt samde med Bukve i at det no er på tide å sjå oppover, dit ansvaret er. Der det har vore heile tida.

**BUKVE, SOM ER** professor i organisasjon og leiing, strekar under kor viktig det er at dei som skal granska barnevernet får eit gjennomtenkt mandat. Og at naudsynleg kompetanse kjem på plass.

**ME REGISTRERER ELLES** Høgre sitt ynskje om eit ekstraordinært kommunestyremøte og Frps krav om at rådmannen trer til side i saker om barnevernet. Slik stoda er ser me ikkje det store poenget med noko av desse forslaga. No må kommunen først svara, slik at Fylkesmannen kan levera sin endelege tilsynsrapport. I tillegg er politiet kanskje snart ferdige med si etterforsking. Klarar dei det før det har gått eitt år?

**MEN DET VIKTIGASTE** er ei kompetent og ekstern gransking av leiarskapen i Sogn barnevern over tid. Me trur svaret på dei fleste problema er å finna der.

redaksjon@sognavis.no

**Sogn Avis**
er ei partipolitisk uavhengig avis for Indre Sogn. Avisa blir trykt hjå Sogn og Fjordane Avistrykk as, Førde.

REDAKTØR:
Jan Inge Fardal

DAGLEG LEIAR:
Leif Johannes Lunde

www.sognavis.no

# Det handlar om å skape ei ny retning

Då klokka slo tolv på nyttårsaftan gjekk vi inn i eit år som mange har høge forventningar til. For over 133.000 nordmenn utanfor arbeidslivet, er det derimot eit år knytt til usikkerheit. Når statsministeren hadde sin årlege nyttårstale, var eit av emna den høge arbeidsløysa i landet vårt. Erna sa tydeleg ifrå om at vi som politikarar må legge til rette for nye private jobbar, men at vi treng dristige kvinner og menn som må skape dei. Eg er heilt einig med ho. Likevel er det her einigheita vår skil lag.

Eg meina at problemet for den aukande arbeidsløysa ligg i prioriteringane til dagens regjering. Problemet er at regjeringa ikkje har utnytta dei midlane dei har hatt til rådigheit på korrekt måte. Den blåblå regjeringa har gjennom sin regjeringsperiode ført ein politikk som ikkje passar saman med løfta deira om tilrettelegging for private bedrifter, men heller ei tilrettelegging for bankkontoane til dei rikaste i landet vårt.

I motgangstider er det ein kjent strategi at ein må investere pengar for motverke dei dårlege trendane. Det er noko den sittande regjeringa har gjort, men tiltaka deira har ikkje gitt ein god nok effekt på arbeidsmarknaden. Dei har sett rekord i bruk av oljepengar og for første gong sidan oppstarten av statens pensjonsfond, så tar vi ut pengar for å dekke oppom ein feilslått politikk. Dei brukar arvesølvet vårt på skattekutt.

Skattekutt til dei rikaste er likevel ein sentral del av høgrepolitikken, då dei meiner at det vil føre til auka investeringar og auka velferd. Hittil har vi dermed sett lite av dei resultata som vart lova. Kor lang tid tar det før vi ser fruktene av dei over 20 milliardar kronene som vart investert i skattekutt der 49 prosent gjekk til Noregs fem prosent aller rikaste?

Politikken til Arbeidarpartiet går ikkje ut på å gi meir til dei som har mest, medan det sit 133.000 einskilde personar som ikkje har nokon jobb å gå til. Vi ynskjer ein aktiv stat som satsar endå meir i ein marknad der andre ikkje tør å investere. Vi ynskjer meir midlar til forbetring og utbygging av veg, meir midlar til oppussing av utslitne offentlege bygg og ei satsing på gründerutvikling.

Under dei raudgrøne sine to regjeringsperiodar vart det skapt om lag 360.000 arbeidsplassar. Sidan 2013 då Erna & Co kom til makta, har det blitt skapt om lag 25.000. Det er tydeleg kven som setter arbeid for alle som prioritet nummer ein. Valet som er om omtrent 250 dagar, handlar om å skape ei ny retning for landet vårt. Vi må få ei regjering som tek tak krisa i arbeidsløysa vi er inne i, ikkje ei som avfeiar at den eksistera!

**Sindre Hornnes**
Leiar av Førde AUF
Fylkesstyret i AUF i Sogn og Fjordane

# Tryggere hverdag for våre eldre

Nytt år –nye muligheter. For våre eldste er det særlig en politisk sak jeg ønsker å fremheve som viktig for Fremskrittspartiet ved årsskiftet. Nemlig at eldre skal likebehandles med andre aldersgrupper:

1. januar trer krav om politiattest for helsepersonell i kommunene i kraft. Nå må altså kommunene innhente politiattest for mennesker som skal yte helse- og omsorgstjenester for pasienter i sektoren. At dette er noe Fremskrittspartiet har vært nærmest alene om frem til dette ble enstemmig vedtatt på vår vakt, viser at vi har jobbet hardt for å få på ordningen plass. Det har dessverre ikke manglet på overskrifter hvor eldre blir utsatt for både ran, vold og overgrep. Målet med politiattesten, er at vi skal forhindre at eldre utsettes for overgrep. Mange eldre er svært sårbare og dette handler om mennesker som skal inn i deres private hjem. Da skulle det bare mangle at ikke eldre skal ha samme rett som andre utsatte grupper til ansatte med politiattest. Nå blir det stilt krav til at alle som ansettes i kommunal helse- og omsorgstjeneste, skal fremlegge politiattest. I tillegg til informasjon som fremkommer i en barneomsorgsattest skal denne politiattesten inneholde informasjon om eventuelle siktelser og tiltaler, som legemsfornærmelse/ kroppsskade, trusler, frihetsberøvelse, vinningsforbrytelser og bedrageri.

Det er ikke frivillig å innhente disse opplysningene, det blir en plikt. Med dette får kommunen et større ansvar for sårbare eldre, ved at disse menneskene nå får økt trygghet i hverdagen.

Det skulle bare mangle.

**Bård Hoksrud**
Eldrepolitisk talsperson
Fremskrittspartiet

# Slår attende, spør om ugildskap i revisjon

## Sogn barnevern

## Ber om nytt møte

**SOGNDAL: I eit svar til Fylkesmannen som vart sendt like før helga, slår Sogn barnevern attende mot funna i den førebelse revisjonsrapporten der det blir peika på rekordmange avvik.**

Det er rådmann Jostein Aanestad og barnevernsleiar Hadle Blikra som har skrive svaret til den førebelse rapporten. Dei har gått gjennom alle konkrete saker som Fylkesmannen byggjer sine avvik på, og det er på nokre område stort sprik mellom funn i den førebelse tilsynsrapporten og dei funna som tenesta finn etter sin eigen gjennomgang av dei klientjournalar som observasjonane er knytte til.

«Det vil etter vårt syn vere tenleg å ha eit møte knytt til dei funna der det er sprik mellom førebels tilsynsrapport og vår gjennomgang. Vi ønskjer eit slikt møte snarleg, og ber dykk gje melding om aktuelle datoar for det», heiter det i brevet frå Sogn barnevern.

### Var problem

Til Bergens Tidendes nettutgåve laurdag kveld sa rådmann Aanestad at kommunen meiner Fylkesmannen bør gjera ei ny vurdering av rapporten på grunnlag av deira innvendingar. Difor har kommunen bede om eit møte der partane i fellesskap kan gå igjennom kritikken.

I denne same vedgår elles rådmann Aanestad at det har vore problem med arbeidsmiljøet og høgt sjukefråvær i Sogn barnevern, men at det var i 2015 og halve 2016. «Slik er det absolutt ikkje nå. Dette er ryddet opp i. Nå gleder de tilsatte seg til å gå på jobb hvar eneste dag», seier rådmannen til avisa.

### Andre vurderingar

Ifølgje Aanestad har kommunen dei siste dagane gått gjennom alle dei elleve henlagde meldingane og vurdert dei grundig på nytt. Og kommunen har altså kome fram til at på ei rekkje område har barneverntenesta gjort andre vurderingar enn fagfolka hjå Fylkesmannen.

Det blir som nemnt også stilt spørsmål ved om revisjonsleiar Line Pedersen Døsen er ugild. Kommunen peikar å at ho fram til sommaren 2010 var tilsett som barnevernskurator i Sogn barnevern, og at i minst tre av dei sakene som det no er gjennomført dokumenttilsyn av, var ho sakshandsamar eller har skrive under som ansvarleg (barnevernskoordinator) i den tida ho var tilsett i Sogn barnevern. «Vi ber Fylkesmannen på dette grunnlaget vurdere habiliteten til revisjonsleiaren for dette tilsynet, og om det kan ha skjedd ein sakshandsamingsfeil», heiter det.



NYTT MØTE: Barnevernsleiar Hadle Blikra ( t.v.) og rådmann Jostein Aanestad slår attende mot funna i den førebelse tilsynsrapprten frå Fylkesmannen. (Arkiv)

### 18 er ute

I svaret frå kommunen går det også fram at Sogn barnevern totalt har 13,5 årsverk fordelte på 11,7 fagårsverk, 0,3 årsverk i økonomistøtte, 0,5 årsverk i kontorstøtte og eit årsverk som tenesteleiar.

«I perioden 2015 og 2016 er totalt 18 personar gått ut av tenesta, fem i 2015 og 13 i 2016. I same periode har det kome åtte nye medarbeidarar i tenesta, 3 i 2015 og 5 i 2016. Ved inngangen til 2017 er det tilsette i alle stillingane, med 100 % stillingsstorleik i alle fagstillingar», heiter det mellom anna i ein detaljert gjennomgang av Fylkesmannens førebelse rapport.

### Er i gang

Det går fram av sluttkommentaren at Sogn barnevern vil nytta den endelege tilsynsrapporten frå Fylkesmannen som eit viktig grunnlag for det forbetringsarbeidet dei allereie har sett i gang.

«Kommunen vil sende over ein plan for forbetringsarbeidet til Fylkesmannen. Planen vil innehalde konkrete tiltak for forbetringar, tidspunkt for når tiltak vert sett i verk og korleis tiltaka skal evaluerast. Planen vil bli utarbeidd av alle tilsette i tenesta. Vi vil m.a. gjennomføre tre heildagssamlingar i januar der alle tilsette vil arbeide med forbetringsplanen», skriv Aanestad og Blikra som til slutt peikar på at Fylkesmannen meiner at funna frå tilsynet gjev grunnlag for 11 avvik, ingen merknader. På bakgrunn av deira tilbakemelding på funna i tilsynet legg dei til grunn at Fylkesmannen vil vurdera desse avvika og om nokon av dei i førebels rapport er å vurdere som merknad og ikkje avvik.

Jan Inge Fardal
jan.inge.fardal@sognavis.no

# Fylkesmannen avviser ugildskap i revisjonen

**HERMANSVERK: Fylkesmannen tek gjerne eit nytt møte med Sogndal kommune, men avviser at revisjonsleiar Line Døsen Pedersen er ugild.**

Fylkesmannen fortel i ei pressemelding at dei har fått brev frå Sogndal kommune som inneheld ei detaljert tilbakemelding på den førebels rapporten om Sogn barnevern som dei vil gå gjennom.

«Kommunen skriv at dei ønskjer eit møte med Fylkesmannen, og me er positive til eit slikt møte», skriv fylkeslege Per Stensland.

Når det gjeld kommunen sitt spørsmål om revisjonsleiar for tilsynet, Line Pedersen Døsen var ugild etter reglane i forvaltningslova, så opplyser Fylkesmannen at dette vart vurdert i forkant av tilsynet.

«Tilsynet gjeld barnevernets handsaming av saker i 2015 og 2016. Revisjonsleiaren arbeidde i barnevernet fram til 2010. Ho har altså ikkje vore involvert i den sakshandsaminga me har sett på ved tilsynet, og ho er difor ikkje ugild som revisjonsleiar. At ho tidlegare, medan ho arbeidde i barnevernet fram til 2010, har handsama saker som gjeld dei same barna eller familiane deira, gjer henne ikkje ugild. Likevel har ho ved dette tilsynet halde seg unna gjennomgang og vurdering av dei få sakene som gjeld barn og familiar ho tidlegare har vore sakshandsamar for», skriv Per Stensland som altså er klar for nytt møte med Sogndal kommune om Sogn barnevern.




5#825:far0efef-f70a-48c3-8241-ba761028b7fb:79

BILAG 31



# Lukke til med forhandlinga

**FØRSTKOMANDE VEKE STARTAR** forhandlingane om det, som i praksis har som målsetjing å føra oss attende til 1763. Til den gongen Bergenhus amt vart delt opp i Nordre og Søndre Bergenhus amt. Det var dei fire futedøma Nordfjord, Sunnfjord, Ytre Sogn og Indre Sogn som utgjorde Nordre Bergenhus fram til Sogn og Fjordane oppstod som eige fylke i 1919.

*Det er Staten som avgjer kvar statens representant skal halda til, ingen annan.*

**NO SKAL ALTSÅ** Høgre sin gruppeleiar i fylkestinget, Noralv Distad (H) saman med fylkesordførar Jenny Følling, fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes, fylkesrådmann Tore Eriksen og fylkeshovudtillitsvald Elin Johanne Skei Stubhaug rydda grunnen for korleis Nordre Bergenhus 2.0 skal bli.

**DETTE ER NESTEN** som ei utgåve av NRKs populære TV-serie Anno. Der utvalet skal finna ut korleis den nye regionen skal fungera og ikkje minst kva den nye regionen skal ha ansvaret for.

**DET ER MYKJE** som tyder på at dette forhandlingsutvalet kan få ein stri tørn når dei set seg til forhandlingsbordet med Hordaland. Fleire politikarar frå dagens nabofylke i sør har i alle fall signalisert at det ikkje er spesielt mange funksjonar dei kan tenkja seg å flytta nordover.

**ME REGISTRERER EIN** optimisme i vår eigen forhandlingsdelegasjon før avreise til Os, og det er bra og det er heilt naudsynleg. I intensjonsavtalen som det førre forhandlingsutvalet kom fram til, fekk Rogaland ansvaret for næring, opplæring, idrettsdelen i kultur og kollektivdelen innanfor samferdsel.

**ME YNSKJER LUKKE** til i arbeidet med å flytta ansvaret for nokre av desse oppgåvene innover fjorden frå Bergen til Hermansverk, og minnest bergensarane sin reaksjon mot at Bybanen skulle styrast frå Stavanger.

**I DEN SAME** avtalen fekk me i Nordre ansvaret for kultur, minus idrettsdelen og samferdsel, minus kollektivdelen, og ikkje minst vart dei tre fylkesordførarane samde om at Fylkesmannen skal lokaliserast til vårt fylke.

**DET ER IGJEN** verdt å merka seg at er det ein ting fylkeskommunane ikkje kan bestemma, så er det kvar Fylkesmannsembetet skal vera. Det er Staten som avgjer kvar statens representant skal halda til, ingen andre. Så det forhandlingsutvalet måtte koma til her, kan ikkje tolkast som noko anna enn eit fromt ynskje.

**NOKO ANNA ER** at dette fylket over tid har prova at me, både i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn har vore flinke til å byggja svært konkurransedyktige fagmiljø, både nasjonalt og internasjonalt på mange område. Lukke til i forhandlingane med å finna løysingar som både skal betra rammevilkåra for utvikling og gjera livet i trivsels- og framtidsfylket endå betre – utan at bergensarane reiser bust.

redaksjon@sognavis.no

**Sogn Avis**
er ei partipolitisk uavhengig avis for Indre Sogn. Avisa blir trykt hjå Sogn og Fjordane Avistrykk as, Førde.

REDAKTØR:
Jan Inge Fardal

DAGLEG LEIAR:
Leif Johannes Lunde

www.sognavis.no

# Om ekstern gransking av Sogn barnevern

Sogn Avis har på nytt, jf. måndagens leiar, peikt på framgangsmåten som må til for å avdekkje den alvorlege svikten i Sogn barnevern, over lang tid.

Eg sluttar meg fullt og heilt ut til avisa sitt syn om at dette må skje gjennom ein totalgjennomgang av etaten, og at det må gjelde frå starten av.

Vidare er det heilt rett at ansvaret for etaten ligg på toppnivå i kommunen, det vil seia hjå rådmannen.

Dette kjem også klårt og korrekt til uttrykk frå professor Bukve si side.

Det er såleis etter min kunnskap heilt uakseptabelt at ein rådmann, ved kritikk frå overordna myndigheit, der han sjølv er mistenkt for forsømmelsar i tenesta sjølv «prosederar» saka så vel administrativt som politisk.

At rådmannen sjølv og barnevernsleiar er politimelde og under etterforsking, forsterkar inntrykket hjå folk flest om mangel på sjølvjustis.

Så lenge underteikna har følgt med i styringa av Sogndal kommune har eg enno ikkje opplevd ei sak med meir sprengstoff i seg enn Sogn Barnevern, med så mange uskuldige menneskeskjebner involverte!

Og eg stiller same spørsmåla som redaktør Fardal har gjort mange gonger, og over lang tid: « Kvar er dei ansvarlege politikarane i formannskapet og kommunestyret?»

Spania 9. januar 2017
**Alf Reuss Kollsete**



*GRATIS: Det er gratis parkering for el-bilar på kommunale parkeringsanlegg i Sogndal for året 2017, skriv Hans Haugen*

# Parkeringsforeskrifter i Sogndal

Dei nye forskriftene om vilkårsparkering som vart vedtekne 25.11.2016 vart sette i kraft 01.01.2017.

Gjeld også for Sogndal kommune. § 34 : Kommunar kan innføre betalingsfritak for eletriske og hydrogentransportmiddel på avgiftsbelagde kommunale parkeringsanlegg.

I avgiftsheftet til Sogndal kommune side 26 punkt 33 står under El- og Hydrogenbilar: Det er avgiftsfritak for el- og hydrogenbilar i 2017. Frå 2018 vert avgiftsfritaket vurdert avvikla.

Avgiftsheftet vart vedteke saman med budsjett for 2017 i kommunestyre 15.12.2016. Det er såleis gratis parkering for el-bilar på kommunale parkeringsanlegg i Sogndal for året 2017.

Regionen og Sogndal som regionsenter har ikkje fått det oppsvinget i el-bilar som resten av landet. Det må difor arbeidast målretta frå kommune og private aktørar for oppfølgjing av ladestasjonar og hurtigladestasjonar.

Indre Sogn er eit av dei områda i Noreg som har størst produksjon av rein energi (vasskraft). Det er svert mange produsentar og straumlevrandørar som burde setje opp ladesttasjonar i Sogn.

Sjølv om det vert parkeringsavgift for el- bilar i 2018 i Sogndal er det forsatt ein god del å tene på å kjøyra eletrisk og ikkje minst klima og miljømessig. El-bilar har no lang rekkevidde og god komfort og vil etter kvart overta i all landtransport.

Sogndal Venstre
**v/ Hans Haugen**

# Kjenner seg ført bak lyset av barnevernet

**Opptekne av tillit** **Ventar på forbetringsplanen**

**GAUPNE: – Kan me no kjenna oss trygge på at folk har fått den hjelpa dei treng, og får me dei tenestene me betalar for og skal ha? Spørsmålet kom frå Arne Johannesen (Ap) då Luster formannskap vart orienterte om stoda i Sogn Barnevern måndag.**



*FORMANNSKAPET: Politikarane i Luster hadde mange spørsmål under orienteringa om stoda i Sogn Barnevern. Mellom dei var Arne Johannesen og Elin Hauge (midt på biletet)*

Tilliten til den interkommunale barnevernstenesta var tema for fleire av dei som tok ordet i møtet. Og spørsmåla var mange etter alt bråket som har vore kring tenesta. Sogndalsrådmann Jostein Aanestad som er ansvarleg for tenesta møtte i eit ekstra formannskapsmøte saman med barnevernsleiar Hadle Blikra.

## Ført bak lyset

Ei anna som var oppteken av tilliten til Sogn Barnevern var Elin Hauge (Ap).

– Eg synest det er løge at Arbeidstilsynet kan seia fleire gongar at dei er nøgde og så er stoda som den er. Me har bede om informasjon, og får gjentekne gongar melding om at ting er bra. Så få me denne førebelse rapporten frå Fylkesmannen som seier det er alt anna enn bra. Og då går det litt på tillit.

– Det er inga god kjensle å kjenna seg førde bak lyset. Det er kritikkverdig, og det tykkjer eg ikkje noko om, sa Hauge. Sogndalsrådmann Aanestad svarte at han skjøna det godt. Men avviste at han tidlegare har sagt at alt er bra. Han meiner det som har vore sagt og orientert om til kommunane er at han kjenner seg trygg på at dei skal få orden på arbeidsmiljøutfordringane.

– Rapporten som kom no viste til perioden 2015 og fram til juni 2016. Etter den tid seier alle at dei trivst på jobb, sa Aanestad.

## Arbeidsmiljø

Aanestad fortalde i møtet om eit arbeidsmiljø som hadde vore dårleg sidan starten i 2008, og der sjukefråværet til tider var skyhøgt. På spørsmål om kva det dårlege arbeidsmiljøet skuldast, forklarte Aanestad det med at det var folk som ikkje klarte å samarbeida.

– Det var mange som var slitne av å arbeida i eit splitta arbeidsmjø. Det er ikkje 13–14 som har fått sparken, men me har funne løysingar i samråd med dei det gjeld, sa Aanestad til formannskapet. Det var for høvet utvida med einingsleiarar innan skule og helse, og tre parti som elles ikkje har plass i formannskapet.

## Mobbing

– Avisa har skrive at folk har teke imot pengar for å slutta. Stemmer det, spurde ordførar Ivar Kvalen. Det kunne Aanestad verken stadfesta eller avkrefta. Fleire gongar i orienteringa kritiserte Aanestad Sogn Avis for å skriva feil. Mellom anna der avisa har intervjua folk som seier dei kjenner seg mobba og trakkaserte av leiarar.

– Det er feil. Ingen har vorte mobba eller trakkaserte av leiarar, hevda Aanestad. Torodd Urnes (KrF) var oppteken av at alle som slutta representerte lang erfaring, og at dei no er erstatta med nyutdanna folk. Han lurte på om det gode arbeidsmiljøet som var no heng saman med at nesten heile mannskapet er bytt ut. På det svara Aanestad berre at dei som er der no trivst på jobb og ikkje har den typen konfliktar som har vore. Han viste bilete av dei tilsette, og sa dei var veldig motiverte for jobben framover.

## Kritisk til rapport

Aanestad var kritisk til rapporten frå Fylkesmannen på fleire punkt, og har avtala møte med dei for å avklara desse. Sogn Barnevern har gått gjennom fleire saker dei fekk kritikk for, og har funne grunn til å ta att ei av dei.

Aanestad var oppteken av at dei no arbeider med ein forbetringsplan for Sogn Barnevern som skal leggjast fram 1. februar. På spørsmål etter møtet om politikarane har tillit til Aanestad, svara alle at det var for tidleg å svara på. Dei avventar den endelege rapporten frå Fylkesmannen. Og dei vil også sjå om forbetringsplanen leiinga i Sogn Barnevern legg fram vert følgd opp.

Wenche Schanke Eikum
wenche@sognavis.no

# Luster Frp vil ha Luster ut av Sogn barnevern

**GAUPNE: Luster Frp vil ha eit ekstraordinært kommunestyremøte for å koma seg ut av Sogn barnevern – straks.**

Det er i eit brev til Ivar Kvalen (Sp) i går at Johannes Hauge på vegner av Luster Frp krev at ordføraren syter for å kalla inn til ekstraordinært kommunestyremøte der sak om utmelding frå Sogn Barnevern står på saklista.

«Sogn Barnevern har i fleire saker over lang tid vist at dei ikkje er kvalitetsmessig gode nok verken fagleg eller administrativt. Slik situasjonen omkring barnevernstilbodet er i dag er det ikkje forsvarleg å halde fram samarbeidet. Dette tilseier at samarbeidsavtalen må oppseiast av Luster kommune omgåande for å sikra gode tilbod til innbyggjarar i Luster kommune», heiter det i dette brevet.

## Kritikkverdig

Hauge peikar på at det er avdekka svært kritikkverdige forhold både når det gjeld den faglege kvaliteten på tilbodet som vert ytt til tenestemottakarar og den administrative styringa og kontrollen med arbeidet som vert utført i Sogn barnevern. Han har også registrert at både ordførar og rådmann i Sogndal ved fleire høve offentleg har hevda at kommunen har kontroll både med det faglege tilbodet og den administrative delen.

«Dette har vist seg ikkje å vere korrekt», skriv Hauge og meinte det ikkje styrkar tilliten til rådmann Aanestad at han har stilt seg kritisk til Fylkesmannen sine vurderingar i tilsynsrapporten og at leiaren for dette tilsynet, etter hans oppfatning er inhabil.

## Dødsfallet

Johannes Hauge karakteriserer dette som eit forsøk på å få fokus vekk frå alvoret i saka ved å setja i gang ein formalprosess om habilitet.

«Rådmannen kan ikkje fri seg frå at eit barn har døydd medan det var under barnevernet si omsorg. Politietterforskinga vil avdekkje om det er årsakssamanheng mellom dødsfallet og det tenestetilbodet vedkomande fekk frå barnevernet», skriv Johannes Hauge mellom anna på vegner av Luster Frp.

Ordførar Ivar Kvalen svarar at han vil ta kravet frå Frp opp i formannskapet og lovar at Luster Frp skal få eit skikkeleg svar i løpet av ei vekes tid.

Jan Inge Fardal
jan.inge.fardal@sognavis.no

5#82/7:faf0efef-f70a-48c3-8241-ba76102b87fb:81

# Skivebom frå Rema 1000

**ME HAR FORSTÅTT** lenge at sentralstyringa av matvarekjedene, mildt sagt er utfordrande for ein del kjøpmenn rundt om i landet. Vår bransje har til dømes merka dette på korleis desse kjedene styrer annonsekronene sine. Nesten alt blir bestemt i dei tre hovudkontora. Lokale kjøpmenn må kjempa for å få annonsera der dei meiner det er best for seg.

> *Og det er nettopp denne faktoren som gjer at mange sogningar – over heile landet reagerer og seier dei vil boikotta Rema 1000.*

**MEN MEDAN DETTE** er «berre» ei utfordring for vår bransje spesielt, så er det sentralstyrte stuntet som Rema 1000 har køyrt dei siste dagane noko heilt anna. Det treffer folk midt i magen. Og mykje tyder på at denne sokalla «besteven-appen», som den steinrike Reitan-familien har fått utvikla, er ein skivebom av dimensjonar.

**FRÅ HEILE LANDET** har det i alle fall kome meldingar om at kundar vil boikotta Rema-butikkane fordi dei no droppar velkjende norske varer som Mack frå Tromsø, Hansa frå Bergen og Lerum frå Sogndal i nesten alle butikkane sine.

**MARKNADSEKSPERT TROND BLINDHEIM** peika til BT i går på at lokale merkevarer er identitetsskapande og kan fungera som kulturberarar. «Tar man Mack-øl fra en nordlending, Hansa-øl fra en bergenser eller Lerum-syltetøy fra en sogndøl, så risikerer man å bli kraftig upopulær», sa Blindheim og det var godt sagt!

**DIFOR ER REAKSJONANE** sterke på at Lerum syltetøy vil ikkje vera å finna i butikkhyllene til Rema 1000 framover. Unntaket er butikkane i Sogndal og Årdal som framleis vil ha alle Lerum-produkta i hyllene. Syltetøyet vil dei kjøpa direkte frå Lerum, slik dei har gjort sidan 1991. Dei andre produkta- juice og saft, får dei via distribusjonssystemet til Rema 1000, opplyste den lokale Rema 1000-høvdingen Jan Knut Einarsen til Sogn Avis i går.

**LERUMDIREKTØR TRINE LERUM** Hjellhaug tek den dramatiske meldinga frå matvaregiganten med imponerande fatning. Ho konstaterer at det er trist, men at det no ein gong er slik konkurransen fungerer.

**LERUM VEIT FØREBELS** ikkje kva konsekvensar dette Rema-stuntet kan få for omsetnad og dermed arbeidsplassar. Og det er nettopp denne faktoren som gjer at mange sogningar – over heile landet reagerer og seier dei vil boikotta Rema 1000.

**SJØLVSAGT ER DETTE** eit problem dersom arbeidsplassar i distrikta blir truga. Og det seier alt om kva makt desse matvarekjedene med sine steinrike eigarar, har skaffa seg.

**– BRUK FORBRUKARMAKTA, VAR** meldinga frå statsminister Erna Solberg då ho vitja Lerum rett etter at nyheita vart kjend. I denne samanheng kan det ikkje bety anna enn at folk bør handla i dei butikkane som sel Lerum sine produkt ...

redaksjon@sognavis.no

**Sogn Avis**
er ei partipolitisk uavhengig avis for Indre Sogn. Avisa blir trykt hjå Sogn og Fjordane Avistrykk as, Førde.

REDAKTØR:
Jan Inge Fardal

DAGLEG LEIAR:
Leif Johannes Lunde

www.sognavis.no

# Ope brev til ordføra

Sogndal Frp takkar for svarbrev på vårt forslag om å fristilla rådmannen i den vidare prosessen for å løyse konflikten ved Sogn barnevern. Me gir att heile vårt brev om dette samt ditt svar til oss, til orientering for lesarane i Sogn Avis.

**Til ordførar Jarle Aarvoll**
Vedk. Administrasjonen og situasjonen i Sogn barnevern.
Sogndal Frp er tilliks med svært mange i Sogndal og i nabokommunar djupt uroa over situasjonen Sogndal er komen i som vertskommune for Sogn barnevern. Sakene har versert i lokalmedia og i riksmedia over lang tid. Me viser til den førebelse rapporten frå fylkesmannen om alle avvika generelt og spesielt ei enkelsak som enda i eit tragisk dødsfall.

Det er urovekkande når det vert stilt spørsmål til rådmannen si handsaming og truverde i sakene. Rådmannen er også politianmeldt for tilhøve knytt til dette.

Sogndal Frp ber om at rådmannen trer til sides i den vidare prosessen som skal finne fakta om kva som har hendt. Det vil etter vårt syn vere den ryddigaste vegen å gå, også med tanke på å rette opp att tilliten til vertskommunen Sogndal.

Som øvste tillitsvald i Sogndal ber me om at du syter for at dette skjer.
Sogndal 5. jan. 2017

**Ivar Kollsete og**
**Rita Navarsete**
**Sogndal Frp**

Her er svaret frå ordføraren:

**Til styret i Sogndal Frp**
**v/Idar Kollsete**
Vedkjem administrasjonen og situasjonen i Sogn barnevern.

Eg syner til dykkar brev av 05.01.2016.

Kvaliteten på og organiseringa av tenestene i Sogn barnevern er viktig for brukarane og for alle som har ansvar for drifta.

Som vertskommune har Sogndal kommune eit særleg ansvar. Dette ansvaret vert, med det største alvor, følgt opp både av den politiske og den administrative leiinga i kommunen. Arbeidet er i gang.

Politikarane har ved fleire høve uttrykt kor viktig det er at dei tilsette i barnevernet no får arbeidsro til å gjennomføre det arbeidet dei er i gang med.

Etter mi vurdering vil det vere særs uheldig for det arbeidet som no skjer i og omkring barnevernet dersom det vert sett i gang ei sak/prosess om rådmannen si stilling. Dette vil representere ei auka belasting og ytterlegare påkjenning på dei barnevernstilsette som vi ikkje bør utsette dei for. Det vil heller ikkje gjere arbeidet deira lettare.

Eg vil elles minne om dei presiseringane fylkeslegen gjekk ut med i media 5. januar når det gjeld ei konkret sak. M.a. Sogn Avis sin omtale av tilsynsvurdering som Fylkesmannen har gjort. I den samanheng minner eg om at alle som har eit politisk og administrativt ansvar bør

# Refusjon av pasientreiseutgift

I eit innlegg i Sogn Avis 27.12.2016 fekk eg spørsmål om refusjon av pasientreiseutgifter knytt til reiselengde, reisetidspunkt og overnatting.

Refusjon av pasientreiseutgifter er regulert av sjuketransportforskrifta. Sjuketransportforskrifta byggjer på eit prinsipp om refusjon av naudsynte utgifter. Dette er utgifter til den næraste behandlingsstaden, og den kortaste reisevegen til behandlingsstaden som kan refunderast.

Vidare blir overnattingsutgifter berre refunderte dersom overnattinga var naudsynt under reisa. Pasienten må ha overnatta ved ein overnattingsstad som driv næringsverksemd for å få utgiftene refundert. Dersom det ikkje ligg føre avgjerande dokumentasjon om noko anna, må pasientar rekne med å reise frå heimstaden sin så tidleg som kl. 05.00 same morgon som behandlinga skal finne stad.

**Per Stensland**
**Fylkeslege**

# Sjokkert og urolig

Etter å ha fulgt med i avsløringene om Sogn barnevern i Sogn Avis, er jeg blitt mer og mer sjokkert og urolig over det som har kommet frem. Som utdannet sosionom med mer enn 20 års erfaring innen barnevernsektoren har jeg aldri opplevd eller hørt om tilsvarende dårlig lederskap uten at det ville ha fått alvorlige konsekvenser for vedkommende. For meg ser det ut til at prestisjen til rådmannen har gått foran hensynet til familiene Sogn barnevern har ansvar for, og arbeidsgiveransvaret for de ansatte.

Jeg vil på det sterkeste støtte professor Oddbjørn Bukves forslag om gransking av lederutførelsen på øverste plan i Sogn barnevern. Dette mener jeg er nødvendig for å få tilbake tilliten til den politiske ledelsen i kommunen og til Sogn Barnevern.

**Cecilie Aass**
**Oslo**

# Her er Aanestads avta om mobbing og trakas

## Snakka usant i Luster

## Skulda Sogn Avis for feilinformasjon

**GAUPNE: I ope møte, kringkasta på Radio Luster måndag, nekta rådmann Jostein Aanestad for at det skal ha skjedd mobbing og trakassering av tilsette i Sogn barnevern. Han skulda i staden Sogn Avis for å feilinformera. Her er provet på at rådmannen snakka usant.**

Fleire gongar i si orientering om Sogn barnevern til Luster formannskap måndag, skulda rådmann Jostein Aanestad Sogn Avis for å skriva feil og ha feil i vår omtale av barnevernet.

Mellom anna tilsette i Sogn barnevern har sagt at dei kjenner seg mobba og trakasserte av tidlegare leiar.

«Det er feil. Ingen har vorte mobba eller trakasserte av leiarar», hevda Aanestad i si lange og omfattande utgreiing til formannskapet i Luster.

### Erstatning

Laurdag 1. oktober i fjor skreiv Sogn Avis at då tre tilsette i Sogn barnevern truga med søksmål etter å ha vorte mobba av sin tidlegare leiar i Sogn barnevern, så svara rådmann Jostein Aanestad med å betala erstatning, skaffa psykologhjelp og – han lova å framsnakka dei tilsette i Sogn barnevern i Sogn Avis.

Bakgrunnen for denne oppsiktsvekkjande avtalen var at tilsette i Sogn barnevern hadde truga med rettssak etter mobbing og trakassering frå sin tidlegare tenesteleiar. Advokatar til både LO og Fagforbundet hadde gått gjennom det materialet som var tilgjengeleg, og samtlege konkluderte med at det var juridisk grunnlag for eit søksmål mot kommunen.

### Fråskriving

Då fann rådmann Jostein Aanestad det naudsynleg å handla, og han fekk utarbeidd ein avtale med dei tre. Gjennom denne avtalen fråskreiv dei tre tilsette dette handlar om, seg retten til å gå til rettslege steg mot kommunen og/eller tidlegare tenesteleiar om denne saka.

«Alle forhold i saka er opp og avgjort med denne avtalen», heiter det i avtalen.

Kommunen vedgjekk i denne avtalen skuld for at desse tre tilsette i barnevernet vart utsette for mobbing og trakassering.

### Ikkje funne

Då Sogn Avis kontakta rådmann Aanestad i går, og bad om ein kommentar til at me kjem til å trykka ein sladda versjon av denne avtalen, som prov på at me ikkje har dikta dette opp, svara rådmannen slik på sms: «Eg kan stadfeste at kommunen ikkje har inngått avtalar som tilseier at tidlegare tenesteleiar har mobba eller trakassert medarbeidarar. Nokon kan meine at dei har opplevd mobbing og trakassering. Eg har undersøkt om det har skjedd, noko eg ikkje har funne».

Aanestad la til følgjande i den same meldinga: «Om du ønskjer nærare forklaring på dette kan eg ringe deg, men eg vil sitja i møtet ut dagen».

Dermed fekk me ikkje denne forklaringa med i dagens papirutgåve.

Jan Inge Fardal
jan.inge.fardal@sognavis.no



*SNAKKA USANT: Rådmann Jostein Aanestad held på at han ikkje har funne spor av mobbing og trakassering i Sogn barnevern.*

# Lova løysing i Sogn barnevern – i 2014

**SOGNDAL: – Me har i lang tid kjent til at arbeidsmiljøet i Sogn barnevern ikkje er som det skal og bør vera, stadfesta rådmann Jostein Aanestad – den 26. februar 2014. Det er snart tre år sidan.**

Sogn Avis sitt hovudoppslag onsdag 26. februar 2014 handla om Sogn barnevern. Hovudtittelen var «Arbeidsmiljø på helsa laus».

«Fleire tilsette i Sogn barnevern kjenner seg utrygge. Dei sit åleine med krevjande saker og opplever konfliktar på jobb. Det kjem fram i ein rapport frå Arbeidstilsynet», heitte det på førstesida. Der uttalte rådmann Jostein Aanestad følgjande: «Kommunikasjonen mellom leiing og tilsette har ikkje vore god nok. Saman med bedriftshelsetenesta har me freista å kartleggja problema. Alle dei tilsette har vore involverte for å finna fram til tiltak. Me har ei klar målsetjing om at alle skal trivast på jobb».

Inne i avisa fortel rådmannen, som har vore ansvarleg for Sogn barnevern sidan 2008, at kommunen kjende godt til alle problema lenge før arbeidstilsynet kom inn i biletet.

«Me har brukt Bedriftshelsetenesta for å kartleggja situasjonen og arbeidsmiljøet i Sogn barnevern. Den prosessen starta allereie i april 2012. Dette har me gjort saman med dei tilsette. Her vart så godt som alle dei funna som Arbeidstilsynet gjorde i sitt tilsyn avdekte», sa rådmannen i februar 2014. Han la til at det «var svært viktig for han å streka under at verken kommunen sin eigen gjennomgang eller Arbeidstilsynet sitt tilsyn, har gjort funn som tyder på at det dårlege arbeidsmiljøet har gått ut over det faglege eller det tilbodet som brukarane har fått.»

### Store krav

«Korleis har arbeidsmiljøet i Sogn barnevern vorte så dårleg?», spurde Sogn Avis.

«Det kan vera og er heilt sikkert fleire grunnar til det. Mellom anna er det å yta tenester i barnevernet eit krevjande arbeid som stiller store krav til både den enkelte medarbeidar og til leiinga. Samstundes er det klart at her har ikkje kommunikasjonen mellom leiing og tilsette vore god nok. Saman med bedriftshelsetenesta har me freista å kartleggja problema. Alle dei tilsette har vore involverte for å finna fram til tiltak. Me har ei klar målsetjing om at alle skal trivast på jobb», sa Aanestad som la til at dette måtte løysast i ein tett dialog mellom leiing, tilsette, tillitsmannsapparatet og verneombod.

Dette var altså i februar 2014, og det er tre år sidan. Framleis reiser rådmann Jostein Aanestad rundt og snakkar om kor god kontroll det no er – i barnevernet.


Tilsette sjukmelde grunna dårleg arbeidsmiljø

*I 2014: Faksimile av Sogn Avis sitt oppslag i februar 2014.*

# le
# sering

Avtale mellom [redacted] Sogndal kommune

1.

[redacted] isett i Sogndal kommune, tenestestad Sogn barnevern, har teke opp med kommunen at ho har opplevd trakassering og mobbing frå tidlegare tenesteleiar for Sogn barnevern [redacted] og at ho har fått fagforbundet hennar FO/LO advokatene til å vurdere grunnlaget for eit søksmål overfor kommunen. Desse meiner at det ligg føre grunnlag for eit søksmål, og FO støttar vidare juridiske skritt.

[redacted] og Sogndal kommune har blitt samde om følgjande:

2.

Med denne avtalen fråskriv [redacted] eg retten til å føreta rettslege steg overfor kommunen eller mot tidlegare [redacted] denne saka. Alle forhold i saka er opp og avgjort med denne avtalen.

3.

Kommunen ved rådmann pliktar seg til følgjande:

- Med grunnlag i dei helse- og velferdsmessige belastingar saka har hatt for [redacted] betalar Sogndal kommune ein erstatning for ikkje- økonomisk skade på kr. 50.000 jf. Skattelovens § 5-15 (1) bokstav h pkt. 1.
- Sogndal kommune innberetter beløpet på kr. 50.000,- som erstatning. Det er skatteetaten som avgjere ein eventuell skatteplikt. Sogndal kommune har ikkje noko ansvar for den skatten som eventuelt vert lagt.
- Sogndal kommune ved rådmann sender eit brev til [redacted] med følgjande innhald. *«Vi viser til vårt brev av 29.9.2014 der vi «[redacted] denne saka har blitt handsama på frå kommunen si side og den belastninga det har medført for deg.» Vi vil presisere at det ikkje har eksistert noko grunnlag for å reise ei sak mot deg og at kommunen har gjort urett mot deg ved å reise saka. Det beklagar vi på det sterkaste.*

  *Alle dokument i saka, utanom dette brevet, vert fjerna frå personalmappa di.»*

- [redacted] får tilbod om hjelpe å bearbeide og leggje bak deg dine oppleving med [redacted], der målsettinga er at du ikkje skal ha ugreie reaksjonar ved møte med tidlegare tenesteleiar, samt førebygge andre eventuelle etterreaksjonar [redacted] vil diskutere forslag til tiltak med deg og det vert laga ein eigen avtale mellom deg og kommunen om kva tiltak som skal gjennomførest. Sogndal kommune forpliktar seg til å dekkje utgiftene til det, eller dei, tiltaka som ein i samråd med [redacted] kjem fram til (t.d. samtaleterapi, psykologbehandling etc.). Ved behov, vert det gjeve permisjon med løn for å gjennomføre tiltaka ein kjem frå til.

- Rådmann vil bed om eit intervju i Sogn Avis der rådmannen framsnakke Sogn barnevern og medarbeidarane i Sogn barnevern. Rådmann vil også orientere alle tenesteleirane innan oppvekst om situasjonen som har vore i Sogn barnevern og framsnakke barnevernstenesta

- Avtalen er u.off, jf. offentleglheitslova § 13, med unntak av offentlegrettslege opplysingar til skatteetaten.

Sogndal den 27. mars 2015

[redacted]

Jostein Aanestad

*AVTALEN: Her er avtalen som rådmann Jostein Aanestad skreiv under i mars 2015.*



*OVERRASKA: Ordførar Jon Håkon Odd reagerer på kuvendinga til Sogndal kommune (Arkivbilete)*

# Reagerer på kuvendinga til verts-kommunen

**LEIKANGER: Sogndal kommune varslar motsegn til tilsynsrapporten om Sogn barnevern.**

– Eg er overraska over kuvendinga til Sogndal kommune, seier Jon Håkon Odd, ordførar i Leikanger. Han viser til den siste utviklinga i samband med den mykje omtala førebelse rapporten som Fylkesmannen kom med like før jul, etter å ha hatt eit grundig tilsyn av Sogn barnevern.

## Var samde

Leikanger er ein av dei fire eigarkommunane til Sogn barnevern. Difor var dei òg inviterte til å vera med på møtet hjå Fylkesmannen før jul der dei vart orienterte om kva som kom fram i den førebelse rapporten, mellom anna 11 avvik i den sterkt kritiske rapporten. Ein rapport som gjorde at Leikanger kommunestyre tok han opp som ekstra sak på budsjettmøtet før jul.

– I møtet hjå Fylkesmannen signaliserte Sogndal kommune at dei var samd med funna, og ikkje ville ha særlege motsegner. Det overraska meg stort då BT no skriv at Sogndal kommune vil koma med tilsvar med sterke motsegner på dei fleste av dei 11 avvika i rapporten. I BT-intervjuet med rådmann Jostein Aanestad stiller òg kommunen spørsmål om revisjonsleiaren for tilsynet kan vera ugild. Det overraska meg òg stort at denne informasjonen får me som eigarkommune via media.

## Vil ha plan

Odd seier dei siste utspelet forsterkar behovet for eit møte i eigarkommunane som har ansvaret for Sogn barnevern.

– *Kva meiner du skal vera tema på dette møtet?*

– Temaet må ein forbetringsplan som Sogndal kommune skal leggja fram. Eg har særleg interesse av at Sogndal har anerkjent dei problema som Fylkesmannen har peika på. Det er eit heilt sentralt premiss for å løysa dei utfordringar som Sogn barnevern har, seier Jon Håkon Odd.

Sigrid Svartefoss
sigrid.svartefoss@sognavis.no

5#631:fa10efef-f70a-48c3-8241-ba761028b7fb:85

BILAG 33



# Tidlegare ordførarar uroa for barnevernet

## Urnes saknar mentorar — Veum ein sjølvkritisk toppleiar

**GAUPNE: Dei to tidlegare ordførarane Torodd Urnes (KrF) og Ernst Veum (Frp) stilte fleire kritiske spørsmål om Sogn barnevern i formannskapet måndag. Dei er ikkje mindre urolege etter det som har kome fram i ettertid.**

– På direkte spørsmål frå meg om det var betalt ut erstatning til tilsette i Sogn barnevern, svara rådmann Jostein Aanestad at han verken kunne stadfesta eller avkrefta det. Det er no openbert at heile sanninga ikkje kom fram under denne orienteringa. Dersom det var naudsynleg å lukka møtet for å gje oss korrekt informasjon, burde Aanestad ha bede om det, seier Torodd Urnes etter at Sogn Avis torsdag dokumenterte at Sogndal kommune har betalt ut 50.000 i erstatning til tre tilsette i Sogn barnevern.

### Alle skifta ut

Urnes er framleis svært uroleg for framtida til Sogn barnevern. Og viser til at det har vore store problem i meir enn åtte år – alle med Aanestad som øvste ansvarleg.

– Eg har liten tru på det som no skjer, og er ikkje på noko vis styrkt i trua etter Aanestads orientering. Heile mannskapet i barnevernet er skifta ut, alle dei med erfaring er bytte ut med heilt ferske. Dei er sjølvsagt glade for å ha fått seg jobb, men kor lenge varer den gleda? spør Urnes.

### Manglar mentorar

Han viser til at då han spurde rådmannen om kva han meiner om akkurat det, at alle dei røynde er vekke, så fekk han ikkje noko svar.

– Han svara i staden at dei som er på jobb no trivst og gler seg til å gå på jobb kvar dag. Eg stussar er det svaret, seier Urnes og ser på dette som den kanskje største utfordringa no.

– Alle som har vore nye i ein jobb veit kor viktig det er å ha nokon med erfaring å spørja til råds, å diskutera vanskelege saker med. Det er ekstra viktig i ein organisasjon som dette. Det er kritisk at dette manglar i Sogn barnevern og at toppleiaren ikkje synest å vera oppteken av spørsmålet i det heile, seier Torodd Urnes.



*KRITISKE OG UROLEGE: Tidlegare ordførar Torodd Urnes (t.v.) og Ernst Veum er djupt urolege for framtida til Sogn barnevern og kritiske til rådmann Jostein Aanestads leiing av organisasjonen.*

### Svært spesielt

Tidlegare Ap-ordførar og no Frp-medlem Ernst Veum karakteriserer orienteringa frå Aanestad som svært spesiell. Særleg etter dokumentasjonen på at det faktisk er betalt ut erstatning til tilsette i barnevernet.

– Eg meiner også at det er grunn å stilla spørsmål ved habiliteten til Aanestad, når han reiser rundt og forsvarar og forklarar kva som har gått gale i ein organisasjon han er den øvste ansvarlege for. Kvifor skal han svara på kva som er gale så lenge han er den ansvarlege? spør Veum.

### Berre nedover

Den tidlegare ordføraren er også undrande til at rådmannen i Sogndal berre plasserer ansvaret for alle desse problema nedover i organisasjonen.

– Eg har ikkje høyrt noko som liknar sjølvkritikk, konstaterer Veum. Som også etterlyser Fylkesmannen under denne orienteringa.

– Det er litt spesielt at den eine parten, som også var kritisk til Fylkesmannen sin førebelse tilsynsrapport fekk koma med sitt syn, medan Fylkesmannen – som kritikken er retta mot ikkje var til stades, seier Ernst Veum som er spent på konklusjonane i det som er Fylkesmannens endelege rapport etter tilsynet i Sogn barnevern.

Jan Inge Fardal
jan.inge.fardal@sognavis.no

# – Betalte erstatning for å unngå rettssak

**SOGNDAL: Rådmann Jostein Aanestad tilbakeviser framleis at kommunen har funne teikn på at det har føregått mobbing og trakassering i Sogn barnevern.**

Etter at Sogn Avis trykte kopi av avtalen om erstatningane som rådmann Aanestad, på vegner av Sogndal kommune, har inngått med tre tilsette i Sogn barnevern, seier han at også han kan kommentera avtalane, sjølv om dei er unnateke offentlegheit.

### Unngå rettssak

Rådmannen viser til at det i punkt 1 i denne avtalen kjem fram at det er den tilsette som gir uttrykk for at ho har opplevd mobbing og trakassering frå ein tidlegare tenesteleiar i Sogn barnevern. Og at ho saman med FO/LO-advokatane har kome fram til at det låg føre grunnlag for eit søksmål.

– Men dette betyr ikkje at kommunen stadfestar at det har føregått mobbing og trakassering. Dette er ei oppleving og ein påstand frå den tilsette, seier rådmann Aanestad, når han skal forklara innhaldet i denne avtalen for Sogn Avis.

*– Kvifor betalte då kommunen ut 50.000 kroner i erstatning til kvar av desse tre tilsette?*

– Ei rettssak ville vera belastande for alle involverte, noko me ønskte å unngå. Difor aksepterte me å få saka ut av verda gjennom å betala erstatninga og ved å avslutta ei personalsak for vedkomande, seier rådmann Aanestad.

### To grunnar

*– Men kvifor skulle det bli ei rettssak, dersom det ikkje var skjedd noko kritikkverdig ?*

– Det var advokatane til LO/FO som meinte det var grunnlag for ein rettsleg prosess. Me meinte ikkje det. Men sidan det alltid vil vera ein viss risiko knytt til ein rettsleg prosess, og at me ville unngå dei belastningane som ein rettsleg prosess alltid vil vera for alle involverte, vart partane samde om ein avtale.

*– Likevel, når det betalar erstatning for å unngå ei rettssak, så vedgår de skuld?*

– Nei, det er den andre parten som meinte tilsette var blitt mobba og trakassert, ikkje kommunen.

*– Så viss nokon i kommunen har det ugreitt på jobb, så er det berre å truga med rettssak, så betalar de erstatning for å unngå å hamna i retten?*

– Nei, slik er det ikkje, seier rådmann Aanestad

### Ville hjelpa

*– I tillegg til erstatninga har kommunen også brukt store summar for at desse tre skulle kunna «leggja bak seg sine opplevingar med tidlegare tenesteleiar». Mellom anna for at dei ikkje skulle ha «ugreie reaksjonar ved møte med tidlegare tenesteleiar», som det heiter i avtalen. Her er det snakk om både samtaleterapi og psykologbehandling. Kvifor var dette naudsynleg?*

– Me aksepterer dei tilsette sine opplevingar om at dei har hatt det vanskeleg på jobb. Dei ønskte å få hjelp til å bearbeida sine opplevingar, noko me gav dei tilbod om. Me ville gjerne hjelpa til slik at dei skulle få ein god arbeidskvardag, seier rådmannen, som igjen tilbakeviser at dette har noko med mobbing og trakassering å gjera.

### Fleire prosessar

*– Når me veit kva som har skjedd i, og med, Sogn barnevern dei siste åra, er det noko du som ansvarleg tykkjer du kunne gjort annleis?*

– Me har hatt fleire prosessar i løpet av desse åra. Og eksterne konsulentar og Bedriftshelsetenesta har vore inne. Kvar gong har det først til litt betring den første tida, så har arbeidsmiljøet blitt dårleg att. Eg skulle gjerne sett at me hadde klart å løysa denne arbeidskonflikten før, seier Aanestad.

### Gler seg

*– Me har omtalt ein rapport frå ein ekstern konsulent som heilt klart peika på kva som var problema – og årsaka til dei. Kvifor vart ikkje dette følgt opp?*

– Som sagt, etter kvar eksterne gjennomgang har me i ein kort periode opplevd betring i arbeidsmiljøet, før konflikten har blussa opp att. Det same skjedde her, fortel den ansvarlege for Sogn barnevern, Jostein Aanestad som avsluttar med å seia at han er glad for at alle tilsette i Sogn barnevern no er nøgde, og at dei gler seg til å gå på jobb kvar dag.

BILAG 34



# Eit spørsmål om tillit og ansvar

**I FLEIRE** år har det vore godt kjent i offentlegheita at arbeidsmiljøet i Sogn barnevern ikkje har vore i nærleiken av å vera godt. Tvert i mot, det har i periodar vore katastrofalt dårleg.

> *Kor mykje dette har kosta, veit sikkert berre rådmannen sjølv.*

**DET ER SNAKK** om arbeidsmiljøet til høgt utdanna medarbeidarar. Dei som skal gjera nokre av dei vanskelegaste og viktigaste jobbane me har. Dei som skal gå inn og gjera sitt beste for å hjelpa born som kan vera utsette for overgrep, omsorgssvikt eller anna.

**I DESSE ÅRA**, og mest sannsynleg heilt sidan Sogn barnevern vart oppretta i 2008 - har deira eige arbeidsmiljø gjort det vanskeleg – i lange periodar heilt uråd – for desse medarbeidarane å gjera jobben sin på best mogeleg måte.

**DETTE ER BAKGRUNNEN** for Sogn Avis sitt engasjement i følgjetongen om Sogn barnevern. Funna i den førebelse tilsynsrapporten frå Fylkesmannen fortel alt om kva konsekvensar tilhøva kan ha fått for dei som treng dei mest.

**MED DETTE BAKTEPPET** var det nesten surrealistisk å følgja Radio Luster si sending måndag. Der freista rådmann Jostein Aanestad igjen å vri seg unna all kritikk. Han skulda også Sogn Avis for å ha teke feil fleire gonger i vår dekking av denne saka.

**«INGEN HAR VORTE MOBBA** eller trakasserte», svara rådmannen på eit spørsmål om vår omtale av at kommunen har betalt ut 50.000 kroner i erstatning til tre medarbeidarar i barnevernet. Deira advokatar meinte det var grunnlag for søksmål for mobbing og trakassering.

**RÅDMANNEN GJENTOK LAURDAG** at kommunen ikkje har funne teikn på verken mobbing eller trakassering. Dette til tross for at han har betalt ut 150.000 kroner i erstatning til tre tilsette. Dei tre fekk også tilbod om fagleg hjelp til å bearbeida og leggja sine opplevingar på arbeidsplassen bak seg. Kor mykje dette har kosta, veit sikkert berre rådmannen sjølv.

**IFØLGJE RÅDMANNEN VART** desse avtalane underskrivne og pengane utbetalte for å unngå belastninga som ein rettsleg prosess vil vera for alle partar. Men og den risiko det alltid er i ein kvar rettsleg prosess. Her handlar det om risiko for å tapa ei sak, sjølvsagt. Kvar og ein får tolka denne forkaringa som dei vil.

**ME ETTERLYSER IGJEN** noko som liknar på sjølvkritikk frå han som har hatt ansvaret for Sogn barnevern frå dag 1. Til no har han berre plassert ansvaret for problema nedover i organisasjonen, og spesielt hjå alle dei som har slutta i Sogn barnevern. Er dette ei form for leiing som gir tillit? Som er truverdig? Og er dette ein toppleiar som tek ansvar? Me spør, men kan ansvarlege politikarar svara?

redaksjon@sognavis.no

**Sogn Avis**
er ei partipolitisk uavhengig avis for Indre Sogn. Avisa blir trykt hjå Sogn og Fjordane Avistrykk as, Førde.

REDAKTØR:
Jan Inge Fardal

DAGLEG LEIAR:
Leif Johannes Lunde

www.sognavis.no

Sei meininga di om lesaren på sognatrafi.no

# Vår flotte natur og ungdom

Natur og Ungdom har gjennomført ein ikkje voldeleg demonstrasjon mot Engebøprosjektet, og har vorte bøtelagde av politiet for dette. Dei ville ikkje godta bøtene og vart derfor stevna for retten og dømde til å betale. Engebøprosjektet bryt bode forureiningslova, naturmangfaldlova og vassdirektivet. Natur og Ungdom er derfor her på trygg grunn juridisk. Likevel blir dei dømde i Tingretten. Senterpartiet ved Erlend Haugen Herstad skriv i eit lesarinnlegg i Firda 20.12.16 at Natur og Ungdom er lovbrytarar og udemokratiske fordi Engebøprosjektet er forankra i kommunestyre og nasjonalforsamling.

Me har mange dommar i norsk rettsvesen som er feil, og mange alvorlege justismord som er utført av domstolane. Når det gjeld demokratiet i Noreg er det ikkje slik at eit fleirtal på 51 prosent kan vedta at mindretalet på 49 prosent skal avlivast og så kalle dette for eit demokratisk vedtak. Vedtak som er i strid med lovverket vårt er eit ugyldig vedtak, slik Engebøprosjektet er. Det er også slik i demokratiet vårt at dersom storsamfunnet påfører andre ulemper så skal det betalast erstatning til dei skadelidne for dette. Å berekne ulempeserstatning for skadane Engebøprosjektet påfører Førdefjorden og dei mange som blir berørde er ikkje gjort.

Eg bur sjølv ved verdas største fjord, Sognefjorden, som er vorte øydelagd av ei like stor kunnskapsløyse ved vasskraftutbyggingane som no ved Engebøgruva. Vasskraftutbyggingane var også gjort ved demokratiske vedtak i kommune og nasjonalforsamling. Dette skulle heller ikkje vere til noko ulempe for fjorden. No er alt laksefiske som var hovudinntekta til mange langs fjorden avikla fordi dei smoltproduserande elvane er øydelagde. Den andre fisken er også nesten vekke fordi regulerte elvar ikkje tilfører fjorden den næringa dei gjorde før. Desse ulempene som me som bur langs fjorden er påførde har me ikkje fått nokon erstatning for.

Ansvaret for desse ulempene og demokratiske vedtaka har dei same politiske partia som no står bak Engebøgruva. Denne naturøydelegginga av vår flotte natur samt monsterlinja Fardal – Ørskog er grunnen til at eg ikkje stemmer på desse partia. Den beste og mest effektive demonstrasjonen Natur og Ungdom derfor kan gjere er å ikkje stemme på parti som raserer naturen vår. Kystpartiet skal setje dette på sakskartet ved kommande stortingsval. Me skal også rette opp dei naturskadane som let seg rette opp. Skal me få det til må Natur og Ungdom og alle andre som meiner dette er ei viktig sak stemme på Kystpartiet.

**Asbjørn Massnes,**
Bjordal
Leiar Kystpartiet
Sogn og Fjordane

# Boligplaner på Tenål

Mandag 2. januar 2017, leste jeg en utrolig historie i Sogn Avis:

«De folkevalgte vil bygge hageby på den beste matjorda på Tenål»

Det kan ikke være sant, tenkte jeg, for så uforstandige politikere har vi nok ikke i Vik. Befolkningen øker over hele jorden, og alle må ha mat, for å leve. Derfor, å bygge hus på den dyrebare matjorda, det vil være miljøkriminalitet!

Er det så lett å frarøve bonden jorda? Da er vi på ville veier, og forstår ikke vårt eget beste, og hva vi lever av.

Vi har allerede mistet respekten for villfiskens levekår, med forurensende oppdrettsanlegg i Fjordene, og langshele kysten vår.

Det finnes til og med folk som kan tenke seg oljeboring i skreiens fødestue», Lofoten og Vesterålen.

Det er svært skremmende at noe så viktig som mattilgang, kan bli styrt av uforstandige politikkere, som tror at penger, teknologisk utvikling og digitalisering, kan løse alle problemer.

Jeg begynner å forstå de gamlingene som sa: «Det var bedre under krigen»!

**Leila Grønbæk,**
Vik

5#833:faf0efef-f70a-48c3-8241-ba781028b7fb:87

BILAG 35



# Sogn barnevern – igjen



BARNEVERNET: Luster Ap vil ha dokumentasjon på at born og familiar får ei betre teneste, ei teneste som tilfredsstiller lovkrava og dei politiske forventningane, skriv Elin Hauge og Arne Johannessen. (Arkiv)

Barnevernet har ein av dei viktigaste jobbane i samfunnet vårt, men også ein av dei vanskelegaste. Born og familiar i ein vanskeleg situasjon skal få hjelp. Det skal fattast vedtak som kan få store konsekvensar for born og deira familiar, om ein fattar feil vedtak kan det få svært alvorlege konsekvensar. Svært ofte vert det kritikk mot barnevernet. Ein får kritikk om ein grip inn, og ein får kritikk om ein ikkje grip inn. Barnevernet er ei teneste som må fungera, for den har eit så viktig samfunnsoppdrag.

Sogn barnevern har openbart ikkje fungert godt nok. Det er avdekt svært alvorlege arbeidsmiljøproblem, truleg har det vore personalbehandling som ikkje «toler dagens ljos». Dette har gått utover oppdraget til barnevernet. Det er born og familiar som ikkje har fått den hjelp og støtte dei har krav på, dette syner det siste tilsynet frå Fylkesmannen. Det er eit leiaransvar å få tenesta til å fungera, ein kan aldri skulda på sine tilsette.

Det overordna ansvaret har rådmannen i Sogndal i lag med fire eigarkommunar.

Kva må til av endringar for at ein skal vera trygg på at born og familiar får den tenesta dei har krav på frå barnevernet? Det er mange framlegg som no vert lansert. Nokon vil at rådmannen i Sogndal skal gå av, andre vil melda seg ut av Sogn barnevern, og ein vil ha ekstraordinære møte på politiske nivå. Alt dette er viktige tema. Men truleg løyser ingen av dei problemet.

Det viktigaste er arbeidsro for Sogn barnevern, sånn at dei kan retta opp alle dei feila som er påpeika og laga den forbetringsplanen som er pålagt innan 1. februar. Me må alle «heia» på alle som jobbar i Sogn barnevern. Dei både treng og fortener støtte og politisk oppbakking.

Men sjølvsagt må ein også stilla krav og ha ein kontroll med at dette vert følgt opp på ein god måte.

Sogn barnevern må læra av tilsyna og retta opp det som må rettast opp. Sogn barnevern må også byggja opp att tilliten.

Luster Ap er tydeleg på at kvar kommune kan ikkje driva sitt eige barnevern. Me treng eit interkommunalt samarbeid på dette krevjande og viktige arbeidsfeltet.

Luster Ap ventar i spenning på Fylkesmannen sin endelege rapport etter tilsynet, for me stiller oss noko undrande til strategien som rådmannen i Sogndal har valt, med å «gå i strupen» på tilsynsmyndigheita. Det vitnar ikkje om nok audmjukskap eller nok vilje til læring.

Luster Ap ser fram til forbetringsplanen som skal vera ferdig innan 1. februar. Me forventar at den vert politisk forankra i alle eigarkommunane. Den må svara opp alle feil og manglar som vert påvist i det endelege tilsynet.

Ein må innan seks månader sjekka ut om forbetringsplanen vert følgt opp i praktisk arbeid og at det gjev betre resultat.

For å sjekka det ut vil me ha eit forvaltningstilsyn som er forankra i alle fire eigarkommunane. Det må vera ein politisk prosess i alle eigarkommunane, med godkjenning av mandatet for forvaltningstilsynet.

Dette arbeidet må gje dei forventa resultat som er vert skissert i forbetringsplanen. Dersom eit forvaltningstilsyn seks månader etter at forbetringsplanen er sette i verk, ikkje gjev forventa resultat, er tida inne for å fjerna vertskommuneansvaret frå Sogndal kommune og byggja ei ny interkommunal barnevern teneste. Luster Ap er villig til å gje Sogn barnevern og vertskommunen arbeidsro til forbetringsarbeidet som må lukkast. Det handlar om at me meiner at det er til det beste for borna og familiane som treng hjelp frå tenesta. Dersom ein ikkje lukkast heller denne gongen er tida ute for Sogn barnevern. Tilliten er dårleg i dag, og tillit må byggjast opp. Det er berre via praktisk arbeid ein byggjer tillit. Det er ved å syna evne og vilje til læring, oppfylging av forbetringsplan og dokumentasjon på betre resultat via forvaltningstilsyn, ein kan få fornya tillit. Det er ikkje nok med fine power point og fine formuleringar i talar. Luster Ap vil ha dokumentasjon på at born og familiar får ei betre teneste, ei teneste som tilfredsstiller lovkrava og dei politiske forventningane. Det er borna det handlar om, og me har alle eit ansvar.

**Arne Johannessen**
Gruppeleiar Luster Ap
**Elin Hauge**
Nestleiar

# Parkering i Øvstedalen svir på i pungen



BOT: Først bot...



RYDDING: ... så dette...

(Privat)

11. januar skulle undertegnede på hyttetur. Lite eller ingen parkeringplass til bil gjorde at bilen ble parkert godt inntil siden i veikrysset mot Trafostasjon-Gardsel og Raunehaug. Utover det var der ingen parkeringsmulighet. Der det en gang er laget parkeringsplass er det anleggsaktivitet og den er opptatt av gravemaskin. Der bilen ble parkert blir også nyttet til snuplass og skilt er satt opp, men jeg forvisset meg om at der var god plass til begge.

No må jeg spørre Sogndal kommune: Hvor skal folk som vil nytte turløyper og friluftslivet her oppe parkere? Som bildene viser 13. januar er der ikke laget noe plass, og visittkortet fra dere er delt ut 12. januar.

Nå er det jo ikke første gangen dette spørsmålet er stilt, men no begynner jo bøtene å komme og hvor forpliktet er Sogndal kommune tilbake til sine innbyggere gjennom å legge til rette, eller være grådig og grave til seg noen kroner når anledningen byr seg?

**May Birkeland**

## Sogningen/Sogns Avis for 25 år sidan:

### Sogndal får EF-databasen

– Det er no definitivt avgjort at den sokalla EF-databasen vert lagt til Vestlandsforsking i Sogndal. Forskingsinstitusjonen blir dermed eit nasjonalt knutepunkt for all EF-informasjon. Lokaliseringa skjer etter fleire år med hard kamp. Statsråd Borgen si avgjerd er ein stor og viktig siger for Vestlandsforsking. Prosjektet har ei økonomisk ramme på 3–4 millionar kroner over 2 år og vil tilføre Vestlandsforsking fleire nye stillingar.

*(18. januar 1992)*

## Sogn og Fjordane for 50 år sidan:

### Nesseplast skal utvida for 1,5 millionar kroner

Nesseplast på Nessane skal no gå i gang med ei større utviding til 1,5 millionar kroner, går det fram av ein søknad som kom opp på første møtet i Balestrand heradsstyre. Nesseplast har fått lånetilsagn frå Distriktenes Utbyggingsfond om 500.000 kroner. Det vert no søkt heradet om å trygda for 10 prosent av lånet i Utbyggingsfondet.

*(18. januar 1967)*

## Saksa frå andre:

*Det er ikkje nødvendigvis lite i den store samanhengen. Det er ikkje alle saker som vert melde som er straffbare forhold. Dei skal etterforskast, og dei minst alvorlege sakene har vi rett og slett ikkje kapasitet til å etterforske.*

Gunnar Fløystad, påtaleansvarleg i Vest politidistrikt om oppklaringsprosenten på 50 (NRK)

*No fekk vi sjå kva som krevst om ein vil lukkast. Sogndal gjekk ut i hundre, og ein ser at alt ein gjer må vere heilhjarta. Skal ein gå på eit løp, så gir ein alt. Det er ikkje noko poeng i å gjere ting halvvegs.*

Førde-trenar Bjørn Totland etter 0-5 mot Sogndal. (Firda)

På debattsida kan du seia di meining. Send innlegget til

redaksjon@sognavis.no

Bruk helst maskinskrivne manuskript om du sender innlegget i posten.

Innlegg kan bli korta ned, skriv kort, maks 4000 teikn inkl. mellomrom, og 6000 inkl. mellomrom for kronikk.

Lesarinnlegg skal signerast med fullt namn.

# meldinga

av geitemjølk over tid, men i staden for å redusere kvotane og inntektene til geitebøndene må det gjerast meir for å selja og bruka geitemjølksprodukta.

Lagnaden til mange geitebønder blir avgjort av Stortinget denne våren. Sogn og Fjordane Sau og Geit vil difor be politikarar på alle nivå om å setja seg inn i situasjonen for ei allereie lita næring, og jobba for å halda oppe marknadsreguleringa for geitemjølk, og hindra statleg oppkjøp av kvotar. Geita er meir enn ein mjølkeprodusent. Ho er og ein god landskapspleiar som er med på å halda landskapet ope, noko som kjem både turgåarar og turistnæringa til gode.

Og til dei som ikkje har smakt geitost siste fem åra: Kjøp ein ost og smak. Kanskje du blir positivt overraska.

**Jo Risløv**
Geitebonde og styremedlem i Sogn og Fjordane Sau og Geit



(Foto: Privat)

# Ordførar og rådmann – to i spann?

**TO PERSONAR STÅR** fremst når kommunale saker blir omtala og debattert i lokalavisene. Dei fleste er menn. Begge like viktige – men med heilt ulike roller og mandat. Ordføraren er den fremste tillitsvalde for kommunestyret, valt som politisk leiar for kommunen. Rådmannen er administrativ leiar. Han skal gi råd til politikarane og syte for at det dei vedtar blir sett i verk. Spelereglane er nokså presise. Men arbeidsdelinga kan likevel variere mykje.

**MEDIA SI DEKNING** av to store saker i Sogn siste året gir fleire typiske døme på dette, nemleg kommunereforma og den såkalla barnevernssaka. Og – begge sakene illustrerer at arbeidsdelinga mellom ordførar og rådmann kan vere nokså ulik frå kommune til kommune. Ikkje overraskande kanskje, men nok til at ein av og til kan undre seg over kvifor det er slik.

**Sett frå sør**

Jan Per Styve

**I NOKRE KOMMUNAR** er det stort sett ordføraren som blømer i media – rådmannen kjem knapt til ordet utad. I andre er det stor merksemd både om rådmannen sine innstillingar og oppfølging av sakene – særleg i kontroversielle saker. I saka om kommunereforma heldt dei fleste rådmennene seg viseleg i bakgrunnen, og lèt ordføraren føre ordet – i alle fall utad. I den såkalla barnevernssaka er det også ordførarane som pregar debatten utad, sjølv om all merksemd er retta mot ein rådmann. Og hans eigen ordførar held seg viseleg i bakgrunnen.

**LIKEVEL GIR NOK** ikkje media si dekning alltid det rette bilete av arbeidsdeling og rolledeling i kommunehusa i Sogn. Det finst sterke rådmenn som sjeldan får bilete sitt i avisa. Og det kan vere ordførarar som ofte er på førstesida – utan at dette treng å betyr at dei har særleg stor makt.

**LOKALAVISENE HAR EI** viktig rolle i å halde demokratiet levande i kommunane. Aller best fungerer dette når dei klarar å skape merksemd og debatt om saker før den politiske behandlinga startar. Då er det oftast rådmannen som kjem i søkjelyset gjennom sine innstillingar. Men svært ofte kjem ikkje sakene i media før dei er klare for politisk behandling og skal besevist gjennom endelege vedtak. Då går det ofte stilt føre seg, heilt til folk oppdagar kva som er vedtatt.

**I MI TID** i Sogn og Fjordane fylkeskommune på 80-talet skapte media inntrykk av at fylkesrådmannen var den som bestemte. Dei store oppslaga i media kom på grunnlag av fylkesrådmannen sine innstillingar, og tvinga politikarane på bana med meiningar og synspunkt før dei knapt hadde fått lest saksdokumenta. Dermed fekk også folk flest og dei som hadde interesser i sakene god anledning til å hevde sine synspunkt overfor politikarane – før dei samla seg til vedtaksmøte.



**DET ER MINDRE** av dette no. Gradvis har rådmannen i fylkeskommunen og administrasjonen i fylkeskommunen og kommunane kome meir og meir i skuggen av det politiske apparatet. Naturleg nok, sidan dei først og fremst er der for å tene politikarane. Men det tener ikkje demokratiet og den opne debatten at media først oppdagar sakene dagen før politikarane skal gjere sine vedtak. Verst ser ein dette i kommunar som har innført parlamentarisme, som her i Bergen. Byrådet sine dører er lukka fram til dei gjer sine vedtak og innstillingar til eit bystyre der dei veit dei har fleirtal.

**POLITIKARANE I SOGN** klarte ikkje å gjere noko med kommunegrensene, trass i sterkt ordførarengasjement. No er det staten sin fylkesmann som må inn og få orden på dette. Nett som ein rådmann skal ho gi innstilling til regjering og Storting. Kven som skal rydde opp i barnevernssaka står att å sjå. Men framleis vil nok barna i Sogn undre seg over kvifor politikarane kranglar så fælt – dei vaksne kjeftar jo på barna når dei kranglar.

**POLITIKK ER IKKJE** alltid lett å forstå for dei yngste. Men jenta som hadde fått plass i Barnas kommunestyre austpå ein stad, meinte at ho no hadde funne sitt parti. Heime proklamerte ho at ho gjekk for Senterpartiet. Foreldra undrast. – Kvifor Senterpartiet? – Jo, for eg elskar å shoppe, svarte jenta, og tenkte på (kjøpe) Senteret.

janperstyve@gmail.com

## Sogningen/Sogns Avis for 25 år sidan:

### Spennande teatervår i kulturhuset

Tolvskillingsoperaen med Lars Klevstrand i spissen, eggande balettframsyning med Nye Carte Blanch, Risfjell og vesle Marume – dukketeater etter eit japansk folkeeventyr, legenda Edith Piaf i Inger Lise Rypdal sin skikkelse. Dette er noko av det som ventar deg på teaterfronten i Sogndal Kulturhus utover våren.
*(18. januar 1992)*

## Sogn og Fjordane for 50 år sidan:

### Etterlyst medan han sat i fengsel

Ein mann nordfrå vart nyleg etterlyst i radio av husfyden sin, men no er han komen til rette. Det synte seg at mannen sona ein dom han hadde fått, og dermed stakk han av utan å seia noko heime. Det bør ein vel helst gjera, sjølv om det kanskje gjeld berre ein promilledom. *(17. januar 1967)*

## Saksa frå andre:

*Stortingsgruppa i Framstegspartiet er oppteken av å sjå heile Vestlandet under eitt, og riksveg 52 over Hemsedalsfjellet har eit langt breiare nedslagsfelt – heilt opp til Ålesund – enn riksveg 7 over Hardangervidda.*

Åse Michalsen, transportpolitisk talsperson i Framstegspartiet (NRK)

*Sandane ligg bakpå samanlikna med kommunesentera i nabokommunane. Men det er fullt mogleg å tette gapet.*

Investor og Sandane-entusiast, Ola Sundt Ravnestad. (Firda)

*Kvikkas leverer nå 9.000 færre aviser hver lørdag, men får betalt det samme av staten.*

Per Olaf Lundteigen (Sp) krev at regjeringa hevar avtalen med selskapet. (Klassekampen)

På debattsida kan du seia di meining. Send innlegget til

redaksjon@sognavis.no

Bruk helst maskinskrivne manuskript om du sender innlegget i posten.

Innlegg kan bli korta ned, skriv kort, maks 4000 teikn inkl. mellomrom, og 6000 inkl. mellomrom for kronikk.

Lesarinnlegg skal signerast med fullt namn.

BILAG 37



# Ein beinkrok frå Bergen

**ALLE UTGREIINGAR, ALLE** tilrådingar – ja i praksis all sunn fornuft tilseier at rv. 52 over Hemsedalsfjellet blir valt som utbyggingsalternativ mellom Austlandet og Vestlandet. Seinast sist veke kom det ein grundig kvalitetssikringsrapport, som konkluderte med dette som den andre hovudvegen mellom aust og vest. Men, for det er nemleg framleis eit men – det kan gå lang tid før dette blir endeleg vedteke.

> *Dette kan etter vårt skjønn berre vera ein freistnad på å trenera avgjerda om Hemsedalsfjellet i minst fire år.*

**I DEN RYKANDE** ferske rapporten heiter det nemleg at armen opp til Bergen frå Odda, den såkalla Hordalandsdiagonalen, ei forlenging av E134 fram til Bergen, bør utgreiast før det blir gjeve grønt lys til den andre av dei to hovudvegane mellom aust og vest.

**E134 OVER** Haukeli er som kjent for lengst banka i Regjeringa som prioritert hovudveg mellom aust og vest. Dette alternativet vil når det står ferdig kutta reisetida frå Bergen til Oslo med litt over fire timar – og det er vel og bra.

**ME SER INGEN** sakleg og fornuftig grunn til at det den omtalte Hordalandsdiagonalen må utgreiast før rv. 52 over Hemsedalsfjellet får sitt endelege klarsignal. Kva er poenget, kva skulle ein oppnå med ei slik utgreiing? Og ikkje minst – korleis skulle ei slik utgreiing få ei betydning som skulle svekkja rv. 52?

**DETTE KAN ETTER** vårt skjønn berre vera ein freistnad på å trenera avgjerda om Hemsedalsfjellet i minst fire år. Og kven skulle ha interesse av det? Jo, sjølvsagt dei som framleis er tilhengjar av Hardangervidda og kjempar for det alternativet.

**MYKJE KAN VERA** annleis om fire år – og ikkje minst er det grunn til å ha Bergen sin nye og heilt sentrale posisjon i Vestlandet i mente. For det er eit faktum at trass i alle utgreiingane og ekspertuttalane som peikar på Hemsedalsfjellet er det framleis sterke krefter i Bergen som kjempar for rv.7.

**DET ER DIFOR** Høgre er splitta i denne saka og den delen av partiet som vil austover over Hardangervidda må ikkje nå fram. Det kan skapa vanskar for Hemsedalsfjellet, trass i at også den siste kvalitetssikringsrapporten stadfesta at Hemsedal kjem vesentleg betre ut enn Hardangervidda.

**FRÅ FØR HAR** dei store næringslivsorganisasjonane (NHO, LO og NLF) både sentralt og lokalt støtta dette valet, regionråda i Sogn og Fjordane har saman med Sunnmøre regionråd støtta rv. 52. Elles har Hemsedalsfjellet allereie i dag klart mest tungtrafikk av alle fjellovergangane mellom aust og vest. Det er altså ingen tvil om at rv. 52, allereie med dagens standard, er næringslivet og godstransporten sitt soleklare førsteval. Det kjem ikkje ei utgreiing om armen til Bergen til å endra på.

Sei meininga di om lesaren på sognavis.no

redaksjon@sognavis.no

**Sogn Avis**

er ei partipolitisk uavhengig avis for indre Sogn. Avisa blir trykt hjå Sogn og Fjordane Avistrykk as, Førde.

REDAKTØR:
Jan Inge Fardal

DAGLEG LEIAR:
Leif Johannes Lunde

www.sognavis.no



**TEK ANSVAR:** Ordførar Jarle Aarvoll og varaordførar Laura Kvamme

# Me har ansvar for Sogn barnevern

Me er opptekne av at innbyggarane skal ha tillit til Sogn barnevern og at born og unge og deira familiar får dei tenestene dei skal ha.

Me har stor omsorg og omsut for barna og familiane som skal få rettleiing og hjelp frå Sogn barnevern. Då er det vårt ansvar å gje tilsette høve til å gjere det arbeidet. Me festar lit til at det i dag vert arbeidt systemretta og godt i eit godt fagmiljø.

Kommunestyret har bestemt at det skal gjennomførast ein forvaltningsrevisjon av Sogn barnevern. Forvaltningsrevisjonen skal gje oss ei forståing av realitetane og utfordringane i Sogn barnevern. Den skal me saman bruke for å sjå framover.

Dei tilsette i barnevernet arbeider i eit krevjande yrke. Me støttar dei og arbeider med tiltak slik at dei kan lukkast i dette.

Arbeidsmiljøutfordringar har prega Sogn barnevern over fleire år. Det er me svært leie oss for. Det er dagens situasjon me kan gjere noko med. Både administrativt og politisk har me stor merksemd på tenesta, dette må me få til.

Me er opptekne av at dei som jobbar i barnevernet får nødvendig støtte. Det er røynde fagpersonar saman med nyutdanna som jobbar innan dette fagområdet.

Det er vårt felles ansvar at me lukkast med dette.

Me er opptekne av å legge til rette for eit godt arbeidsmiljø. Me har sut for utsette grupper av barn og unge og deira familiar, og det er utruleg viktig å lukkast i dette arbeidet. Ingen har ein barndom å miste.

**Jarle Aarvoll**
Ordførar, Ap
**Laura Kvamme**
Varaordførar, Sp

# NKP som ein integr

Eg vil svare til innlegget trykt den 16.1. av lesaren Jon B. Paulsen om sin oppleving og «analyse» av det Kubanske systemet, han som vil at norske kommunistar «ties i hel». Andre nordmenn prøvde seg på dette i periode 1940–45, og det enda ganske dårleg for dei.

Lesaren er opptatt med ustanselege påstandar om kor Kuba er nødlidande og smuldrande. Eit eksempel av hans mystifikasjonar gjeld jubling av eksilkubanare i Miami. Jubla dei? Ja, ein del av dei tidlegare utbyte og gangsterar gjorde det, men berre nokon hundre av dei, ut av over halv million tidlegare kubanarar busett der.

I sanninga er Kuba eit relativt rikt (meint som i stand å dekke menneskelege behov til alle sine innbyggjarar) og trygt samfunn som også antikommunistane som Paulsen kan besøke helt trygt (tryggare enn Oslos gater), i skarp motsetnad til dei «frie og demokratiske» kapitalistiske naboar som Haiti, Jamaica, osv.

Sanning er at Kuba (og sitt systerland Nord-Korea) er samfunnsmessig sett ein førebilete iblant Afrikas, Asias og Latinamerikas u-land, med eining, stabilitet, ein stadig økonomisk utvikling der alle er med (i motsetnad til kapitalisme), full sjølvstende, proletarisk internasjonalisme der dei fattige folk



**ORSAKING:** *– Ein må vera laga av stein om ein ikkje skal bli rørt av det som kom fram i Sogn Avis laurdag, seier Heidi-Kathrin Osland* *(Arkivfoto)*

# Ber om orsaking til dei barneverntilsette

## Vondt å lesa

## Burde ha gjort meir

**SOGNDAL: – Eg spør meg sjølv, som eg har gjort mange gonger før, kvifor eg ikkje klarte å gjera noko med dette då eg sjølv sat i posisjon som varaordførar.**

Heidi-Kathrin Osland, tidlegare folkevald og varaordførar i Sogndal kommune, har fått mange positive tilbakemeldingar etter at ho på eigen Facebook-status gjekk ut med orsaking for at ho ikkje gjorde meir for å løysa arbeidsmiljøproblema i Sogn barnevern.

### Ikkje impuls

– Eg vart ikkje overraska då eg las dokumentaren i Sogn Avis laurdag, dette var forventa som svar på at rådmannen gjekk langt i å påstå at tilsette i Sogn barnevern ikkje er blitt mobba av leiarane, seier Osland og fortel at innlegget ho la ut på FB ikkje var noko impulshandling.

«Eg ber om orsaking for at eg ikkje var tøffare eller hadde betre vit og tok grep då eg kunne, og tenkjer på dei mange ungane som ikkje fekk oppfølginga dei hadde krav på fordi dei tilsette ikkje makta å gjera jobben dei ønskte å gjera»

### Modige damer

– Det var nøye gjennomtenkt, kvart eit einaste ord, seier Osland, som tykte det var overveldande og tungt å lesa historia til dei ti kvinnene som våga fortelja historia si i Sogn Avis laurdag.

– For nokon fantastiske modige damer og endeleg kan få lov å visa offentleg at eg trur på dei. At eg trur på kvart eit einaste ord dei fortel. Så vonar eg at det finst fleire, ansvarlege politikarar og andre, som vågar seia høgt det same.

### Lite verd

«Eg trur ikkje orsakinga mi er mykje verd for dei det gjeld, men kanskje nokon kan ta mot til seg å gjera noko meir enn å skuva stadig nye tilsette framføre seg og tige resten i stilt», skriv Osland på FB.

– Sjølvsagt vonar eg det, at der er nokon som vågar gjera noko. Det enklaste for meg hadde sjølvsagt vore og sete heilt i ro i båten og ikkje sagt noko. Men med tanke på kva desse damene har gått gjennom, så er dette det minste eg kan gjera å stå opp for dei no.

### Bad om svar

Osland sat som varaordførar for SV i perioden 2005–2009. Ho seier at ho som politikar aldri vart orientert om arbeidsmiljøproblema i Sogn barnevern, men at ho gjennom samtale med tilsette der fekk kjennskap til at der var store og fundamentalt øydeleggjande problem.

– Eg prøvde å ta det opp, gjennom spørsmål i formannskapet der eg bad om orientering om arbeidstilhøva i Sogn barnevern og i direkte samtale med ordførar og rådmann på ordføraren sitt kontor. Eg hugsa eg grudde meg skikkeleg til å stilla desse spørsmåla, men sidan eg sjølv hadde snakka med folk som jobba der visste eg at dette var meir enn berre lause rykte.

### Ikkje fakta

– *Korleis vart innspela dine mottekne?*

– Dette er jo ei god stund sidan og eg ønskjer å vera varsam med kva eg seier så lenge etterpå. Men eg hugsar at eg håpte at sjølv om eg tok dette opp utanom alle vedtekne årsplanar, ville eg bli lytta til. Eg fekk verken ei stadfesting eller ei avkrefting. Og det er her eg tenkjer eg skulle ha vore mykje tøffare og ikkje gitt meg for problema stogga ikkje. Eg skulle ha spurt fleire gonger. Kanskje burde eg ha ropt høgare, gått til avisa, fått problema ut i det offentleg rom og våga ta den støyten som politikar. Det som gjer ekstra ilt er at eine vedkomande vart alvorleg sjuk noko seinare – og eg har sjølvsagt tenkt mykje på at alvorleg stress kan utløysa alvorlege sjukdomar.

### Prinsipp

«Dette handlar om tillit og relasjonar. Skal ein leggja noko bak seg, er det heilt grunnleggjande at ein erkjenner kva urett som er gjort og ber om orsaking»

– For meg er det grunnlegande å kunne be om orsaking når nokon er gjort urett, berre på det viset er det mogleg å koma vidare, seier Heidi-Kathrin Osland som i 2015 slutta i alle verv som folkevald i Sogndal.



Dei som ikkje orka meir

**FAKSIMILE:** *I Sogn Avis laurdag 21. januar fortalde ti tidlegare barnevernstilsette om tida i Sogn barnevern.*

Eli Grotle
eli.grotle@sognavis.no

5#837:faf0ef6f-f70a-48c3-8241-ba781028b7fb:91

BILAG 39

**Sogn Avis**

Torsdag 26. januar 2017 • Nr. 19 Laussal kr. 30,-

**Sogn Synssenter**
Parkvegen 15, Sogndal
**Briller/kontaktlinser**
Tlf.: 57 67 50 50
Offentleg godkjend optikar Odd Gjerde

## Leikanger Ap utan tillit til Sogn barnevern



# Går inn for å seia opp avtalen

**Leikanger er på veg ut av Sogn barnevern. – Me har mista tilliten til at dette kan ordnast opp i med basis i dagens tilstand, seier Cecilie Njøs, gruppeleiar for Ap i kommunestyret. Frå før har Balestrand erklært at kommunen vil ut av det interkommunale samarbeidet. I Leikanger kjem utmeldingssaka opp i kommunestyret i løpet av våren.** Side 5



## Skriv langrenns-historie

LEIKANGER: Syril stiller stafettlag for første gong under NM når Andreas Mjelstad, Erlend Henjestad og Edvard Grut Andersen står på startstreken på Lygna neste søndag. – Me er tre karar som har trent saman alle åra me har vore aktive, så då blir det artig å vera med på dette, seier Henjesand. Side 12 og 13



## Trøbbel for elbil-vedtak

SOGNDAL: Venstre krev at kommunen tek opp parkeringsfritak til ny handsaming Side 7



## Skogmus innomhus

LEIKANGER: Fleire huseigarar melder om ubedne gjester denne vinteren Side 6



## Ønskjer søndagsope

AURLAND: Næringssjefen i Aurland vil gje fleire bygder status som typisk turiststad året rundt og dermed moglegheit til å ha søndagsope Side 4

# Tillit og truverd

**ME LES AT** ordførar Jarle Aarvoll (Ap) og varaordførar Laura Kvamme (Sp) i Sogndal er opptekne av at innbyggjarane skal ha tillit til Sogn barnevern og at born og unge og deira familiar får dei tenestene dei skal ha.

*Kvifor skal me, eller nokon som helst andre tru på dette?*

**DETTE SKRIV DEI** to i eit lesarinnlegg som stod på trykk måndag. Dei to politiske toppane i regionsenteret hadde elles eit ynske om å få dette innlegget på trykk laurdag, samstundes med vår dokumentar om det mange – alt for mange – tilsette i Sogn barnevern har gått gjennom på jobb dei siste åra. Det gjekk ikkje, men dei hadde altså lese dokumentaren før innlegget vart skrive.

**DEI TO FREISTA** også å få alle dei fem andre gruppeleiarar i kommunestyret med på å skriva under innlegget. Dei andre gruppeleiarane ville ikkje vera med.

**ETTER VÅRT SKJØNN** er det nemnde innlegget med tittelen: «Me har ansvar for Sogn barnevern» fullt av tåkeprat og floskler som «felles ansvar» og at dei er «svært leie seg for dei «arbeidsmiljøutfordringane» som har prega Sogn barnevern i fleire år.

**DEI TO ER** berre opptekne av dagens situasjon og å sjå framover. Alt som har vore skal under teppet og vekk. Til og med forvaltningsrevisjonen skal dei to bruka til å sjå framover.

**DET SOM ER** oppsiktsvekkjande er at dei to raudgrøne toppane gjennom dette rett og slett vil setja ein tjukk strek over alt som har vore i Sogn barnevern. Alle enkelt-skjebnar, alle lidingar som er påført tidlegare tilsette og som Sogn Avis har dokumentert grundig og på fleire måtar skal oversjåast. Det skal det ikkje brukast tid på.

**MEN IKKJE BERRE** det, dei ber også innbyggjarane i dei fire kommunane om å stola på at den ansvarlege leiinga i Sogndal kommune, som har hatt det øvste ansvar for Sogn barnevern frå dag ein – no brått har fått den kompetansen til å vera vertsskap som dei openbert ikkje var i nærleiken av å ha fram til i fjor haust.

**KVIFOR SKAL ME,** eller nokon som helst andre tru på dette? Kvifor tykkjer ordførar og varaordførar det er heilt ok med ein leiarfilosofi som er slik at når ting ikkje fungerer, så er det ikkje leiinga det er noko feil med – nei, då skifter ein berre ut mesteparten av dei tilsette, medan ansvarleg leiing held fram og så er/blir alt bra?

**I PRAKSIS PLASSERER** ordførar og varaordførar ansvaret for det dei kallar «arbeidsmiljøutfordringar» hjå meir enn eit dusin fagorganiserte barnevernsarbeidarar, som no er ute av tenesta. Korleis og på kva grunnlag gjer dei to raudgrøne det? Og er det å skulda på tidlegare tilsette noko som liknar på å ta ansvar? Er dette truverdig og tillitskapande leiing, Jarle Aarvoll og Laura Kvamme?

redaksjon@sognavis.no

**Sogn Avis**
er ei partipolitisk uavhengig avis for indre Sogn. Avisa blir trykt hjå Sogn og Fjordane Avistrykk as, Førde.

REDAKTØR:
Jan Inge Fardal

DAGLEG LEIAR:
Leif Johannes Lunde

www.sognavis.no

Sei meininga di om lesaren på sognatreff.no

# Sogndal sine mario[nettar]

I innhogget laurdag 21.1. skreiv eg litt om Sogn barnevern, nettroll og administrativ leiing i Sogndal. Med bakgrunn i nye avdekkingar i Sogn Avis same dag og fleire tilbakemeldingar eg har fått etter innhogget sit eg att med nokre tankar eg ynskjer å dela.

I mi einfald trudde eg alle forstod at eg ikkje kallar alle som stiller kritikk mot barnevernet nettroll. Med nettroll meinte eg slike som er usaklege seier det styggaste dei kjem på i sin manglande sjølvkontroll. Som ho Frp-dama som kalla byråd Lan Marie Nguyen Berg i Oslo «eit fittetryne av ei vietnamesermegge». Nettroll flest forstår sannsynlegvis at det dei seier kan vere litt over kanten, i alle fall dagen derpå. Men denne Frp-dama står fram utan evne til å forstå tydinga av det ho sjølv skreiv. Ho gir skulda til trønderar flest for sin språkbruk og rasisme. Sidan morsslekta mi kjem frå Trøndelag opprører det meg. Men så forstår eg at det i tillegg til dei som blir nettroll fordi dei er sinte eller evneveike, kan vere somme som brukar sterke uttrykk i frustrasjon over at barnevernet har teke barna frå dei. Sjølvsagt forstår eg det.

Mange av tilbakemeldingane kjem frå Sogndal sine nabokommunar. Fleire av dei uttrykkjer mistillit til Sogndal kommune i denne saka. Og det er ein veksande mistillit som både politisk og administrativ leiing i Sogndal må ta på alvor. Somme seier rett ut at Sogndal per idag ikkje er eigna til å ha ansvar for Sogn barnevern.

Sogn Avis sin dokumentar i 21.1. om tidlegare tilsette si oppleving av arbeidsmiljøet gir frysingar nedover ryggen på dei fleste av oss. Heile artikkelen er ei beskriving av ein eller fleire leiarpersonar som bryt ned menneske rundt seg. Ord som narsissist blir brukt av enkelte. Denne leiinga har altså rådmann og politisk leiing i Sogndal kommune forsvart, og i tillegg gjort det dei kan for å skjule fakta som dei må ha forstått at Sogn Avis har sete på. I denne saka har Sogn Avis levd opp til kåringa som «årets lokalavis» – ei slik avis lesarane fortener.

Dei som har kontakta meg set kanskje ord på det mange

# Tenk om jordbruk var regjeringas satsingsområde

Regjeringen la rett før jul fram en jordbruksmelding. I meldinga er ordet avvikle brukt 55 ganger. Jeg lurer på om det er andre lønnsomme og nødvendige næringer som hadde jublet over en slik framtid?

Tenk om vi hadde en regjering som ville utvikle og gi muligheter for matproduksjon i stedet for å avvikle.

Tenk at vi har en regjering som ikke vil bruke den store muligheten til verdiskaping, arbeidsplasser og opplevelser landet rundt som landbruket gir.

Det handler om ei næring som bare i verdikjeden mat skaper 90.000 arbeidsplasser og har ei verdiskaping på 160 mrd. I tillegg kommer traktorreparatørene, seigerne, håndverkerne og bidrag i mange andre bransjer vi trenger for å produsere mat over hele landet.

Tenk om regjeringa hadde sett at det systemet jordbruket styres etter i Norge fungerer, og det i motsetning til Europa for øvrig hvor kaos og trussel om konkurs er bøndenes hverdag.

Tenk om de blåblå ville være med å utvikle verdens beste matproduksjon og bygge videre på de gode resultatene norsk landbruk oppnår.

Tenk om regjeringa hadde forstått at det utgangspunktet vi har ikke har kommet av seg sjøl, men er resultatet av hardt arbeid over mange år og et godt samarbeid mellom næring og myndigheter og et strengt regime for bl.a import. Vi har friske dyr, god dyrevelferd, god plantehelse, vi har flinke hender og gode hoder som vil gjøre jobben, vi kan bruke hele landet, folk vil ha norsk mat og de vil ha et allsidig norsk landbruk.

Tenk om regjeringa forstår at vi vil bidra til løsninger i det grønne skiftet og ikke bare med fagre ord.

Tenk hva vi kan skape i et evighetsperspektiv ved å forvalte jord, dyr og natur på en bærekraftig måte.

Det er rett og slett trist at ei regjering kan legge fram ei Stortingsmelding hvor en aktivt velger avvikling istedenfor utvikling. I tillegg er de på kollisjonskurs med Stortingsflertallet.

Vi bønder ser mulighetene og det forventer vi også at Stortinget gjør. Jeg vil ønske partiene på Stortinget, V, KrF, SVAp og Sp lykke til med jobben som må gjøres for den framtidige matproduksjonen i Norge.

**Brita Skallerud**
**2. nestleder**
**Norges Bondelag**

## Fem førelegg

**LEIKANGER:** Politiet hadde fartskontroll på fv. 55 på Leikanger onsdag. 110 køyretøy passerte kontrollen, og av desse fekk fem bilførarar forenkla førelegg grunna for høg fart. Høgste målte farten var 95 kilometer i timen i 80-sona.

## Truga politiet med bank

**FJORDANE TINGRETT:** Sunnfjordingen i 30-åra truga politibetjentane som skulle putta han i arresten, med at han skulle oppsøkja dei på fritida å banka dei. I retten måtte han også svara for eit tilfelle av promillekøyring med ein avskilta bil frå Florø til Stryn. Mannen var også utan førarkort under køyreturen. Det siste punktet på tiltalen var urinering på offentleg plass og den samla straffa frå Fjordane tingrett er 90 dagar fengsel, der han slepp sona halvparten om han gjennomfører program mot promillekøyring. Han må også betala 7.000 kroner i bot og må klara seg utan førarkort i fire år.

## Med promille og utan hjelm på trimma moped

**FJORDANE TINGRETT:** Ein mann i 20-åra frå Høyanger er i Fjordane tingrett dømd til 26 dagar fengsel og 50 000 kroner i bot etter at han vart stogga på moped med 1,85 i promille ei septembernatt i fjor. I tillegg til at mopeden var ulovleg trimma, hadde føraren heller ikkje hjelm under køyreturen. Han vedgjekk syndene sine i retten, og i tillegg til fengsel og bot må han klara seg utan førarkort i to år og tre månader.

*NOK ER NOK: – Me har mista tilliten til at dette kan ordnast opp i med basis i dagens tilstand, seier Cecilie Njøs, som er gruppeleiar for Ap i kommunestyret, og som har formidlar utspelet frå partiet sitt årsmøte tysdag.*



# Ny kommune på veg ut av Sogn barnevern

## Leikanger gjer som Balestrand

## Har mista tilliten til leiinga

**LEIKANGER: Ap i Leikanger går inn for at kommunen skal seia opp avtalen med eit interkommunalt Sogn barnevern.**

– Me kan ikkje seia i dag korleis me ynskjer dette arbeidet organisert i framtida, seier gruppeleiar i Leikanger Ap, Cecilie Njøs.

### – Har mista trua

På vegner av partiet er ho likevel bestemt på kva konsekvensar opprullinga av tilstanden i Sogn barnevern må ha for Leikanger.

– Me må vera trygge på at det eksisterer eit tilbod for born og familiar i Leikanger som er fagleg godt og forsvarleg, seier gruppeleiaren, og konstaterer at denne tilliten ikkje lenger er til stades.

### – Svært uheldig

– Me har mista trua på at dette kan koma i orden att, ikkje med basis i den tilstanden som rår i dag.

*– Kva handlar dette djupast om?*

– Tiltrua til barnevernet, det er svært uheldig om denne blir svekt gjennom informasjonen me no får om den rådande tilstanden i etaten, seier Cecilie Njøs, som til liks med årsmøtet i partiet sitt ikkje ser korleis dagens organisering er i stand til å gjenoppretta tilliten.

### Balestrand først ute

Frå før har Balestrand erklært at kommunen er på veg ut or det regionale verkemiddelet på barnevern.

I siste møtet før jul gjekk dei folkevalde inn for å ta konsekvensen av støyen på personalsida i den interkommunale etaten.

I Leikanger kjem utmeldinga opp i kommunestyret i løpet av våren. Det er all grunn til å venta at Leikanger ramla ned på same avgjerd som Balestrand.

### – Sogndal spring frå

– I Ap i Leikanger opplever me at vertskommunen Sogndal spring frå det ansvaret kommunen er sett til å forvalta, seier Cecilie Njøs, og tenkjer på ansvaret for den interkommunale innsatsen på dette feltet, men også ansvaret for dei tilsette i Sogn barnevern.

– Det er viktig at dei tilsette har arbeidsvilkår som kjem i møte den tøffe kvardagen dei har, seier Cecilie Njøs, og synes dei same tilsette har krav på respekt for jobben dei utfører.

### Trur på regionalt

*– Er dette eit felt som eignar seg for regional organisering?*

– Me har ikkje mista trua på eit regionalt organisert barnevern, me trur tvert i mot at dette grepet har framtida med seg, me ynskjer såleis primært å medverka til å utvikla eit regionalt barnevern, seier Cecilie Njøs.

Terje Eggum
terje.eggum@sognavis.no

# Slutt for Piratpartiet?

**SOGNDAL: Øyvind Nondal tek ikkje attval som fylkesleiar i piratpartiet. Dermed står partiet i fare for å bli lagt ned.**

Nondal går ut av partiet for å ha meir tid til familieliv.

Han har vore fylkesleiar sidan partiet vart skipa i 2013.

### Leitar etter ny leiar

Førebels står ingen klare til å overta som fylkesleiar i partiet. Dermed står Piratpartiet i fare for å bli lagt ned.

– Det er ingen kandidat klar, men det blir jobba med å finna ein overvakar, seier Nondal.

Ein overtakar må finnast fort, for listeforslaget må vera lagt fram til kommunen/fylkeskommunen innan 31. mars i valåret.

### Håp om vidareføring

Øyvind Nondal synest det er trist om partiet blir lagt ned og håpar nokon vil ta over.

Viss ingen vil ta over er det fire år til Piratpartiet i Sogn og Fjordane kan stilla med nye liste.

Sigrid Nese
sigrid.nese@sognavis.no



*SLUTTAR: Øyvind Nondal tek ikkje attval som fylkesleiar for Piratpartiet.* (Arkiv)

5#841:1af0efef-f70a-48c3-8241-ba761028b7fb:95

BILAG 40

# Helsesjef sluttar

**LÆRDAL: Helsesjef Hadle Bilkra i Lærdal sa i går opp stillinga si etter ei tid med personalkrise ved legesenteret. Rådmann Lasse Sælthun stadfestar oppseiinga, og legg til at det ikkje er noko dramatikk i dette. – Han har levert ei vanleg oppseiing utan spesiell grunngjeving, seier Sælthun til Sogn Avis.**

Jan Egil Fimreite jan.egil.fimreite@sognavis.no

Det kommunale helsesenteret i Lærdal har opplevd mykje turbulens den siste tida. Samtlege legesekretærar har vore sjukmelde på same tid og legestillinga har vore dekka av vikarlege. Den tilspissa personalsituasjonen vart etter kvart ei belastning for Lærdal kommune og brukarane av helsesenteret. Kommunen sette for kort tid sidan i gang med ein prosess for å sjå på tilhøva og finna ei løysing alle partar no er tente med.

## Friviljug

Sælthun seier leiaren slutta av fri vilje, og at det ikkje har vore påtrykk frå kommuneleiinga si side for å få han til å seia opp. Det er og utarbeidd ein konsulentrapport om ulike tilhøve innan helsetenesta, men Sælthun seier det ikkje kom fram noko der som skulle gje grunnlag for å seia opp nokon.

– Dette er ein intern rapport som eg ikkje kan kommentera ytterlegare. Den er til intern bruk.

Sælthun seier situasjonen ved senteret no er i betring. Dei har lege, fast legesekretær, helsesyster, psykiatrisk sjukepleiar og fysioterapeut.

– Me skulle sjølvsagt hatt lege fått meir fast enn det me har opplevd den seinare tida.




**250 visittkort for 50 kr**
Pluss en kortholder. Tidsbegrenset tilbud!

**Selge Gull? 311kr/g - Høyeste Gullpris**
Selg ditt gull trygt og enkelt. Prisgaranti & Utbetaling innen 24h!

**Sector Alarm - Sikre boligen mot brann!**
Fyll ut skjemaet, så kontakter vi deg for et uforpliktande tilbud!
www.sectoralarm.no

## Møte

Sælthun legg til at det er vanleg å ha møte innan ulike sektorar i kommunen, utan at det skulle ligga noko dramatikk i det.

– Me har hatt møte om situasjonen ved helsesenteret, slik me stadig vekk har møte om interne tilhøve i kommunen.

## Udramatisk

Helsesjefen sjølv, Hadle Bilkra, karakteriserer det og så udramatisk at han no sluttar etter 11 år i kommunen.

– Det er ikkje så mykje å seia om denne saka, det ligg i alle fall ikkje noko dramatikk i dette. Eg har hatt 11 fine år i kommunen, men no har eg altså sagt opp.

Bilkra seier han ikkje har kjent noko press frå noko hald om å seie opp sjølv.

– Det er eit press i denne jobben, då det blir stilt stadig tøffare krav til det å vera leiar i offentleg sektor, både med omsyn til økonomi og anna.

*– Korleis har du opplevd tilhøvet til dine tilsette i denne perioden.*

– I dei 11 åra eg har jobba i Lærdal kommune, har eg hatt veldig gode folk rundt meg heile vegen, seier Bilkra, som enno ikkje har bestemt seg for kva han vil gjera vidare.

– Eg sit med ei rekkje ulike alternativ, og har ikkje teke ei endeleg avgjerd på dette. Heller ikkje om eg skal flytte frå Lærdal. Eg har det fint her i bygda, ja eg stortrivst i Lærdal. Men no vil eg ha påskeferie, så får me sjå.

– Sogndal treng ein ny ... 
Fyrer opp i ... 
Håper på ...
Sjekk ut gliane
Fødde september 2012
Fødde august 2012
Jubilantar 2012

BILAG 4 I

Gmail Hadle Blikra <hadle.blikra@gmail.com>

# Re: Gjelder Sogn Avis sin omtale av meg lørdag 28. januar 2017

**Hadle Blikra** <hadle.blikra@gmail.com> 9. februar 2017 kl. 23:39
Til: Jan Inge Fardal <jani@sognavis.no>

Sogn Avis
v/redaktør Fardal

Ut fra dine to svar i denne saken, synes du ikke å forstå hva min henvendelse vedrørende Sogn Avis sitt oppslag om meg den 28. januar 2027 omhandler. At det ikke er kildene, men din egen motstridende begrepsbruk som skaper en usann fremstilling.

Jeg registrerer likevel at du nå bekrefter at det var en redaksjonell vurdering som lå til grunn for dine feilaktige og gjentagende formuleringer om at jeg *måtte gå,* da ingen av dine fem kilder ble sitert på dette i gjeldende artikkel.

Din manglende forståelse av avisens brudd på VVp pkt. 3.7 og 4.4, og deretter 4.13, er tatt til orientering og vil bli fulgt opp. Likedan øvrig innhold i ditt svar av 7. februar 2017.

Lærdal, den 9. februar 2017

Hadle Blikra

2017-02-07 16:12 GMT+01:00 Jan Inge Fardal <jani@sognavis no>:

Hadle Blikra
Lærdal

Sogn Avis har ingen agenda her - me er ute etter fakta.
Du bør igjen lesa den e-posten frå Sprakehaug om alle sjukmeldingane på Lærdal helsesenter som utløyste vår omtale av denne saka. Så kan du telja opp kor mange som har slutta i Sogn barnevern etter at du byrja der i 2015 - talet er 15 - femten. (Sjå Sogndal kommunes eigen forbetringsrapport). Eg kan forsåvidt forstå at du- i og frå din posisjon - meiner at koplinga mellom desse sakene er ein slags agenda. Og at dette ikkje høyrer heime i offentlegheita.

Du om det !

Så saka :

I biletteksten med Lasse Sælthun kunne der stått «stadfestar» i staden for «seier». Beklagar det.

Det er altså slik at tre kjelder (to tidlegare ordførarar og ein tidlegare rådmann) - uavhengig av kvarandre - stadfesta til Sogn Avis at du måtte gå på dagen. Difor nyttar Sogn Avis denne formuleringa. Det er sjølvsagt ei redaksjonell vurdering som ligg til grunn for den formuleringa.
Du fekk tilbakevise dette i ditt tilsvar. Bortsett frå di tilbakevising er det ingenting i arbeidet med denne saka og intervjua med alle desse kjeldene, og deira respons etter gjennomlesing av manus, som peikar i retning at din versjon er rett. At du, som helsesjef gjekk til rådmann/ordførar og ba om å få gå på dagen. Kvifor skulle du gjera det, forresten? Fordi alle andre var sjukmelde ? Som sagt, me er ute etter fakta - din versjon er rett og slett ikkje truverdig!

Eg har i ettertid fått tips om at det vart laga ein avtale mellom deg og kommunen, som mellom anna inneheldt eit punkt om at du måtte gå på dagen, og at denne avtalen (visstnok også med ein viss

økonomisk kompensasjon ?) gjorde at saka ikkje fekk eit arbeidsrettsleg etterspel.(Denne informasjonen har eg førebels ikkje fått verifisert, og den er såleis ikkje publisert)
Men konsekvensen var altså uansett at du måtte gå på dagen.

Sogn Avis vil sjølvsagt vera interessert i å sjå/omtala ein slik avtale, sidan det har stor offentleg interesse kva ein kommune gjer, kor langt ein kommune eller rettare sagt - ein rådmann er villig til å gå for å kvitta seg på dagen med ein kommunal leiar som skapar så store problem for arbeidsmiljøet, i dette tilfellet på ein så viktig, offentleg arbeidsplass som eit helsesenter, at nesten samtlege tilsette blir sjukmelde.

besthels
jani fardal
redaktør
sogn avis
+47 91310274
jani@sognavis no
janifa@gmail com

2. feb 2017 kl. 23:38 skrev Hadle Blikra <hadle blikra@gmail com>:

Sogn Avis
v/ redaktør Fardal

Dette handler nok dessverre ikke om mine leseferdigheter, men om hva du beviselig formidler og/eller din lemfeldige omgang med sannheten for å tjene din egen agenda. Ettersom du selv ikke ser hvor dekningen for påstanden I overskriften m.v. glipper, vil jeg selvsagt bistå med utdypning av dette;

Ikke bare språklig og i alminnelig dagligtale, men også arbeidsrettslig, er det å *måtte gå på dagen* en konsekvens av å ha fått avskjed. Avskjedigelse kan bare gis dersom det foreligger grove pliktbrudd eller vesentlig mislighold av arbeidskontrakten, og er i så måte en injurierende påstand når den ikke medfører riktighet. Å bli avskjediget skiller seg rettslig både fra det å få oppsigelse og det å selv si opp sin stilling. Å måtte gå på dagen medfører således ulike arbeidsrettslige konsekvenser.

I Sogn Avis sin avisutgave den 28. januar 2017 forekommer formuleringen *måtte gå på dagen* hele seks ganger i ulike varianter;

- på forsiden
- i hovedoverskriften
- i to av billedtekstene
- i ingressen
- i innledende avsnitt av brødteksten (*fjerna (...) på dagen*)

Samtlige påstander om at jeg *måtte gå* er altså redaksjonelle valg du har tatt. Ikke én gang forekommer denne uriktige påstanden i gjengivelsene av de fem intervjuobjektenes uttalelser. Tvert imot gjengis det ved seks anledninger i sitatform og intervjuomtale, ulike varianter av det korrekte, - at jeg selv sa opp stillingen og gikk på dagen.

Rettere sagt forekommer *gjekk*-variantene seks ganger i brødteksten i manuset jeg fikk oversendt på forhånd, men bare fem ganger i den trykte brødteksten, samt i en billedtekst. Det kan umulig komme overraskende på deg at



3#844.fa0efef-f70a-48c3-8241-ba7610260710:98

formuleringen *gjekk* er fjernet fra det imøtegåtte manuset akkurat der hvor Aarethun møter din påstand i første avsnitt om at jeg ble fjernet på dagen. Selv om du har gjengitt det korrekte i billedteksten under bildet av Aarethun, er det påfallende hvordan svaret hans innledningsvis er manipulert for å passe som bekreftelse for din uriktige påstand om at jeg måtte gå.

Det er også påfallende at du gjentok påstanden om at jeg måtte gå tre ganger i manuset jeg fikk til imøtegåelse, og altså doblet antallet gjentagelser i den trykte versjonen, *etter* at jeg gjorde deg oppmerksom på feilen.

Jeg merker meg at du i selve brødteksten ikke har fått din versjon av sannheten til å henge sammen, i det du også konkluderer mine tidligere overordnedes uttalelser slik: *Alle stadfestar at dåverande helsesjef Hadle Blikra gjekk på dagen frå denne stillinga.* Det er likevel slik at den korrekte versjonen av situasjonen kommer til uttrykk langt ut i artikkelen, der ikke alle lesere lenger er med deg, og at det definitive inntrykket som etterlates er at jeg måtte gå. Dette understrekes ytterligere ved at overskriften også ligger på SognAvis.no sin nettside (betalingsmur).

Jeg forventer således at Sogn Avis både fjerner overskriften på nettsiden, samt retter opp og beklager det feilaktige inntrykket som ble gitt av avisen den 28. januar 2017.

Lærdal, den 2. februar 2017

Hadle Blikra

2017-01-31 13:50 GMT+01:00 Jan Inge Fardal < jani@sognavis.no>:

Hadle Blikra
Lærdal

Undrar meg over korleis du kan koma fram til ein slik konklusjon, og trur du må lesa både artikkelen og manuset du fekk til samtidig imøtegåing ein gong til.

Ingress: Mannen som rådmann Jostein Aanestad handplukka for å få ro og orden i Sogn barnevern, måtte gå på dagen som helsesjef i Lærdal.

Denne ingressen vart send til gjennomlesing hå samtlege kjelder i denne saka. Innhaldet i ingressen er ikkje soge av eige bryst, men er basert på tre kjelder. Ingen hadde merknad. (Du mottok forresten som sagt same manus som kjeldene til samtidig imøtegåing)

Brødtekst : Det var i 2004 toppleiinga i Lærdal kommune gjekk til det spesielle steget det er å fjerna ein etatsjef på dagen.
– Ikkje heilt vanleg det, nei, men det var heilt naudsynleg for å få ro i organisasjonen, seier dåverande Ap-ordførar Knut O. Aarethun.

«Toppleiinga» i kommunen 2004 var Aarethun og rådmann Lasse Sælthun. Her er med andre ord både formuleringa- «måtte gå på dagen» og «fjerna ein etatsjef» på dagen nytta. At det blir gjenteke i ein billettekst (Sæltuns uttale) endrar ikkje på innhaldet i forhold til den teksten du fekk til gjennomlesing, nemleg at både dåverande ordførar Aarethun og rådmann Sælthun, som toppleiing i kommunen, stadfestar at dei «gjekk til det spesielle steget å fjerna ein etatsjef på dagen».

Det er altså deira versjon. Det er dermed full dekning for både tittel og ingress.

5#845:faf0ef6f-f70a-48c3-8241-ba761028b7fb:99

Din versjon er at du sa opp sjølv og gjekk frivillig - noko du også kom til ordet med i di samtidige imøtegåing.

(Når det gjeld påstand om at «denne vesentlige informasjonen er imidlertid fjernet fra svaret som gjengis i avisartikkelen, slik at endringen i meningsinnhold forsterkes ytterligere» så må eg be deg konkret peika på kvar i arikkelen dette skulle vera, eller er det biletteksten du siktar til? )

Men kva skulle Sogn Avis orsaka her ? At du og dåverande leiing i Lærdal kommune i dag openbert ikkje er samde om kva som eigentleg skjedde i 2004 ?

besthels
jani fardal
redaktør
sogn avis
+47 91310274
jani@sognavis no
janifa@gmail com

29. jan. 2017 kl. 19:33 skrev Hadle Blikra <hadle.blikra@gmail com>:

Sogn Avis
v/redaktør Fardal

Gårsdagens oppslag i Sogn Avis (28.01.17) om at jeg måtte gå på dagen som helsesjef i Lærdal, gir et feilaktig bilde av situasjonen, en feil jeg må tolke som bevisst ønsket fra avisens side, ettersom jeg i min samtidige imøtegåelse av oppslaget gjorde oppmerksom på at jeg ikke ble fjernet fra stillingen som helsesjef, men sa opp selv. Det er også dette de som er intervjuet i saken uttaler, mens avisen altså velger en overskrift og også en bildetekst (under bildet av Sælthun) som forteller det stikk motsatte. Sælthuns svar på avisens ingresspåstand om at jeg ble fjernet på dagen, var i teksten jeg fikk oversendt til imøtegåelse, at jeg gikk. Denne vesentlige informasjonen er imidlertid fjernet fra svaret som gjengis i avisartikkelen, slik at endringen i meningsinnhold forsterkes ytterligere.

Avisoppslaget bryter med pressens etiske retningslinjer på to vesentlige punkter, nemlig om å gjengi meningsinnholdet i det som brukes av intervjuobjekters uttalelser (VVp punkt 3.7) og det å sørge for at overskrifter ikke går lenger enn det er dekning for i stoffet (VVp punkt 4.4).

At jeg sa opp og sluttet som helsesjef, etter 10 år i Lærdal kommune, ble forøvrig fyldig dekket av Sogn avis den 2. april 2004, med intervju av Sælthun der han understreker at min egen oppsigelse hverken kom som følge av påtrykk fra ledelsen eller noen konsulentrapport.

Jeg ber om at Sogn avis retter opp og beklager det feilaktige inntrykket som er gitt gjennom gårsdagens avis.

Lærdal, den 29. januar 2017

Hadle Blikra

5#847:fa0efef-f70a-48c3-8241-ba761028b7fb:101

0f648:1af0efef-f70a-4863-8241-0a7610260f7b:102